

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 27.03.2014
Tid: 16:30

**Synfaring på Sunnmørsbadet kl 14:00-16:00.
Oppmøte på Sunnmørsbadet, på nedsida av kulturhuset.**

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 20.03.2014

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 29/14	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 30/14	Protokoll frå førre møte.
PS 31/14	Delegerte saker
PS 32/14	Referatsaker
PS 33/14	Klage på vedtak - detaljreguleringsplan Verket
PS 34/14	Revidering av brannordning
PS 35/14	Reforhandling - legevaktformidling Volda sjukehus.
PS 36/14	Utlysing av konsesjon på brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
PS 37/14	Godkjenning av justert Samhandlingsavtale mellom herøy kommune og Helse Møre og Romdal HF
PS 38/14	Økonomisk avslutning prosjekt 51927 Leidningsanlegg Kvalsund.
PS 39/14	Kai i Fosnavåg . behov for ekstra løyving
PS 40/14	Styrking av kommunalt barnevern 2014.
PS 41/14	Permisjon frå politiske verv - Helene Remøy
PS 42/14	Søknad om fritak grunna flytting frå kommunen - Kirsti Hammerø
PS 43/14	Kommunalt næringsfond. Sak i kontrollutvalet.
PS 44/14	Val av representant til valkomiteen i Herøy Næringsforum

Delegerte saker frå
avdelingane

- DS 97/14 Eilert Geir Kvalsvik - 7/72 -
Ombygging
- DS 98/14 Gnr 60 Bnr 25,35,54,74 og 75 -
Herøy kommune - frådelling av
grunn til bustadfelt
- DS 99/14 May-Lise Kvalsund og Fred
Arve Myklebusthaug 27/107 -
Mellombels bruksløyve for
bustadhus
- DS 100/14 Asbjørn Espeseth - 22/2 -
Ferdigattest rehabilitering av
skorstein
- DS 101/14 Are Pilskog - 82/5 - riving av
eldre løyve oppføring av atelie
- DS 102/14 Torunn og Jan Erik Bjørlykke -
34/538 og 543 - Vedtak om
lovbrotsgebyr i byggesak
2012/215
- DS 103/14 BT Utbygging as v/ Bjarne
Tarberg - 46/79,80 mfl -
Rammeløyve veg og
leidningsnett Tovågen
bustadfelt
- DS 104/14 Åslaug Hildre 45/156 -
Mellombels bruksløyve for
bustadhus
- DS 105/14 Direktoratet for
nødkommunikasjon 19/7 -
Endring av tidlegare løyve og
skifte av ansvarleg føretak i
byggesak
- DS 106/14 Fredrik Hagemann - 40/1 -
lgangsettingløyve grunn- mur
og fundamentarbeid
- DS 107/14 Peter Frøystad 60/143 - Løyve
til oppføring av tilbygg til
bustadhus
- DS 108/14 Herøy Byggsenter AS 34/336 -
Løyve til etablering av leilegheit
- DS 109/14 Mellombels bruksløyve -
37/494- seksjon 2
- DS 110/14 Boguslaw Lopuzynski 34/401 -
Løyve til oppføring av garasje
som tilbygg til bustadhus

- DS 111/14 Svein Tore Belden - 44/47 - Rorbu, kai og flytebrygge
- DS 112/14 Tussa Nett AS 42/122 - Ferdigattest for garasjebygg i Dragsund
- DS 113/14 Robert Gjerdsbakk 4/264 - Ferdigattest for grill/badepus m/terrasse
- DS 114/14 Gudmund Nærø 24/1 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak
- DS 115/14 Svein Hugås - Kjøp av bustadtomt - Gnr. 45 bnr. 162 i Dragsund
- DS 116/14 Roy-Yngve Sandmo 45/158 - Løyve til oppføring av einebustad
- DS 117/14 Mellombels bruksløyve - 45/90 - seksjon 1+2
- DS 118/14 Gnr 29 Bnr 14 - Frådeling av grunn til utbyggingsformål
- DS 119/14 Trond Tellefsen 36/40 - Løyve til oppføring av bustadhus med garasje
- DS 120/14 Per Odd Håheim 29/233 - Løyve til oppfylling av terreng og oppføring av garasje
- DS 121/14 Kari Fredriksen 23/45 - Mellombels bruksløyve for bustadhus med sokkelleilegheit
- DS 122/14 Mellombels bruksløyve - 37/494 - seksjon 1
- DS 123/14 Mellombels bruksløyve - 35/14 -Hus A - seksjon 1, 2, 3 og 4
- DS 124/14 Rune Grande 47/38 - Ferdigattest for oppføring av sjøhus
- DS 125/14 Dragsund Småbåtlag 45/56 - Ferdigattest for utfylling og utlegging av flytebrygger
- DS 126/14 Gnr 46 Bnr 2 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 46 bnr 28
- DS 127/14 Arve Voldsund - 26/27 - Tilbygg og fasadeendring

- DS 128/14 Pål-Ove Husøy 4/318 - Endring av løyve - skifte av ansvarleg føretak i byggesak
- DS 129/14 Stian Goksøy 80/25 - Endring av løyve og skifte av ansvarsrett i byggesak
- Referatsaker
- RS 12/14 Ambulansetilbodet på ytre søre Sunnmøre
- RS 13/14 Kryssing av Vaulane- referat frå møte i tverrfagleg gruppe den 5/3-2014
- RS 14/14 VS: Seilingsløp Vaulane og nye bruer - Fv 20 Nerlandsøybrua og Fv 18 Remyøybrua - Herøy kommune - Møre og Romsdal
- RS 15/14 Oversending av område- og anleggskonsesjonar i forbindelse med fusjon Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS
- RS 16/14 Årsmøte i opplæringskontoret for år 2013
- RS 17/14 Protokoll fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 11.02.2014
- RS 18/14 Eigarmøte og generalforsamling Furene AS 2013
- RS 19/14 Tankanlegg Moltu - interpellasjon til kommunestyret 27.03.2014

Orientering/drøfting:

Til slutt i møtet vert det orientering om Sunnmørsbadet.

Interpellasjon:


Interpellasjon motteke 19.03.2014 frå Kjell Runde
Tankanlegg på Moltu

PS 29/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 30/14 Protokoll frå førre møte.

PS 31/14 Delegererte saker

PS 32/14 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/12
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/14	Formannskapet	18.03.2014
33/14	Kommunestyret	27.03.2014

KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN VERKET

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014

Kommunestyret kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve det som låg føre då detaljplanen vart vedteken i kommunestyret 12.12.2013, sak 171/13.

Klaga vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 171/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve det som låg føre då detaljplanen vart vedteken i kommunestyret 12.12.2013, sak 171/13.

Klaga vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 171/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Kay Terje Myklebust

Espen Vike	6082, GURSKEN
Bjørn Hellum Bergsnes	Verket 24, 6092 FOSNAVÅG
Lillian Øvrelid Berge	Verket 36, 6092 FOSNAVÅG
Sølvi Brekke	Verket 38, 6092 FOSNAVÅG
Henning Bergsnes	Verket , 6092 FOSNAVÅG
Rigmor Bergsnes	Kreklingen 6, 6009, ÅLESUND
Inge Bergsnes	Verket 28, 6092 FOSNAVÅG
Joar Bendal og Margrete Kallan Bendal,	Verket 11, 6092 FOSNAVÅG
Åse Myklebust og Bjørn Myklebust,	Verket 26, 6092 FOSNAVÅG
Sylvi Margrete Berge	Verket 34, 6092 FOSNAVÅG
Camilla Berge	Verket 15, 6092 FOSNAVÅG
Ann Karin Bergsnes	Verket 18, 6092 FOSNAVÅG
Sylvi Varhaugvik	Verket 16, 6092 FOSNAVÅG

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll K-sak 171/13
- 2 Klage på vedtak Bjørn Hellum Bergsnes mfl. datert 16.1.2014
- 3 Godkjent plankart Verket, datert 10.10.2013
- 4 Godkjent føresegn Verket, datert 7.11.2013
- 5 Godkjent planomtale Verket, datert 7.11.2013
- 6 Referat frå møte 17.2.2014

Saksopplysningar:

«Detaljreguleringsplan for Verket» vart godkjend i kommunestyret 12.12.2013, K-sak 171/13.

Reguleringsplanen er vedteken som ein detaljplan etter PBL §12-3. Tiltakshavar er Kay Terje Myklebust og Espen Vike og utførande plankonsulent er AG Plan & Arkitektur AS.

Arealet innanfor planområde var i førekant av godkjend plan avsett til «bustad» og «landbruk, natur og friluftsområde» i kommuneplanen sin arealdel, godkjend i kommunestyret i K-sak 145/04, 16.12.2004. Siktemålet med planen var å regulere eit område for bustadar i «nedre Verket». Arbeid med detaljplan vart vedteken starta opp i formannskapet 18.9.2009 og har vore ute til 1.gongs offentleg ettersyn(vedtak i formannskapet 27.9.2011), 2.gongs offentleg ettersyn(vedtak i formannskapet 12.3.2013) og vart godkjend i kommunestyret 12.12.2013, K-sak 171/13. For utfyllande informasjon om planen og sakshandsaming viser ein til vedlagte dokumenter.

«Bebuarane i Verket», Bjørn Hellum Bergsnes mfl., klaga skriftleg på kommunestyret sitt vedtak om å eigengodkjenne detaljreguleringsplanen i brev 16.1.2014. Klagen vart sett som rettidig og innanfor dei lovfesta krava i forvaltningslova.

Det vart gjennomført møte med «bebruarane i Verket» 17.2.2014 på Herøy rådhus for å avklare kva som ligg til grunn for klagen og informere om saksgang vidare.

Vurdering:

Rådmannen vil i den påfølgjande delen av saka handsame den innkomne klaga som har kome på kommunestyret sitt vedtak i K-sak 171/13, datert 16.1.2014, og referat frå møte med klager 17.2.2014.

Klage frå Bjørn Hellum Bergsnes mfl.(bebruarane i Verket) 16.1.2014:

Klager viser til at dei framleis har «kommentarar» og «innsigelsar» til detaljplanen for Verket. Dei har tidlegare kome med merknadar til planforslaget i

- Brev til AG Plan & Arkitektur AS ved varsel om oppstart, datert 18.10.2009.
- Brev til Herøy kommune ved 1.gongs offentleg ettersyn, datert 4.12.2011.
- Brev til Herøy kommune ved 2.gongs offentleg ettersyn, datert 26.4.2013.

Då det er uklart kva klager meiner er «kommentar» og kva som er «innsigelse», vert alle forholda som står i klagen vurdert.

Klage på bustadtomt FS4:

Klager viser til kommunen si vurdering for «bruk og vern av strandsona» der kommunen legg vekt på at område i sørvest som grensar mot FS4 (gnr.29 bnr.3) allereie er privatisert med hage. Klager er ueinig i at dette område bidreg til privatisering av strandsona.

Klager viser også til at i planen som er godkjend vil FS4 liggje nærmare strandsona enn det som allereie er etablert i Verket i dag og vil etablere ein form for presedens som vanskeleg kan fråvikast når det kjem framtidige byggjesøknadar.

Klager meiner det er eit nytt forhold i saka at FS5 har gått ut av planen frå førre høring og at også FS4 då bør gå ut av planen med same grunngjeving. Område sør for FS3 bør vere fri for bebyggelse og FS4 bør erstattast av FR1.

Klager held fast på at område i valen og strandsona vil verte forringa som fylgje av etablering av bustad på FS4 og strandsona vil verte privatisert i større grad enn den er i dag.

Vår kommentar:

Problemstillinga knytt til FS4 og FS5 har vore teke opp når planen har vore utlagt til offentlig ettersyn og til slutthandsaminga og vurdert både av fylkeskommunen og fylkesmannen i sine fråsegner. Kommunen har gjort sine vurderingar knytt til FS4 og FS5 og ein har valt å ta vekk FS5 på grunn av at det var fleire konflikhtar knytt til denne tomta enn til FS4. Det som vart avgjerande for FS5 var motsegna frå fylkeskommunen om bevaring av eit automatisk freda kulturminne der omsynsona strekte seg over FS5. Kommunen legg til grunn at FS4 vil liggje meir skjerma for dei som nyttar FR2 til rekreasjon og friluftsliv.

Kommunen har også lagt vekt på at område vest for FS4 er eit område som framstår som privatisert då det er ein «plen» som går nesten heilt ned til sjøen. Kommunen har i saka vurdert om område vert meir privatisert med etablering av ein bustad på FS4. Vurderingane er at område vil verte noko meir privatisert, men ein vil kompensere for dette ved å etablere ein tursti frå V2 og rundt eigedomen med krav om at det skal opparbeidast fysisk skjerming mellom FS4 og G1 for å hindre tomteutgliding inn i ålment tilgjengeleg strandsone.

Rådmannen legg til grunn i si saksutgreiing at FS4 og FS5 ikkje direkte kan samanliknast slik klager gjer på grunn av vurderingar som står ovanfor.

Klage på auka trafikkbelastning på V1(Verket):

Klager viser til kommunen si vurdering knytt til V1 og at gjennom godkjenning av detaljreguleringsplanen vil kommunen ha moglegheit til standardheving på V1(Verket) gjennom breiddeutviding og nytt bærelag, forsterkningslag og vegdekke. Klager meiner det vil vere liten sannsynleg at det vil skje nokon oppgradering dei nærmaste åra og bebuarane i Verket vil heilt klart oppleve betydelig dårlegare tilkomst og vegstandard så lenge anleggsarbeidet held på og lenge etter.

Vår kommentar:

I saka har kommunen nytta sin styringsrett til å få regulert moglegheit for breiddeutviding og standardheving på V1(Verket). Auka belastning og meir trafikk vil vere ein naturleg konsekvens av meir utbygging og kommunen har gjort grep innanfor planen som gjev rom for oppgradering av vegen etter planen er godkjend. Når Verket skal oppgraderast vil vere ei prioriteringssak for den politiske

leiinga(kommunestyret) og ikkje eit spørsmål som skal avklarast gjennom planprosessen.

Klage på trafikkløysing knytt til Fv.654:

Klager viser til at planforslaget ikkje vil auke trafikktryggleiken knytt til kryssing av Fv.654, men berre dei som går frå krysset og langs Fv.654 til nærmaste busslomme. Den store risikoen i område har lenge vore kryssing av vegen og denne planen gir ikkje noko løysing for den problemstillinga.

Vår kommentar:

Planen har gjennom heile planprosessen hatt ei planavgrensing som går i «senterlinje» på Fv.654. Dette inneber for planarbeidet at ei kryssløysing mellom Verket og over Fv.654 ikkje har vore ein del av dette arbeidet. Kommunen har gjort naudsynte trafikktryggingstiltak med gang- og sykkelveg sør for fylkesvegen som er delvis i tråd med Statens vegvesen sine innspel. Det er for øvrig starta opp eit eige planarbeid som tek føre seg framtidige kryssløysingar på strekninga «Flusundkrysset» til Kvithaugsmyra og her vert det også kryssingspunktet frå Verket over Fv.654 vurdert.

Klage på kommunen si vurdering knytt til økonomisk forhold i planen:

Klager viser til at kommunen ikkje har stilt krav om å få ei detaljert forklaring på kva som meinast med «å få økonomi i prosjektet» i planomtalen til den godkjende planen.

Vår kommentar:

Kommunen legg ikkje vekt på økonomien i prosjektet så lenge det ikkje går på bekostning av kommunale, nasjonale eller regionale interesser. I dette tilfellet er planen handsama fleire gongar i kommunestyret, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal og planen er ikkje lenger i konflikt med kommunale, regionale eller nasjonale interesser jf. fråsegn frå MRFK og FMMR.

Klage på endring av G1 (tursti i strandsona) :

Klager viser til kommunen sin vurdering og plankart og ynskjer at kommunen skal halde på direkte adkomst mellom planlagt sti G1 og naustområde på FR2 slik det var i tidlegare utsendte planforslag.

Vår kommentar:

Forslaget som var på høyring med tursti over Valen til FR2 var, slik kommunen såg det, den beste løysinga for å «styre» turgåarar ut mot naustområda for å få ei større kontaktflate mot sjøen. Kommunestyret har, som øvste plan- og arealbruksmynde, valt å godkjenne denne endra løysinga for G1 for å imøtekomme motsegna frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Klage på vegløysing V2:

Klager viser til at vegfylling vil skade røtene til grantrea som står i grensa til gnr.29 bnr. 3 og 237 og at avstanden frå fyllingsfoten må vere minst 2 meter jf. forskrift om byggesaker.

Vår vurdering:

Kommunestyret, som øvste plan- og arealbruksmynde, skal styre arealbruken i kommunen gjennom sine vedtak og gjennom godkjenning av denne planen har kommunestyret tillate at område mot gnr.29 bnr.3 og gnr. 29 bnr. 237 vert nytta til

«anna veggrunn», herunder vegfylling for V2. Veg med tilhøyrande fylling ligg i si heilhet innafor område som er regulert til dette formålet.

Konklusjon:

Klagen er levert innanfor lovbestedte frist og vilkåra for å handsame saka som klage er oppfylt.

Jamfør plan- og bygningslova, § 3-2, er det kommunestyret som er øvste plan- og arealbruksmynde i kommunen. Det er kommunestyret, som på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering avgjer kva areal som skal regulerast og kva areala skal regulerast til. Verken grunneigarar, naboar eller andre interessentar har såleis krav på å få utnytte sin eller andre sin eigedom til eit bestemt føremål. Dette skal avgjerast av kommunestyret gjennom lovbestedte planprosessar og med omsyn til medverknad frå berørte partar.

I denne saka er det spørsmål knytt til arealbruken i område og særleg FS4, V1, V2 og G1. Kommunestyret sitt vedtak vil no medføre at tiltakshavar kan vidareutvikle det eksisterande bustadområde i Verket og etablere bustadar i tråd med godkjend plan.

Rådmannen vil presisere at interessene til bebuarane i Verket har vore kjent gjennom planprosessen og har vore vurdert og kommentert både ved 1.gangs offentleg ettersyn, 2.gongs offentleg ettersyn og ved slutthandsaming av planen. Rådmannen kan ikkje sjå at klagen fører med seg vesentlege nye moment i saka, som kunne ha ført til eit anna vedtak i kommunestyret si handsaming.

Rådmannen rår til at kommunestyret opprettheld vedtaket i K-sak 171/13 og avslår klagen frå Bjørn Hellum Bergsnes mfl.. Det er ikkje kome fram nye moment i saka som gir grunnlag for å endre vedtak, K-sak 171/13, om eigengodkjenning av reguleringsplan.

Klaga vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 171/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Fosnavåg, 24.02.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/12
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/13	Formannskapet	03.12.2013
171/13	Kommunestyret	12.12.2013

DETALJREGULERINGSPLAN FOR VERKET - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *Detaljreguleringsplan for Verket* med plankart datert 10.10.2013, føresegn datert 7.11.2013 og planomtale datert 7.11.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Møtebehandling:

Ole Magne Rotevatn, utviklingsavdelinga møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *Detaljreguleringsplan for Verket* med plankart datert 10.10.2013, føresegn datert 7.11.2013 og planomtale datert 7.11.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2013

Kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *Detaljreguleringsplan for Verket* med plankart datert 10.10.2013, føresegn datert 7.11.2013 og planomtale datert 7.11.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.
Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Særutskrift:

Kay Terje Myklebust	
Espen Vike	6082 GURSKEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Statens vegvesen, Region midt	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	6080 GURSKØY
Bjørn Hellum Bergsnes	Verket 36, 6092 FOSNAVÅG
Henning Magne Bergsnes	Verket 22, 6091 FOSNAVÅG
Sylvi Berge	Verket 34, 6091 FOSNAVÅG
Ann Karin Bergsnes	Verket 18, 6091 FOSNAVÅG
Aase O. Myklebust og Bjørn Myklebust	Verket 26, 6091 FOSNAVÅG
Joar Bendal og Margrete Kalland Bendal	Verket 11, 6091 FOSNAVÅG
Camilla Berge	Verket 15, 6091 FOSNAVÅG
Inge Bergsnes	Verket, 6091 FOSNAVÅG
Jan Berge Berge,	6091 FOSNAVÅG
Rigmor Alise Bergsnes	Verket 20, 6091 FOSNAVÅG
Kjartan Berge	Pb. 233, 6099 FOSNAVÅG
Thore Bendal	Kviehaug 7, 6091 FOSNAVÅG
Lillian Øvreid Berge	Verket 36, 6091 FOSNAVÅG
Sølvi Berge Brekke	Verket 38, 6091 FOSNAVÅG
Sylvi Irene Varhaugvik	Verket 16, 6091 FOSNAVÅG

Vedlegg


- 1 Plankart 10.10.2013
- 2 Reguleringsføresegn 7.11.2013
- 3 Planomtale 7.11.2013
- 4 Innspel ved offentlig ettersyn
- 5 Saksprotokoll F-sak 58/13

Saksopplysningar:

Det vart gjennomført oppstartsmøte for arbeidet med detaljreguleringsplan for Nedre Berge på Bergsøya 10.3.2009. Plankonsulent varsla oppstart 11.9.2009 (Vedtak i Formannskapet 18.8.2009, F-sak 180/09) med høringsperiode frå 11.9.2009 – 26.10.2009.


Siktemålet med planarbeidet er å regulere område for bustadar innanfor eit avgrensa område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til bustadar og LNF-område.

Detaljreguleringsplan for Verket vart lagt ut til 1. gongs offentlig ettersyn i perioden 21.10.2011 – 2.12.2011 (Vedtak i Formannskapet 27.9.2011, F-sak 260/11).




Detaljreguleringsplan datert 14.10.2011(1.gongs offentlig ettersyn).

Planen vart lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn i perioden 22.3.2013 – 3.5.2013 (Vedtak i Formannskapet 12.3.2013 F-sak 58/13).



Detaljreguleringsplan datert 30.11.2012(2.gongs offentlig ettersyn).

Saka vart til slutt sendt på avgrensa høyring (to veker høyringsfrist) til dei regionale instansane for endeleg avklaring av motsegn knytt til automatisk freda kulturminne og strandsonevern.



Detaljreguleringsplan datert 10.10.2013(avgrensa høyring 16.10.2013).

Vurderingar som er gjort etter 1.gongs offentlig ettersyn finn ein i vedlegg 5, saksprotokoll F-sak 58/13.

Endringar i planforslaget etter 2. gongs offentlig ettersyn og avgrensa høyring:

- FS5 er teke ut av planforslaget og erstatta av offentlig friområde 1 (FR1).
- V3 er teke ut av planforslaget.
- Område for pumpestasjon er flytta til enden av V2.
- Vendehammar i enden av V2 er utvida.
- G1 – 3 (sti og bru) til offentlig friområde 2 (FR2) er teke ut.
- FS4 er redusert i størrelse for å få plass til tursti mellom bustadtomt og naturleikeplass (GR1)
- Offentleg tursti G1 er flytta og lagt mellom bustadareal FS4 og GR1 og sjøområde (FOS1).

Innspel etter 2.gongs offentleg ettersyn (sjå vedlegg 4 for alle innspela i si heilheit):

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 3.5.2013:

Motsegn frå 1. gongs offentlege ettersyn, knytta til automatisk freda kulturminne, vert oppretthalde.

Motsegn vedrørande strandsone, jamfør brev 25.11.2011 vert trekt.

Vurdering:

- Planforslaget har blitt endra og FS5 er teke ut av planforslaget for å sikre kulturminnet og tilgang til strandsona.

Planforslaget vart sendt over til fylkeskommune på avgrensa høyring 16.10.2013.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 28.10.2013:

Med utgangspunkt i plankart og føresegner slik dei no ligg føre, finn vi å kunne trekke vår motsegn i saka. Planframlegget kan for vår del eigengodkjennast.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 29.4.2013:

Fylkesmannen held fast på at bustadområda FS4 og FS5 er konfliktfylte i høve fri ferdsel og leik og ålmenne landskapsinteresser i strandsona. Gangvegen frå enden av veg V3 og til naustområde N vil ikkje i tilstrekkeleg grad kunne ivareta desse omsyna, og vi opprettheld motsegna på dette punktet.

Vi aksepterer at det kan byggast to naust innafor område N, og trekker motsegna på dette punktet.

Føresegnene til G2 må sikre at brua vert bygd slik at ein sikrar god vassutskifting i bukta. Vi rår frå at gangvegen G3 blir utforma med universell utforming då det vanskeleg kan gjennomførast utan vesentlege terrenginngrep.

Vurdering:

- Planforslaget har blitt endra og FS5 er teke ut av planforslaget for å sikre kulturminnet og tilgang til strandsona.
- Kommunen vil sikre at brua ikkje vil forringe vassutskiftninga i føresegna til planen. Det er lagt inn at «der turstien kjem i konflikt med Haugen kan stien leggast rundt som ein naturleg sti, utan krav om at den skal vere universelt utforma, men skal utformast slik at flest mogleg i størst mogleg utstrekning kan nytte stien heile vegen»

Endringsforslag vart sendt over til fylkesmannen 2.7.2013:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 31.7.2013:

Dersom det skal vere aktuelt for Fylkesmannen å trekkje motsegna til FS4, er det eit vilkår at det vert regulert inn og bygd turveg mellom bustadtomba og sjøen (stipla linje): ... Kommunen må kunne dokumentere at det er mogeleg å plassere ein turveg her, og finne ei løysing som knyter turvegen til V3.

Det må stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding og fysisk skjerming mot FS4. Det vil vidare vere eit vilkår at gangvegen G1 G3 går ut.



Utsnitt frå plankart i brev frå Fylkesmannen 31.7.2013

Vurdering:

- Turvegen vert lagt mellom FS4 og GR1 slik fylkesmannen har skissert med kopling mot V3.
- G1 – 3 (sti og bru) til offentleg friområde 2 (FR2) er teke ut.

Nytt planforslaget vart sendt over til fylkesmannen på avgrensa høyring 16.10.2013.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 31.10.2013:

Føresegnene knytt til G1 må vere eintydige med omsyn til plasseringa av gangvegen. Fylkesmannen føreset at denne skal plasserast inntil tomtegrensa mot F4. Planen bør angje kva for type skjerming mellom bustadtomta og gangvegen ein ser for seg (gjerde, natursteinsmur?), og vidare stille estetiske krav knytt til korleis gangvegen eventuelt må byggast/sikrast mot utvasking ved høg sjø/framtidig havnivåstiging.

Planframlegget er elles endra i samsvar med dei vilkåra som Fylkesmannen stilte i brev 31.07.2013. Fylkesmannen kan på denne bakgrunn, og med ei presisering av plasseringa av G1 jfr. merknaden over, trekke motsegna til reguleringsplanen.

Vurdering:

- Herøy kommune har gjort endringar i føresegna og presisert plasseringa mellom FS4 og GR1 og meiner føresegna og kartet no er eintydig i forhold til plassering av G1.
- I føresegna er det presisert at skjerminga skal vere i form av gjerde eller hekk og at sikringa av turstien mot utvasking skal spele på lag med terreng og kringliggjande landskap.

Statens vegvesen, datert 18.4.2013:

Frå Statens vegvesen si side har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Frisiktsoner i vegkryss bør markerast med skrålinjer på plankartet, slik det er vist i teiknforklaringa (SOSI-kode 140).

Vurdering:

- Frisiktsoner i vegkryss vert markert med stipla linje der dei går over føremål som «kjøreveg» og «annen veggrunn». Bakgrunnen for dette er at arealføremålet i seg sjølv tilseier at det ikkje vil kome opp gjerde, hekk eller andre tiltak som vil hindre fri sikt. Når frisiktzone går over andre føremål som td. bustadføremål er dei markert med skravur slik det står i teiknforklaringa. Dette er vanleg praksis i reguleringsplanar.

Kystverket, datert 28.5.2013 og Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 20.3.2013:

ingen merknader til det framlagde utkastet på reguleringsarbeidet for det aktuelle området.

Bjørn Hellum Bergsnes mfl. datert 26.4.2013:

FS4 og FS5 kan ikke benyttes til boligformål — noe annet vil være vesentlig endring i forhold til Kommunedelplanen for Herøy 16.12.2004 der det er trukket en grenselinje for utbygging mot sjø langs eksisterende bebyggelse.

Dersom FS4 og FS5 bebygges vil de uten tvil virke som effektive sperrer for fri ferdsel strandsonen. ... Bygging på FS4 og også FS5 vil uomtvistelig gjøre det mindre attraktivt å nytte området til slike familieaktiviteter da husene, med 9m mønehøyde på kote 4, vil ruve over valen.

Grunnet dramatisk redusert vegetasjon vil faunaen i området bli redusert. Vi krever at vegetasjonen i hele området som blir utbygd må bevares i størst mulig grad. Det ser dog dessverre ut til at planlagt veianlegg vil rasere det som måtte være igjen av vegetasjon utover vegetasjonen som overlever utbygging på tomtene. Vegetasjon på tilliggende eiendommer skal ikke på noen måte berøres av utbyggingen.

I forhold til gangsti og med tilhørende hengebro til nye naust er det viktig at vanntilførsel til valen, som i det vesentligste ligger på 29/3, ikke må endres.

Tiltakshaver må sørge for at eksisterende vei til enhver tid er åpen for alminnelig trafikk og vedlikeholde veien slik at den holder minst samme standard som før utbyggingen starter. Alle kostnader for dette må dekkes av Tiltakshaver. ... V1 møter ikke fremtidens behov og alternativ trase fra V6 opp til FV654 må finnes da flere tilliggende eiendommer til V1 er bebygd med hus som ligger helt inntil veien eller har dispensasjon for å ligge nærmere enn normalt tillatt.

Vi aksepterer ingen kostnader i forbindelse med eventuelle utbedringer og oppgraderinger av veier og systemer for strøm, vanntilførsel, avløp, telefon, internett, TV osv som Tiltakshaver velger å gjennomføre eller Herøy kommune pålegger oss å gjøre grunnet øket utbygging under Tiltakshavers ansvar.

Vurdering:

- Planforslaget har blitt endra og FS5 er teke ut av planforslaget for å sikre kulturminnet og ålmenn interesse i strandsona. Gjeldande kommuneplan frå 2004 legg opp til etablering av bustadar i området rundt Verkehaugen og FS4 vil liggje utanfor dette område. Kommunen har vore tydeleg på at ein ynskjer meir busetting på Bergsøya og vedteke at område skal regulerast med sikte på å etablere bustadar innafor reguleringsområde. Kommunen meiner dette ikkje er ei vesentleg endring, men har stilt krav om at forslag til utbyggingsområde må regulerast for å avklare eventuelle nasjonale, regionale eller lokale interesser i området bla. ålmenn interesse i strandsona.
- For å sikre fri ferdsel i strandsona er det lagt inn fleire krav i reguleringsplanen som td. at det skal opparbeidast tursti mellom GR1 og FS4 og stilt krav om at FS4 skal ha fysisk skjerming mot turstien. Dette er lagt inn for å hindre «tomteutglidning» inn i friområde og vise ei tydeleg avgrensing mellom friområde og privat eigedom.
- I forhold til vegetasjon og naturmangfald i område er planlagt utbygging vurdert opp mot naturmangfaldlova §§ 8–12 og mot funn i rapporten

kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune og www.dirnat.no sin naturbase. Det er ikkje funn av plante- og dyreartar i område som skulle tilseie at ein ikkje kan gå vidare med utbygging av område. Fylkesmannen (med miljøvernavdelinga) har også godkjent planforslaget etter ein har redusert omfanget av utbygginga i Verket.

- G1 – 3 (sti og bru) til offentlig friområde 2 (FR2) er teke ut.
- Reguleringsplanen legg opp til at V1 (offentleg veg) kan utvidast der det ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustadar langs vegen. Situasjonen i dag er at det er bygd fleire hus tett inntil kommunevegen. Der bustadane kjem i konflikt med vegarealet er det gjort tilpassingar i planen slik at eksisterande bustadar ikkje vert råka av ei eventuell utviding. Kommunen meiner det vil vere positivt for bebuarane i område å breiddeutvide vegen og heve standarden då ein vil betre tilkomst for beredskapsavdelinga (Herøy brannvern) i kommunen.
- Forhold som gjeld fordeling av kostnader ved utbygging ligg ikkje til arbeidet med reguleringsplanen. Dette må avklarast ved inngåing av utbyggingsavtalar og avtaler mellom private aktørar før utbygging tek til.

Vurdering:

Vurderingar knytt til V1:

Kommunen har gjennom denne reguleringsplanprosessen fått innregulert moglegheit for å heve standarden på Verket som er ein kommunal veg. Dette kan innebere breiddeutviding og standardheving i form av nytt bærelag, forsterkningslag og vegdekke. Dersom dette vil verte aktuelt vil kommunen måtte inngå grunnavtalar med dei einskilde grunneigarane før utbygging. Gjennom denne reguleringsprosessen har kommunen gitt eit moglegheitsrom for å heve standarden på Verket.

Vurderingar knytt til bruk og vern av strandsona:

Kommunen har sidan oppstart av planarbeidet lagt opp til å utnytte område til busetting og samstundes sikre at strandsona framleis kan nyttast til rekreasjon og fritid slik det går fram av innspel frå dei busette i Verket. Kommunen legg også vekt på at det i dag allereie er «privatisert» mot valen på gnr. 29 bnr. 3 med hage. Kommunen har vurdert om etablering av busetting på FS4 vil privatisere strandsona vesentleg meir enn det som allereie er etablert av busetting og hagar i område. Kommunen har kome til at område mellom sjø og FS4 vil bli noko meir privatisert, men at dette vidare vert kompensert for ved at ein legg krav om avgrensing av tomtegrense og etablering av tursti ovanfor området. Dette vil vise kvar skilje mellom privat eigedom og offentlig tilgjengleg strandsone går.

Verknadar av planforslaget:

Positive konsekvensar

Planforslaget vil vere positivt då ein legg til rette for fleire sentrumsnære bustadar med tilhøyrande leikeplassar og betre tilkomst til strandsona for ålmenta. Dette vil auke bukvalitetane til alle busette i Verket.

Planforslaget vil betre trafikktryggleiken knytt til Fv.654 og leggje til rette for gang- og sykkelveg langs begge sider av fylkesvegen.

Kommunen vil ha moglegheit til å oppgradere vegstandarden med breiddeutviding og standardheving av ein kommunal veg.

Ein vil få ei opprydding av spreidd utslepp til resipienten Straumane som vil vere positivt både for resipienten og for brukarane av Straumane til rekreasjon og friluftsliv.

Negative/ ikkje positive konsekvensar:

Det er ikkje registrert jordressursar innanfor område som vil gå tapt. Delar av nedre del er registrert som skog, men område vil ha ein avgrensa verdi.

Planforslaget legg opp til bygging av bustadar i eit område som er avsett som LNF i kommuneplanen sin arealdel frå 2004.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 i naturmangfaldlova gjeld krav om kunnskapsgrunnlag for å fatte vedtak: Delar av planområdet (Naustområde) i Straumane er, i rapporten *kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune* frå 2001 og www.dirnat.no sin naturbase, verdsett som B (viktig) i dei delane av området som inneheld ålegras (*Zostera marina*).

Utdrag frå www.dirnat.no sin naturbase om Straumane:

Området er avgrensa som viltområde, og er eit høgproduktivt, grunt og innestengt fjordparti med småøyar, holmar og sund med mange bukter og breie tidevassområde. Det er rik straumsetning frå to kantar, med rikelig undervassvegetasjon, m.a. ålegras-enger i mudderbuktene, og med rikare mudderstrender. Området er kransa av eit småkupert kulturlandskap med tett busetnad, men og med lyngheiar og litt krattskog. Dette er dels eit viltområde som har funksjon som hekke- og beiteområde for vassfugl. Lokaliteten må sjåast i samanheng med Myklebustvatnet. Risheim og Johannessen (1991) har data om det marine miljøet etter ei undersøking på oppdrag av Statens vegvesen. Dei har registrert låg faunadiversitet i det marine miljøet som kan relaterast til dårleg gjennomstrøyming og hydrogensulfidopphopping.

Omsyn/ Skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. (Utdrag frå www.dirnat.no sin naturbase, Faktaark).

Utdrag frå Norsk rødliste for naturtyper 2011:

*Vanlig ålegras (*Zostera marina*) vokser i spredte forekomster på sand- og mudderbunn i **grunne områder**. (Norsk rødliste for naturtyper 2011, s. 57) Grunne bløtbunnsområder (inkludert ålegrasenger) er antatt å være spesielt utsatt for utbygging i strandsonen og var gjenstand for vurdering spesielt, men **ble ikke vurdert å ha høyere kategori enn hovedtypen løs eufotisk saltvannsbunn (LC)**, og ble derfor ikke skilt ut som egen vurderingsenhet. (Norsk rødliste for naturtyper 2011, s. 58)*

Økologisk tilfredsstillende (LC) (Livskraftig/Least Concern for arter) angis for en naturtype når den ikke oppfyller noen av kriteriene for kategoriene CR, EN, VU eller NT, og ikke er satt til kategoriene DD, NA eller NE. Begrepet økologisk tilfredsstillende kan forstås slik at arealet av naturtypen ikke er vesentlig redusert i løpet av vurderingsperioden, at en vesentlig del av naturtypeforekomstene har meget god eller god økologisk tilstand.

Naturtypen forekommer i tillegg i tilstrekkelig mengde og bredde i utbredelse til å motstå eventuelle ytre påvirkninger uten å risikere vesentlige endringer i typens naturgitte forekomst og karakter. (Norsk rødliste for naturtyper 2011, s. 12-13)

Utdrag frå Direktoratet for naturforvaltning, Faggrunnlag for ålegraseng (Zostera marina):

*Ålegrasenger er beskyttet i henhold til Bernkonvensjonen og er listet i Rio deklarasjonen (1992/93: 13) som et habitat/naturtype med behov for fredning (verneverdig). ... **Ålegraseng er vurdert sikker (ikke truet) både som art og som naturtype i Norsk rødliste for arter 2010 og i Norsk rødliste for naturtyper 2011.** (Direktoratet for naturforvaltning, Faggrunnlag for ålegraseng (Zostera marina), s. 21).*

Den norske kystlinjen er preget av røffe og utsatte fjell, stein og svaberg-områder, og mange steder er lune bukter med grunne bløtbunnsområder mer sjeldne. Det er særlig på slike grunne bukter og vikar man finner ålegrasforekomstene, og det er også ofte på slike mer beskyttede steder man ønsker å etablere og bygge ut båthavner. Bryggeanlegg og båter skygger for lystilgangen, og forankring og mudring bidrar også til å fjerne ålegraset fra slike lokaliteter. I tillegg vil nedfall fra begroing og søppel tildekke bunnsedimenter, og båthavner og marinaer fører ofte med seg økte belastninger av miljøgifter. (Direktoratet for naturforvaltning, Faggrunnlag for ålegraseng (Zostera marina) s.22).

Ut frå det som står i rapporten om biologisk mangfald er område verdsett som B (viktig) der det er gjort funn av ålegras. Kommunen har ikkje klart å finne informasjon om kvar i Straumane det er gjort funn av ålegras, men området som inngår i planområdet er prega av svaberg og stein/tarebotn og det er brådjupt i område der det er planlagt naustområde.

Alle grunne bløtbunnsområde (inkludert ålegrasenger) er verdsett til LC i rødlista i 2011. LC er den lavast verdsettinga i rødlista og er vurdert som sikker (ikkje trua) i direktoratet for naturforvaltning sitt faggrunnlag for ålegrasenger.

Kommunen meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for denne naturtypen og krav om kunnskapsgrunnlag er såleis oppfylt.

§ 9 i naturmangfaldlova og "føre-var-prinsippet":

Kunnskapsgrunnlaget er godt og relevant for vurdering av verdien på naturtypen som er funne innanfor planområdet. Kommunen meiner det ligg føre tilstrekkeleg informasjon om kva verknadar tiltak i området kan ha for naturmiljøet og naturmangfaldet. Det vert derfor ikkje lagt vekt på "føre-var-prinsippet" i denne vurderinga.

§ 10 i naturmangfaldlova gjeld den samla belastninga av tiltaket:

Den samla belastninga av planforslaget har vore fokusert rundt tiltak for naust og flytebryggje i området. Det vert lagt til rette for to naust og løyve til å leggje ut flytebryggje med inntil to båtplassar. Naturtypen som er funne er vurdert som sikker (ikkje trua) og vil ikkje bli påverka vesentleg av ytre faktorar (*norsk rødliste 2011 og faggrunnlag for ålegrasenger*).

Ved vurdering av den samla belastning for dette planforslaget må ein også ta med tiltaket pumpestasjon som vil vere eit positivt tiltak for området. Ved å godkjenne planforslaget og pumpestasjon i dette området kan ein få samla opp dei utsleppa som no går i Straumane og få dette inn på eit kommunalt leidningsnett. Kommunen meiner den samla belastninga av tiltak i planen vil ikkje påverke

naturmangfaldet negativt i vesentleg grad.

§ 11 i naturmangfaldlova gjeld kostnadar ved miljøferringelse:

Det vil ikkje bli vesentlege negative kosekvensar av tiltaket då naturtypen er vurdert som sikker og ikkje trua av ytre påverknadar. Det vil derfor ikkje vere kostnadar knytt til miljøskadar.

§ 12 i naturmangfaldlova gjeld bruken av miljøforsvarelege teknikkar ved utbygging:

Ved etablering av flytebyggje vil det bli brukt krysstag til å forankre flytebyggja.

Dette vil ikkje føre til inngrep på havbotn og føre til skade på naturtypen.

Konsekvensar for folkehelse:

Kommunen meiner planen slik han ligg føre er eit viktig ledd i ein strategi for å skape ein attraktiv tursti i nærmiljøet i tilknytning til Straumane. Turstien som er teikna inn frå V2 er tenkt som sluttstykket på ein samanhengande tursti langs Straumane som gjer at mange innbyggjarar vil få ein attraktiv tursti innanfor 500m frå bustaden.

Konsekvensar for beredskap:

Planforslaget vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar for beredskapen.

Breiddeutviding av V1 vil ha positive konsekvensar for brannberedskapen i kommunen då ein vil få lettare tilkomst til område.

Konsekvensar for drift:

Planforslaget vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar for drift i kommunen.

Planforslaget vil vere med å samle opp utslepp som i dag går i Straumane og inn på ei offentleg avlaupsleidning ved etablering av pumpestasjonen i området.

Planforslaget legg opp til at vegen til at den kommunale vegen til Verket kan breiddeutvidast der det ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustadar, betre tilkomst for bebuarane og betre forholda ved snøbrøyting.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *Detaljreguleringsplan for Verket* med plankart datert 10.10.2013, føresegn datert 7.11.2013 og planomtale datert 7.11.2013..

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.

Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Fosnavåg, 15.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



Bjørn Hellum Bergsnes
Verket 36
6092 Fosnavåg

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2012/12	Saksbeh. OLR
20 JAN. 2014	
Ark kode P	L12
Ark kode S	
J nr	Lok nr 61
Kassasjon	

Verket, den 16. januar 2014

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

KLAGE på vedtak

Saknr 2012/12, Detaljreguleringsplan for Verket – Melding om vedtak og klagerett datert 18.12.2013.

Vi beboere i og ved Verket som har skrevet under på dette brevet har fremdeles kommentarer og innsigelser til forslag til Detaljreguleringsplanen. Noen få av våre tidligere innsigelser til innsendte planer

ref brev til AG Plan og Arkitektur AS datert 18. oktober 2009

brev til Herøy kommune datert 4. desember 2011

brev til Herøy kommune datert 26. april 2013

er tatt til følge mens noen av de alvorligste ikke er tatt til følge.

I teksten nedenfor benyttes betegnelsen "Tiltakshaver" om de som står som tiltakshaver for hovedprosjektet samt respektive prosjekt (hver enkelt husbygger og eller huseier dersom de står som tiltakshavere).

Vi har følgende kommentarer og innsigelser til forslag til Detaljreguleringsplanen for Verket:

A - Ref.: Herøy kommune, Saksprotokoll for Utvalssaker 225/13 Utval: Formannskapet og Utvalsaknr nr 171/13 Utval: Kommunestyret

1 - Under tittelen "Vurdering knytt til bruk og vern av strandsona"

1) Følgende hevdes - sitat:

Kommunen legg også vekt på at det allereie er «privatisert» mot valen på gnr 29 bnr 3 med hage.

Sitat slutt

Det er en drøy påstand å kalle dette for privatisering. På Gnr 29, bnr 3 har vi nok ikke slåmaskin, men benytter nå en ordinær gressklipper for å hindre gjengroing og tap av kulturlandskapet. Området som tidligere var grønnsakåker og slåttemark er like mye benyttet nå som i tidligere tider av dem som ønsker å passere over eiendommen ved valen på vei til badeplass. Her er intet hinder i

form av sperrer, gjerder, utemøbler eller annet som indikerer at vi prøver å hindre ferdsel. Derimot er der en sti langs valen som nok brukes mer av andre enn oss som bor på eiendommen.

2) Følgende hevdes - sitat:

Kommunen har vurdert om etablering.....osv

og

Kommunen har kome til at område..... osv

Sitat slutt

Mellom tillatt plassering av hus på FS4 og til sjø er distansen ca 14m. Alle andre bolighus mellom veien Nedre Hjelmeseth og Monsholmen og Gnr 29 Bnr 87 ligger mer enn 35m fra sjøen. Det blir en vesentlig endring å tillate plassering av FS4 så nær sjøen og det blir etablert en form for presedens som vil bli vanskelig å fravike når fremtidige utbyggingssøknader kommer. Kommunen kan ikke gi tillatelse til utbygging på FS4 og FS4 bør innlemmes i FR1.

2 - Under tittelen "Verknader av planforslaget – positive konsekvenser"

1) Følgende hevdes - sitat:

Vurdering:

Vurderingar knytt til V1:

Kommunen har gjennom denne reguleringsplanprosessen fått innregulert moglegheit for å heve standarden på Verket som er ein kommunal veg. Dette kan innebære breiddeutviding og standardheving i form av nytt bærelag, forsterkningslag og vegdekke. Dersom dette vil verte aktuelt vil kommunen måtte inngå grunnavtalar med dei einskilde grunneigarane før utbygging. Gjennom denne reguleringsprosessen har kommunen gitt eit moglegheitsrom for å heve standarden på Verket.

Sitat slutt

I vurderingene hevdes det at gjennom reguleringsplanprosessen vil kommunen få mulighet til å heve standarden på veien Verket dersom avtaler med grunneiere oppnås og så kan kanskje veien oppgraderes. I realiteten er det nok liten sannsynlighet for at noen oppgradering vil skje de nærmeste årene så vi brukerne av veien Verket vil helt sikkert oppleve betydelig forringet fremkommelighet og veistandard så lenge anleggsarbeidene pågår og svært lenge etter det... Gnr 29, bnr 23, 49, 91, 212, 205, 60 og 70 ligger alle tett inntil den gamle slitte veien til Verket. Foreslått utbygging vil medføre en dobling av trafikken over hele V1. Øket trafikk vil særskilt i bakken mellom gnr 29 bnr 49 og gnr 29 bnr 212 der veien er smal, utkjørslene ligger tett og ender i en sving i bunnen av bakken skape vanskelige situasjoner. På vinterføre er det ikke uvanlig at biler blir stående fast i denne bakken.

Allerede nå, med tanke på at mer utbygging ganske sikkert vil komme øst for Verket og at det der er mulig å planlegge for fremtiden, må ny vei planlegges og anlegges fra V3 og opp mot FV654.

2) Følgende hevdes - sitat:

Planforslaget vil vere positivt då ein legg til rette for fleire sentrumsnære bustadar med tilhøyrande leikeplassar og betre tilkomst til strandsona for ålmenta. Dette vil auke bukvalitetane til alle busette i Verket.

Sitat slutt

For noe vås. Her søkes det om å mer enn doble antall boenheter. Hvem i all verden kan mene at fortettet bebyggelse, forlengelse av veier inn i et nesten jomfruelig område, bygging i strandsonen og betydelig øket motorisert ferdsel (øket bruk av biler, mopeder osv.) nesten ned til sjøen bidrar til øket bokvalitet. Vi som bor i Verket vil oppleve det stikk motsatte - altså betydelig redusert bokvalitet og ser med gru på at vår deilige fredelig plett vil bli rått og brutalt ødelagt.

Vi forbeholder oss retten til selv å definere hva vi mener med god bokkvalitet.

3) Følgende hevdes – sitat:

Planforslaget vil betre trafikktryggleiken knytt til Fv.654 og leggje til rette for gang- og sykkelveg langs begge sider av fylkesvegen.

Sitat slutt

Planforslaget vil ikke øke tryggheten for andre enn de få som går fra krysset mellom FV654 og Verket langs FV654 til nærmeste busslomme. Den store risikoen har lenge vært å krysse fra Verket og over FV654. Ved skolestart og skoleslutt, som faller delvis sammen med levering av barn i barnehager langs Lisjebøvegen, er trafikken etter våre forhold voldsom og kaotisk. I flere måneder hvert år i mørket under dårlig belysning, ved blending av motgående trafikk og tidvis regn må skolebarn med relativt stor risiko krysse FV654 her. Med den omsøkte utbyggingen vil antallet barn som utsettes for risikokryssinger øke betraktelig og det er kun et spørsmål om størrelsen på sannsynligheten for at alvorlige ulykker vil skje. Trygg og effektiv kryssing vil kun kunne skje i en eller annen form for lysregulert kryss.

B - Ref.: Herøy kommune - Planomtale for Verket der AG Plan og Arkitektur AS sitt Framlegg til reguleringsplan for Verket Herøy kommune er kopiert inn.

1 - Under tittelen "5.2 Planprinsipp, Arealbruk/planprosess"

1) Følgende hevdes - sitat:

at ein her må prøve å tilpasse seg kulturminneinteressene i området. For tiltakshavar har det vore sentralt å få til minimum fire tomter på flata nedanfor "Verkehaugen", for å få økonomi i prosjektet. I planframlegget er ei tomt gått ut og løysinga for pumpestasjon er endra. I sum medfører dette ein vesentleg kostnadsauke for prosjektet som følgje av at kulturinteressene i all hovudsak vert ivaretekne.

Sitat slutt

Vår tolkning er at Tiltakshavers krav uttrykt ved den merkelige og nå introduserte ordbruken "å få økonomi i prosjektet" fremdeles er det eneste og også godt nok argument for Herøy kommune uten videre å akseptere bygging i strandsonen. Til tross for Fylkesmannens opprinnelige innsigelser til FS4 vedtar Herøy kommune å tillate bygging på denne tomten. FS5 og FS4 ligger like nær sjøen og mens FS5 er fjernet med begrunnelse å unngå privatisering av strandsonen opprettholdes FS4 som virker akkurat like privatiserende – hvordan kan opprettholdelse av FS4 forsvares?

Vi krever en detaljert forklaring hva der menes med "å få økonomi i prosjektet".

2 - Under tittelen "5.2 Planprinsipp, Friluftsmål"

1) Følgende hevdes - sitat:

til gnr. 29, bnr. 13 og 25). Innanfor "FR1" kan det etablerast ein gangveg/tursti (G1) som skal vere universelt utforma og det skal etablerast fysisk skjerming mot FS4. Skjerminga kan vere td. i form av beplanting langs tomtegrensa. Plankartet viser den omtrentlige plasseringa av gangvegen. Gangvegen skal i så stor grad som mogleg vere universelt utforma og ein skal ved utbygging ta omsyn til natur og terrengformasjonen. Det skal leggast til rette for at gangvegen skal kunne vidareførast vidare vest. Som toppdekke til gangvegen bør det nyttast grus.

Sitat slutt

Universell utforming er ikke akseptert av Fylkesmannen, ref:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 29.4.2013:
Fylkesmannen held fast på at bustadområda FS4 og FS5 er konfliktfylte i høve fri ferdsel og leik og ålmenne landskapsinteresser i strandsona. Gangvegen frå enden av veg V3 og til naustområde N vil ikkje i tilstrekkeleg grad kunne ivareta desse omsyna, og vi opprettheld motsegna på dette punktet.

og:

Føresegnene til G2 må sikre at brua vert bygd slik at ein sikrar god vassutskifting i bukta. Vi rår frå at gangvegen G3 blir utforma med universell utforming då det vanskeleg kan gjennomførast utan vesentlege terrengingrep.

og vil medføre en fysisk inngripen i strandsonen som er fullstendig meningsløs.

C - Ref.: Herøy kommune – Detaljplan – PBL (2008) § 12-3 Verket der AG Plan og Arkitektur AS sitt plankart er kopiert inn.

POS 1 - Veifylling vil skade røttene til grantrær som står langs grenselinjen. Når grantrærøtter utsettes for øket trykk vil treet sannsynligvis dø. Ingen skog eller trær på gnr 29 bnr 3 og gnr 29 bnr 237 vil bli tillatt felt av grunneier og avstand fra fyllingsfoten til nabogrensen må være minst 2,0 meter (ref.: Forskrift om byggesaker)

POS 2 - Direkte adkomst mellom planlagt sti G1 og naustområde på FR2 må opprettholdes i form av tidligere foreslått gangbru. Eier av gnr 29 bnr 3 tillater ikke annen ferdsel enn det som måtte gis rett til gjennom av allemannsretten.

POS 3 – ref vår kommentar til kryssing av FV654 ovenfor.

Vi forventer at våre kommentarer og innsigelser i tidligere brev samt de som er nevnt ovenfor tas til følge da dette vil medvirke til at miljøet i strandsonen blir minst mulig belastet og det ikke blir øket risiko ved å ferdes langs Verket og krysse FV654.

Med vennlig hilsen

Lillian Øvrelid Berge, verket 36
GNR 29 - BNR 3, - BNR 220, - BNR 237 og - BNR 172



Bjørn Hellum Bergsnes, Verket 24
GNR 29 BNR 212



Sølvi Brekke, Verket 38
GNR 29 BNR 21



Henning Bergsnes, Verket
GNR 29 - BNR 11, BNR 77, BNR 60 og BNR 225

Rigmor Bergsnes
GNR 29 – BNR 91

SE EGET ARK


Inge Bergsnes, Verket 28
GNR 29 BNR 129

SE EGET ARK

Joar Bendal og Margrete Kalland Bendal, Verket 11
GNR 29 BNR 49



Åse Myklebust og Bjørn Myklebust, Verket 26
GNR 29 BNR 70



Sylvi Margrete Berge, Verket 34
GNR 29 BNR 163



Camilla Berge, Verket 15
GNR 29 BNR 205

Camilla Berge

Ann Karin Bergsnes, Verket 18
GNR 29 BNR 23

Ann-karin Bergsnes

Sylvi Varhaugvik, Verket 16
GNR 29 BNR 23

*Sylvi Varhaugvik
L. Ørnvik*

Bjørn Hellum Bergsnes, Verket 24
GNR 29 BNR 212

Sølvi Brekke, Verket 38
GNR 29 BNR 21


Henning Bergsnes, Verket
GNR 29 - BNR 11, BNR 77, BNR 60 og BNR 225

Rigmor Bergsnes
GNR 29 – BNR 91

Inge Bergsnes, Verket 28
GNR 29 BNR 129

Joar Bendal og Margrete Kalland Bendal, Verket 11
GNR 29 BNR 49

Åse Myklebust og Bjørn Myklebust, Verket 26
GNR 29 BNR 70

Sylvi Margrete Berge, Verket 34
GNR 29 BNR 163

Bjørn Hellum Bergsnes, Verket 24
GNR 29 BNR 212

Sølvi Brekke, Verket 38
GNR 29 BNR 21

Henning Bergsnes, Verket
GNR 29 - BNR 11, BNR 77, BNR 60 og BNR 225

Rigmor Bergsnes
GNR 29 – BNR 91

Rigmor Bergsnes


Inge Bergsnes, Verket 28
GNR 29 BNR 129

Joar Bendal og Margrete Kalland Bendal, Verket 11
GNR 29 BNR 49

Åse Myklebust og Bjørn Myklebust, Verket 26
GNR 29 BNR 70

Åse og Bjørn Myklebust

Sylvi Margrete Berge, Verket 34
GNR 29 BNR 163



VEDLEGG 2



REGULERINGSPLAN (detaljplan ihht. PBL § 12 – 3) FOR VERKET

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningdato	Eigengodkjend av:
201278	XXX	xx.xx.2013	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til eller går dels inn på fylkesveg nr. 654, gnr. 29 bnr. 20, 101, 127, 137, 226 og 291

I aust: Grensar til eller går dels inn på gnr. 29 bnr. 4, 5, 49, 60, 87, 88, 99, 104, 127, 128, 138, 204, 205, 263 og 338

I sør: Grensar til eller går dels inn på sjøareal

I vest: Grensar til eller går dels inn på sjøareal, gnr. 29 bnr. 3, 11, 14, 23, 60, 70, 91, 160, 212, 217, 237, 263 og 292

§ 1 - GYLDIGHEITSSOMRÅDE

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor disse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – frittliggjande småhus ("FS1-FS4")
- Bustader – konsentrert småhus ("KS")
- Energianlegg ("E")
- Andre kommunalteknisk anlegg – pumpestasjon ("P")
- Naust ("N")
- Leikeplass ("LP1")

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg ("V1-V5")
- Gang/sykkelveg ("GS1 og GS2")
- Gangveg/tursti ("G1")
- Annan veggrunn - teknisk anlegg

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Naturleikeplass ("GR1")

Landbruks-, natur og friluftsføremål og reindrift (PBL § 12-5, nr. 5)

- Friluftsføremål ("FR1-FR2")

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr. 6)

- Friluftsområde i sjø og vassdrag ("FOS1")



Sikringszone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Frisikt (H140)

Faresone (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

- Høgspenningsanlegg (H370)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL § 11-8 c, jf. § 12-6)

- Bevaring av kulturmiljø (H570)

Bandleggingsone (PBL. § 11-8 d, jf. § 12-6)

- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

§ 5 - FELLESEFØRESEGNER

- Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense.
- Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området

§ 6 – AREALBRUK

- I område merka "FS1"- "FS4" kan det byggjast frittliggjande småhusbebyggelse, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.

I område merka "KS" kan det byggjast konsentrert småhusbebyggelse med inntil fire (4) bueiningar på kvar tomt.

Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midletidige konstruksjonar innanfor områda som denne planen omfattar.

- Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA) eller maksimal utbygd areal i antal m²:

Maks BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum 30 %
- KS - område: maksimum 40 %
- N - område: maksimum utbygd areal er sett til 80m²

Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med NS 3940:2007. BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomte sitt nettoareal eller som maksimal utbygd areal i m².

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20m² pr. bilplass. Oppgitt maksimum bebygd areal samsvarer med avgrensing vist ved byggegrense.

Parkeringsbehovet er føresettt dekt på eige areal, jf. kommunen si vedtekt til § 69 nr. 3 og 4 i PBL.

§ 7 – BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.



Bygg skal gjevast ei god estetisk utforming med tanke på val av form, farge og materialar. Ved plassering av byggverk på eiga tomt, skal ein legge vekt på god terrengtilpassing. Ein skal så langt det let seg gjere unngå uheldige terrenginngrep. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggende bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dersom garasjen har direkte innkøyring mot veg. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig, gje løyve til oppføring av garasje med innkøyring parallelt med veg. Avstanden skal då ikkje vere nærmare enn 2,5 m frå regulert trafikkareal.

- a. I område merka "FS" og "KS" skal bygningar ikkje ha større gesimshøgde enn 7,0 m og mønehøgde ikkje over 9,0 m.
- b. I FS og KS-områda kan det oppførast carport/garasje inntil 51 m² grunnflate (dobbel garasje med bod). Maksimum gesimshøgde 4,0 og maksimum mønehøgde 5,5 m for garasje. Garasje kan oppførast både med saltak og flatt tak.
- c. I område merka "KS" bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg med inntil 6 biloppstillingsplassar i kvart garasjebygg. Unntaksvis kan frittstående enkelt garasje (til ei bueining) byggast med grunnflate inntil 36 m². Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass. Gesims- og mønehøgde gjeld for "KS" område som for garasjar i "FS" område.
- d. I område merka "FS2" kan terrenget tilpassast kringliggende vegar. Toppen av Verkehaugen kan senkast over heile området i samsvar med endeleg veghøgde over haugen. Senking av terrenget skal gå fram av situasjonsplan.
- e. Underkant golv for bygningar innanfor FS4 skal minimum ligge på NGO kote 4.0. I grensa mellom FS4 og FR1 skal det setjast opp/tilplantast gjerde eller hekk for å skilje privat område og område tilgjengeleg for ålmenta.
- f. I område "FS3" vert byggjegransa mot felles veg, V2, sett til 3 m i nord og 2 m i sør.
- g. Område merka "E" skal nyttast til transformatoriosk. Innanfor dette området kan bygning for nettstasjon førast opp inntil 2 meter frå føremålsgrænse. Bygning skal gjevast ei utvendig fasade tilpassa kringliggende bygningar/byggjeføremål. Transformatoriosken skal ha fri tilkomst til veg.
- h. Område merka "P" skal nyttast til offentleg pumpestasjon. Bygning skal gjevast ei utvendig fasade tilpassa kringliggende bygningar/byggjeføremål. Kommunen har rett til å nytte "snuplass" på V2 i samband med tilsyn/vedlikehald av kloakkpumpestasjonen.
- i. I område "N" skal nausta ha ei maksimum gesimshøgde lik 3.5 m og maksimum mønehøgde 5.0 m i forhold til gjennomsnittleg planert terreng, jf. målereglane fastsett i PBL og tekniske forskrifter.

Nausta skal plasserast på ein slik måte at dei gjer minst mogleg inngrep i terrenget (Haugen) og vil medføre minst mogleg utfylling i sjø.



Maksimum bebygd areal er sett til 80m². Kvart naust skal vere maksimalt 40m². Nausta skal vere i tradisjonell stil med trekledning.

Naust/sjøhus skal gjevast ei enkel utforming utan arker, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter.

Naust er uthus for oppbevaring av båt, båtutstyr, fiskereiskap og anna sjørelatert utstyr.

Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Utfylling i sjø er ikkje tillate utover utfyllingar synte i reguleringsplankartet.

Ved oppføring av fleire naust skal desse grupperast i grupper på to eller tre naust.

Det er ikkje tillate å sprengje/fylle opp/grave ut meir i terrenget enn eit avvik på 0,5 meter i forhold til opphavleg terrengnivå.

Det skal vere mogeleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/naustgrupper.

Det er ikkje tillate med gjerde, levegg eller andre stengsler i naustområde.

I naustområde kan det etablerast båttopptrekk til naust.

I tilknytning til nausta kan det leggest ut felles flytebyggje med inntil to båt plassar.

- j. Felles leikeplass "LP1", er felles for FS/KS-områda. Leikeplassen skal, ved utbygging, setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Areal mot veg skal vere inngjerda. Plan for opparbeiding skal utarbeidast og godkjennast samtidig med plan for tekniske anlegg. "GR1" er funnområde for kulturminne og det kan ikkje gjerast tiltak i området. "GR1" vil derfor fungere som eit område for fri leik, leikeområde.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon tilpassa føresett arealbruk. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- d. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.



- e. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.
- h. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på privat bustadareal opparbeidast min. 20m² areal eigna til leik pr. bueining. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av situasjonsplan.

§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

I trafikkområde skal det byggjast:

- Køyreveg ("V1-V5")
- Gang/sykkelveg ("GS1 og GS2")
- Gangveg/tursti ("G1")
- Annan veggrunn – teknisk anlegg

V1 og V4 er offentlege vegar, og er dimensjonert for 30 km/t (jf. siktkrav). Nødvendig skiltvedtak må gjerast i tilknytning til søknad om utbygging.

V2, V3 og V5 er felles vegar.

Felles veg V2 kan nyttast av kommunen med omsyn til nødvendig drift og vedlikehald av pumpestasjon "P".

GS1 og GS2 er offentleg gang/sykkelveg langs FV654.

G1 er offentlege gangveg/tursti gjennom friluftsområde FR1. Gangvegen skal leggjast inntil tomtgrensa til FS4 og skjermast ved enten gjerde eller hekk. Gangvegen skal i så stor grad som mogleg vere universelt utforma og ein skal ved utbygging ta omsyn til natur og terrengformasjonen. Det skal leggjast til rette for at gangvegen skal kunne vidareførast vidare vest. Som toppdekke til gangvegen skal det nyttast grus. Turstien skal sikrast mot utvasking og sikringa skal spele på lag med terreng og kringliggjande landskap.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. pbl. § 35.

Det er føreset at FS4 skal knyte seg til offentleg avlaupsleidning og, om det er behov for det, pumpe avlaup til offentleg leidningsnett.

§ 10 – LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFØREMÅL (PBL . § 12-5, nr. 5)

I offentlege friluftsområde "FR1" og "FR2" er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av området. Det kan etablerast gangstiar i områda.

§ 11 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)

Friluftsområde i sjø og vassdrag (FOS):

Friluftsområde, sjø skal nyttast til natur-, ferdsels-, fiske – og friluftsliv. Innanfor områda er



det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg eller bygg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for området sin bruk.

§ 12 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1)

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 13 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3)

Høgspenningsanlegg (H370):

Område merka "E" skal nyttast til høgspenningsanlegg. Av omsyn til ev. stråling frå høgspent i trafostasjon er det i reguleringsplanen vist omsynssone, kode H370, med breidd 5 m frå denne. Innanfor denne sona skal det ikkje førast opp bygningar med rom for opphald.

§ 14 – SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN (PBL. § 11-8 c)

Bevaring kulturmiljø (H570)

Sikringsone rundt automatisk freda kulturminne.

Omsynssone, H570, omfattar dei automatisk freda kulturminna sine sikringssoner og areal. Det skal ikkje utførast tiltak av noko slag i området.

§ 15 – BANDLEGGINGSSONE (PBL. § 11-8 d)

Som omsynssone, kode H730, er det vist område for kulturminne. Området er automatisk freda etter Kulturminnelova, §§ 3 og 4. Innanfor området er det ikkje tillate å gjere inngrep i grunnen, eller gjere anna som kan medføre skade på fornminnet. Det skal ikkje utførast tiltak av noko slag i området.

§ 16 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7)

- a. Felles leikeplass "LP1" skal opparbeidast og ferdigstillast samtidig med utbygging av teknisk infrastruktur. Bruksløyve skal ikkje gjevast før tilhøyrande leikeplass er ferdig opparbeidd i samsvar med godkjend plan.
- b. Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og ev. vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkomande sjølve utbygginga av dei tekniske anlegga, jf. kommunestyret sine retningslinjer for slik avtale. Tekniske anlegg omfattar vegar, leidningsnett til vatn, avløp og overvatn samt EI- og teleforsyning, slamavskiljar med utløp til resipient.
- c. Støyskjerm skal byggast som vist på plankartet samstundes med utbygging av FS1 og KS – området. I KS-området bør støyfølsame soner i hus og uteopphaldsareal leggjast mot sør, eventuelt må det gjerast støydempende tiltak i bygget.
- d. G1 skal vere opparbeidd og ferdigstilt samstundes med den tekniske infrastrukturen i området. I tilknytning til opparbeiding vert det stilt krav om at det skal etablerast ei fysisk skjerming mot FS4.
- e. GS1 og GS2 skal utbyggast samstundes med "Gang- og sykkelveg Hjelmeset" som ligg vest for planområdet.



Sist revidert 7.11.2013 av Herøy kommune
Revidert 10.10.2013 av Herøy kommune
Revidert 19.2.2013 av Herøy kommune
Revidert 20.11.2012 av Herøy kommune
Revidert 26.9.2012 av Herøy kommune

Herøy kommune, xx/xx/2011

ordfører

rådmann



AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •NPA •MNAL•MNIF

Ørsta 23.11.2010

REV 2, 14.10.2011, av AG Plan og Arkitektur AS

REV 3, 26.9.2012, av Herøy kommune


REV 4, 18.2.2013, av Herøy kommune

REV 5, 26.9.2013, av Herøy kommune

REV 6, 10.10.2013, av Herøy kommune

REV 7, 07.11.2013, av Herøy kommune

Framlegg til reguleringsplan for Verket Herøy kommune



Planområde



AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt namn: Verket

Dokumentet sitt namn: Planomtale

Saksnr.: 2021

Oppdragsgjevar: Espen Vike og Kay Terje Myklebust

Oppdragsgjevar sin representant: Espen Vike og Kay Terje Myklebust

AG Plan og Arkitektur: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal, siv.ing./planleggar

Medarbeidarar: Berit Sandvik Skeide, landskapsarkitekt/arealplanleggar

Eldar Hansen, GIS-ingeniør

2	14.10.2011	19	bss	kg	kg
Revisjon nr.	Dato	Tal sider rapport	Utarbeidd	Kontrollert	Godkjent

Oppdragsnr.	Dokumentnr.	Filnamn
2021	2021-02	P:\2021Myklebust,Herøy\Prosjektmappe\PLANDATA_TEK STDOKUMENT\PLANOMTALE



Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Bergsøy
Stad/adresse:	6092 Fosnavåg
Gnr. /bnr.	29/5, 29/6, 29/8, 29/13, 29/14, 29/25, m.fl.
Forslagstillar:	Espen Vike og Kay Terje Myklebust
Grunneigarar:	Espen Vike, Kay Terje Myklebust m.fl.
Eksisterande planstatus:	I kommuneplanen: bustader, LNF-område.

Planområdet sitt areal i daa: 24,9 daa

Viktigaste fremma reguleringsformål: Frittliggjande og konsentrerte småhus, leikeplass, naust, friområde, friluftsføremål, omsynssoner, bandleggingssone, osv

Tal bueiningar:	Ca. 11
Aktuelle problemstillingar:	Terrengtilpassing veg og hus, kulturminne
Kunngjering, dato (avis):	11.9.2009
Varslingsdato berørte partar (brev):	7.9.2009
Medverknad utover varsling:	20.10.2009 (møte med særskilde grupper)
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei



Innhald:

1. Innleiing, generelt om plansituasjonen
2. Forvarsling
3. Vurdering av innspel ved forvarslinga, jf også vedlegg A1 og A2
4. Gjeldande planar og arealbruk
 - 4.1 Kommuneplan for Herøy kommune
 - 4.2 Gjeldande reguleringsplanar
 - 4.3 Arealstatus i dag
 - 4.4 Drøfting med særskilde grupper, jf. pbl § 5-1
5. Omtale av planframlegget
 - 5.1 Nøkkeldata
 - 5.2 Planprinsipp
 - 5.3 Vurdering av risiko og sårbarheit
 - 5.4 Arealutnytting
 - 5.5 Universell utforming
 - 5.6 Arkitektur
 - 5.7 Born og unge
 - 5.8 Konsekvensutgreiing
 - 5.9 Vern av bygningar og anlegg
 - 5.10 Føresegnene
 - 5.11 Utbyggingsavtale
6. Plankart (2021-100)

Vedlegg A: A1: Vurdering av innspela/merknadene
A2: Inkomne skriv

Vedlegg B: Senterlinjeoversikt vegar (2021-101)
Lengdeprofil veg (2020-102)
Standard tverrprofil veg (2021-103)
Tverrprofilar veg (2021-104, 105, 106 og 107)

Vedlegg C: ROS-vurdering
Støyrapport

Vedlegg D: Kopi av innkalling til møte med særskilde grupper og kopi av skjema som viser kven som møtte.

Vedlegg E: Utsendte dokument i samband med forvarsling



1. Innleiing, generelt om plansituasjonen

Tiltakshavar er Espen Vike og Kay Terje Myklebust.

Følgjande planar vert rørt ved planendringa:

- Kommuneplan for Herøy kommune, stadfesta av kommunestyret 16.12.2004

2. Forvarsling

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova 11.09.09 med frist for merknad 26.10.09 ved annonse i Vestlandsnytt samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde.

3. Vurdering av innspel ved forvarsling

Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarsling/annonsering:

Merknader/innspel som følgje av forvarslinga/kunngjering:

- 1) Tussa Nett AS dat. 21.09.2009
- 2) Søre Sunnmøre Landbrukskontor dat. 22.09.2009
- 3) Noregs vassdrags- og energidirektorat dat. 05.10.2009
- 4) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum dat. 05.10.2009
- 5) Bjørn Hellum Bergsnes, Lillian Øvrelid Berge m.fl. dat. 18.10.2009
- 6) Møre og Romsdal fylke dat. 20.10.2009
- 7) Henning Bergsnes dat. 20.10.2009
- 8) Konrad Berge dat. 23.10.2009
- 9) Paul Berge dat. 25.10.2009
- 10) Statens vegvesen dat. 21.10.2009
- 11) Svein Runde dat. 16.11.2009
- 12) Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum dat. 19.01.2010
- 13) Møre og Romsdal fylkeskommune dat. 21.09.2010
- 14) Tussa Nett AS dat. 05.11.2010

Innspela er kommenterte og vurderte i eige vedlegg, vedlegg A1. Konklusjonen frå denne vurderinga er:

Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planendringa:

- Tussa Nett AS har behov for å føre fram høgspenkabel og det må setjast opp ny nettstasjon i området.
- Møre og Romsdal fylke melder at det er funne ein førhistorisk lokalitet (steinalderbuplass) innanfor planområdet, som er freda etter Kulturminnelova §§ 3 og 4. Lokaliteten bør regulerast til omsynssone D.
- Statens vegvesen (SV) kjem med innspel knytt til etablering av gang- og sykkelveg langs FV 654 og planfri kryssing. SV rår til at tilkomstvegen til feltet vert planlagt etter dimensjoneringsklasse A1 med fartsgrense 30 km/t.

Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til planendring:



- Det er i reguleringsplanen sett av areal til nettstasjon. Av omsyn til ev stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone, kode 370, med breidd 5 m frå denne. Innanfor denne sona skal det ikkje førast opp bygningar med rom for opphald.
- Steinalderbuplassen er i planframlegget lagt ut til omsynssone D, med omsynsone C. Det er knytt egne føresegner til sona.
- Etablering av planfri kryssing og gang- og sykkelveg må avklarast nærare i eigen reguleringsplanprosess. Det er i planframlegget teikna inn kryss med tilhøyrande frisiktzone. Krysset er dimensjonert for lastebil. Tilkomstvegen ned til feltet er dimensjonert etter klasse A1 med fartsgrense 30 km/t.


Sjå elles nærare vurdering av innspela og dei enkelte innspela, vedlegg A1 og A2. (Kommentarane gjeld alle merknadene).

Innspel etter offentlig ettersyn vert ikkje særskilt vurdert i planomtalen, men vert handsama av kommunen og gjengitt og vurdert ved slutthandsaming av planen.



4. Gjeldande planar og arealbruk

4.1 Kommuneplanen for Herøy, stadfest av kommunestyret 16.12.2004.




Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

Etter kommuneplanen er arealet lagt ut til eksisterande og planlagde bustader og LNF-område. Vi kjenner ikkje til detaljane rundt plangrensa som er vist i kommuneplanen, men vi finn at den justerte grensa vi fremjar, på vegne av tiltakshavar, ikkje bryt vesentleg med hovudlinjene i kommuneplanen. Vi er merksame på strandsonevernet og vil i det vidare planarbeidet søkje å ta omsyn til strandsona og den allmenne ferdsla langs sjøen.



4.2 Reguleringsplanar



Utsnitt av tilgrensande reguleringsplan for Bergsøy – Bendal

Planområdet grensar til reguleringsplan for Bergsøy – Bendal (Plan-ID RP3), ikraftsetjingsdato 19.10.1973. Sjølve planområdet er ikkje tidlegare regulert.



4.3 Areal situasjon i dag



FV17

FV654

Planområde

Mot Berge

Mot Straumane



Planområde

Delar av det ikkje utbygde arealet består av fulldyrka/lettbrukt jord, jorddekt fastmark med innslag av lauvskog med låg bonitet. I tillegg kjem areal i strandsona. Arealet ligg etter vår vurdering godt til rette for vidare utbygging.

4.4 Drøfting med særskilde grupper, jf pbl § 5-1

Det vart halde orienterings-/samrådsmøte med særskilde grupper 20.10.2009 på Herøy rådhus. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, barnerepresentanten og eldrerådet var invitert til møtet. Ingen av desse møtte. Frå kommunen møtte Hanna Spilling.



5. Omtale av planframlegget

5.1 Nøkkeldata

Areala er delt i følgjande område:

Område	Storleik, Daa:	Arealbruk	Utnytting, BYA	Tal tomter, Ev. kommentar
FS1	1,1	Arealbruk: Frittstående bustader. Ein (1) einebustad på kvar tomt.	Utnytting, maks BYA=30%. Tillate utbygd areal (BYA) er definert i samsvar med NS 3940:2007	Arealet gjev plass til sju (7) einebustadar, ev. med leilegheit.
FS2	2,6			
FS3	1,5			
FS4	0,6			
KS	1,3	Konsentrerte småhus med utbygging innan ramma av NBI blad 330.009. Inntil 2 (to) bustadeiningar i kvart bygg.	Utnytting, maks BYA=40%. Tillate utbygd areal (BYA) er definert i samsvar med NS 3940:2007. Tomtedelinga skal fastsetjast som del av utbyggingsplan/ situasjonsplan	Arealet gjev plass til tre (3) bueiningar i tre bygningar
Samla Areal	7,1			

Område	Storleik, daa	Arealbruk, ev. kommentar
Energianlegg	0,9	Gjeld område E, areal til nettstasjon/trafo
Øvrig kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon	0,4	Gjeld område P
Naust	0,2	Gjeld N, areal til naust.
Leikeplass/naturleikeplass	1,4	Gjeld LP1 og GR1. Er felles for alle FS- og KS-område
Køyreveg	8,6	Gjeld V1-V6 og del av fylkesveg 654. Annan veggrunn er også inkludert.
Gang/sykkelveg	0,3	Gjeld GS1-GS2.
Friluftsføremål	2,4	Gjeld FR1 og FR2.
Friluftsområde i sjø og vassdrag	4,1	Gjeld område FOS1
Samla areal	18,3	

Viser elles til føresegnene.




5.2 Planprinsipp

Innleiing:

Siktemålet med planarbeidet er å leggje til rette for bustader med tilhøyrande naust. Arealet er i hovudsak tenkt nytta til frittliggjande einebustader og naust. Naustområdet skal dekkje dei nye bustadane sitt behov. Ein har såleis ikkje sett av areal til parkering i samband med bruk av nausta.

Arealbruk/planprosess:

AG Plan og Arkitektur AS utarbeidde i samband med søknad om oppstart av reguleringsarbeidet, ei skisse med forslag til utnytting av området. Skissa viste i grove trekk korleis ein ville føre fram veg til området, plassering av bustadareal og naust, leikeareal og friluftsområde.



Utsnitt av skisse utarbeidd i samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet

Møre og Romsdal fylke (MRF) varsla i samband med oppstart av planarbeidet at det ville bli kravd arkeologisk registrering på delar av arealet. Arkeologisk registrering vart utført våren 2010. På landsida vart det funne ein førhistorisk lokalitet på cote 2,5-4 m på gnr. 29, bnr. 25 og dels på gnr. 13. Fylket melder i brev av 21.9.2010 at steinalderbuplassen er freda etter kulturminnelova §§ 3 og 4. MRF meiner lokaliteten med sikringsone bør regulerast til omsynssone D i reguleringsplanen.

I samtalar med kommunen kom det fram at det må setjast av areal til kloakkpumpetasjon med køyrbar tilkomst i området. Tiltakshavar utforma med bakgrunn i samtalar med arkeolog og innspel frå kommunen, ei skisse til utnytting av nedre del av planområdet, som vart lagt til grunn ved utarbeiding av alternativ 1. Denne løysinga vil leggje til rette for fem tomter nedandfor «Verkehaugen» og var utgangspunkt for reguleringa.



Utsnitt av alternativ 1, utarbeidd etter arkeologisk registrering. Omsynsøde og pumpestasjon med vegtilkomst er lagt inn.

Alternativ 1 viser at vegtilkomst og pumpestasjon kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Det inneber at ei tomt må takast ut og det må søkjast om dispensasjon frå Kulturminnelova, for å få realisert prosjektet. Det er usikkert om ein vil få innvilga dispensasjon. Ein ev. dispensasjonssøknad vil ta tid og nærare undersøkingar av lokaliteten vil fort bli kostbart.

Med bakgrunn i ovannemnde og nærare samtale med ansvarleg arkeolog, vart det søkt etter å finne ei løysing der ein kan flytte pumpestasjonen med tilhøyrande vegtilkomst, for å unngå inngrep i det automatisk freda kulturminnet.



Utsnitt av alternativ 2, der pumpestasjon med tilhørende vegtilkomst er flytta.

Det er mogleg å flytte pumpestasjonen, som vist på plankartet. Alternativet medfører då vesentleg større leiðningsstrek, bustadhuset i sør/vest må ha utgangshøgde på spillvassrøret ca 1 meter høgere enn i det andre alternativet, standard pumpestasjon kan ikkje utan vidare nyttast då stasjonen må senkast i terrenget grunna fallkrav. Dette medfører vesentlege kostnader for utbyggar.

Tiltakshavar har etter ei samla vurdering konkludert med å gå vidare med alternativ 2 til utnytting av området. Det er ei løysing som tiltakshavar eigentleg ikkje ønskjer, men dei innser at ein her må prøve å tilpasse seg kulturminneinteressene i området. For tiltakshavar har det vore sentralt å få til minimum fire tomter på flata nedanfor "Verkehaugen", for å få økonomi i prosjektet. I planframlegget er ei tomt gått ut og løysinga for pumpestasjon er endra. I sum medfører dette ein vesentleg kostnadsauke for prosjektet som følgje av at kulturinteressene i all hovudsak vert ivaretekne.

Etter offentlig ettersyn og motsegn frå fylkesmannen har ein kome til at FS5 som er plassert lengst mot aust i «alternativ 2» også må takast ut av planforslaget for å unngå privatisering av strandsona. Ein har gått med på å ta ut denne tomten frå planen for å godkjenne planen. To tomter nedanfor «Verkehaugen» har altså blitt teke ut for å tilpasse seg kulturminneinteresser og strandsonevernet.



(Utsnitt frå plankart 10.10.2013)

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)
Frittliggjande småhus ("FS1 – FS4" og "KS").

Det er i planen lagt til rette for 7 einebustadtomter. I tillegg er det lagt til rette for ei tomt for tettare utnytting ("KS"), med rom for inntil 3 bueiningar. Tomta har ein storleik på om lag 1300 m². Tomtene ligg fint til med gode sol og utsiktstilhøve.

Maksimum tillaten BYA er sett til 30 % for FS-områda. For KS-området er maksimum tillaten BYA sett til 40 %. I FS og KS-områda skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 7.0 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 9.0 meter.

FS- områda er regulert for småhus. Det er tillate med to (2) bustadeiningar på kvar tomt. Viser til NBI blad 330.009. Primært bør tomtene nyttast til eitt hovudhusvære og ev. sekundærhusvære, men det er ikkje sett avgrensingar som hindrar to likeverdige husvære om tomta tillet det m.o.t. tillaten BYA, jf NBI blad 330.009 pkt. 44.

Avkøyrsløse er føresett til tilgrensande vegareal offentleg eller felles. På kvar tomt skal det opparbeidast eit minste opphaldsareal på 20 m² pr. bueining. Tomtene er regulert med tomtgrense. I føresegnene er det sett krav til maksimum utnytting. Dette for å søkje å få til ei samfunnsmessig god utnytting samtidig med at feltet står fram som eit "småhusområde".

Det er føresett at kvar bustadeining har naudsynt parkering på eiga tomt, jf til ei kvar tid gjeldande krav i hht pbl § 69.

FS2 er føresett å kunne senkast tilsvarande vegen gjennom området. Dette slik at veg og tomter vert best mogleg tilpassa og slik at bygningane opp på haugen ikkje vert for ruvande.

For FS3 vert byggjegransa redusert frå 5 m frå veg til 3 m i nord og 2 m i sør. Dette må gjerast då krava til vendehammar og avstand til kulturminnet gjer at ein må flytte V2 lenger mot nord og ta areal av det som har vore avsett til FS3. For at eigedomen kan nyttast på ein tilstrekkeleg måte må ein såleis redusere krav til byggjegransa mot felles veg. I prosessen har ein rådført seg med Anleggs- og driftsavdelinga i kommunen og dei har ikkje kommentar til endringa.

Det er føresett at FS4 skal sørge for å pumpe avløp til offentleg avlaupsleidning som er etablert innanfor området.



Energianlegg ("E")

Det er sett av areal til transformatorstasjon i området. Det er vist omsynssone i breidd 5 m frå bygg. Dette etter avklaring med Tussa Nett vedkomande nødvendig breidde på sona. Sona kjem ikkje i konflikt med anna areal.

Andre kommunaltekniske anlegg ("P")


Det er sett av areal til kloakkpumpestasjon i området. Leidninga si plassering må fastsetjast nærare i utbyggingsplan. Ein legg til grunn at det vert montert reinsefilter på utgåande luft frå pumpe-stasjonen, for å hindre problem med lukt frå anlegget.

Naust ("N")

Det er lagt til rette for eit privat naustområde med rom for 2 naust på halvøya. Nausta skal ha ei maksimum gesimshøgde lik 3.5 m og maksimum mønehøgde 5.0 m i høve til gjennomsnittleg planert terreng. Nausta skal plasserast på ein slik måte at dei gjer minst mogleg inngrep i terrenget (Haugen) og vil medføre minst mogleg utfylling i sjø.

Det skal vere mogeleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/ naustgrupper i tilknytning til nausta kan leggjast ut ei flytebyggje med inntil 2 båt plassar.

Maksimum bebyggd areal er sett til 80 m².



Utsnitt av område for naust

Leikeplass ("LP1" og "GR1")

Det er sett av areal til to felles leikeplassar innanfor planområdet, merka "LP1" og "GR1". Områda er godt eigna til leik.

I leikeområde "GR1" inngår bandleggingssone med automatisk freda kulturminne i grunnen. Innanfor sona for bandlegging er det ikkje tillate å gjere inngrep i grunnen, dekkje til eller gjere anna som kan medføre skade på fornminnet. Det kan ikkje gravast ned leikeapparat eller plantast tre innanfor bandleggingssona. Området er å rekne som ein naturleikeplass og fri leik er tillate.

Det vert lagt til grunn at dei enkelte delområda (brukarane) medverkar til økonomisk gjennomføring og praktisk opparbeiding av areala.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. §12-5, nr. 2)

Tilkomst fram til tomtene vert frå FV 654 gjennom offentleg veg (fram til gnr. 29, bnr. 70) og vidare på privat veg fram til svingen ved gnr. 29, bnr. 163. Frå gnr. 29, bnr. 163 vert det å



byggje veg langs gnr. 29, bnr. 217 og vidare fram før ein går gjennom "Verkehaugen" fram til dei nye tomtene.

Vegen gjennom "Verkehaugen" er føresett bygd med mur mot grensa til 29/4 slik at det ikkje vert gjort inngrep her. Vegen til 29/163 og 29/217 er føresett å vere som no. Avkøyrsla vert å tilpasse ny veg. Elles er det føresett mur langs tomtene FS3 for å oppnå tenleg tomtstorleik. I samband med detaljprosjektering vil lengdeprofil kunne bli justert. Der er noko underskot på masser til vegbygginga slik vegen ligg no. Avhengig av mengda masseutskifting i traseen og mengda fjell som skal takast ut/fyllast opp i dei enkelte byggegropene vil høgda på vegen og sjølvve Verkehaugen bli senka ut over det profilet som er vist no for å oppnå best moglege løysingar i forhold til tilkomst til enkelttomter, nødvendig høgder i forhold til pumpestasjon, utbyggingskostnader o.a. Dette vert ei detaljering som høyrer til prosjekteringa ved utbygging.


Tilkomstvegen til bustadfeltet V1 (offentleg veg) er gitt breidd tilpassa bustadveg si breidd og kurvatur og er tilpassa lastebil ned til veg V5. Det er lagt inn breiddeutviding og plass til rekkverk, jf. rekkverksforskrifta.

Vegen vidare frå V1 er felles veg, merka f_V2 på plankartet.

Ein legg til grunn at personbil og lastebil skal møtast på avkøyrslene til dei private eigedommane. Fleire av kurvene har radius R10 som er minste radiusen for lastebil. Så vidt liten radius vert grunngeven med at dersom stører radius skal nyttast vil dette medføre vesentleg større inngrep i "haugen" – grunna kortare disponibel veglengd til å ta opp høgde. I forhold til naboskap og til omgjevningane er det heller ikkje ønskjeleg å ta ned haugen meir enn det planen legg opp til. Det er også vesentleg at tomtearealet ville blitt ein heil del redusert. Vi har køyrt sporingsanalyse på vegen, og den viser at slik vegen er planlagt vil lastebil kunne trafikkere vegen.

Naturleg køyrefart i bustadfeltet vil vere 30 km/t. Noko som er lagt til grunn for siktkrava for vegane "V1-V5"). Ein legg til grunn av det vert gjort nødvendig skiltvedtak i tilknytning til utbygginga.

Det er lagt til rette for offentleg gang- og sykkelveg langs fylkesveg 654. Eksisterande tilkomstveg for gnr. 29, bnr. 20 og 90, må som følgje av etablering av gang- og sykkelveg, leggjast om. Sjå illustrasjon neste side. Gnr. 29, bnr. 101 og 226, skal ha tilkomst over gang- og sykkelvegen og inn på fylkesveg 654.



Illustrasjon som viser omlegging av tilkomstveg til gnr. 29, bnr. 20 og 90

Frå V2 er det lagt til rette for ein gangveg sør for aust og sør for FS4 som skal leggje til rette for at ålmenta kan ferdast fritt i område langs sjøen. Gangvegen er meint å tilfredsstille krava til universell utforming. Nærmare detaljprosjektering vil vise om det er mogleg. Tiltakshavar ser føre seg at ei velforeining (med bakgrunn i bustadfeltet) som i samarbeid med tiltakshavar står for opparbeiding, drift og vedlikehald av gangvegen/stien og hengebrua.

Friluftsmål, jf (PBL. §12-5, nr. 5)

Det er sett av to areal til areal til friluftsføremål i planen. "FR1" grensar til sjø i sør, til planlagt bustadområde (FS4) og omsynssone D/leikeareal. "FR2" omfattar halvøya/neset som høyrer til gnr. 29, bnr. 13 og 25). Innanfor "FR1" kan det etablerast ein gangveg/tursti (G1) som skal vere universelt utforma og det skal etablerast fysisk skjerming mot FS4. Skjerminga kan vere td. i form av beplanting langs tomtegrensa. Plankartet viser den omtrentlige plasseringa av gangvegen. Gangvegen skal i så stor grad som mogleg vere universelt utforma og ein skal ved utbygging ta omsyn til natur og terrengformasjonen. Det skal leggjast til rette for at gangvegen skal kunne vidareførast vidare vest. Som toppdekke til gangvegen bør det nyttast grus.

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6),
Friluftsområde i sjø ("FOS1").

Sjøarealet i reguleringsplanen er lagt ut til friluftsområde i sjø.

Sikringsone PBL § 11-8 a.1)

Frisiktsone:

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.



Faresone (PBL § 11-8 a.3)

Høgspenningsanlegg:

Det er i reguleringsplanen sett av areal til nettstasjon. Av omsyn til ev stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone, kode 370, med breidd 5 m frå denne. Innanfor denne sona skal det ikkje førast opp bygningar med rom for opphald.

Bandleggingssone (PBL § 11-8, d)

Bandlegging etter Lov om kulturminne:

Steinalderbuplassen med idnr 136747 i kulturminnedatabasen Askeladden, er i reguleringsplanen lagt ut til omsynssone D. Området er automatisk freda etter Kulturminnelova, §§ 3 og 4.

Innanfor dette området er det ikkje tillate å gjere inngrep i grunnen, dekke det til eller gjere anna som kan medføre skade på kulturminnet Det kan ikkje gravast ned leikeapparat eller plantast tre i området. Det skal ikkje gjerast inngrep av noko slag i området. Området kan nyttast til naturleikeplass for born og friområde for bebyggjarane så lenge det ikkje gjerast inngrep i grunnen.

Sone med angitte særlege omsyn (PBL. § 11-8 c)

Bevaring kulturmiljø

Sikringssone rundt automatisk freda kulturminne .

Omsynssone, H570, omfattar dei automatisk freda kulturminna sine sikringssoner og areal.

Det skal ikkje utførast tiltak av noko slag i området.

Omsynsona skal verne om kulturminnet og det skal ikkje gjerast tiltak av noko slag innanfor område for omsysona. Området er framleis ein del av eit friområde for bebyggjarane og kan nyttast så lenge det ikkje gjerast inngrep i grunnen.

5.3 Vurdering av risiko og sårbarheit

Radon:

Måling av radonkonsentrasjon i luft er utført med lukka sporfilm etter metoden som Statens strålevern anbefaler. Radonkonsentrasjonen i området ligg innanfor Statens strålevern sine tilrådingar.

Støy:

Det er gjennomført støyvurdering i forhold til FV 654 opp mot FS1. Arealet ligg ca. 100 meter frå FV654. Utrekninga viser ein utgangsverdi langs Fv-en på ca Lden 69,3. Ved byggjegransa byggegrensa langs FS1 (mot Fv654) vert støymengda ca Lden 59,3 som ligg innanfor gul sone ihht. T-1442. Med skjerm i høgde 1,9 m vert støymengda redusert til Lden 54.8 dBA.

Det er lagt inn støyskjerm ved FS1 og LP1 i planen. Skjermen skal ha ei høgde på minimum 1,9 m og skal plasserast 1 meter frå eigedomsgranse.

Soverom og utomhusareal i tilknytning til KS-området bør leggjast på sørsida av tomta.

Viser elles til støyberekning i vedlegg C.

Andre forhold:

Så langt vi kan sjå av offentlege databasar er det ikkje forhold knytt til risiko og sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som talar i mot fremja arealbruk.

Vedlagt følgjer ei generell ROS-vurdering, jf. skjema i vedlegg C.

5.4 Arealutnytting

Fastsetting av utnyttingsgrad er definert som BYA, dvs. som utbygd areal delt på tomta sin storleik. Vi viser her til Miljøverndepartementet sin rettleiar "Grad av utnytting", jf også Norsk



Standard NS 3940: 2007. Maks utnytting er i samsvar med den utnyttinga som normalt vert sett som grense for at bustadområdet skal opplevast som eit småhusområde.

- FS - område: maksimum 30 %
- KS - område: maksimum 40 %
- N - område: maksimum bebygd areal er sett til 80 m²

5.5 Universell utforming

Det vert vist til PBL §§ 1-1, 29-3, jf. også TEK. Hovudutfordringa i bustadområde er at tomter skal kunne byggjast med universell standard. For bustad betyr dette at tilkomsten mellom garasje/carport og inngang til hovudplan skal kunne etablerast med universell standard. Planen legg opp til av bustad skal kunne plasserast inntil 5 meter frå offentleg vegareal. Garasje/carport skal/kan stå i same l bratt terreng og med garasje lang vegen vil denne kunne førast opp i avstand 2,5 m frå veg. Dette medfører at tomta sitt areal framfor bustad garasje/carport vil kunne liggje i same høgdenivå. Tilpassing for rullestolbruk vil dermed kunne etablerast. Opphaldsareal ute vil kunne etablerast i tilknytning til hovudinngang/-plan ev. også som del av terrasse knytt til hovudplan. Som del av søknad om tiltak, jf. PBL. Kap 20, skal situasjonsplan vise høgde mellom garasje/carport og hovudinngang/-plan.

5.6 Arkitektur

Det er viktig at tiltakshavar(-ar) og kommunen ser samanhengen mellom gammal og ny bebyggelse. Vår tid sin arkitektur må kome fram og spele på lag med den eksisterande bebyggelsen både i nærområdet og innan dette området. Bruk av volum og bygningstype bør vere tydeleg i høve dei enkelte områda sin funksjon. Det vert ei særleg utfordringa å få bebyggelsen innan F/K/O-området til å "spele på lag" med kringliggande bustadar, eksisterande og gamle. Området skal framstå både som eit "småhusområde" der bygningsskroppane viser variasjon og fornying opp mot eldre utbygde bustadområde og F/K/O-området skal utvikle sentrumsområdet på Eggesbønes. Det vert lagt til grunn at estetikkrettleiaren, som kommunen har vore med på å utarbeide og vedteke, vil medverke til dette. Vi legg til grunn at tiltakshavar og den prosjekterande vektlegg dette ihht. Pbl sin intensjon.

5.7 Born og unge

Det er sett av to felles areal til leik i området, "LP1" og "GR1". Det er lett tilkomst til leikeareala.

5.8 Konsekvensutgreiing

Planarbeidet kjem ikkje inn under bestemmingane i "Forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova". Viser elles til omtale av "Vurdering av risiko og sårbarheit" over jf. Pkt. 5.3.

5.9 Vern av bygningar og anlegg, arkeologiske registreringar

Innanfor området er det så langt vi kjenner til ikkje bygningar som er direkte underlagt vern. Det er gjennomført arkeologisk registrering på sjø og land. Freda steinalderbuplass er i planframlegget lagt ut som omsynsone D (bandleggingssone) etter lov om kulturminne med tilhøyrande omsynsone C.

5.10 Føresegnene

Føresegnene gjev utfyllande bestemmingar for dei enkelte areala sin bruk. Generelt sett gjev føresegnene nokså romslege vilkår for utbygginga, men det er viktig at bygningsstrukturen vert ført vidare og at vår tids arkitektur vert lagt til grunn, jf også estetikkrettleiarean som kommunen har vedteke.



5.11 Utbyggingsavtale

Før utbygging vert sett i verk, skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vurdere behovet for utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkommande sjølv utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar vegar, leidningsnett til vatn, avløp og overvatn, pumpestasjon samt el- og teleforsyning.

6. Plankart

Planen er utarbeidd på bakgrunn av grunnkart levert av Herøy kommune.

Planen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøverndepartementet sin veileidar "forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister". Jf. også plan og kart etter ny plan- og bygningslov datert 1.7.2009.

Utsnitt av plankart, sjå siste side.

Berit Sandvik Skeide

Landskapsarkitekt/arealplanleggar

Kåre Gjengedal

Prosjektansvarleg/fagansvarleg



Bjørn Hellum Bergsnes mfl.

Verket 36
6092 FOSNAVÅG

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2012/12	L12		UTV / OMR	17.02.2014

REFERAT FRÅ MØTE 17.2.2014 - KLAGE PÅ DETALJREGULERINGSPLAN VERKET

Stad: Formannskapssalen

Dato: 17.2.2014

Tid: 13:00-14:00

Representantar frå administrasjonen:

Jarl Martin Møller, Utviklingsleiar og Ole Magne Rotevatn, planleggar.

Representantar frå klagar:

Bjørn Hellum Bergsnes, Ann-Karin Bergsnes, Lillian Ø. Berge, Håkon Markus Berge Bergsnes, Henning Bergsnes, Hallstein A. Brekke og Bernt Louis Berge.

Utviklingsleiar orienterte kort om bakgrunnen for møtet og gav ordet til planleggar for ei kort oppsummering av planarbeidet.

Planleggar gjekk gjennom status for planområde og utviklinga frå oppstart i 2009 til planen vart godkjend i 2013.

- Det vart orientert om utviklinga av naustområde og reduksjonen som har vore sidan oppstart. Det vart presisert frå bebruarane at det ikkje er etablert noko turveg i område og at einaste som ligg der i dag er ein sjøveg som vert brukt til og frå nausta
- det vart orientert om kommunen si vurdering knytt til FS5 som har gått ut av planen og forholdet til FS4 og
- det vart orientert om forhold knytt til gang- og sykkelveg langs FV 654 og trafikktryggingstiltak som er gjort. Det vart også orientert om oppstarta planoppgåver knytt til trafikktryggingstiltak langs FV 654 frå Flusundkrysset til krysset ved Cash and Carry.

Planleggar presiserte at bebruarane i Verket har heile vegen kome med sine innspel og kommentarar til planen og innspela har vore vurdert i alle dei politiske møta gjennom planprosessen. Administrasjonen kan ikkje sjå at der er noko ny informasjon i klagen som bebruarane i Verket har kome med som gjer at kommunen

har hatt feil avgjerdsgrunnlag i saka, men det går klart fram av klagen at bebuarane er ueinig i kommunen sine vurderingar for dei ulike områda.

Kort oppsummert held klagar fast på tre punkt som dei klagar på:

Klager meiner det er eit nytt forhold at FS5 har gått ut av planen frå førre høring og at også FS4 då bør gå ut av planen med same grunngeving og område sør for FS3 bør vere fri for bebyggelse.

Klager held også fast på at det vil verte for stor trafikkbelastning på *Verket*(V1 i plankartet) som fylgje av utbygging av fleire bustadar at vegen ikkje vil tole belastninga av tyngre køyretøy i anleggsperioden. Dette også vil vere negativt for bebuarane i område med meir trafikk inntil bustadane.

Klager held fast på at område i valen og strandsona vil verte forringa som fylgje av etablering av bustad på FS4 og strandsona vil verte privatisert i større grad enn det som er etablert i område i dag.

Jarl Martin Møller
Ole Magne Rotevatn, sakshandsamar

Referat vert sendt Bjørn Bergsnes som avsendar av klage. Referatet vil bli gjort kjend for dei andre møtedeltakarane og klager kan kome med kommentarar til referatet innan fredag 21.2014.

Kopi:
Jarl Martin Møller
Ole Magne Rotevatn



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Brannvernet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/366
		Arkiv:	M80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/14	Formannskapet	18.03.2014
34/14	Kommunestyret	27.03.2014

REVIDERING AV BRANNORDNING

Møtebehandling:

Brannvernleieren orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014

Forslag til revidert brannordning vert vedteken.

Tilråding frå rådmannen:

Forslag til revidert brannordning vert vedteken.

Særutskrift:

- Herøy kommune, Brannvernet v/ brannsjef Jon Rune Våge

Vedlegg:

1. Brannordning av 1998 (jfr. K-sak 90/98 den 03.07.1998)
2. ROS-analyse av 2013
3. Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrifta) gjeldande frå 1. juli 2002
4. Forslag til revidert brannordning

BAKGRUNN

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) med tilhøyrande forskriftsverk og rettleiingar tilseier at kommunen skal ha ei vedteken brannordning. Lova har som formål å verne liv, helse, miljø og materielle verdier mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farleg stoff, farleg gods og andre akutte ulykker samt uønska tilsikta hendingar.

Gjeldande brannordning vart vedteken i K-sak 90/98 den 03.07.1998. Det har sidan då vore gjort endringar i gjeldande lov og forskriftsverk m.m. som gjer at det no er behov for revidering av brannordninga. I tillegg til dette er også den generelle samfunnsutviklinga med endra utfordringar og risikovurderingar med på å understreke dette behovet. Vedlagt forslag til revidert brannordning er i hovudsak utarbeidd med bakgrunn i gjeldande lov og forskriftsverk samt nyleg utarbeidd ROS-analyse (Risiko- og sårbarheitsanalyse).

SAKSOPPLYSNINGAR

Gjeldande brannordning

Brannordninga av 1998 er kommunen si første godkjende brannordning. Den er bygt opp og har eit innhald basert på krav og retningsliner nedfelt i lov- og forskriftsverk. Sjølv om nokre av måla i og ambisjonane knytt til brannordninga enno ikkje er nådd, vart brannordninga på mange måtar ein milepel for brannvernet i kommunen og ga grunnlaget for ei positiv utvikling for brann- og redningstenesta i åra som følgde. Hovudelementa i brannordninga kan oppsummerast som følgjer:

- Kommunen skal ha 2 brannstasjonar med hovudbrannstasjon i Fosnavåg og bibrannstasjon i Myrvåg.
- Administrasjonen i brannvernet skal ha ressursar tilsvarande vel 2 stillingar fordelt på deltidsfunksjonar for brannsjef, varabrannsjef, avdelingsleiar førebyggjande avdeling og beredskapsavdeling samt tilsynspersonell.
- Fosnavåg stasjon skal ha ein mannskapsstyrke på 21 personar inkludert 5 befal medan 10 personar skal vere tilknytt Myrvåg stasjon.
- Ved Fosnavåg stasjon skal det vere 4-delt vakt der kvart lag består av befal, utrykningsleiar, sjåfør og røykdykkarar. Befalsvakta er 5-delt.

- Ved Myrvåg stasjon skal det vere 4-delt sjåførvakt (tankbil) medan øvrig mannskapsstyrke ikkje inngår i vaktordninga.

Brannordninga inneheld vidare ulike forhold knytt til myndeoverføring/delegering samt krav til planlegging/rapportering, internkontroll, instruksar, opplæring og øving av beredskapen. Den klargjer vidare korleis alarmeringa skal skje og gir ein detaljert oversikt over det viktigaste utstyret som dei 2 brannstasjonane skal vere oppsett med. Av brannordninga går det elles fram at det skal inngåast avtalar med Ulstein og Sande om gjensidig sløkkehjelp.

Som vedlegg til brannordninga følgde også søknad om dispensasjonar for eitt geografisk område (Mjølstadneset) og for 3 objekt der gjeldande krav til utrykningstid ikkje kunne oppnåast eller der kompensierende brannforebyggande tiltak skulle vurderast nærare for dei ulike objekta. Den komplette brannordninga av 1998 følgjer for øvrig saka som trykt vedlegg.

ROS-analyse

Som eit ledd i arbeidet med revidering av brannordninga vart det i 2013 utarbeidd ein ROS-analyse for Herøy brannvern. Formålet med ein slik analyse er å gi ei brei, overordna og representativ framstilling av risiko for menneske, ytre miljø og materielle verdiar i kommunen og gjennom dette danne grunnlag for avgjerder på alle nivå i organisasjonen samt å legge premissar for kommunen sitt planarbeid.

Gjennom ROS-analysen har det vore lagt vekt på å identifisere evt. behov for risikoreduserande tiltak som grunnlag for dimensjonering av brann- og redningstenesta, å avdekke behov for driftsmidlar og investeringar samt prioritering av arbeidsoppgåver. For å kunne prioritere mellom ulike arbeidsoppgåver er det nemleg avgjerande å få kartlagt kva hendingar det kan vere aktuelt/mogleg å forebygge eller evt. redusere risikoen ved når hendinga først har skjedd. ROS-analysen har følgjande hovudkapittelinndeling:

- Innleiing
- Analyseobjektet
- Metodikk
- ROS-analyse
- Samandrag og konklusjon

Som ein del av ROS-analysen er det også gått gjennom ei rekkje hendingar på objektnivå med sikte på å avdekke risiko. I alt 13 ulike objekt er vurdert og det er her lagt vekt på å velje objekt som er forventa å ha høgast risiko utifrå samla vurderingar basert på type objekt, innsatstider, tilgang på sløkkevatn, tilgang på eigna utstyr m.v. Tankegangen har vore at dersom dei forutsett «vanskelegaste» objekta har akseptabel risiko, så vil ein også kunne handtere objekt med lavare risiko på ein tilfredsstillande måte. ROS-analysen konkluderar med at ingen objekt vert vurdert å ha ein uakseptabel risiko. For nokre objekt/typer objekt ligg ein likevel så tett opptil det uakseptable at det på følgjande område vart konkludert med at det ville vere naturleg/fornuftig å vurdere moglege risikoreduserande tiltak:

- Skaffe utstyr som er egna for brannsløkking og redning av personar frå store høgder.
- Tilføre frigjeringsutstyr til Myrvåg stasjon slik at ein reduserar innsatstida i samband med trafikkulykker i indre del av kommunen.
- Skaffe til veges og øve på bruk av utstyr for overflateredning i strandsoner og på opne og islagde vatn.

Ein viser elles til den samla ROS-analysen med tilhøyrande risikovurdering på objektnivå som følgjer saka som trykt vedlegg.

Revidert brannordning

Hovudelementa i forskrifta som ligg til grunn for organisering og dimensjonering av brannvernet, er dei same i dag som i 1998. Det er såleis ikkje store prinsipielle skilnader mellom dagens brannordning og det forslaget til revidert brannordning som no vert lagt fram.

Når det gjeld storleiken på stillingsbrøkane i dei ulike administrative funksjonane så har naturleg nok desse auka i takt med auken ein har hatt i folketalet dei siste åra. Det er vidare lagt vekt på å legge andre lovpålagde oppgåver og servicefunksjonar til avdelingsleiar beredskap slik at ein her kan oppnå ei heil stilling. Brøkstillingar som denne vil elles vere vanskeleg å fylle med kompetent personell.

Brannstasjonsstrukturen med hovudbrannstasjon i Fosnavåg og bibrannstasjon i Myrvåg står ved lag. Likeeins har ein stadfesta det oppsettet ein i dag har med brannbil (mannskapsbil med tank og utstyr) i Fosnavåg og tankbil i Myrvåg. Det er vidare forutsett at «mellomstort depot» for utstyr tilknytta Sunnmøre IUA skal vere lokalisert i Myrvåg. Dette inneber at kommunen har ein del utstyr til bruk innan olje- og gassvern som går utover det den einskilde kommune er oppsett med og som er forutsett nytta i regionen når behovet tilseier det. Stasjonen i Myrvåg skal også ha frigjeringsutstyr til bruk ved bilulykker. Grunngevinga for sistnemnde er behovet for kortare innsatstid ved ulykker i indre del av kommunen.

Opplegget for utdanning og øvingar er uendra med unntak av at det for mannskapa ved Myrvåg stasjon no vert kravd same antal øvingar som mannskapa ved hovudbrannstasjonen. Tidlegare var det for Myrvåg kravd minimum 5 årlege øvingar medan Fosnavåg skulle ha minimum 10.

Revidert brannordning legg opp til at det skal vere 5-delt vakt både ved hovudstasjonen og for sjåførvakta i Myrvåg. Gjeldande brannordning la til grunn 5-delt befalsvakt og 4-delt vakt for dei øvrige. Endringa er gjort med grunngeving i at 5-delt vakt gir vesentleg betre fleksibilitet for vaktstyrken (interne vaktbyte m.v.). Endringa inneber at mannskapsstyrken i Fosnavåg må aukast med 4 personar. Dei kostnadmessige konsekvensane av denne endringa er relativt moderate sidan det i hovudsak inneber at same vaktgodtgjersla skal fordelast på fleire personar.

Med basis i ROS-analysen er Fosnavåg stasjon foreslått supplert med utstyr for overflateredning i strandsoner og på opne og islagde vatn. I same analysen vert det vidare, som følgje av stadig fleire høgre bygningar i kommunen, slått fast at det er eit

aukande behov for eigna utstyr til brannsløkking og redning av personar frå store høgder (korgbil/lift). Sistnemnde vil innebere ei betydeleg investering og også ein viss auke i driftskostnadane.

Avslutningsvis kan nemnast at gjeldande brannordning inneheld nokre dispensasjonar som følgje av for lang innsatstid til og manglande tilgang på sløkkevatn til prioriterte objekt. Dette er det ikkje lenger behov for som følgje av utbygging av veg til Mjølstadneset og tilgang på tankbilreserve.

Ein viser elles til at det komplette forslaget til revidert brannordning følgjer saka som trykt vedlegg.

VURDERINGAR OG KONKLUSJON

Herøy brannvern har vore inne i ei positiv utvikling dei seinare år og dagens status må seiast å vere rimeleg tilfredsstillande. På mannskapssida har ein eit godt utdanna og engasjert korps og på utstyrssida er det også på gang investeringar (brannbil og tankbil) som inneber at ein i løpet av 2014 eller tidleg i 2015 vil ha ein heilt modernisert maskinpark. ROS-analysen av 2013 konkluderar også med at ein vil kunne takle dei fleste «normale» utfordringane på ein grei måte.

Oppsummeringa ovanfor inneber imidlertid ikkje at brannvernet manglar utfordringar i tida og åra som kjem. I Myrvåg er ein for tida utan permanent stasjon og det vert fortløpande arbeidd med å få dette på plass, praktisk og økonomisk. I Fosnavåg er det også behov for nye og større lokalitetar og det det pågår vurderingar med sikte på å få på plass ein ny base, samlokalisert med Anleggs- og driftsavdelinga og Eigedomsavdelinga.

ROS-analysen stadfestar vidare at ein har ei aukande utfordring når det gjeld brannsløkking og redning av personar frå store høgder. I Fosnavåg sentrum har det dei seinare år vore oppført mange store og høge bygg. Dei begrensa mulegheitene dette inneber for sløkking frå utsida vert søkt kompensert gjennom innvendig sikring (sprinkleranlegg m.v.), men ein fullgod beredskap vil ikkje kunne oppnåast utan tilgang på stigebil, korgbil, lift eller liknande. Dette er behov som må vurderast i komande budsjett og økonomiplanar. På kort sikt er det påpeika behov for investering i frigjeringsutstyr til bruk ved trafikkulykker i indre del av kommunen (Myrvåg) samt utstyr for overflateredning i strandsoner og på opne og islagde vatn. Ovannemnde frigjeringsutstyr inngår for øvrig i det utstyret den komande tankbilen i Myrvåg skal vere oppsett med.

Revidert brannordning legg opp til at beredskapen skal baserast på 5-delt vakt. Dette inneber at talet på brannmannskap må aukast med 4 ved Fosnavåg stasjon. Dersom ein samanliknar med krava i gjeldande ordning vil ikkje dette innebere nemneverdig auke i driftsutgiftene i det ein i hovudsak kan seie at same vaktgodtgjersla berre vert delt på fleire personar. No er imidlertid situasjonen den at gjeldande krav i dagens brannordning ikkje er oppfylt i det ein manglar ein person på kvart vaktlag i Fosnavåg. Ein beredskap i samsvar med revidert brannordning vil såleis føre til auka driftsutgifter i storleiksorden kr 500.-600.000. samanlikna med det som vert praktisert i dag.

Eit velfungerande brannvern vil, sett i eit vidt perspektiv, ha ein positiv påverknad på folkehelsa. Gode forebyggjande tenester vil kunne hindre at uheldige situasjonar oppstår og ein god beredskap vil medverke til å redde liv og redusere skadeomfang når uhellet først er ute. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at dersom ein maktar å bygge tillit til at brannvernet er der når ein treng det, så kan det ha positiv innverknad på folks generelle kjensle av tryggleik i samfunnet.

Ei brannordning er eit «levande» dokument. Grunnlaget ligg sjølvstendig i gjeldande lov- og forskriftsverk, men ordninga må heile tida tilpassast den generelle samfunnsutviklinga og dei utfordringar som vert avdekkja gjennom ROS-analyser. På tilsvarande måte som for ROS-analysen vert det såleis lagt opp til at brannordninga skal ha ein maksimal revisjonssyklus på 5 år. Neste revisjon skal etter dette gjennomførast seinast innan utgangen av 2019.

Konklusjon

Ei rekke hendingar den seinare tid saman med den generelle samfunnsutviklinga ein har registrert sidan gjeldande brannordning vart vedteken, har vist at dei lokale brannverna er heilt avgjerande for beredskapen i mange andre samanhengar enn ved brann og ulykker. I samband med til dømes terrorhandlingar og naturkatastrofar har det vist seg at brannverna sin innsats har hatt avgjerande skadereducerande verknad. Med ei stadig aukande sentralisering av politi og helseføretak m.v. tyder alt på at brannvernet sine oppgåver vil verte utvida også i tida som kjem.

Brannvern er ein rimeleg stor utgiftspost på dei kommunale budsjetta både når det gjeld investering og ikkje minst drift. Samstundes er det vel heller ingen tvil om at kostnadane, både menneskeleg og materielt, kan verte vesentleg større dersom ein ikkje har eit oppegåande og slagkraftig brannvern. Etter rådmannen si vurdering vil det framlagde forslaget til revidert brannordning legge grunnlaget for ei positiv vidareutvikling av brannvernet i åra som kjem og vil tilrå at den vert vedteken slik den no ligg føre.

Fosnavåg, 26.02.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

Brannordning av 25.04.98 (K-sak 90/98 av 03.07.98)

BRANNORDNING FOR HERØY KOMMUNE.

A. FORMÅL.

Dette dokumentet er Herøy kommune si brannordning og syner at brannvernet og feietenesta er organisert og dimensjonert i samsvar med krav i brannlova, og på ein slik måte at lovpålagde og andre oppgåver kan utførast på ein tilfredsstillande måte.

Ved dimensjoneringa er det teke omsyn til regelverket sine standardkrav, og den reelle risiko som ligg føre i kommunen.

B. GRUNNLAG FOR BRANNORDNINGA.

1. Oppgåver:

Brann- og feietenesta si primæroppgåve går fram av brannlova sine §§ 8 og 9. I tillegg vil ansvar for insats ved akutt forureining (oljevern. mm.) bli del av ansvarsområdet.

2. Grunnlag for organisering og dimensjonering etter standardkrava:

Samla tal innbyggjarar i kommunen: 8350 personar

Areal: 0135 km²

Skogsareal: 0005 km²

Tal på røykpiper: 2700 stk

Tettstader i kommunen (ref. SSB status pr. 01.01.97)

Fosnavåg: 3010 innbyggjarar

Kvalsvik 0291 innbyggjarar

Kvalsund 0449 innbyggjarar

Remøy 0410 innbyggjarar

Leine 0471 innbyggjarar

Moltustranda 0306 innbyggjarar

Tjørvåg 0365 innbyggjarar

Det er i denne oppstillinga ikkje teke omsyn til evt. vurderingar om at krinsane Leine/Fosnavåg og Kvalsund i praksis er så vidt samanbygde at dei i beredskapsmessig samanheng bør sjåast på som ein krins.

Det er utført prøveutrykking til nedanforståande objekt i det ein utfrå totalomsyn legg opp til at det bør vere krav til innsatstid som er mindre enn 10 minutt.

Lengst frå brannstasjonen i Fosnavåg ligg:

Runde Leirskule, Runde:	26 minutt
Herøyterminalen, Torvik:	12 minutt
Mjølstadneset Ind.område	16 minutt (p.t. om Espeseth)

Lengst frå eks. bibrannstasjon i Tjørvåg ligg (NB! Ikkje beredskap pr. d.d.):

Kjellsund Ungdomssenter, Gurskøy:	12 minutt
Dragsund Industriområde:	10 minutt

Ved etablering av planlagt brannstasjon i Myrvåg vil utrykningstid til dei same objekta begge bli innanfor 10 minutt. Denne løysinga er valt fordi eit evt. samarbeid over kommunegrensene for å dekke dette området vil pga. avstandane ikkje vere mogeleg innanfor 10 min utrykningstid.

3. Vurdering av risikotilhøva:

Risikotilhøva i kommunen registrert. Kartlagt risiko syner at beredskapen med tre unntak vil verte dekt gjennom minstekrava til vaktlag etter f. § 5—4. 1 ledd samt beredskap for 1 person på stasjonen i Myrvåg.

Unntaket er Runde Leirskole som har ei innsatstid på 26 min (16 km).

I tillegg legg ein til grunn at Mjølstadneset pga. akseltrykkrestriksjonar over Gjertneset i ei overgangsperiode må betraktast som eit problemområde med omsyn på innsatstid. Dette ettersom tilkomst/utrykning til Mjølstadneset må gå over Espeseth inntil ny veg er bygd, og at stip. Innsatstid i denne overgangsperioden vert på 16 min.

Utover dette så er innsatstid til Herøyterminalen stipulert til 12 min.

Ein gjer i denne forbindelse merksam på at alle stipulerte innsatstider er basert på ugunstigaste tidspunkt, dvs. utrykning når stasjonen ikkje er betjent og slik at innsatstid inkluderer både forspennings – og køyretid.

C. ADMINISTRASJON OG LEING.

1. Administrasjon:

Herøy brannvern har fylgjande administrasjon:

Brannsjef:	0,415 stilling
Førebyggande avd. – avd.leiar:	0,415 stilling
Førebyggande avd. – utførande:	0,830 stilling
<u>Beredskapsavd – avd. leiar:</u>	<u>0,415 stilling</u>
<u>Tilsaman:</u>	<u>2,075 stilling</u>

Kommunen har i dag brannmester i 0,25 stilling. I tillegg til dette så har ein utfrå skjønsmessige betraktningar lagt til 0,1 stilling for brannsjef, og tilsvarande for noverande varabrannsjef og avd. ing. teknisk etat. Noverande resursar innanfor brannvernet vert difor stipulert til 0,55 stilling.

Feiestillinga vert å organisere under det forebyggande arbeid i brann- og feievesenet. Feietenesta i kommunen er i dag basert på kjøpte tenester som er organisert under avd.ing. teknisk etat.

2. Myndeoverføring:

For å klargjere ansvarsforholda når det gjeld mynde etter brannlovgevinga vert alt som kan delegerast etter lov om brannvern tillagt utvalet for Teknikk, Miljø og Landbruk (TML), jfr. brannlova § 6.

TML som brannstyre delegerer vidare faglege oppgåver til brannsjefen herunder også kommunestyret sitt mynde etter Lov om eksplosive varer av 16. juni 1994 og Lov om brannfarlege varer av 5. juni 1987.

3. Overordna vakt:

Det vert lagt opp til at overordna vakt vil bli etablert som 5 – delt vaktordning der desse vil inngå:

Brannsjef
Varabrannsjef
Avd. ing.
Avd.leiar forebyggande arbeid
Avd.leiar beredskap

4. Planar /rapportering:

Brannsjefen skal innan utgangen av kvart år utarbeide plan over branverntiltak for neste år etter Foreskrift om brannforebyggande tiltak og brannsyn § 6-3 2. ledd. Planen skal leggest fram for TML, brannstyret innan 31.12 kvart år.

Vidare skal det ved året sin utgang utarbeidast årsrapport over førebyggande tiltak som er gjennomført, jfr Forskrift om brannforebyggande tiltak og brannsyn, § 6 – 3 3. ledd.

Rapporten skal leggest fram for TML innan februar året etter. Brannsjefen skal utarbeide beredskapsplanar og innsatsplanar for større risikoobjekt.

5. Internkontroll:

Det er etablert eit internkontrollsystem som omfattar brannvernet og evt. også feietenesta dersom/når denne vert basert på kommunale tenester.

Internkontrollen skal sikre at alle krav til helse, miljø og sikkerheit vert fylgde.

Dette inneber systematiske tiltak som m.a. skal føre til at:

- Alle sider ved mannskapa sin trygglei vert ivaretekne
- Alle i brannvernberedskapan skal ha årleg lækjargranskning
- Brannvernet og feietenesta si verksemd ikkje fører til skade på annan person
- Brannvernet sin innsats ikkje fører med seg utilsikta miljømessige skadeverknader

6. Instruksar:

Leiarar og mannskap er underlagt instruksar/stillingsbeskrivelsar som sikrar at brannvernet og feietenesta sine plikter etter brannlovgjevinga vert ivaretekne på ein trygg måte. Desse instruksane/stillingsbeskrivelsane er/vert ein del av internkontrollsystemet.

7. Opplæring og kompetanse:

Brannsjefen skal syte for at befal og mannskap får den opplæring som dimensjoneringsforeskrifta kap. 7 krev, samt den opplæring utover dette for gjennomføring av særskilde oppgaver som er tillagde brannvernet og feietenesta.

Brannsjefen skal syte for å utarbeide utdanningsplan som opplæringa skal gjennomførast etter.

8. Øving av beredskapen:

Brannsjefen skal syte for å utarbeide årlege øvingsplanar som sikrar at leiarar og mannskap får tilstrekkeleg øving for å løyse dei oppgåver dei vert stilte overfor.

Kvar øving skal vere tilrettelagde med øvingsmål, disposisjon for instruktør o.s.v. Årlege øvingstal for kvar leiar og kvart mannskap inkludert fellesøvingar og årssamlingar med brannsjefen skal vere minst 10 for stasjonen i Fosnavåg og minst 5 for bibrannstasjonen i Myrvåg.

I tillegg skal røykdykkarane ha minst 4 øvingar for året der minst ei øving skal vere «varm».

9. Auka beredskap:

I spesielle utfartshelgar, høgtider, ved større arrangement, eller i perioder med stor fare for brann har brannsjefen mynde til, om han finn det naudsynt å kunne etablere høgare beredskap.

D. FOREBYGGANDE AVDELING.

1. Brannsynspersonell:

Avdelinga er bemanna slik at dei forebyggande oppgavene som går fram av Forskrift av 05.07.90 om brannforebyggande tiltak og brannsyn kan gjennomførast.

Avdelinga skal ha stillingar tilsvarande 1,245 årsverk:

Leiar av avd: 0,415 stilling
Utførande: 0,830 stilling

2. Feiepersonell:

Feiestellet skal vere dimensjonert slik at registrerte piper vert feia i samsvar med gjeldande retningsliner. Til å utføre feiearbeidet kan det anten tilsetjast eige personell, eller som i dag basere arbeidet på kjøpte tenester hos kvalifisert firma.

Feiepersonell kan disponerast til anna forebyggande brannvernarbeid enn feiing.

E. BEREDSKAPSAVDELING.

1. Utrykningsstyrke:

Hovedstasjonen sin faste beredskapstyrke i Fosnavåg skal vere oppsett slik:

- 05 overbefal
- 04 utrykningsleiarar
- 12 brannmannskap

Av brannmannskapa skal 12 vere røykdykkarar.

For bibrannstasjon i Myrvåg er det lagt opp til slik bemanning:

- 04 utrykningsleiarar
- 06 brannmannskap

Av brannmannskapa skal 6 vere røykdykkarar

2. Reservestyre:

Ein vil ta kontakt med redningsskøyta samt heimevernet/sjøheimevernet/sivilforsvaret (FIG – gruppe) med siktemål å få avtale med desse om å inngå i ein reservestyre for brannvernet.

3. Brannstasjonar:

Utrykningsstyrken ved hovedstasjonen i Fosnavåg utgjer 16 personar i deltidstilling, fordelt på 4 vaktlag med 4 personar. Overordna vakt/utrykningsleiar kjem i tillegg til laget på 4. Ein person på kvart lag skal forøvrig vere utrykningsleiar medan dei øvrige 3 skal vere røykdykkarar. Vaktordninga er heilkontinuerlig døgnvakt.

Ved bibrannstasjonen i Myrvåg vil utrykningsstyrken bestå av 1 person i heilkontinuerlig døgnvakt med praktisk funksjon som utrykningsleiar. Støtteapparat er basert på overordna vakt samt også ved behov vaktlag frå Fosnavåg stasjon.

Forøvrig vil utrykningsstyrken bestå av deltidstilsette mannskap tilknytt Myrvåg stasjon.

F. VARSLING OG ALARMERING.

1. Alarmsentral - brann:

Herøy brannvern er tilknytt felles alarmsentral i Ålesund med naudnummer 110.

2. Varsling over naudnummer 110:

Publikum skal kunne varsle brann og anna ulukke over naudnummer 110.

3. Alarmering/utkalling av innsatsstyrker:

Alarmsentral – brann syter for varsling etter fastlagde rutiner ved alle brann- og ulukkesmeldingar ifg. alarminnstruks. Leiar og innsatspersonell vert alarmert med godkjent radioalarmeringsutstyr med personsøkar.

På oppmoding frå brannsjef eller befalsvakt skal alarmsentralen varsle/alarmere også andre hjelpestyrker.

G. UTRUSTNING AV BEREDSKAPEN.

1. Alarmering og sambandsutstyr:

Brannvernet skal ha utstyr for alarmering av personalet og for å oppretthalde naudsynt radiosamband mellom alarmsentral – brann og befalsvakta, evt. utrykningsleiar, depot, køyrety og andre naudetatar.

Røykdykkarar skal nytte naudsynt sambandsutstyr ved innsats.

2. Personleg vern:

Alt personell som vert sett i innsats skal ha godkjent personleg verneutstyr tilpassa den aktuelle oppgåva, og dei skal vere fortruleg med bruk av utstyret og det det er godkjent for.

3. Matriell generelt:

Herøy brannvern skal disponere naudsynt matriell til innsats ved brann, trafikkulykker, akutt forureining og andre ulukker som kan ramme lokalsamfunnet. Brannvernet er difor viktigaste aktøren i ulukker som kan true miljøet og må ha utrustning for å takle slike hendingar.

Herøy kommune er dessutan medi Sunnmøre interkommunale utval mot akutt forureining, og skal ha eit middels stort depot for olje og forureiningsulykker på sjø og land. Sunnmøre IUA avgjer kva slags utstyr som skal vere i depotet og finansierer nykjøp utover kommunedepot nivået.

4. Matriell ved Fosnavåg brannstasjon:

Beredskapsstyrken i Fosnavåg skal ha fylgjande utstyr til disposisjon:

- 1 stk. mannskapsbil med 2000 l vatn, mannskapskabin (og naudsynt utstyr som førsteutrykkingsbil).
- 1 stk. vaktbil med lett utstyr (sperrematriell, arbeidslys, fyrstehjelp mm).
- 1 stk. tankbil/reservebil med minst 10.000 l vatn.
- pumper, slangar, røykdykkerutstyr og anna sløkkeutstyr tilpassa risikoforhold (og i høve dei oppgåver som er tillagt brannvernet)
- regionalt mellomstort depot for handtering av akutt forureining.

Alt matriell og utstyr skal kontrollerast og ettersjåast rutinemessig ein gong i veka. Utført kontroll og vedlikehald skal journalførast.

5. Matriell ved Myrvåg bibrannstasjon:

- 1 stk. mannskapsbil med 2000 l vatn, mannskapskabin (og naudsynt utstyr som førsteutrykkingsbil).
- pumper, slangar, røykdykkerutstyr og anna sløkkeutstyr tilpassa risikoforhold (og i høve dei oppgåver som er tillagt brannvernet)

Alt matriell og utstyr skal kontrollerast og ettersjåast rutinemessig ein gong i veka. Utført kontroll og vedlikehald skal journalførast.

6. Vassforsyning:

I samband med risikokartlegging i kommunen er det utført registrering av slokkevassforsyninga i heile kommunen.

Kartlegginga syner at det fleire stader i kommunen ikkje er tilgang på slokkevatn og at vassforsyning frå tankbil er naudsynt.

H. AVTALER.

Det vil bli inngått avtale med:

Ulstein kommune om gjensidig slokkehjelp
Sande kommune om gjensidig slokkehjelp

I tillegg til dette vil ein prøve å få til avtaler om bruk av privateigd matriell (for eksempel lift mm).

(Jfr her også pkt. om reservestyrke under pkt. 2 under beredskapsavdeling).

Herøy kommune, teknisk etat 25.4.98.

Roger Myklebust

Vedlegg til brannordning for Herøy kommune

DISPENSASJONAR.

Det vert med tilvising til Brannordning for Herøy kommune av 25.04.98 søkt om fylgjande dispensasjonar:

Pkt. B: Grunnlag for brannordninga pkt. 2 side 1:

Runde Leirskole, Runde.

Runde Leirskule har ei stipulert utrykningstid på ca. min. frå Fosnavåg stasjon, og er i tillegg sårbar med omsyn på framskaffing av slokkevatn.

Ein vil difor gå gjennom verksemda saman med eigar for å få kartlagt i kva grad desse naturgjevne føresetnadane kan kompenseras med eigartiltak på driftsida, eller om andre tiltak må iverksetjast.

Slik vurdering skal ligge føre innan 1. oktober 1998, og det vert søkt om dispensasjon for dette.

Pkt. B: Grunnlag for brannordninga pkt. 2 side 1:

Mjølstadneset industriområde:

Mjølstadneset industriområde er i etableringsfasen avhengig av ein mellombels tilkomstveg ove Espeseth som både er lenger og mindre oversiktleg enn den permanente vegløyninga vil vere når denne er etablert.

Dette inneber at ein i ein overgangsperiode som det i dag er vanskeleg å tidfeste eksakt vil få ei noko lenger utrykningstid enn på permanent basis.

Ein søker difor om mellombels dispensasjon frå kravet til utrykningstid, gjeldande til ny vegløyning er etablert.

Pkt. B: Grunnlag for brannordninga pkt. 2 side 1:
Kjellsund Ungdomssenter, Gurskøy.

Kjellsund Ungdomssenter er eit senter med fleire og delvis oppgraderte trebygningar. Det ligg ca. 25 km frå stasjonen i Fosnavåg, og stasjonen i Tjørvåg som i dag er utan beredskap ligg ca. midt i mellom. Senteret ligg ved sjøkanten, og har både tilgang på vatn og sjø til slokking.

Inntil den planlagde stasjonen i Myrvåg med tilhøyrande beredskap er etablert, så er utrykningstida for lang.

Ein vil difor gå igjennom verksemda saman med eigar for å få klarlagt i kva grad desse naturgevrne føresetnadane kan kompenseras med eigartiltak på driftsida, eller om andre tiltak må iverksetjast.

Slik vurdering skal ligge føre innan 1. oktober 1998, og det vert søkt om dispensasjon for dette.

Pkt. B: Grunnlag for brannordninga pkt. 2 side 1:
Myrvåg Alders og sjukeheim, Gurskøy.

Myrvåg Alders- og Sjukeheim ligg i Myrvåg, ca. 20 km frå stasjonen i Fosnavåg. Det er ein institusjon som er oppført i tre og oppdelt med brannveggar i mur/betong. Bygninga har automatisk og sløyfebasert varslingsanlegg. Her bor det 30 pensjonerar der ca. halvparten er sjukeheimpasientar. I tilknytning til same området er det elles planlagt 16 omsorgsbustader i fleire mindre 1. etg. trebygningar.

Den planlagde brannstasjonen i Myrvåg vil bli liggande ca. 1 km frå dette området. Inntil den planlagde stasjonen med tilhøyrande beredskap er etablert, så er utrykningstida for lang.

Ein vil difor gå igjennom verksemda saman med eigar for å få kartlagt i kva grad desse naturgevrne føresetnadane kan kompenseras med eigartiltak på driftsida, eller om og andre tiltak må iverksetjast.

Slik vurdering skal ligge føre innan 1. oktober 1998, og det vert søkt om dispensasjon for dette.

Herøy kommune, teknisk etat 25.5 1998.

Roger Myklebust

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

HERØY KOMMUNE

BRANNVERNET

2013



INNHALD

1. INNLEIING	4	
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Mål og akseptkriterie	5
1.3	Forutsetningar og avgrensingar for analysen	5
1.4	Organisering av arbeidet	6
1.5	Styrande dokument	6
1.6	Revisjonsrutiner	6
1.7	Definisjonar	6
2. ANALYSEOBJEKTET	8	
2.1	Generelt om Herøy kommune	8
2.2	Herøy kommune	9
2.3	Generelle observasjonar	11
3. METODIKK	12	
3.1	Bakgrunn	12
3.1.1	Kategorisering av sannsynlegheit og konsekvens	12
3.1.2	Vurdering av risiko	13
3.2	Avbøtande tiltak	14
3.2.1	Raud hending – risikoreduserande tiltak naudsynt	14
3.2.2	Gul hending – tiltak bør vurderast	15
3.2.3	Grøn hending – akseptabel risiko	15
4. ROS – ANALYSE	15	
4.1	Formål med ROS-analysen	15
4.2	Gjeldande brannordning	15
4.3	Erfaringsdata	17
4.3.1	Brann i bygning	17
4.3.2	Trafikkulykker generelt	17
4.3.3	Uhell farleg gods/stoff	17
4.4	Identifiserte fare- og ulykkeshendingar	18
4.5	ROS-analysen	18
5. SAMANDRAG OG KONKLUSJON	19	

Vedlegg: Felles ROS–analyse på objektnivå

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Denne risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) skal omfatte uønska hendingar som fell inn under brannvernet sitt ansvarsområde. Formålet med ROS-analysen er å gi ei brei, overordna og representativ framstilling av risiko for menneske, ytre miljø og materielle verdiar i kommunen og såleis danne grunnlag for avgjerder på alle nivå i organisasjonen samt legge premisser for kommunen sitt planarbeid.

Analysen inngår imidlertid i denne omgang primært som grunnlagsmateriale for utarbeiding av ny brannordning for Herøy kommune. Dette skjer gjennom identifisering av evt. behov for risikoreducerande tiltak som grunnlag for dimensjonering av brann- og redningstenesta, avdekking av behov for driftsmidlar og investeringar samt prioritering av arbeidsoppgåver.

For å kunne prioritere arbeidsoppgåver er det avgjerande å få kartlagt kva hendingar det kan være aktuelt/mogleg å forebygge eller evt. redusere risikoen ved når hendinga først har skjedd. Det er vidare eit mål å få beredskapsmessige omsyn integrert i den ordinære planlegginga og dermed medverke til ei betre samla beredskaps- og kriseplanlegging i kommunen.

Grunnlaget for den kommunale brannberedskapen er regulert gjennom Brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002 nr. 20. Lova har som formål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann, eksplosjon, ulykker med farleg stoff/gods samt andre akutte ulykker og kommunen er gjennom lova pålagt å ivareta forebyggjande og beredskapsmessige oppgåver på ein effektiv og sikker måte.

Alle kommunar skal ha ein beredskap mot brann og ulykker som sikrar innsats i heile kommunen og brannvernet skal disponere egna og tilstrekkelig utstyr til handtering av dei brannar og ulykker ein kan forvente oppstår basert på ROS-analysen for kommunen.

Brannvernet har med basis i Brann- og eksplosjonsvernlova ei rekke oppgåver utover dei reint brannfaglege. § 11 i lova pålegg mellom anna brannvernet å være innsatsstyrke ved andre akutte ulykker avdekka i kommunen si ROS-analyse. Til eksempel yter brannvernet i dag innsats også ved trafikkulykker, kjemikalieulykker, flaumsituasjonar og andre naturhendingar, tiltak som følgje av konsekvensar etter terror m.v. og er også ein viktig del av beredskapen mot akutt forureining.

Forskrifter til Brann- og eksplosjonsvernlova skal sikre at krava til dimensjonering står i samsvar med brannvernet sine lovpålagte beredskapsoppgåver.

ROS-analysen er utarbeidd av Herøy brannvern.

1.2 Mål og akseptkriterie

Følgjande mål er etablert for den nye brannordninga for Herøy kommune:

- Den skal tilfredstille dagens lover og forskrifter.
- Den skal betre utnyttinga av ressursar og spisskompetanse.
- Den skal medverke til kostnadseffektiv drift.
- Den skal sikre ein fleksibel og målretta organisasjon.

Gjennom forebyggande arbeid skal ein sikre:

- god kompetanse i alle ledd.
- at lovpålagde tilsyn med tilfredsstillande kvalitet vert gjennomført.
- at det vert lagt tilstrekkeleg vekt på god rettleiing.
- at det vert gjennomført øvingar/opplæring retta mot privatpersonar, næringsliv og offentleg verksemd.

Gjennom brannberedskapen skal ein sikre:

- god kompetanse i alle ledd.
- tilfredsstillande bemanning og organisering.
- nok og best mogleg tilpassa utstyr.
- at det vert gjennomført naudsynt opplæring av mannskap og øvingar med tilstrekkeleg omfang og kvalitet.

Feiing skal gjennomførast med basis i:

- å sikre ein optimal brannforebyggande effekt.
- kostnadseffektivisering med sterkare grad av behovsprøving.

1.3 Forutsetningar og avgrensingar for analysen

Følgjande forutsetningar er lagt til grunn for analysen :

- Den skal vere overordna og kvalitativ.
- Den skal omfatte Herøy kommune slik den i dag framstår med befolkning, næringsliv, institusjonar og infrastruktur.
- Den skal ta føre seg hendingar med konsekvensar for liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar.
- Den er avgrensa til å omfatte uønska hendingar som ligg innanfor brannvernet sitt ansvarsområde.
- Den skal bygge på tilgjengeleg materiale om risikoforhold.
- Den skal ikkje omfatte hendingar som er direkte knytta til krig og terror.
- Den skal ikkje gå direkte inn på andre store og samansette hendingar der brannvernet inngår som delressurs, men der andre organ er leiande.
- Den skal ikkje ta føre seg konkrete, isolerte hendingar på detaljert nivå.

1.4 Organisering av arbeidet

ROS-analysen er utarbeidd av brannvernet i Herøy kommune basert på hendingar og informasjon relatert til gjennomføring av tilsyn med særskilde brannobjekt samt med basis i utvalde scenarie for ein del tenkte/sannsynlege hendingar som vil kunne oppstå i kommunen.

1.5 Styrande dokument

ROS-analysen skal gjennomførast i samsvar med prinsippa i NS 5814

Ref.nr	Beskrivelse	Utgitt av
1	Risikostyring, helse, miljø og sikkerheit. Ein kort innføring i risikostyring i din verksemd.	Forskningsrådet
2	Risikoanalyse veiledning til NS 5814	Marvin Rausand
3	Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven LOV 2002-06-14 nr.20)	Justis dep. Sist endra 01.07.03
4	Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (FOR 2002-06-26 nr.729)	DSB Rev.06.11.03
5	Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (FOR 2002-06-26 nr.847)	DSB rev. 06.11.03

1.6 Revisjonsrutiner

Revisjonsansvaret for ROS-analysen ligg til Herøy brannvern. Analysen skal reviderast ved behov, men med ein maksimal revisjonssyklus på 5 år. Neste revisjon skal gjennomførast seinast innan utgangen av 2018.

1.7 Definisjonar (NS 5814)

Akseptkriterie: Kriterie basert på forskrifter, erfaring, og/eller teoretisk kunnskap som skal leggst til grunn for avgjerder om akseptabel risiko. Akseptkriteria kan uttrykkast med ord eller vere talfesta.

Konsekvens: Mogleg følgje av ei uønska hending. Konsekvensar kan uttrykkast med ord eller som ein talverdi for omfanget av skader på menneske, miljø eller materielle verdiar.

Konsekvensanalyse: Systematisk framgangsmåte for å beskrive og/eller rekne ut mogleg skadeomfang på menneske, miljø eller materielle verdiar som følgje av uønska hendingar.

Konsekvensreducerande tiltak: Tiltak med sikte på å redusere konsekvensar av uønska hendingar.

Risiko: Uttrykk for den fare eller det skadeomfang som uønska hendingar representerer for menneske, miljø eller materielle verdiar. Risikoen vert uttrykt ved ein kombinasjon av sannsynlegheita for og konsekvensen av dei uønska hendingane.

Risikoanalyse: Systematisk metode for å rekne ut eller beskrive risiko. Det fins mange ulike former for risikoanalysar, "risiko og sårbarheitsanalyse", også kalla ROS, er ein av desse.

Risikoreducerande tiltak: Tiltak med sikte på å redusere sannsynlegheita for og/eller konsekvensen av uønska hendingar.


Risikovurdering: Samanlikning av resultat frå risikoanalyse med akseptkriterie for risiko og evt. andre avgjerdsriterie.

Uønska hending: Hending eller tilstand som kan medføre skade på menneske, miljø eller materielle verdiar.

Årsaksanalyse: Systematisk framgangsmåte for å beskrive og/eller rekne ut sannsynlegheita for årsaker til uønska hendingar.

2. Analyseobjektet

2.1 Generelt om Herøy kommune



Kommune	Areal (km ²)	Innbyggjarar pr. 01.01.2012	Tettstadar	Innbyggjarar pr. 01.01.2012
Herøy	135	8727	Fosnavåg/Leinstrand	3673
			Kvalsvik	244
			Kvalsund	524
			Remøy	352
			Moltustranda	363
			Tjørvåg	377
			Sum i tettstadar	5533

Tala byggjer på SSB sin definisjon av tettstadar. Leinstrand er her eit omgrep som SSB nyttar for den samla tettstadbusetjinga i Leinebygda og på Nærøya.

Eksisterande bemanning Herøy brannvern:

Kommune	Stasjon	Mannskap inkl. befal	Vaktordning	Røykdykkarar	Depot
Herøy	Fosnavåg	21	Ja	10	Nei
Herøy	Myrvåg	10	Sjåførvakt	4	Nei

2.2 Herøy kommune

Herøy kommune hadde pr. 01.01.2012 eit folketal på 8727 fordelt på 135 km². Det har vore ein viss auke i folketalet også etter denne tid, men sidan det enno ikkje ligg føre kvalitetssikra tal fordelt på tettstadar pr. 01.01.2013, har ein halde seg til fjorårstala. Om lag 63 % av befolkninga bur i det som SSB definerar som tettbygde strøk.

Karakteristisk for kommunen er elles at ein stor del av befolkninga bur i mange relativt store bygdelag. Fosnavåg by (Bergsøy inkl. Gjertneset og Mjølstadneset) har om lag 3500 innbyggjarar. Dersom ein imidlertid legg til dei sentrale delane av Kvalsund og Leinebygda, som trass brusamband til Bergsøy ligg relativt tett opptil sentrum, kan ein seie at samla folketal i sentrum og tilstøytande sentrumsnære delar er på om lag 4400.

Alle deler av kommunen med fast busetnad er internt samanknytte gjennom veg- og brusamband. Regionalt har kommunen fast samband mot Ørsta/Volda og samband via ferje Hareid – Sulesund mot Ålesundsregionen.

Relevante opplysningar for ROS-analysen:

Stad	Folketal	§ 13-bygg	Innsatstid i minutt frå Fosnavåg	Innsatstid i minutt frå Myrvåg	Sjukeheimar	Tilgang på sløkkevatn	Vatn på bil i liter
Fosnavåg by	3397	42	<10		1	God	2000
Kvalsvik	272		17-20			God	2000
Nerlandsøy	533	1	12-15			God	2000
Runde	117	2	20-23			Dårleg	2000
Remøy	334		15-18			God	2000
Leine	622	3	12-15			God	2000
Frøystad	575	3	12-15			God	2000
Bø	266		17-20			Dårleg	2000
Moltustranda	504	3		17-20		God	12000
Tjørvåg	691	3		12-15		God	12000
Myrvåg	612	6		<10	1	God	12000
Leikong	610	3		10-13		God	12000

Folketalet i dei ulike bygdelaga (øyane) byggjer på registrerte innbyggjarar i grunnkrinsane pr. 01.01.2011. Når det gjeld oppsettet over innsatstider så er dette rekna frå næraste brannstasjon til det § 13-objektet som ligg lengst borte i dei respektive bygdelaga (øyane) eller til dei mest perifere delane av dei bygdelaga som

ikkje inneheld § 13-objekt. Innsatstida er definert som tida frå innsatsstyrken er alarmert til den er i arbeid på skadestaden.

Hovudbrannstasjon i Fosnavåg rykkjer ut til hendingar i heile kommunen medan stasjonen i Myrvåg i hovudsak har førsteutrykningane til indre del av kommunen (Leikong, Myrvåg, Tjørnvåg og Moltustranda). I tillegg er Myrvåg støttestyrke m/tankbil også til resten av kommunen. Alt mannskap er tilsett på deltid og er oppsett med personsøkjarar. Det er totalt registrert 66 §-13 bygg i kommunen og desse er med få unntak lokalisert til sentrumsområdet og Myrvåg (sjå elles oversikt i tabellen på side 9).

I følgje **Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen** skal innsatstida til større tettbebyggelse, sjukehus/sjukeheimar og konsentrerte næringsområde ikkje overstige 10 minutt. Innsatstida kan i einsskilde høve vere lengre enn dette dersom det er gjennomført tiltak som kompenserar for den auka risikoen.

For andre tettstadar skal innsatstida ikkje overstige 20 minutt medan den utanfor tettstadar ikkje bør overstige 30 minutt. Dei ulike forskriftskrava synest å vere rimeleg godt ivaretekne for Herøy sitt vedkomande. Alle ytterpunktta i kommunen kan til dømes nåast innanfor ei innsatstid på 30 minutt uansett kva brannstasjon ein rykkjer ut frå.

Vurderinga av tilgangen på sløkkevatn tek utgangspunkt i om bygdelaget (øya) har utbygt felles vassleidningsnett eller ikkje. For einsskilde av bygdelaga som står oppført med god tilgang på sløkkevatn kan mindre avgrensa område likevel ha dårleg tilgang. Eksempel på dette kan til dømes vere Leikong, der tilgangen på sløkkevatn i hovudsak er god, men der den er dårleg i dei indre delane av bygda. Tilgjengeleg vatn på bil gjeld tankkapasiteten på førsteutrykningsbilen, brannbil (2000 l) eller tankbil (12000 l), til dei ulike delar av kommunen.

Befolkningsstruktur 2011 i prosent

	Kommunen Fylket Landet		
Antal kvinner pr. 100 menn 20-39 år	97,1	91,3	93,2
Andel barn og unge 0-17 år	23,8	22,8	22,6
Andel eldre 80 år og over	5,0	5,4	4,5
Andel personar med innvandrarbakgrunn	6,6	7,0	10,2

Busetjing 2011

	Kommunen	Fylket	Landet
Befolkning pr. km ²	63,2	17,4	16,3
Andel busett i tettbygde strøk i prosent	63,9	69,1	79,2

2.3 Generelle observasjonar

Brannar fører kvart år til tap av liv. Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av brannar vert synleggjort ved store kostnader til helseutgifter og skadeutbetalingar. Mykje har vore gjort for å redusere risikoen, men likevel ser ein at ein dei siste åra har hatt svært høge tal på omkomne i brann. Gruppa eldre og uføre synest å vere meir utsett enn andre og dette gir grunn til bekymring.

Bumønsteret i samfunnet har endra seg dei siste åra. Fleire og fleire av dei eldre og pleietrengande bur i dag heime sjølv om dei reelt sett har eit pleiebehov. Dette inneber at mange som tidlegare med basis i helse- og funksjonstilstand, var plassert på institusjon, no bur heime. Personar i denne gruppa har naturleg nok større problem enn andre med å kome seg ut av huset utan hjelp i tilfelle brann. Nasjonalt kan ein også lese av statistikkane at denne gruppa er overrepresentert når det gjeld talet på omkomne i brann. Prosentvis antal omkomne i bustadbrannar hos personar på 70 år og eldre er om lag 4,5 gongar høgare enn i den øvrige delen av befolkninga. Det er dessutan påreknna at talet på personar over 70 år vil auke vesentleg i åra som kjem. Å forebygge at stadig fleire eldre misser livet i brann som følgje av denne utviklinga, vil difor vere ei stor utfordring.

Miljøendringar vil også føre til nye utfordringar i framtida. Flaum, ras, storm og skogbrann er eksempel på hendingar som er rekna med å auke i framtida. Brannvernet sitt personell og utstyr vil heilt klart verte brukt i slike hendingar.

Variasjonane i folk sine døgnrytmer er også større enn tidlegare i det stadig fleire arbeider skift. Dette gir brannvernet ein del utfordringar sidan det er vanskelig å forutsjå kvar folk oppheld seg om natta.

Samfunnet har vorte stadig meir avhengig av straumforsyning og IT. Det har på denne bakgrunn vist seg at sjølv små brannar kan lamme kritisk infrastruktur i store område, noko som inneber store konsekvensar for kritiske samfunnsfunksjonar.

Også i Herøy har ein dei seinare år hatt aukande innslag av utanlandsk arbeidskraft. Basert på konkrete eksempel frå ulike delar av landet er ein kjend med at buforholda for deler av denne arbeidskrafta ikkje er dei beste. Det at mange menneske oppheld seg eller bur tett i gamle hus med tidvis mangelfulle tekniske installasjonar kan innebære at ein brann får uvanleg store konsekvensar.

På vegnettet i Herøy kommune har ein relativt sett liten gjennomgangstrafikk samanlikna med ein del andre kommunar. Den generelle trafikkauken må ein imidlertid pårekne også her, noko som tilseier at talet på trafikkulykker også er venta å auke i tida som kjem. Slike ulykker vil ofte kunne vere ein belastande del av brannmannskapa sitt arbeid.

3 Metodikk

3.1 Bakgrunn

Metoden er basert på retningslinjer i NS 5814 "krav til risikoanalyse" og prinsippa i "Risikoanalyser, veiledning til NS 5814". NS 5814 definerer risiko som :

Uttrykk for den fare eller det skadeomfang som uønska hendingar representerer for menneske, miljø eller materielle verdiar. Risikoen vert uttrykt ved ein kombinasjon av sannsynlegheita for og konsekvensen av dei uønska hendingane.

Risiko vert ofte knytt til uønska hendingar, dvs. hendingar som ein i utgangspunktet ikkje reknar med skal skje. Det er difor knytta usikkerhet til både om hendinga vil kome til å skje (sannsynlegheit) og omfanget av hendinga (konsekvens) dersom den skulle skje. Uønska hendingar er her definert som hendingar som kan utgjere ein fare for menneske, dyr, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar.

3.1.1 Kategorisering av sannsynlegheit og konsekvens

Kor ofte ei uønska hending/ein uønska tilstand kan inntreffe, vert uttrykt ved omgrepet sannsynlegheit (frekvens på hendinga). Følgjande kategoriar for sannsynlegheit vert nytta:

Sannsynlegheitskategori	
1. Lite sannsynleg	Sjeldnare enn 1 hending pr. 50 år
2. Noko sannsynleg	I gjennomsnitt 1 hending pr. 10-50 år
3. Sannsynleg	I gjennomsnitt 1 hending pr. 1-10 år
4. Svært sannsynleg	Oftare enn 1 hending pr. år

Konsekvenskategoriar er definert for tap av menneskeliv/helseskade, skade/negativ påverknad på ytre miljø og tap av materielle verdiar. Kategoriane er oppsummert i tabellane nedanfor :

Konsekvenskategori	Tap av menneskeliv/helseskade
1. Svært liten konsekvens	Ingen eller små personskader, ikkje varig
2. Liten konsekvens	Kritisk, varig skade
3. Middels konsekvens	Dødeleg skade, ein person
4. Stor konsekvens	Dødeleg skade, to til fire personar
5. Svært stor konsekvens	Dødeleg skade, fem eller fleire personar

Konsekvenskategori	Miljø
1. Svært liten konsekvens	Ubetydeleg miljøskade
2. Liten konsekvens	Lokale konsekvensar
3. Middels konsekvens	Regionale konsekvensar med restitusjonstid < 1år
4. Stor konsekvens	Regionale konsekvensar med 1-10 års restitusjonstid
5. Svært stor konsekvens	Regionale konsekvensar med restitusjonstid > 10år

Konsekvenskategori	Materielle verdiar
1. Svært liten konsekvens	Under kr 200.000.
2. Liten konsekvens	Kr 200.000. – 3,5 mill. kr
3. Middels konsekvens	3,5 mill. kr – 10 mill. kr
4. Stor konsekvens	10 mill. kr – 35 mill. kr
5. Svært stor konsekvens	Over 35 mill. kr

3.1.2 Vurdering av risiko

I ein ROS-analyse vert uønska hendingar sett inn i ei risikomatrise basert på hendingane si sannsynlegheit og sin konsekvens. Risikomatrisa har 3 soner :

GRØN	Akseptabel risiko – avbøtande tiltak er ikkje naudsynt
GUL	Akseptabel risiko, men avbøtande tiltak bør vurderast
RAUD	Uakseptabel risiko – avbøtande tiltak er naudsynt

Akseptkriteria for risiko er gitt av dei farga sonene i tabellane nedanfor.

SANNSYNLEGHEIT	KONSEKVENNS				
	1.Svært liten	2.Liten	3.Middels	4.Stor	5.Svært stor
1. Lite sannsynleg					
2. Noko sannsynleg					
3. Sannsynleg					
4. Svært sannsynleg					

Figur risikomatrise for tap av menneskeliv/helseskade

SANNSYNLEGHEIT	KONSEKVENNS				
	1.Svært liten	2.Liten	3.Middels	4.Stor	5.Svært stor
1. Lite sannsynleg					
2. Noko sannsynleg					
3. Sannsynleg					
4. Svært sannsynleg					

Figur risikomatrise for skade/negativ påverknad på ytre miljø

SANNSYNLEGHEIT	KONSEKVENNS				
	1.Svært liten	2.Liten	3.Middels	4.Stor	5.Svært stor
1. Lite sannsynleg	Grøn	Grøn	Grøn	Gul	Gul
2. Noko sannsynleg	Grøn	Grøn	Grøn	Gul	Gul
3. Sannsynleg	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Raud
4. Svært sannsynleg	Grøn	Gul	Gul	Raud	Raud

Figur risikomatrixe for tap av materielle verdiar

3.2 Avbøtande tiltak

Moltustranda	6 minutt	13 minutt	19 minutt
Kvalsvik	6 minutt	29 minutt	35 minutt

På tidspunkt der det ikkje er personell på brannstasjonane (ugunstigaste tidspunkt) vil dei objekta som ligg lengst frå stasjonane kunne nåast med slik innsatstid:

Frå Fosnavåg stasjon:

Objekt	Forspenningstid	Køyretid	Innsatstid
Runde Miljøsester, Runde	6 minutt	18 minutt	24 minutt
Christineborg Gjestehus, Runde	6 minutt	18 minutt	24 minutt

Frå Myrvåg stasjon:

Objekt	Forspenningstid	Køyretid	Innsatstid
Runde Miljøseater, Runde	6 minutt	29 minutt	35 minutt
Christineborg Gjestehus, Runde	6 minutt	29 minutt	35 minutt

2.3 Vurdering av risikotilhøva

Risikotilhøva i kommunen er registrert og vurdert i eigen ROS-analyse. Kartlagt risiko syner at beredskapen vil vere dekt gjennom minstekrava til vaktlag etter **Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen** § 5-1, her under også støttestyrke med sjåfør tankbil på stasjonen i Myrvåg etter same lovs § 5-2.

ROS-analysen skal reviderast med ein maksimal revisjonssyklus på 5 år. Ved vesentlege endringar i risikotilhøva som følgje av mellom anna sterk vekst i næringsutvikling eller bustadbygging, vil revisjon måtte skje oftare. Ny gjennomgang (revisjon) av ROS-analysen vil kunne resultere i behov for auka/forsterka beredskap.

3. ADMINISTRASJON OG LEING

3.1 Administrasjon

Herøy brannvern har i dag og basert på gjeldande brannordning følgjande administrasjon:

Brannsjef:	0,415 stilling
Førebyggande avd. – avd.leiar:	0,415 stilling
Førebyggande avd. - utførande	0,830 stilling (p.t. vakant)
Beredskapsavd – avd. leiar:	0,415 stilling
<u>Til saman:</u>	<u>2,075 stilling</u>

Dette var basert på dågjeldande (1998) krav til minimumsbemanning i **Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen**.

Feiing og tilsyn med eldstadar er organisert under det førebyggande arbeidet i brannvernet. Dette arbeidet er basert på kjøpte tenester gjennom samarbeidsavtale med Ulstein kommune.

Med utgangspunkt i det utvida ansvarsområdet som har bygd seg opp over tid samt også forventa utvikling av folketalet i kommunen, så vert det lagt til grunn at Herøy no skal ha følgjande administrative stillingsressursar:

Brannsjef:	0,50 stilling
Førebyggande avd. – avd.leiar:	0,50 stilling
Førebyggande avd. – utførande:	1,00 stilling
Beredskapsavd – avd. leiar:	0,50 stilling

Til saman: 2,50 stilling

Alle utrekna stillingsbrøkar er runda av oppover til næraste halv eller heil stilling. Stillingane som brannsjef og avdelingsleiar førebyggande avdeling inngår som del av andre stillingar tilknytt kommuneadministrasjonen. Når det elles gjeld brannsjefen sine administrative funksjonar så er desse etter intern avtale fordelt mellom brannsjef og varabrannsjef.

Stillinga som avdelingsleiar i beredskapsavdelinga er forøvrig tillagt ein del andre funksjonar. Dette gjeld mellom anna organisering av kurs og opplæring av befal og mannskap og ulike former for brannvernopplæring retta mot bedrifter, offentlege institusjonar og publikum. Avdelingsleiar tek også noko del i tilsynsarbeidet innanfor førebyggande avdeling. Ovannemnde tilleggsfunksjonar er vurdert til 0,5 stilling.

Feie- og tilsynsarbeidet vert å organisere under det førebyggande arbeidet i brannvernet ved vidareføring av samarbeidsavtalen med Ulstein kommune. Dette arbeidet utgjer i storleiksorden 0,4 stilling.

3.2 Myndeoverføring

Alle ikkje prinsipielle saker etter Brann- og eksplosjonsvernlova med forskrifter er delegert frå kommunestyret til rådmannen.

3.3 Overordna vakt

Overordna vakt vert å etablere som 5 – delt vaktordning.

3.4 Planar og rapportering

Brannsjefen skal kvart år utarbeide årsplan over brannverntiltak etter **Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn** § 5-2, 3. ledd. Planen skal leggast fram for formannskapet seinast innan utløpet av mars det året planen gjeld for.

Vidare skal det innan same frist utarbeidast årsrapport over førebyggande tiltak som er gjennomført i det foregåande året, jfr. **Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn** § 5-2, 4. ledd.

Brannsjefen skal i tillegg til dette også utarbeide beredskapsplanar og innsatsplanar for større risikoobjekt.

3.5 Internkontroll

Det er etablert eit internkontrollsystem som omfattar brannvernet og evt. også feietenesta dersom/når denne vert basert på kommunale tenester.

Internkontrollen skal sikre at alle krav til helse, miljø og sikkerheit vert følgde.

Dette inneber systematiske tiltak som m.a. skal føre til at:

- alle sider ved mannskapa sin tryggleik vert ivaretekne.
- alle i brannvernberedskapen skal ha lækjargransking etter faste intervall tilpassa m.a. alder og stilling i brannvernet.
- brannvernet og feietenesta si verksemd ikkje fører til skade på annan person.
- brannvernet sin innsats ikkje fører med seg utilsikta miljømessige skadeverknader.

3.6 Instruksar

Leiarar og mannskap er underlagt instruksar/stillingsskildringar som sikrar at brannvernet og feietenesta sine plikter etter brannlovgevinga vert ivaretekne på ein trygg måte. Desse instruksane/stillingsskildringane er/vert ein del av internkontrollsystemet.

3.7 Opplæring og kompetanse

Brannsjefen skal syte for at befal og mannskap får den opplæring som dimensjoneringsforskrifta kap. 7 krev, samt opplæring utover dette for gjennomføring av særskilde oppgåver som er tillagt brannvernet og feietenesta.

Brannsjefen skal syte for å utarbeide utdanningsplan som basis for gjennomføring av denne opplæringa.

3.8 Øving av beredskapen

Brannsjefen skal syte for å utarbeide årlege øvingsplanar som sikrar at leiarar og mannskap får tilstrekkeleg øving til å kunne løyse dei oppgåver dei møter i tenesta.

Kvar øving skal vere tilrettelagt med øvingsmål, disposisjon for instruktør o.s.v. Årlege øvingstal for kvar leiar og kvart mannskap inkludert fellesøvingar og årssamlingar med brannsjefen skal vere minimum 10. Av dette skal minimum 4 av øvingane vere røykdykkarøving og av desse igjen skal minimum 1 øving vere «varm». Kjemikaliedykkarar skal i tillegg ha minimum 1 skarp øving årleg.

I tillegg til dette så skal det innanfor øvingsopplegget avsetjast tid til øvingar for samhandling og samarbeid med andre instansar der slikt samarbeid anten er formelt avtalt eller det av beredskapsmessige omsyn vil vere naturleg.

3.9 Auka beredskap

I spesielle utfartshelgar, høgtider, ved større arrangement eller i periodar med stor fare for brann har brannsjefen mynde til, om han finn det naudsynt, å kunne etablere høgare beredskap.

4. FØREBYGGANDE AVDELING

4.1 Brannsynspersonell

Avdelinga skal ha ei bemanning som sikrar tilfredsstillande ivaretaking av dei førebyggjande oppgåvene etter §§ 3-1 og 3-2 i **Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen.**

Utfrå berekningsgrunnlaget i forskrifta og dagens folketal skal kommunen ha tilsett avdelingsleiar i førebyggjande avdeling med ein stillingsprosent tilsvarande om lag 0,45 årsverk og i tillegg om lag 0,9 årsverk i tilsynsressursar på særskilde brannobjekt (utførande). Som nemnt under kap. 3.1 er tilrådde stillingsstorleikar av praktiske årsaker avrunda som følgjer:

Førebyggjande avd. – avd.leiar:	0,50 stilling
Førebyggjande avd. – utførande:	1,00 stilling

Ulike førebyggjande oppgaver som informasjon, kurs/opplæring av offentlege institusjonar, bedrifter og publikum m.v. som også inngår i det lovpålagde arbeidet, kjem i tillegg, jfr. her m.a. § 5-3 i **Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn.** Avdelingsleiar i beredskapsavdelinga utfører ein vesentleg del av det sistnemnde arbeidet, jfr. her også kap. 3.1.

4.2 Feiepersonell

Ressursane knytta til feiing og tilsyn med eldstadar m.v. skal vere dimensjonert slik at registrerte piper vert feia i samsvar med gjeldande retningsliner. Til å utføre feiearbeidet er gjeldande samarbeidsavtale med Ulstein kommune tenkt vidareført.

Feiepersonell kan ved behov disponerast til anna førebyggjande brannvernarbeid enn feiing.

5. BEREDSKAPSAVDELING.

5.1 Utrykningsstyrke

Hovudstasjonen sin faste beredskapstyrke i Fosnavåg skal vere oppsett slik:

- 5 overbefal
- 5 utrykningsleiarar
- 5 sjåførar
- 10 brannmannskap

Samtlege utrykningsleiarar og brannmannskap skal vere utdanna røykdykkarar.

For bibrannstasjonen i Myrvåg er det lagt opp til slik bemanning:

- 5 sjåførar tankbil
- 5 brannmannskap

Brannmannskapa skal vere utdanna røykdykkarar.

5.2 Reservestyrke

Ved særlege behov skal det takast kontakt med redningsskøyta samt heimevernet/sjøheimevernet/sivilforsvaret (FIG – gruppe), røde kors og evt. andre aktuelle organisasjonar med siktemål at desse skal kunne bistå brannvernet.

5.3 Brannstasjonar

Utrykningsstyrken ved hovedstasjonen i Fosnavåg utgjør 20 personar i deltidsstilling, fordelt på 5 vaktlag med 4 personar. Overordna vakt/befal kjem i tillegg til laget. Vaktordninga er basert på heilkontinuerlig døgnvakt.

Ved bibrannstasjonen i Myrvåg vil utrykningstyrken bestå av 1 person i heilkontinuerlig døgnvakt som sjåfør på tankbil.

6. VARSLING OG ALARMERING.

6.1 Alarmsentral brann

Herøy brannvern er tilknytt felles alarmsentral i Ålesund med naudnummer 110.

6.2 Varsling over naudnummer 110

Publikum skal kunne varsle brann og anna ulykke over naudnummer 110.

6.3 Alarmering og utkalling av innsatsstyrkar

Alarmsentral brann syter for varsling etter fastlagde rutiner ved alle brann- og ulykkesmeldingar ifg. alarminstruks. Leiar og innsatspersonell vert alarmert med godkjent radioalarmeringsutstyr.

På oppmoding frå brannsjef eller befalsvakt skal alarmsentralen varsle/alarmere også andre hjelpestyrkar.

7. UTRUSTNING AV BEREDSKAPEN

7.1 Alarmering og sambandsutstyr

Brannvernet skal ha utstyr for alarmering av personalet og for å oppretthalde naudsynt radiosamband mellom alarmsentral brann og befalsvakta eller evt. utrykningsleiar, depot, køyrety og andre naudetatar.

Røykdykkarar skal nytte naudsynt sambandsutstyr ved innsats.

7.2 Personleg vern

Alt personell som vert sett i innsats, skal ha godkjent personleg verneutstyr tilpassa den aktuelle oppgåva og dei skal vere fortruleg med bruken av utstyret og det det er godkjent for.

7.3 Materiell generelt

Herøy brannvern skal disponere naudsynt og tilfredsstillande materiell til innsats ved brann, trafikkulykker, akutt forureining og andre ulykker og uføresette hendingar som kan ramme lokalsamfunnet. Brannvernet er den viktigaste aktøren i ulykker som kan true miljøet og må såleis også ha utrustning for å takle slike hendingar.

Herøy kommune er dessutan med i Sunnmøre interkommunale utval mot akutt forureining (Sunnmøre IUA) og skal vere oppsett med eit middels stort depot for olje- og forureiningsulykker på sjø og land. Sunnmøre IUA avgjer kva utstyr depotet skal innehalde og finansierer nykjøp utover kommunedepotnivået.

7.4 Materiell ved Fosnavåg brannstasjon

Beredskapsstyrken i Fosnavåg skal ha fylgjande utstyr til disposisjon:

- 1 stk. mannskapsbil med min. 2000 l vatn, mannskapskabin og komplett utstyr som førsteutrykningsbil.
- 1 stk. vakt-/kommandobil med lett utstyr (arbeidslys, førstehjelp mm).
- Pumper, slanger, røykdykkarutstyr og anna sløkkeutstyr tilpassa risikoforhold og elles i høve til dei oppgåver som er tillagt brannvernet.
- Utstyr for overflateredning i strandsoner og på opne og islagde vatn.

Med tilvising til utarbeidd **ROS-analyse for Herøy kommune/brannvernet 2013** bør det også så snart som mogleg skaffast til veges:

- Eigna utstyr for brannsløkking og redning av personar frå store høgder (korgbil/lift).

Alt materiell og utstyr skal kontrollerast og ettersjåast rutinemessig ein gong i veka. Utført kontroll og vedlikehald skal loggførast.

7.5 Materiell ved Myrvåg bibrennstasjon

- 1 tankbil med min. 10000 liter vatn, mannskapskabin og naudsynt utstyr som førsteutrykningsbil.
- Pumper, slanger, røykdykkarutstyr og anna sløkkeutstyr tilpassa risikoforhold og elles i høve til dei oppgåver som er tillagt denne brannstasjonen.
- Utstyr for trafikkredning/frigjeringsutstyr.
- Regionalt mellomstort depot for handtering av akutt forureining (inngår i Sunnmøre IUA)

Alt materiell og utstyr skal kontrollerast og ettersjåast rutinemessig ein gong i veka. Utført kontroll og vedlikehald skal loggførast.

7.6 Vassforsyning

ROS-analysen syner at det fleire stader i kommunen ikkje er tilgang på sløkkevatn. Dette inneber då at vassforsyninga må baserast på leveranse frå tankbil.

8. AVTALAR

Det er inngått tidsuavgrensa avtalar med kommunane Ulstein og Sande om gjensidig sløkkehjelp.

Herøy kommune, Brannvernet, februar 2014



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2012/2467
		Arkiv:	G21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/14	Komite for Helse og omsorg	20.03.2014
46/14	Formannskapet	18.03.2014
35/14	Kommunestyret	27.03.2014

REFORHANDLING - AVTALE MELLOM HELSE MØRE OG ROMSDAL HF, VOLDA SJUKEHUS OG HERØY KOMMUNE - DRIFT AV LEGEVAKTSENTRAL OG NØDNETT HELSE VED HENVENDELSE PÅ NASJONALT LEGEVAKTNUMMER 116 117

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommunestyre godkjenner ny avtale mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og Herøy kommune, sluttforhandla i januar 2014, om drift av legevaktsentral og nødnett helse ved kontakt på nasjonal legevakt nummer 116 117
2. Det er ein føresetnad for godkjenninga at likelydande vedtak blir gjort i dei øvrige 6 kommunane på Søre Sunnmøre.

Særutskrift: Helse Møre og Romsdal HF, postboks 1600, Ålesund
Kommunane Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven

Vedlegg: Avtaledokument, sluttforhandla i januar 2014
Arbeidsnotat, lokale kostnadselementer ifm. nødnett

Uprenta vedlegg:

Forskrift om krav til akuttmedisinsk tjenester utenfor sjukehus (FOR-2005-03-18-252)

Helsedirektoratet: "Legavaktsentral i døgndrift i samsvar med forskrift" datert 18.07.2012

Helsedirektoratet: "Kostnadselementer" ved Nødnett Helse.

Helsedirektoratet: "Fakta om Nødnett-leveransen

Saksopplysningar:

Samandrag av saka:

Dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre har sidan 2003 hatt avtale om legevaktformidling og legevaktsentral med Helse Møre og Romsdal HF, lokalisert til Akuttmottaket ved Volda sjukehus. For m.a. å sikre nye forskriftskrav til LV-sentralar og innføring av felles nasjonalt legevaktnummer 116 117 og nødnett helse frå 2014 av, ba kommunane om reforhandling av avtalen for eit år sidan. Avtalen er no modernisert og tek opp i seg, innanfor same stillings- og kostnadsramme, alle nye forskriftskrav om LV-sentral med døgnbemanning 24/7/356, felles nasjonalt legevaktnummer 116 117 og innføring av digital Nødnett-Helse.

Det er relativt små investerings- og implementeringskostnadar og endring av driftskostnadar i samband med den reforhandla avtalen. Opplæring av eige personell i bruken av det digitale Nød-Nettet vert i tillegg belasta kommunen.

Akuttmottaket ved Volda Sjukehus blir Nødnett-Helsesentral for alle dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre , og blir oppgradert både med døgnbemanning og nytt samband- og datautstyr.

Ei velfungerande legevaktformidling, faglege gode vurderingar og handteringar av alle anrop og utvikling av Nødnett-Helse i beredskapssamanheng blir vurdert å vere av største betydning for innbyggjarane si helse og tryggleik. Det er også av stor betydning at ein felles Legevakt- og Nød-Nettsentral ved eit velfungerande lokalsjukehus er med å sikre grunnlaget for Volda Sjukehus som akuttsjukehus. Det er ein føresetnad for godkjenninga at likelydande vedtak blir gjort i dei øvrige 6 kommunane på Søre Sunnmøre.

Saksopplysningar:

Dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre har sidan 2003 hatt avtale om legevaktformidling og legevaktsentral med Helse Møre og Romsdal HF, lokalisert til Akuttmottaket ved Volda sjukehus. Dette er ein avansert telefonsentral for anrop til kommunal legevakt bemanna med sjukepleiar, som tek imot henvendingar frå publikum, gir råd og rettleiing og formidlar kontakt med vakthavande lege i kvar kommune eller med AMK/ambulansetenesta ut frå prosedyrar. Ordninga har vore svært velfungerande for den kommunale helsetenesta og beredskapen i distriktet og har vore eit av fundamenta under Volda Sjukehus, som akuttsjukehus. Eit anna kommunalt bidrag til Volda sjukehus som velfungerande akuttsjukehus er at 6 av kommunane på Søre Sunnmøre også har lokalisert den legebemanna nattlegevaktordninga si til eit felles akuttmottak ved sjukehuset.

For m.a. å sikre nye forskriftskrav til LV-sentralar og innføring av felles nasjonalt legevaktnummer 116 117 og nødnett helse frå 2014 av, ba kommunane om reforhandling av avtalen for eit år sidan.

”Sju-stjerna helse og omsorg” utpeika på vegne av kommunane ei forhandlingsnemnd bestående av

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol, Ulstein kommune

Kommuneoverlege Arne Gotteberg, Volda og Ørsta kommunar

Barn, familie og helseleiar Inger Marie Tofthagen, Herøy kommune

Vi har hatt fleire tingingar med Helse Møre og Romsdal HF, representert ved Ass. direktør Helge Ristesund

Klinikkjef, Volda Sjukehus, Knut Nautvik

Samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal, Britt Rakvåg Roald i første møtet

Avdelingsleiar for akuttmottaket, Britt Juvkam, i siste møtet.

Avtaleutkastet byggjer på den avtalen vi har hatt frå 2003 som ikkje vil oppfylgje dei nye myndigheits- og betjeningskrava.

Avtalen er no modernisert og tek opp i seg, innanfor same kostnadsramme, alle nye forskriftskrav om LV-sentral med døgnbemanning 24/7/356, felles nasjonalt legevaktnummer 116 117 og innføring av digital Nødnett-Helse. Akuttmottaket ved Volda Sjukehus blir Nødnett-Helsesentral for alle dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre , og blir oppgradert både med døgnbemanning og nytt samband- og datautstyr. Vi har lagt inn i avtalen meir detaljerte fag- og systemkrav opp mot den nye ordninga , klarare grenseoppgang mellom HF og kommunane sin ansvarsdeling samt betre klarering av juss og økonomi.

Vi har hatt nært samarbeide med Helsedirektoratet, avdeling for medisinsk nødmeldetjeneste i.f.m denne prosessen. Dei deltok m a i eit felles møte mellom kommunane og HF Møre og Romsdal, Volda sjukehus og har halde nær kontakt med oss. Dei er vel nøgde med prosessen som har gått føre seg på Søre-Sunnmøre i denne samanhengen.

Staten går inn med ein del midlar ved innføring av Nødnett-Helse. Bl.a blir anskaffing av alle nye digitale radiosamband for personell i vaktberedskap ute i kommunane dekkja av Staten.

HF og kommunane (i fellesskap) deler 50%-50% på investerings- og implementeringskostnadane til sentralen. Dette er ei eingongsutgift i 2014. Ut frå lokal tilpassing av estimat frå Helsedirektoratet vil denne summen bli om-lag kr. 500 000, som skal delast 50%:50% mellom HF og kommunane ut frå folketal. Kommunane må i tillegg betale for opplæring av eige personell i bruken av nytt Nødnett.

Tekniske driftskostnadar er berekna til kr. 200 000, som skal delast på kommunane etter folketal. Dette er om-lag same storeleik som vi betalar i dag kor avtalen berre gjeld for delar av døgnet.

Gjennom forhandlingar har vi oppnådd ein døgnbemanna sentral innanfor same stillingsressurs som kommunane har betalt for til no (0.11 sjukepleiarstilling/1000 innbyggjarar i kommunane. Dette svarar til kr. 85,-/innbyggjar)

Til no har ein ved bruk av ein ”telefon-vendar” overført alle anrop på kommunal legevaktnummer direkte til lokale legekantor i dei fleste av kommunane i alminneleg

opningstid for desse. Dersom denne ordninga skulle halde fram, måtte kvart legesenter som skulle ta imot 116 117 anrop oppgraderast med ny Nødnett-sentral og eigen operatørplassar med ny datateknologi og alt personell som skal betene dette, måtte ha særleg opplæring og sertifisering.

Gjennom den nye avtalen får alle kommunane lokalisert dette til ein felles sentral på sjukehuset. Det er ein føresetnad for at ordninga skal fungere, at publikum ringer direkte til det lokale legesenter for alminnelege ting som ikkje hastar. Det vil bli store informasjonskampanjar om ordninga når Nødnett Helse blir innført i.l.a 2014 (jamf. den siste framskriving av prognosane)

Vurdering og konklusjon:

Den reforhandla avtalen ivaretek dei nye forskriftskrava på ein tilfredsstillande måte. Kostnadsramma for drifta av sentralen er ikkje betydeleg. Investeringskostandane er langt lågare enn det ein måtta ha rekna med dersom kommunen ikkje skulle deltatt i dette auka i noko særleg grad vesentleg. Vel utført reforhandling av eldre avtale opp mot nye forskriftskrav, innanfor same kostnadsramme som no. Dette betyr ei standardheving og enno betre kvalitetssikring av ei viktig teneste. Avtalen blir tilrådd godkjent

Konsekvensar for folkehelse:

Ei velfungerande legevaktformidling, fagleg god vurdering og handtering av alle anrop og utvikling av Nødnett-Helse i beredskapssamanheng blir vurdert å vere av største betyding for innbyggjarane si helse og tryggleik. Det er også av stor betyding at ein felles Legevaktssentral ved eit velfungerande lokalsjukehus er med å sikre grunnlaget for Volda Sjukehus som akuttsjukehus.

Konsekvensar for beredskap:

Det har store beredskapskonsekvensar å ha eit velfungerande Nød-Nett og ei velfungerande legevakt og ambulanseteneste som integrert del av totalberedskapen i distriktet.

Når det gjeld innføring og funksjonalitet innanfor Nød-Nett, er dette nytt og ukjent for oss. Det blir framstilt å vere eit vesentleg framsteg i forhold til tilhøva no, men vi er vel kjende med fleire barnesjukdommar og rapportar om mangelfull dekningsgrad einskilde stadar. Dette med funksjonalitet og dekningsgrad blir fortløpande vurdert og evaluert av Direktoratet for sivil Beredskap og av Direktoratet for Nødkommunikasjon (DNK)

Konsekvensar for drift:

Dette er utgreidd i saka med vedlegg. Bortsett frå relativt små investerings- og implementeringskostnadar (berekna til om-lag kr. 500 000, som skal delast 50%:50% mellom HF og alle dei 7 kommunane basert på folketal) og opplæring av eige personell i bruken av det digitale Nød-Nettet har ein lukkast å få til den nye avtalen innanfor same kostnads og bemanningsramme som no.

Fosnavåg, 03.03.2014

Erlend Krumsvik

Inger Marie Tofthagen

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014

3. Herøy kommunestyre godkjenner ny avtale mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og Herøy kommune, sluttforhandla i januar 2014, om drift av legevaktsentral og nødnett helse ved kontakt på nasjonal legevaktnummer 116 117
4. Det er ein føresetnad for godkjenninga at likelydande vedtak blir gjort i dei øvrige 6 kommunane på Søre Sunnmøre.

Møtebehandling:

Avdelingsleiar for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 20.03.2014

5. Herøy kommunestyre godkjenner ny avtale mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og Herøy kommune, sluttforhandla i januar 2014, om drift av legevaktsentral og nødnett helse ved kontakt på nasjonal legevaktnummer 116 117
6. Det er ein føresetnad for godkjenninga at likelydande vedtak blir gjort i dei øvrige 6 kommunane på Søre Sunnmøre.

Avtale mellom
Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus
og
XXX kommune
Om drift av legevaktsentral og nødnett helse ved
henvendelse på nasjonal legevakt nummer 116 117

Avtalen er revisjon av tidlegare avtale frå 2003 om drift av legevaktsentral (LV-sentral) og medisinsk nødmeldetjeneste, mellom XXX kommune og Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus. Avtalen tek opp i seg nye kvalitetskrav til legevaktsentralar i døgnberedskap, felles nasjonalt legevakt nummer 116 117 og innføring av Nødnett Helse.

Avtalen skal bidra til å sikre rasjonell og koordinert innsats i dei ulike ledda i den akuttmedisinske kjeda mellom helseføretak (HF) og kommunane og sørge for at innhaldet i desse tenestene er samordna med dei øvrige naudetatane.

Jamfør Lov av 2. juli 1999 nr. 61 "Om spesialisthelsetjenesten m.m." Lov av 24. juni 2011 "Om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m" Forskrift av 18.mars 2005 "Om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus" (Akutforskrifta)

Avtalen føreset at alle dei 7 kommunane i sjukehuset sitt nedslagsfelt inngår tilsvarende avtalar.

Samarbeidet mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og XXX kommune omfattar følgjande:

A. Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus sitt ansvar.

Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus skal på vegne av kommunane i Volda sjukehus sitt nedslagsområde drifte lokal døgnbemanna LV-sentral for 116 117 anrop som del av Nødnett Helse.

LV-sentralen er samlokalisert med sjukehuset sitt akutt mottak.

LV-sentralen sin funksjon omfattar:

- Mottak, rådgivning i samsvar med Medisinsk Index eller tilsvarende og etter fullmakt, formidling og oppfølging av henvendingar til kommunal legevakttelefon 116 117 heile døgnet.
- Samhandling med AMK/113 ved rødt respons og behov for ambulanse.
- Samhandling med lege og anna helsepersonell i kommunehelsetenesta, AMK og ambulanstenesta slik at ein sikrar god handtering og oppfølging av henvendingane.

- Forskriftsmessig journalføring og oversikt over 116 117 anrop.
- Svartenesta med høg prioritet. LV-sentralen skal ha tilstrekkeleg tal telefonlinjer og yte døgnkontinuerleg kommunikasjonsberedskap.
- Varsling av anna kommunalt helsepersonell i vaktberedskap kan inngå i avtalen. Dette må avtalast særskilt.

1. Instruks for legevaktformidling og bruk av Nødnettet

Instruks for LV-formidling er utarbeidd. Den skal reviderast så ofte det er behov for det av seksjonsleiar for akuttmottaket ved Volda sjukehus i samarbeid med kommuneoverlegane. Alternativt: ein lege utpeika på vegne av alle kommunane (sjå punkt 5).

Bruk av Nødnett Helse skal skje i samsvar med vedtekne prosedyrar. Begge partar er innforstått med at nettet er reservert kommunikasjon for medisinsk nødmeldeteneste.

2. Undervisning og opplæring

Helse Møre og Romsdal HF skal til ei kvar tid gje naudsynt opplæring i bruk av aktuelt utstyr og rutinar for mottak og handtering av legevaktanrop for personell som har teneste i legevaktsentralen.

Helse Møre og Romsdal HF og kommunane kan i felleskap gjennomføre naudsynt opplæring. Opplæringa bør innarbeidast i felles kompetanseplanar.

Før oppstart av Nødnett Helse, omfattar opplæringa felles undervisningsopplegg frå Helsedirektoratet for samtlege tilsette i LV-sentralen og legar i ekstern vaktberedskap.

3. Dokumentasjon og rapportering

Helse Møre og Romsdal HF har ansvar for å dokumentere:

- forskriftsmessig mottak og journalføring av meldingar og aksjonar
- rapportering for erfaringstilbakeføring til kommunane
- avvik
- statistikk

Dokumentasjon og rapportering skal skje i samarbeid med kommunane.

3. Bemanning

Helse Møre og Romsdal HF er ansvarleg for at LV-sentralen er bemanna med medisinsk fagpersonell med naudsynt kunnskap, herunder medisinsk og systemteknisk kompetanse.

LV sentralen skal vere betjent heile døgnet (24/7/365).

4. Juridisk og fagleg medisinsk ansvar

Helse Møre og Romsdal HF har ansvar for at LV-sentralen vert driven i medhald av gjeldande lover, foreskrifter, og i samsvar med denne avtalen.

Helse Møre og Romsdal HF er ansvarleg for dei råd som vert gitt av personall ved LV-sentralen og eventuelt ansvar som følger av svikt ved LV-sentralens drift og personell.

Seksjonsleiar/overlege i Anestesi er medisinsk fagleg rådgjevar for akuttmottaket.

Kommuneoverlegen har det medisinsk faglege ansvaret for legevakttenesten ute i kommunen.

Det skal arbeidast for å utpeike ein felles lege for dei 7 kommunane som medisinsk rådgjevar og bindeledd mellom kommunhelsetenesta og LV-sentralen.

6. Driftsteknisk ansvar

LV-sentralen skal ha utstyr i samsvar med "Forskrift om tekniske funksjonskrav til kommunikasjonsteknisk utstyr som inngår i helsetenesta sin kommunikasjonsberedskap".

Helse Møre og Romsdal HF skal ha "Avtale om Drift- og brukerstøtte", og servicenivåavtale (SLA) med HDO (Helsetjenestens driftsorganisasjon)

B. Kommunen sitt ansvar:

1. Kostnad – bærbart radioutstyr

XXXXXX er ansvarleg for bærbart og mobilt utstyr for eigne brukargrupper.

2. Driftstryggleik og val av radioutstyr

Kommunen skal sjå til at alt mobilt og evt. anna kommunikasjonsutstyr som blir nytta, til ei kvar tid tilfredsstiller "Forskrift om tekniske funksjonskrav til kommunikasjonsteknisk utstyr som inngår i helsetenesta sin kommunikasjonsberedskap" og er i ein slik stand at vanlege krav til driftstryggleik for slike system i vaktberedskap, blir teken i vare.

3. Vaktberedskap i Nødnett Helse

Legevakslege i kommunen skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg i Nødnett Helse. Det same gjeld anna kommunalt helsepersonell som det er inngått særleg avtale for.

4. Undervisning og opplæring

Kommunane har ansvar for opplæring av eige personell inkludert fastlegar i vaktberedskap. Legevaktansvarleg i den enkelte kommune kan delta i opplæring og rutinearbeid ved legevaktssentralen. Ein bør så langt muleg tilstrebe felles undervisningsopplegg for fleire kommunar i samarbeid med LV sentralen. Kommunen dekker utgifter for opplæring av eige personell.

5. Varsling ved ekstraordinær beredskap

Kommunen må etablere ordning for utvida varsling av eigne ressursar i samband med katastrofar/større ulykker. Varslingsplanar for slike situasjonar

skal vere tilgjengeleg for LV-sentralen. Vedlikehald av desse er XXXXXXX sitt ansvar.

Slik beredskapsplan skal koordinerast med Helse Møre og Romsdal HF/Helse Midt-Norge RHF sine prehospitala beredskapsplanar.

6. Informasjon til publikum

XXXXXX pliktar å syte for informasjon til publikum om rett bruk av legevakt og anna akutt helseteneste.

Kommunane skal saman med Volda sjukehus, Akuttmottaket gjennomføre det nasjonale informasjonsprogrammet om innføring av nytt felles nasjonalt legevaktnummer 116 117 og Nødnett.

Ved utforming av lokal informasjon skal XXXXXX ta Helse Møre og Romsdal HF /Volda sjukehus med på råd.

7. Juridisk/medisinsk ansvar

XXXXXX er juridisk og medisinsk ansvarleg for dei retningslinjer som blir gitt av kommunen sin oppnemnde legevaktsjef.

XXXX eller det aktuelle helsepersonellet sjølv er ansvarleg for dei avgjerder som blir teke etter at varsling er gjennomført.

C. Samarbeid

XXXXXX og Helse Møre og Romsdal HF /Volda sjukehus løyser samarbeidsspørsmål på basis av etablert ansvarsstruktur og arbeidsfordeling, jamfør samhandlingsavtalen.

Kommunane skal saman med Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus arbeide for å etablere eit fagleg/administrativt samarbeidsorgan for drifta av LV-sentralen.

D. Økonomi

a) Investerings- og implementeringskostnadar

Eingongskostnad for ny felles LV-sentral for nasjonalt legevaktnummer 116 117 og Nødnett Helse ved Volda sjukehus, blir å fordele 50%:50% mellom Helse Møre og Romsdal HF og dei 7 kommunane. Fordelinga mellom kommunane skal baserast på folketal pr. 01.01.14 i den aktuelle kommune. (jamf. Vedlegg om lokale kostnadselementer ift. Nødnett, basert på Helsedirektoratets sine berekningar)

b) Driftskostnadar

- **Lønskostnadar**

For dei tenestene som går fram av denne avtale, dekkjer XXXXX eit årleg beløp svarande til 0,11 stilling sjukepleiar/spesialsjukepleiar per 1000 innbyggjarar i kommunen og i samsvar med aktuell bemanningsplan i

akuttmottaket. Ein tek her utgangspunkt i kommuna sitt folketal pr. 01.01. kvart år. Helse Møre og Romsdal fakturerer kvar måned 1/12 av beløpet.

- **Tekniske driftskostnader**

For dei tenester som går fram av denne avtale, dekker XXXXX sin andel av tekniske driftskostnader samt utgifter til telefoni og datasamband. Også her tek ein utgangspunkt i kommunen sitt folketal pr. 01.01. kvart år. Helse Møre og Romsdal HF fakturerer den enkelte kommune årleg og etterskuddsvis for dette.

Justering og dokumentering

Beløpa er gjenstand for årlege justeringar avhengig av løns –og kostnadsutviklinga. Fakturabilag som viser berekningsgrunnlaget og endring av utgifter for løn- og tekniske driftskostnader, skal vedleggast årleg.

E. Revisjon og oppseiing

Revisjon av avtalen i avtaleperioden kan krevjast av begge partar dersom drifta eller føresetnaden for drifta blir endra vesentleg. Utstyr for to operatørplassar er kommunane sin eigedom og kan trekkast ut av akuttmottaket ved oppseiing av avtalen.

Avtalen kan seiast opp med 6 mnd. varsel.

Denne avtalen trer i kraft den, 2014 (seinast før innføringa av nasjonalt nødnett)

I overgangsfasen fram til ny avtale trer i kraft, prolongerast noverande samarbeidsavtale frå 2003.

Ålesund ,

xxxxx,

.....

.....

.....

Helse Møre og Romsdal HF

XXXXX kommune

Adm. Direktør

Rådmann

Lokale kostnadselementer ifm nødnett.

Med utgangspunkt i Helsedirektoratet sine kostnadsoverslag, presenteres følgende lokale overslag:

1. Investeringskostnader/implementeringskostnader avgrenset til 2014

A. Administrasjon

- Prosjektleder
- Instruktører/superbrukere
- Sluttbrukeropplæring

B. Bygning/teknisk

- Evt. ombygging/tilpasning
- Tekniske forberedelser

Type kostnad	Helsedir. estimat	Lokalt estimat	Helsedirektoratets presiseringer og forklaringer <i>Våre kommentarer i kursiv</i>
Prosjektleder	50'	60'	Lokal prosjektleder 20 % <i>Helsedirektoratet har senere angitt muntlig 8 mnd i 20 % stilling for prosjektleder.</i>
Lokal instruktør	50'	50'	Konfigurasjon, test, innføringsprosjekt <i>Tas ut av ordinær drift. Vikarinnleie, evt. overtidsbetaling ikke inkludert</i>

Sluttbruker- opplæring	Avhenger av antall	75'	1 dag + 2 timer e – læring pr. bruker <i>31 ansatte x 10 timer.</i> <i>Vikarinnleie, evt. overtid er ikke inkludert.</i>
Kabling, strøm, nødstrøm, UPS Lydlogg	70'	70'	Helseidrettsdirektoratets estimat gjelder kun kabling, strøm for to operatørplasser Andre vesentlige momenter er batteribackup, nødstrøm, ombygging. Hva eksisterer pr. i dag lokalt?
Personalkostnader		150'	<i>Vikarinnleie, overtid, kurs</i>
Uforutsette utgifter tekniske forhold		50'	
SUM		455'	

2. Driftskostnader fra iverksettelse av nødnett (estimert primo 2015):

Type kostnad	Hesedir. estimat	Hesedirektoratets presiseringer og forklaringer <i>Våre kommentarer i kursiv</i>
Telefoni tellerskritt		Erfaringsbasert
DNK brukerbetaling pr. operatørplass	84	DNK = Direktoratet for nødkommunikasjon 42 i avgift pr. år pr operatørplass, 2 plasser
Datalinje DNK	35	
HDO kostnader servicenivåavtaler, brukerstøtte	80	HDO = Helsetjenestens driftsorganisasjon. Beløp pr operatørplass ikke avklart.
SUM	199	Hesedirektoratets estimat inkluderer ikke sentralisert lydlogg – løsning, estimert til 30.

Investerings-/implementeringskostnader:

- Helseforetak – kommuner, fordelingsnøkkel 50 -50?

- Fordele 455'?
- VS.
- Etterfakturering ved impementeringsslutt?
- VS.
- Innbetaling av estimert sum med avstemming mot reelle kostnader?

Driftskostnader:

Stor usikkerhet – haster ikke mtp. kommunale budsjetter for 2015.

Stor usikkerhet knyttet til driftskostnadene da sentrale avtaleverk knyttet til service/brukerstøtte ikke er ferdigstilte, lydloggløsning er uavklart, og antall operatørplasser ikke er bestemt.

- Etterskuddsfakturering?

Kommunar	Folketal	Stillingar	Kostnad
Ørsta	10503	1,5	892.755
Volda	8889	1	755.565
Ulstein	8084	0,9	687.140
Hareid	5029	0,6	427.465
Herøy	8825	1	750.125
Sande	2638	0,3	224.230
Vanylven	3308	0,4	281.180
Totalt	47276	5,7	4.018.46

Stillingar er rekna etter dagens fordeling med 0,11 stilling pr. 1000 innbyggjarar
 Totalkostand 85,- pr innbyggjar



Bu- og habiliteringsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2014/73
		Arkiv:	F22

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/14	Komite for Helse og omsorg Eldrerådet	20.03.2014
7/14	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	25.03.2014
47/14	Formannskapet	18.03.2014
36/14	Kommunestyret	27.03.2014

UTLYSING AV KONSESJON PÅ BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE (BPA)

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014

1. Herøy kommune innfører fritt brukarval i høve BPA-ordninga i Herøy.
2. Det vert lyst ut tenestekonsesjon for BPA-ordninga jf. grunnleggjande krav i EØS avtalen om ikkje-diskriminering, objektive kriterium og ein transparent prosess som kan etterprøvast.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 25.03.2014

1. Herøy kommune innfører fritt brukarval i høve BPA-ordninga i Herøy.
2. Det vert lyst ut tenestekonsesjon for BPA-ordninga jf. grunnleggjande krav i EØS avtalen om ikkje-diskriminering, objektive kriterium og ein transparent prosess som kan etterprøvast.

Møtebehandling:

Bu- og hab.leiar Renathe Rossi Kaldhold orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 20.03.2014

1. Herøy kommune innfører fritt brukarval i høve BPA-ordninga i Herøy.
2. Det vert lyst ut tenestekonsesjon for BPA-ordninga jf. grunnleggjande krav i EØS avtalen om ikkje-diskriminering, objektive kriterium og ein transparent prosess som kan etterprøvast.

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune innfører fritt brukarval i høve BPA-ordninga i Herøy.
2. Det vert lyst ut tenestekonsesjon for BPA-ordninga jf. grunnleggjande krav i EØS avtalen om ikkje-diskriminering, objektive kriterium og ein transparent prosess som kan etterprøvast.

Særutskrift:

Bu- og habiliteringsleiar

Pleie- og omsorgsleiar

Innkjøpsansvarleg for Søre Sunnmøre innkjøpssamarbeid

Vedlegg:

Eksempel på utlysning av tenestekonsesjon på brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Saksopplysningar:

Herøy kommune er oppdragsgjevar for brukarstyrt personleg assistanse (BPA) til innbyggjarar i kommunen og vil innføre tenestekonsesjon for dei som skal drifte tenester etter helse- og omsorgstenestelova av 24.06.2011. Per i dag har Herøy kommune 2 brukarar som er omfatta av ordninga. Tenestetilbodet utgjer samla 132 timar pr. veke.

BPA er ein alternativ måte å organisere tenester på, der brukaren sjølv får høve til å organisere tenesta si og tilsette eige personell. BPA-ordninga har som intensjon at brukaren skal ha større fridom og val i høve til si eiga teneste. Med det som bakgrunn vil Herøy kommune legge til rette for fritt brukarval. Brukarar med enkeltvedtak om BPA kan drifte tenesta si sjølv, velje ein privat aktør eller kommunen som leverandør av tenesta.

Tenestekonsesjon er einaste form for anskaffing som gjer fritt brukarval mogleg, samstundes som den oppfyller kommunen si plikt i høve regelverket om offentleg anskaffing. Ved å innføre tenestekonsesjon kan Herøy kommune få betre kontroll over og mål for omsorgstenesta til den einskilde leverandør, ved at det vert stilt krav og vilkår til dei som skal drifte ordningane.

Tenestekonsesjon sikrar at leverandørane har dei naudsynte kvalifikasjonar til å utføre oppdraget og gir einsarta rammevilkår for konkurranse mellom leverandørane. Det er den einskilde brukar som vel kva leverandør han/ho ønskjer skal levere teneste. Leverandørane (konsesjonshavarane) konkurrerer då om å levere den beste tenesta innanfor desse rammevilkåra som er best tilpassa brukaren sine individuelle behov. Dette sikrar at brukaren får den tenesta som er best for seg, og ei sunn konkurranse mellom leverandørane i ein marknad der ein konkurrerer på kvalitet og ikkje direkte på utføre ein teneste til lågast pris. Dette sikrar også ein bredde i leverandørmarknaden på lang sikt.

Sidan dei ulike BPA-ordningane er så ueinsarta, er BPA ei komplisert teneste å skaffe ved ordinær tilbodskonkurranse. I ein ordinær tilbodskonkurranse får ein i utgangspunktet kun ein leverandør som best kan oppfylle kommunen sine tildelingskriterium og ikkje den enkelte brukar sine behov. Ved å innføre tenestekonsesjon vil ein få ei ordning som er hensiktsmessig både for kommunen, brukarane og leverandørane. Dette er også i samsvar med anbefalinga frå RO (Ressurssenter for omstilling i kommunane) og konklusjonane KS-rapporten om temaet.

Reglane som gjeld for tenestekonsesjonar følgjer av praksis frå EU-domstolen, som stiller opp nokre grunnleggande prinsipp og prosessuelle forpliktingar for etablering av tenestekonsesjonar. Ein pliktar å lyse ut konsesjonen og dei alminnelege prinsippa om likebehandling, ikkje-diskriminering og transparens gjeld for prosessen.

Utlysning av tenestekonsesjon skjer normalt via DOFFIN eller annen portal for anskaffing.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune vil invitere leverandører til å søkje om tildeling av konsesjon i samband med levering av assistansetimar i ordninga brukarstyrt personleg assistanse (BPA), jfr. Helse og omsorgstenesteloven av 24.06.2011 og pasient og brukarrettighetsloven av 02.07.1999

Målet med tenestekonsesjon er å legge til rette for at brukarar med enkeltvedtak på BPA skal få eit reelt val i høve til kven som skal levere tenestene (fritt brukarval). Samstundes skal ordninga sikre at brukaren får dei tenestene som dei har rett på etter lova.

Tenestekonsesjon for Herøy kommune vert lyst ut på Doffin ved positivt vedtak i Herøy kommunestyre.

Brukarar som vel å vere sjølvstendige arbeidsgivarar vert ikkje omfatta av tenestekonsesjon.

Konsekvensar for folkehelse: Fritt brukarval kan for den einkilde ha betyding for opplevd folkehelse/livskvalitet.

Konsekvensar for beredskap: Ingen

Konsekvensar for drift: Herøy kommune følgjer lov og regelverk.

Fosnavåg, 05.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Renathe Rossi Kaldhol
Bu- og habiliteringsleiar



Ulstein kommune

KONSESJONSGRUNNLAG

**For søknad om tjenestekonsesjon
for å levere brukerstyrt personlig
assistanse til brukere i
Ulstein kommune**

INFORMASJONSBREV

Mai 2013

Søknad om tjenestekonsesjon for å levere brukerstyrt personlig assistanse til brukere i Ulstein kommune.

For tildeling av tjenestekonsesjon gjelder ikke lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Tildelingen vil skje i tråd med de grunnleggende krav som stilles i EØS-avtalen til ikke-diskriminering, objektive kriterier og en transparent og etterprøvbar prosess.

Tildeling av tjenestekonsesjon forutsetter at leverandørene oppfyller tjenestekonsesjonsvilkårene som fremgår av konsesjonsgrunnlaget. Leverandører som oppfyller vilkårene kan og plikter å tilby disse tjenestene til kommunens innbyggere.

Kontrakten skal inngås ut fra de opplysninger som oppdragsgiver gir i sitt konsesjonsgrunnlag.

Det vil ikke være mulig å endre søknaden etter søknadsåpningen. Siden endringer ikke er tillatt, er det viktig at konsesjonsgrunnlaget leses nøye, slik at det ikke oppstår misforståelser.

Omkostninger som tilbyder pådrar seg ved utarbeidelse av søknaden vil ikke bli refundert av oppdragsgiver.

Tilleggsopplysninger kan vedlegges på eget ark.

Eventuelle forbehold skal komme klart frem som et eget punkt i besvarelsen. Søknader som inneholder vesentlige forbehold mot konsesjonsgrunnlaget med vedlegg vil kunne bli avvist.

Med hilsen

Marit Botnen
Kommunalsjef helse- og omsorg

KONSESJONSGRUNNLAG

1. Generelle opplysninger

Søknad om:	Tjenestekonsesjon for å levere brukerstyrt personlig assistanse til brukere i Ulstein kommune.
Prosedyrevalg:	For tildeling av tjenestekonsesjon gjelder ikke lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Tildelingen vil skje i tråd med de grunnleggende krav som stilles i EØS-avtalen til ikke-diskriminering, objektive kriterier og en transparent og etterprøvbar prosess.
Avtaleperiode:	<u>01.09. 2013 – 31.8.2017</u> (opsjon 1 + 1 år)
Frist for innlevering av søknad er:	Fredag 14.juni 2013, klokken 12.00. <u>For sent innkomne søknader vil ikke bli behandlet.</u>
Søknad skal sendes/leveres:	Søknaden skal være mottatt innen ovennevnte frist på Ulstein kommune Rådhuset Postboks 143 6067 Ulsteinvik
Vedståelsesfrist:	13. 09. 2013
Søknadsåpning:	Ulstein kommune, Rådhuset Fredag 14. juni 2013, kl. 13.00. Det vil ikke være offentlig åpning. Åpning av søknader vil kun være en registrering av innkomne søknader, og vil ikke ha noen avtalerettslige føringer.
Tilleggsopplysninger, Rettelser, endringer etc:	Innen innleveringsfristens utløp har oppdragsgiver rett til å foreta rettelser, suppleringer eller endringer av konsesjonsgrunnlaget. Opplysninger om rettelser, suppleringer og endringer vil kunngjøres på www.doffin.no
Spørsmål til Konsesjonsgrunnlaget:	Alle spørsmål til konsesjonsgrunnlaget og dets vedlegg skal sendes skriftlig på e-post til denne adrse: heidi.strand@ulstein.kommune.no . Spørsmål i anonymisert form, med svar fra oppdragsgiver vil kunngjøres på Doffin, inntil 4 dager før innleveringsfristen.

Søknaden skal sendes/leveres i lukket konvolutt/forsendelse, og SKAL være tydelig merket med: "Søknad brukerstyrt personlig assistanse."
Søknaden skal leveres i et eksemplar i ringperm, samt leveres i elektronisk format på minnepenn som legges ved søknaden.

2. Konesjonen omfatter følgende

Ulstein kommune har vedtatt å innføre brukervalgsordning (fritt brukervalg), for brukerstyrt personlig assistanse (BPA). Dette innebærer at brukere som har vedtak om BPA kan velge mellom:

- a) privat leverandør (blant de som innehar konsesjon gitt av kommunen)
- b) være arbeidsgiver selv
- c) kommunen som leverandør

Ulstein kommune (som Oppdragsgiver) inviterer derfor leverandører til å søke om tildeling av konsesjon i forbindelse med levering av assistenttimer i BPA-ordningen til brukere i kommunen. BPA er hjemlet i Lov om kommunale helse og omsorgstjenester av 24.06.2011 nr. 30.

Konsesjon tildeles av Ulstein kommune (Oppdragsgiver), og gir konsesjonshaver rettighet som leverandør for/til brukere med vedtak om BPA innen kommunen, ref. pkt. 2.1.

Det leveres pr d.d ca 13.000 årstimer brukerstyrt personlig assistanse til 7 brukere. Den enkelte bruker har mellom 10 og 90 timar pr uke og størstedelen av timene er i turnus.

2.1 Om tjenestekonsesjonsordningen / forbehold:

Formålet med tjenestekonsesjonsordningen er å legge til rette for at brukere av BPA skal få en reell valgmulighet i henhold til hvilke leverandører de ønsker skal utføre tjenestene (fritt brukervalg). Samtidig skal ordningen bidra til å sikre at brukerne får den hjelpen de har krav på etter lov om kommunale helse og omsorgstjenester.

En tjenestekonsesjonsordning er en forvaltningsmessig tildeling der oppdragsgiver stiller vilkår for å godkjenne leverandører. Vilkårene, angitt nedenfor i punkt 3.1 og 3.2, må oppfylles gjennom hele avtaleperioden.

Ordningen fungerer slik at leverandører som oppfyller tjenestekonsesjonsvilkår gis rett til å tilby BPA i Ulstein kommune.

Følgende retningslinjer/ forbehold gjelder for ordningen:

- Enhver leverandør som oppfyller Kvalifikasjonskravene (jf. punkt 3) og konsesjonsvilkårene (jf. Vedlegg 2), får sin søknad om konsesjon innvilget.
- Kun de leverandørene som får innvilget sin søknad om konsesjon, vil kunne levere tjenester til brukere i Ulstein kommune.
- En leverandør som har fått innvilget konsesjon vil kunne levere tjenester til de brukere som velger vedkommende leverandør gjennom brukervalg.
- Det foreligger ingen kjøpslikt for Ulstein kommune.
- Det gjelder like vilkår for leverandørene både i prosessen frem mot og i selve tjenestekonsesjonsordningen.
- Kommunen betaler kun for de timene som brukeren har vedtaksfestet. Brukeren må selv betale for timer som overstiger dette, eller eventuelle tilleggstjenester som leverandøren kan tilby. Det er leverandørens ansvar å følge opp og informere brukeren om at han er i ferd med å overstige vedtektsfestede timer.

Tildeling av tjenestekonsesjon kan skje en gang årlig, første gang med virkning fra 2. halvår 2013.

Revisjon av konsesjonsvilkår vil kunne skje samtidig med ny tildeling av konsesjoner.

2.2 Om Brukerstyrt personlig assistanse

BPA reguleres av lov om kommunal helse og omsorgstjenester jf. § 3-2. Det fremkommer av pkt. 6 B at "de sosiale tjenester skal omfatte praktisk bistand og opplæring herunder brukerstyrt personlig assistanse, til dem som har et særlig hjelpebehov på grunn av sykdom, funksjonshemming, alder eller av andre årsaker".

Tildeling av BPA skal vurderes på samme måte og innenfor de samme rettslige rammene som de andre tjenestene i lov om kommunale helse og omsorgstjenester § 3-2,

BPA omtales i rundskriv I-20/2000 til lov om sosiale tjenester mv. og Rundskriv I-15/2005. Det fremkommer av I-20/2000 at "brukerstyrt personlig assistanse er en alternativ organisering av praktisk og personlig hjelp for sterkt funksjonshemmede som har behov for bistand i dagliglivet, både i og utenfor hjemmet. Brukeren har rollen som arbeidsleder og påtar seg større ansvar for organisering og innhold i forhold til sine behov. Innen de timerammer som kommunens vedtak om praktisk bistand angir, kan brukeren i prinsippet styre hvem han/hun vil ha som hjelper(e), hva assistenten(e) skal gjøre, hvor og til hvilke tider hjelpen skal gis. Brukerstyringen vil være et middel til å bidra til bedre ressursutnyttelse, fleksibilitet og kvalitetssikring. Målet er å bidra til at brukeren får et aktivt og mest mulig uavhengig liv til tross for sterk funksjonshemming".

3. Oppdragsgivers krav til leverandøren,

3.1 kvalifikasjonskrav:

Praksiskonsulentordningen omfatter både leger og andre faggrupper engasjert som praksiskonsulenter i Helse Møre og Romsdal.

Praksiskonsulenten skal bidra i sykehusets arbeid med utviklingen av samhandling mellom primærhelsetjenesten og helseforetaket. Praksiskonsulentens arbeid skal finne sted på overordnet systemnivå og ikke i forhold til enkeltpasienter/-brukere.

Praksiskonsulenten skal forbedre helheten i pasientforløpet, herunder ved å

1. Vurdere og utvikle retningslinjer for god henvisningspraksis
2. Vurdere og utvikle retningslinjer for god innleggelsespraksis
3. Vurdere og utvikle retningslinjer for god utskrivningspraksis, herunder for oppfølgingen av utskrevne pasienter i førstelinjetjenesten
4. Delta i utarbeidelse av kliniske retningslinjer for pasientforløp
5. Vurdere tilretteleggelse for oppfølging av spesielle pasientgruppers særlige behov (kronikere og pasienter som trenger koordinerte tjenester)
6. Bidra til utvikling av god epikriseskriving

Forbedre informasjonsflyten i samhandlingen mellom primærhelsetjenesten og helseforetaket, herunder ved å

1. Etablere rutiner for samhandling
2. Veilede om rutiner for samhandling innad i helseforetaket og eksternt i primærhelsetjenesten
3. Formidle relevant informasjon mellom primærhelsetjenesten og helseforetaket, herunder ved utarbeidelse av informasjonsbrev, ved deltakelse på møter og ved gjennomføring av kurs
4. Bidra til økt bruk av IKT som verktøy i en bedre samhandling
5. Tilrettelegge for gjensidig hospitering
6. Delta i nettverk og lignende for praksiskonsulenter

3. Avtalegrunnlag

Praksiskonsulentordningen er ikke lov- eller forskriftsregulert. Det er inngått en rammeavtale mellom de regionale helseforetak og legeföreningen om praksiskonsulentordningen for leger. En praksiskonsulent skal være medlem av hvert av de administrative samhandlingsutvalgene, jfr. vedlegg 12, punkt 4.3.

4. Oppgaver og ansvar

4.1. Helse Møre og Romsdal

Opprette ordning for praksiskonsulent, og vurdere utvidelse av ordningen etter hvert, både når det gjelder omfang og faggrupper.

4.2. Kommunen

Bistå helseforetaket til å finne egnede personer til å gå inn i ordningen.

Gi fastleger som påtar seg oppgaver som praksiskonsulent fritak fra plikt til kommunal deltidsstilling.

Sak 2014/06 RESULTAT AV REFORHANDLING/EVALUERING AV
SAMARBEIDSAVTALEN MELLOM KOMMUNANE OG HELSE
MØRE OG ROMSDAL HF

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm informerte om resultat av reforhandling/evaluering av samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF.

Utvalet har hatt 3 møter.

Nokre endringar er gjort og eit samrøystes forhandlingsutval stiller seg bak dei forslaga til endringar som i samarbeidsavtala som framgjeng av denne saka.

Protokoll:

Forslag til følgjande endringar:

- Vedlegg 12 til Samarbeidsavtalen:
Samhandlingsstruktur i Møre og Romsdal mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF
- Pkt. 3.2 Samansetning:
”Styret i Helse Møre og Romsdal HF oppnevner 4 representanter og 4 vararepresentanter, 2 politiske representanter fra styret og 2 administrative representanter” endras til Styret i Helse Møre og Romsdal HF oppnevner 4 representanter og 4 vararepresentanter, 2 eigaroppnemnte representantar fra styret og 2 administrative representanter.”

Fagforbundet v/Hilde Furnes Johannesen fremma forslag på at tillitsvalte i det overordna samhandlingsutvalet samt dei administrative samhandlingsutvala skal inn med fulle rettigheter, på lik linje med andre.

Det vart delt ut skriv frå KS og organisasjonane, angående felleserklæring vedrørende samarbeid mellom partene i arbeidet med samhandlingsreforma. Skrivet vil bli sendt ut saman med protokoll.

Votering:

Forslag om nytt punkt frå Fagforbundet v/Hilde Furnes Johannesen på at tillitsvalte i det overordna samhandlingsutvalet samt dei administrative samhandlingsutvala skal inn med fulle rettigheter, på lik linje med andre.

Det var 8 stemmeberretigede på møtet. Forslaget vart vedteke med 5 stemmer mot 2 stemmer (1 avstod frå å stemme)

Vedtak:

- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal sluttar seg til dei endringar og justeringar som er foreslått, men at endringar til pkt 12 vert utsett og strukturen arbeidast vidare med i perioden 2014.

- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vedtek forslag om at dei tillitsvalte skal inn med fulle rettigheter i dei reviderte avtalane.
- Utvalet rår til at den reviderte avtalen blir sendt til kommunane i Møre og Romsdal og til helseforetaket for godkjenning.



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2014/109
		Arkiv:	M30

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
49/14	Formannskapet	18.03.2014
38/14	Kommunestyret	27.03.2014

ØKONOMISK AVSLUTNING PROSJEKT 51927 LEIDNINGSANLEGG KVALSUND.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014

Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 5.380.502,-

Tilråding frå rådmannen:

Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 5.380.502,-

Særutskrift:
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

Kartutsnitt over leidningstrase og plassering av slamavskiljaranlegget.

Bakgrunn:

I samband med godkjenning av utbyggingsavtalen mellom Herøy kommune og Kvalsund og Teige byggefelt AS (Godkjent i K-sak 114/09 den 22.10.2009) vart det i punkt.9 Avlaup: vedtatt at kommunen skulle sørge for framlegging av hovudkloakk som utbyggjar får løyve til å knyte seg til.

Anleggs- og driftsavdelinga har med bakgrunn i dette gjennomført utbygginga av hovudkloakk som delprosjekt i kloakkrammeplanutbygginga. Leidningsanlegget har vore rapportert gjennom tertialrapportane på anleggsprosjekt sidan prosjektet vart oppstarta.

Saksopplysningar:

Prosjektet omfattar bygging av nytt kommunalt avlaupsanlegg på Kvalsund. Det ferdige utbygde anlegget består av slamavskiljaranlegg ved sjøen sør for bedehuset samt ferdig utbygd vel 1000m med nye avlaupsleidningar frå slamavskiljar til krysset mot Teige.

Prosjektet starta opp i 2010 og vert økonomisk avslutta i 2014.

Utførande entreprenør har vore Aurvoll og Furesund AS.

Det er ikkje gjort eigne løyvingar til dette prosjektet, då løyvinga til prosjektet har vore gjennom løyvingane til kloakkrammeplanen.

Prosjektrekneskapan for anlegget vert slik:

Forbruk 2009	kr	100.161,-
Forbruk 2010	kr	4.843.076,-
Forbruk 2011	kr	324.467,-
Forbruk 2012	kr	20.261,-
Forbruk 2013	kr	92.537,-
Totalt Forbruk	kr	5.380.502,-

Vurderingar:

Avlaupsanlegget er ferdigstilt og kan avsluttast økonomisk. Grunnen til at ein ikkje har gjort dette før er mindre avklaringar som no er avslutta.

Konsekvensar for folkehelse:

Reinsing av avlaup vil fremme folkehelsa, ved at ein får samla opp ureinsa kloakk som kan vere helseskadeleg.

Konsekvens for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:


1 nytt slamavskiljaranlegg og ca.1000 nye meter med leidningsnett som skal driftast. Årleg auka driftskostnad vil vere om lag 200.000 kroner.

Fosnavåg, 28.02.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Fred Arnesen



2. Delingsplan, 1:2000, SØ17-5019	KD	12.12.09
1. Forprosjekt, 1:2000, av rapport nr. 17	KD	25.02.09
Rev. 1, 2010, 1:2000, 0, 1:2000	2004, 0, 1:2000	Dato
Byggherre	Byggherre	
Herøy kommune		
Prosjektleder	AG Plan og Arkitektur AS	
Prosjekt	Kvalund	
Byggeplan	Byggeplan	
Prosjekt nr. 1178		
Bakslagsnr.		
Prosjekt nr. 5-306, 1:2000		
Prosjekt ref.		
Målestokk 1:2000		
Tegn. nr.		
Rev.		
Kontrollerende: Inge Arnesen		
H 01		

3.40 Hebben nær
 Koordinatar kumpunkt skal taast frå Sp kun

EXISTENSER	PLANLAGT	DR. UT/ERNST	FORKLARING
Leitings/Armar, stier	Leitings/Armar, stier	Leitings/Armar, stier	
1. VASSLEIING	1. VASSLEIING	X	V. VASSLEIING
2. VASSLEIING	2. VASSLEIING		A. FOLLESLING
3. VASSLEIING	3. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
4. VASSLEIING	4. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
5. VASSLEIING	5. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
6. VASSLEIING	6. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
7. VASSLEIING	7. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
8. VASSLEIING	8. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
9. VASSLEIING	9. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
10. VASSLEIING	10. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
11. VASSLEIING	11. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
12. VASSLEIING	12. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
13. VASSLEIING	13. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
14. VASSLEIING	14. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
15. VASSLEIING	15. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
16. VASSLEIING	16. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
17. VASSLEIING	17. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
18. VASSLEIING	18. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
19. VASSLEIING	19. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
20. VASSLEIING	20. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
21. VASSLEIING	21. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
22. VASSLEIING	22. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
23. VASSLEIING	23. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
24. VASSLEIING	24. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
25. VASSLEIING	25. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
26. VASSLEIING	26. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
27. VASSLEIING	27. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
28. VASSLEIING	28. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
29. VASSLEIING	29. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
30. VASSLEIING	30. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
31. VASSLEIING	31. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
32. VASSLEIING	32. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
33. VASSLEIING	33. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
34. VASSLEIING	34. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
35. VASSLEIING	35. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
36. VASSLEIING	36. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
37. VASSLEIING	37. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
38. VASSLEIING	38. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
39. VASSLEIING	39. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
40. VASSLEIING	40. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
41. VASSLEIING	41. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
42. VASSLEIING	42. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
43. VASSLEIING	43. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
44. VASSLEIING	44. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
45. VASSLEIING	45. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
46. VASSLEIING	46. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
47. VASSLEIING	47. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
48. VASSLEIING	48. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
49. VASSLEIING	49. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
50. VASSLEIING	50. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
51. VASSLEIING	51. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
52. VASSLEIING	52. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
53. VASSLEIING	53. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
54. VASSLEIING	54. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
55. VASSLEIING	55. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
56. VASSLEIING	56. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
57. VASSLEIING	57. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
58. VASSLEIING	58. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
59. VASSLEIING	59. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
60. VASSLEIING	60. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
61. VASSLEIING	61. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
62. VASSLEIING	62. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
63. VASSLEIING	63. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
64. VASSLEIING	64. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
65. VASSLEIING	65. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
66. VASSLEIING	66. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
67. VASSLEIING	67. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
68. VASSLEIING	68. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
69. VASSLEIING	69. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
70. VASSLEIING	70. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
71. VASSLEIING	71. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
72. VASSLEIING	72. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
73. VASSLEIING	73. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
74. VASSLEIING	74. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
75. VASSLEIING	75. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
76. VASSLEIING	76. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
77. VASSLEIING	77. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
78. VASSLEIING	78. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
79. VASSLEIING	79. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
80. VASSLEIING	80. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
81. VASSLEIING	81. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
82. VASSLEIING	82. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
83. VASSLEIING	83. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
84. VASSLEIING	84. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
85. VASSLEIING	85. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
86. VASSLEIING	86. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
87. VASSLEIING	87. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
88. VASSLEIING	88. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
89. VASSLEIING	89. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
90. VASSLEIING	90. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
91. VASSLEIING	91. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
92. VASSLEIING	92. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
93. VASSLEIING	93. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
94. VASSLEIING	94. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
95. VASSLEIING	95. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
96. VASSLEIING	96. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
97. VASSLEIING	97. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
98. VASSLEIING	98. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
99. VASSLEIING	99. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG
100. VASSLEIING	100. VASSLEIING		P. S. EIPPELUNG



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2013/560
		Arkiv:	P24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/14	Formannskapet	18.03.2014
39/14	Kommunestyret	27.03.2014

KAI I FOSNAVÅG - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014

1. Herøy kommune vedtek ekstra løyving på kr. 384.000 til bygging av ny kai i Fosnavåg sentrum. Løyvinga finansierast via låneopptak.

Tilråding frå rådmannen:

2. Herøy kommune vedtek ekstra løyving på kr. 384.000 til bygging av ny kai i Fosnavåg sentrum. Løyvinga finansierast via låneopptak.

Særutskrift:
Økonomileiar, her
Anleggs- og driftsavdelinga v/Lene S. Huldal, her

Vedlegg:
Oversiktskart

Bakgrunn:

Det er i budsjett for 2014 løyvd 3.500.000kr til bygging av ny kai i Fosnavåg sentrum. Etter gjennomført anbodskonkurranse er det behov for ekstra løyving.

Saksopplysningar:

I samband med bygging av nytt hotell/konserteral/simulatorsenter i sentrum er det naudsynt å bygge ny kai frå Allmenningaskaia og mot hotelltomta, sjå vedlegg. Denne kaia skal fungere som trasé for utrykkingskjøretøy og gangpromenade. Det er naudsynt at kaia er ferdigstilt før opning av hotell mm. som no er under oppføring.

Vidare må kommunen byggje avlaupsanlegg på Almenningskaia, også dette må vere på plass før hotellet åpnar. Dette er eit prosjekt for seg sjølv som skal belastast gjennomføring av kloakkrammeplanen, men delar av arbeida i kaiprojektet tenar avlaupsanlegget. Det er derfor naudsynt å føre delar av kostnadane på kloakkrammeplan.

Kommunen har gjennomført anbodskonkurranse og gjort ei tildeling av kontrakt, men må vente med kontraktssignering til finansiering er på plass. I ei tidleg fase var det gjort eit overslag basert på erfaringstal på kvadratmeterprisar på kai som ga grunnlag for løyving i budsjettet, dette syner seg å ikkje vere tilstrekkelig.

Kostnadsoppsett:

Tilbodssum*	4.394.000
+oppfølgingskostandar	250.000
+uforutsettpost	600.000
Sum	5.244.000

**eksklusiv mva då dette frå og med 1. januar 2014 skal tilbakeførast til prosjektet og soleis ikkje må reknast med i kostnadsoppsettet.*

Finansiering:

Tidlegare løyving	3.500.000
+ Tidlegare løyvde midlar frå kloakkrammeplan	1.360.000
+Ekstra løyving	384.000
Sum	5.244.000

Vurdering og konklusjon:

Tiltaket med å setje opp ny kai vert vurdert som viktig og noko som må på plass omgåande for at det skal vere klart på Almenningen til nytt hotell/konserteral/simulatorsenter står ferdig. Oppstart av avlaupsanlegg på Almenningen er avhengig av at kaiprojektet kjem i gong.

Det er i kostnadsoppsettet lagt inn 600.000kr til uføresett, dette er gjort med bakgrunn i usikkerheiter i prosjektet. Usikkerheitene er knytt til botnforhold og kva kvalitetar som skal veljast til dekke for at kaia skal samsvare med kai foran hotell mm.

Det er gjort ei vurdering av kostnadane i prosjektet der kostnadane med riving og fylling er tenkt belasta gjennomføring av kloakkrammeplan. Vidare så er delar av kostandane med planlegging, rigg og drift og betongmur i sjø delvis tenkt belasta gjennomføring av kloakkrammeplan då vi vurderer det til å vere nyttig for begge prosjekt.

Etter ei samla vurdering av kostandane som utgreia ovanfor er det behov for ei ekstraløyving på kr. 384.000kr.

Konsekvensar for folkehelse:

Kaia som skal byggast vert ein del av gongforbindelsen mellom det nye hotellområdet og resten av sentrum.

Konsekvensar for beredskap:

Kaia som skal byggast er naudsynt for at utrykkingskjøretøy skal kome til på kainivå ved hotell/konserter/simulatorsenter.

Konsekvensar for drift:


Kaia gir om lag 195 m² med nytt kaiareal som vil trenge normalt drift og vedlikehald som ma. reingjering av overflater og sjekk av sikringsutstyr. Kaia gir også ein god tilkomst for driftspersonalet til dei nye uteområda på kainivå ved hotellet.

Fosnavåg, 19.02.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal



Oversiktskart Kai i Fosnavåg LSH 24/2-2014



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LÅS	Arkivsaknr:	2014/401
		Arkiv:	233

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/14	Komite for Helse og omsorg	20.03.2014
40/14	Kommunestyret	27.03.2014

STYRKING AV KOMMUNALT BARNEVERN 2014.

Møtebehandling:

Avdelingsleiar for barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 20.03.2014

1. Herøy kommunestyre syner til saksutgreiinga og til utfordringane i barnevernet i Herøy kommune, og nye metoder, og søker om tilskot for dekning av ei 40 % fagstilling i barnevernet.
2. Herøy kommunestyre søker om kompetansemidlar og samhandlingsmidlar kr. 100.000.

Tilråding frå rådmannen:

3. Herøy kommunestyre syner til saksutgreiinga og til utfordringane i barnevernet i Herøy kommune, og nye metoder, og søker om tilskot for dekning av ei 40 % fagstilling i barnevernet.

4. Herøy kommunestyre søker om kompetansemidler og samhandlingsmidlar kr. 100.000.

Særutskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I Rundskriv frå Det Kongelige Barne –og Likestillings-og Inkluderingsdepartementet Q-31/2014 er retningslinjer for satsing på kommunalt barnevern 2014.

”Målsettingen med satsingen er å styrke barneverntenestene i de mest utsatte kommunene”.

Regjeringa øremerker i 2011 kr 240 millioner til en styrking av det kommunale barnevernet. I statsbudsjettet for 2013 settes det av ytterlegare 205 millioner kroner til styrking av det kommunale barnevernet. I statsbudsjettet for 2014 er 85 millioner kroner øremerka ei ytterlegare styrking av det kommunale barnevernet. Det gjeld søknad til stilling, og kompetanse – og samhandlingstiltak. Hovuddelen av opptrappinga skal gå til nye stillingar. I tillegg skal det kommunale barnevernet styrkast gjennom kompetanse- og samhandlingstiltak. Dei 741 stillingane frå 2011,2012 og 2013 vidareførast. I tillegg øremerkast 150 nye stillingar.

Disse stillingane vil bli fullfinansiert i 2015. I tillegg er det avsett 10 millioner kroner til eittårig kompetanse- og samhandlingstiltak for kommunane.

Fylkesmannen har ansvar for søknadsbehandling og fordeling av midlar i sitt fylke.

Søknadsfrist for kommunane til fylkesmannen om stillinga er 18.februar 2014. Tildeling av midlar til stillinga frå fylkesmannen til kommunane er 25.mars 2014. Søknadsfrist for kommunane til fylkesmannen om kompetanse- og samhandlingstiltak er 11.april 2014. Tildeling av midlar til kompetanse- og samhandlingstiltak frå fylkesmannen til kommunane er 13.mai 2014. Søknadsskjema skal fyllast ut elektronisk.

Søknad frå kommunane til fylkesmannen skal vere behandla av kommunestyret eller av det organ kommunestyret har delegert myndigheit til.

Søknadar om stilling kan både vere saksbehandlingsstillingar (Kostra 244) og stillingar i barneverntenesta knytta til gjennomføring av tiltak (Kostra 251)som bidreg til å sikre lovpålagde oppgåver etter barnevernlova blir ivaretatt. Stillingane skal kome som tillegg til budsjetterte stillingar i 2013 og som tillegg til allereie planlagde nyopprettingar av stillinga i 2014,vedteke i handlingsprogram/budsjett for 2014.

Kriteria for søknadane

Ved vurdering av søknadar om nye stillingar har departementet lagt opp til at fylkesmannen skal ta utgangspunkt i levekårsutfordringar og belastningar i barnevernet. Departementet har utarbeidd ein modell ut frå konkrete levekårsvariablar og belastningsvariablar der kommunane sine halvårsrapportar om situasjonen i barnevernet som er sendt fylkesmannen/departementet er lagt til grunn. I tillegg kan fylkesmannen utøve skjønn på bakgrunn av sin kunnskap om kommunane, risikovurdering og forvaltningstilsyn. Fylkesmannen opplyser at ved vurdering av søknadane vert det lagt positivt vekt på :

- Plan som kommunen har for å styrke tenesta
- Politisk vedtatt interkommunalt samarbeid

BARNEVERN TENESTA I HERØY KOMMUNE SETT UTIFRÅ ULIKE KRITERIA

Belastning i barnevernet:

Fylkesmannen har ved rapporteringar, oversikt over situasjonen i Herøy kommune. Barnevernet i Herøy legg vekt på å auke kompetansen for utføring av primæroppgåvene som er å undersøke meldingar, avdekke omsorgssvikt, sette i verk tiltak. Vi har endra på våre interne rutinar, for å betre kvaliteten på tenesta, ved å opprette undersøkingsteam, tiltaksteam og omsorgsteam. Vi vil prøve ut den modellen for å sjå om vi klarer å gjere ein enda betre jobb, og halde tidsfristane. På denne måten blir oppgåvene meir oversiktlege og metoden skal evaluerast i løpet av våren. Det vi ser til no er at særleg tiltaksteamet har store arbeidsoppgåver, samt aukande utfordringar i omsorgsteamet. Dersom vi får tilført meir ressursar, er det naturleg at desse teama blir styrka.

Barn under omsorg er ressurskrevjande og tunge saker og krev minimum ei stilling til oppfølging. Desse barna har ofte over tid levd under omsorgssvikt og vert for seint oppdaga. Dei fleste barna har forsterka tiltak i fosterheim. Barnevernet har ansvar for tida oppfølging av 8 fosterbarn. Fleire av fosterheimane ligg i andre kommunar slik at ein arbeidsdag går med til oppfølging og reisetid. Biologisk familie skal også følgjast opp. Dette er viktig for å få kvalitet på arbeidet som blir gjort for barna. Særdeles viktig blir det også at arbeidet er gjort på ein kvalitativ god måte når ein skal i nye rundar i rettsapparatet. Vi har tilsynsansvar for 15 barn som bur i fosterheim i kommunen, det er ein auke av slike saker. Vi har tunge og krevjande ettervernssaker, som gjeld barn som har vore under omsorg. Lovendring i barnevernlova i 2014 stiller nye krav til barneverntenesta, spesilet for oppfølging av barn under omsorg.

Barneverntenesta i Herøy kommune står overfor store utfordringar når det gjeld å førebygge omsorgssvikt, hindre utvikling av omsorgssvikt og førebyggje at barn vert flytta frå foreldra. Problematikk som rus, vold, foreldrekonfliktar og psykiatri er særskilt utfordrande og veksande problematikk. Hjelp til barn frå ulike nasjonalitetar er ei stor utfordring og ei gruppe som er i vekst. Forsking viser at barnevernet kan vente ei tripling av saker, det må takast omsyn til i vårt arbeid.

Vi ser at sakene som vert meldt til barnevernet er omfattande og ressurskrevjande, og at fleire barn og unge vert utsett for alvorleg omsorgssvikt. Det er eit omfattande arbeid å i verk sette dei rette tiltaka, og oppfølging slik som lova krev. Det vil sei at barn kan bli gåande utan god nok oppfølging, og i ein omsorgssituasjonen som ikkje er god nok.

Ei stor utfordring i arbeidet med utsette barn og unge er å oppdage omsorgssvikt tidleg, kome inn med tidleg tiltak og kvalitetssikre det tverrfaglege samarbeidet om oppfølging av enkeltindividet. Rapport nr 5/2009 frå Helsetilsynet synleggjer oppsiktsekkjande avvik i den tverrfaglege oppfølginga. Rundskriv Q 31/10 frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet omhandlar også dette, sitat/utdrag:

"For å sikre barn et helhetlig og godt koordinert tilbud, er dessuten samarbeidskompetanse og god kunnskap om tilgrensende tjenester avgjørende. Å styrke disse områdene er viktige ledd i arbeidet for et godt og likeverdig barneverntilbud i hele landet.

Herøy kommune har tatt ansvar og auka innsatsen for tidleg oppdaging ved å styrke innsatsen innan det førebyggjande arbeidet. Dette er viktige mål for å skape trygge oppvekstvilkår. Spesielt styrke innsatsen i samarbeid med skule, barnehage, PPT, helse og andre. Det er m.a oppretta tverrfaglege team i alle skulane og alle barnehagane. Dette er ei prioritert oppgåve for Herøy kommune. Det krev ressursar, men vi ser positive resultat. Samarbeidet har blitt styrka og barn vert tidlegare oppdaga. Dette er politisk forankra i "Handlingsplan for førebyggjande arbeid for barn og unge." Herøy kommune har vedteke samorganisering av barnevern og helse, gjeld legetenesta, førebyggjande einig, rehabilitering og psykiatritenesta, for m.a. å styrke tenestene og innsatsen for barn og unge. Dette er ein modell som vi har tru på, og som vi vil prøve ut over tid. Ny avdeling "Barn,

familie og helse” er etablert i nye lokale. Derfor er ikkje vi med i prosjektet for interkommunalt barnevern, men vi ynskjer å vere med i interkommunalt samarbeid om tiltak. Herøy kommune er med i interkommunalt samarbeid med kommunane Hareid, Ulstein og Sande om PMTO. Tiltaket er organisatorisk forankra i Vertskommunemodellen. Det er politisk semje i kommunane om å halde fram med dette tiltaket.

Levekårsutfordringar:

Det kan sjå ut som at Herøy kommune kjem positivt ut når det gjeld desse kriteria. Det vil sei vi har få fattige og vi har mindre barn i aldersgruppa 0-22 år enn kommunane elles på Sunnmøre. Dette kan tilsynelatande sjå positivt ut, men Fylkesmannen bør merke seg at dei som er fattige skil seg lett ut i slike samfunn og lett kan bli stigmatiserte. Dette er ei utfordring for dei det gjeld og for det kommunale hjelpeapparatet. Det er også slik at barn frå alle samfunnslag treng hjelp frå barnevernet. Herøy kommune er vekstkommune, og har stor arbeidsinnvandring. Vi arbeider med mange ulike nasjonalitetar, eit arbeid som er ekstra utfordrande i høve språkbarrierar og kultur. Kommunen har starta eit prosjekt, ”Bulyst”, for arbeidsinnvandring. Prosjektleiari har etablert kontakt med barnevernet for informasjon om den hjelpa som barnevernet kan gi. I følgje prosjektleiari har Herøy kommune størst arbeidsinnvandring i landet i høve folketalet.

Vurdering og konklusjon:

Det er nødvendig at utsette barn og unge i Herøy får nødvendig hjelp, og at barnevernet følgjer opp krava i barnevernslova.

Herøy kommune oppretta i 2010 ei ny stilling i barnevernet. Stillinga vart oppretta med bakgrunn i framlegget til statsbudsjett om satsing på barnevernet. Kommunen søkte fylkesmannen i 2011 om statlege satsingsmidlar. Herøy kommune kom ikkje med i den tildelinga. Kommunen søkte på nytt om statlege satsingsmidlar i 2013, vi fekk tildelt 60 % stilling, samt kompetansemidlar kr. 40.000.

Auke i arbeidsmengda og tunge omfattande saker gir slitasje. Dette medfører auka belastning på barnevernet som ikkje gjev direkte utslag på dei parametrane som vert målt i offentleg statistikk, men ved at barnevernet ikkje opplever å strekke til i den heilskaplege tenestekjeda innanfor barnevernet sitt arbeidsområde. Lovendringar i barnevernlova i 2014 stiller større krav til barneeventenesta, spesielt for oppfølging av barn under omsorg. Barnevernet vert stadig pålagde nye krevjande lovpålagde oppgåver som krev ressursar og kompetanse.

Herøy kommune har særleg styrka det førebyggjande arbeider genereelt, og det tverrfaglege samarbeidet. Ein har danna fundamentet for tidleg oppdaging og tidleg innsats. Herøy kommune har merka seg Fylkesmannen sitt signal om ynske om samanslåing av store barnevernkontor. Det vil alltid vere både fordelar og ulemper med slike samanslåingar. Herøy kommune har brukt mykje tid og ressursar på evaluering og utgreiing av ny organisering. Med inspirasjon frå m.a. Helsetilsynet sin rapport 5/2009 har Herøy kommune valt å gå ein eigen veg med sikte på å etablere eit lokalt hjelpeapparat som skal oppdage tidlegare og organisere og kvalitetssikre tverrfagleg innsats til barnets beste. Herøy kommune vil oppmode Fylkesmannen om å ha takhøgder for å støtte alternative organisasjonsmodellar. Det vil vere verdifullt for å måle ulike erfaringar med sikte på kva som kan gi best kvalitet. Herøy kommune ønskjer å seg til interkommunalt samarbeid om tiltak.

Ut frå kriteriane som er sett ved tildeling av midlar til stilling meiner ein at Herøy kommune oppfyller krav om midlar til styrking av tenesta. Utfordringane er spesielt merkbara på sakshandsamarsida for barn under omsorg, og tiltakssida, det er i samsvar med auken av saker, og ein må også ta omsyn til stor arbeidsinnvandring kva det medfører av utfordringar som skal løysast i kommunen. Barnevernet Herøy kommune har etablert styringssystem som skaper nærleik mellom fagtenesta og den administrative og politiske leiinga om utfordringane i barnevernet. Både den administrative og politiske leiinga er sterkt opptekne

av å følgje opp utfordringane omkring utsette barn og unge. Utfordringane er større i barnevernet i kommunen enn det som kanskje vil verte vekta i tildelingskriteriane for tilskotsfordelinga. Vi vil oppmode Fylkesmannen om å ta omsyn til dette i si skjønsvurdering.

Herøy kommune har i verk sett ei alternativ organisering basert på Helsetilsynet sine erfaringar og nytenking omkring organisering av tenestene for barn og unge. Tidleg oppdaging og innsats i eit heilskapleg perspektiv er grunnleggjande for denne satsinga. Dette er forhold som vi vil oppmode Fylkesmannen om å støtte og vise interesse for erfaringane med modellen.

Det er ei stor utfordring som er lagt på Fylkesmannen når han skal fordele tilskotsmidlane. Det er avgjerande at kommunar som har satsa barnevern og prioritert dette arbeidsområdet på bekostning av andre kommunale oppgåver ikkje vert straffa ved tildeling av tilskot. Ei styrking av stilling vil vere med på å styrke modellen som vi ynskjer å prøve ut og som vi har stor tru på. Vi ser at modellen gir motivasjon og arbeidsglede for tilsette i barnevernet, det kjem barna til gode.

Herøy kommune søker statlege styrkingsmidlar til ei 40 % fagstilling i barnevernet. Stillinga skal primært nyttast til styrking av omsorgsteamet som får nye og krevjande oppgåver, og til oppfølging/iverksetting av hjelpetiltak slik at kommunen stetter lovpålagde oppgåver, samt nytte kompetansen som vi har på tiltakssida m.a. ICDP og PMTO.

Herøy kommune søker om kr. 100.000 på statlege samhandlingsmidlar og kompetansemidlar. Samhandlingsmidlar til styrking/implementering av samhandling i ny organisasjon "Barn- familie og helse". Kompetansemidlar til vidareutdanning av tilsette i barneverntenesta.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei fagleg styrka teneste til barn og unge vil ha stor betydning for folkehelsa til mest sårbare barn og unge i kommunen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særlege konsekvensar

Konsekvensar for drift:

Auka bemanning gir betre og styrka teneste

Fosnavåg, 05.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lilly Åse Skogen



Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2014/99
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/14	Valnemnd	27.03.2014
41/14	Kommunestyret	27.03.2014

PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV - HELENE REMØY

Møtebehandling:

H, Idar Tarberg kom med slikt nytt punkt 2:

Ny medlem i Maritim og teknisk komite vert vald: Marthe V. Sævik

Ny 1. vara i Maritim og teknisk komite vert vald: Stig Arne Sævik

Rådmannen si tilråding med Idar Tarberg sitt framlegg til punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Valnemnd - 27.03.2014

1. Helene Remøy får permisjon frå politiske verv som omsøkt, frå 07.03.14 og ut valperioden 2011-2015. Jfr. Kommunelova § 15 pkt 2
2. Ny medlem i Maritim og teknisk komite vert vald: Marthe V. Sævik
Ny 1. vara i Maritim og teknisk komite vert vald: Stig Arne Sævik

I kommunestyret rykker neste vara opp etter nummerorden dei er valde.

Tilråding frå rådmannen:

1. Helene Remøy får permisjon frå politiske verv som omsøkt, frå 07.03.14 og ut valperioden 2011-2015. Jfr. Kommunelova § 15 pkt 2
2. Som medlem i Maritim og teknisk komite vert valt:

Jfr. Kommuneleva §16 pkt. 3

I kommunestyret rykker neste vara opp etter nummerorden dei er valde

Særutskrift:

Helene Remøy

Leiar for Herøy Høgre v/Tine Storøy

Fellessekretariatet

Dei valde

Sunnmøre Tingrett, Pb 1354 Sentrum, 6001 Ålesund, att. Krogh

Vedlegg:

U.off. § 13 – Søknad om permisjon frå politiske verv

Saksopplysningar:

Helene Remøy har søkt om permisjon ut valperioden 2011-2015

Helene Remøy har følgjande verv som folkevald i Herøy kommune:

Kommunestyret	Varamedlem
Maritim og teknisk komite	Medlem
Tingretten	Meddommer

Kommunelova §15. Uttreden

2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortare tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan uforholdsmessig vanskelighet eller betalstning kan skjømte sine plikter i vervet.

Kommunelova § 16. Opprykk og nyvalg.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

Valglova §14-2. Nytt valgoppgjør og suppleringsvalg til fylkestinget eller kommunestyret

(1) Fylkesordføreren eller ordføreren skal sørge for at fylkesvalgstyret eller valgstyret foretar nytt valgoppgjør dersom en representantplass i fylkestinget eller kommunestyret blir stående ubesatt.

(2) Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.

(3) Er antallet av vararepresentanter eller av en gruppes vararepresentanter blitt utilstrekkelig, og forholdet ikke kan avhjelpest ved nytt valgoppgjør etter annet ledd, kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige vararepresentantplassen. Gruppen underretter deretter fylkesvalgstyret eller valgstyret, som velger vedkommende som vararepresentant dersom valgbarhetsvilkårene er oppfylt.

Kommentar til Vallova § 14-2.**Kommunestyrvalg og fylkestingsvalg**

Dersom en vararepresentantplass blir ledig, skal det foretas nytt valgoppgjør dersom ordføreren/fylkesordføreren finner det nødvendig. Det er ikke noen automatikk at det skal være nytt valgoppgjør i slike tilfelle. Som momenter av betydning når en skal vurdere nødvendigheten av nytt valgoppgjør kan nevnes:

Hvor stor er gruppen i kommunestyret eller fylkestinget?

Hvor mange vararepresentantplasser er besatt?

Hvor lang tid er igjen av valgperioden?

Prinsippet for utpekingen av de nye representantene eller vararepresentantene er det samme som for stortingsvalgets vedkommende. Det er de listekandidatene som stod for tur til å bli valgt - etter de opprinnelig valgte - som skal kåres.

Dersom det ikke finnes nok kandidater igjen på en valgliste til å fylle ledige vararepresentantplasser, åpner valgloven § 85 for at vedkommende gruppe i kommunestyret eller fylkestinget selv kan peke ut den personen de ønsker valgt inn på den ledige plassen. Valgstyrets og fylkesvalgstyrets oppgave i et slikt tilfelle er å kåre vedkommende som vararepresentant dersom de formelle valgbarhetsvilkårene er oppfylt.

Varaliste Høgre i Kommunestyret:

1. Kjerstin Lilleøy Nygard, 6070
2. Norvald Bjarne Muren, 6098
3. Geir Øyvind Baade, 6080
4. Knut Tandberg, 6080
5. Oddmund K. Voldsund, 6094
6. Signe Sævik Monsen, 6098
7. Helena Leinebø Tonev, 6094
8. Kai Andre I. Yndestad, 6098
9. Bjørg Karin K. Sund, 6098
10. Hege Nedreberg Vestavik, 6092
11. Kåre Igesund, 6090
12. Leidulf Per Håheim, 6094
13. Birger Anfinn Furesund, 6095
14. **Helene Remøy, 6095**
15. Lene Voldsund, 6094
16. Svein Harald Ernstsens, 6092
17. Thomas Voldsund, 6094
18. Asbjørn M. Endresen, 6090

Maritim og teknisk komite:

Medlemer:

H, Frp:

Idar Tarberg, leiar

Kirsti Hammerø

Helene Remøy

Kjetil Kvalsvik

Varamedlemer:

1. Marthe Vågsholm Sævik

2. Oddmund Voldsund

3. Norvald Muren

4. Margot Røren

5. Tor Inge Sporstøl

6. Bjørg Sund

Krf, Folk/SP:

John Nerem

Gry Olaug Dimmen

1. Åse Alnes Kvalsvik

2. Bjarne Kvalsvik

3. Camilla Storøy Hermansen

4. Bjørn Myrvåg

AP, V:

Runar Stave, nestleiar

1. Janita Westbø Remøy

2. Henry Jøsokbakke

3. Olaug Andreassen

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 10.03.2014

Erlend Krumsvik

Rådmann

Olaus-Jon Kopperstad

Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes



Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2014/99
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/14	Valnemnd	27.03.2014
42/14	Kommunestyret	27.03.2014

SØKNAD OM FRITAK GRUNNA FLYTTING FRÅ KOMMUNEN - KIRSTI HAMMERØ

K-sak 42/14

Møtebehandling:

H, Idar Tarberg kom med slikt tilleggsframlegg:

Ny vara til Formannskapet vert vald: Kjerstin Lilleøy Nygard

Ny vara til Valstyret vert vald: Kjerstin Lilleøy Nygard

Ny medlem til Maritim og teknisk komite vert vald: Ann-Kathrin (Tine) A. Storøy

Ny varamedlem til Styringsgruppe for Byutviklingsprosjekt – Fosnavåg by vert vald:
Kjerstin Lilleøy Nygard

Rådmannen si tilråding med Idar Tarberg sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteken.

I Søre Sunnmøre Kommunerevisjon vart det i K-sak 58/12 gjort eit endringsvedtak i samansetjinga av representantskapen og Kirsti Hammerø gjekk då ut av vervet.

Valnemnda tilrår at Kirsti Hammerø blir vald som medlem av styret i Fosnavåg Konserthus AS. Saka går vidare til handsaming i Formannskapet jmf. K-sak 34/12.

Tilråding i Valnemnd - 27.03.2014

1. Kirsti Hammerø får fritak frå sine verv som folkevald i Herøy kommune grunna flytting frå kommunen.

2. Nyval:
Til kommunestyret: Varamedlem nr. 1 Kjerstin Lilleøy Nygard rykker inn som fast medlem og varamedlemmene på plassane nedanfor rykker ein plass opp.
Ny vara til Formannskapet vert vald: Kjerstin Lilleøy Nygard
Ny vara til Valstyret vert vald: Kjerstin Lilleøy Nygard
Ny medlem til Maritim og teknisk komite vert vald: Ann-Kathrin (Tine) A.

Storøy

Ny varamedlem til Styringsgruppe for Byutviklingsprosjekt – Fosnavåg by vert vald: Kjerstin Lilleøy Nygard

Tilråding frå rådmannen:

1. Kirsti Hammerø får fritak frå sine verv som folkevald i Herøy kommune grunna flytting frå kommunen.
2. Nyval:
 - a. Til kommunestyret: Varamedlem nr. 1 Kjerstin Lilleøy Nygard rykker inn som fast medlem og varamedlemmene på plassane nedanfor rykker ein plass opp.
 - b. Ny vara til formannskapet vert valt:
 - c. Ny vara til valstyret vert valt:
 - d. Ny medlem til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, representantskapen vert valt:
 - e. Ny medlem til Maritim og teknisk komite vert valt:
 - f. Ny medlem til Representant for Fosnavåg Konserthus AS vert valt:
 - g. Ny varamedlem til Styringsgruppe for Byutviklingsprosjekt – Fosnavåg by vert valt:

Særutskrift:

Kirsti Hammerø

Leiar for Herøy Høgre v/Tine Storøy

Fellessekretariatet

Dei valde

Vedlegg:
Søknad

Saksopplysninger:

Kommunelova § 15.Uttreden.

1. Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.

Kommunelova§ 16.Opprykk og nyvalg.

1. Har medlemmer forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges ny leder.

5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.

6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.

§ 14-2. Nytt valgoppgjør og suppleringsvalg til fylkestinget eller kommunestyret

(1) Fylkesordføreren eller ordføreren skal sørge for at fylkesvalgstyret eller valgstyret foretar nytt valgoppgjør dersom en representantplass i fylkestinget eller kommunestyret blir stående ubesatt.

(2) Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.

(3) Er antallet av vararepresentanter eller av en gruppes vararepresentanter blitt utilstrekkelig, og forholdet ikke kan avhjelpes ved nytt valgoppgjør etter annet ledd, kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige vararepresentantplassen. Gruppen underretter deretter fylkesvalgstyret eller valgstyret, som velger vedkommende som vararepresentant dersom valgbarhetsvilkårene er oppfylt.

Kommentar til Vallova § 14-2.

Kommunestyrvalg og fylkestingsvalg

Dersom en vararepresentantplass blir ledig, skal det foretas nytt valgoppgjør dersom ordføreren/fylkesordføreren finner det nødvendig. Det er ikke noen automatikk at det skal være nytt valgoppgjør i slike tilfelle. Som momenter av betydning når en skal vurdere nødvendigheten av nytt valgoppgjør kan nevnes:

Hvor stor er gruppen i kommunestyret eller fylkestinget?

Hvor mange vararepresentantplasser er besatt?

Hvor lang tid er igjen av valgperioden?

Prinsippet for utpekingen av de nye representantene eller vararepresentantene er det samme som for stortingsvalgets vedkommende. Det er de listekandidatene som stod for tur til å bli valgt - etter de opprinnelig valgte - som skal kåres.

Dersom det ikke finnes nok kandidater igjen på en valgliste til å fylle ledige vararepresentantplasser, åpner valgloven § 85 for at vedkommende gruppe i kommunestyret eller fylkestinget selv kan peke ut den personen de ønsker valgt inn på den ledige plassen. Valgstyrets og fylkesvalgstyrets oppgave i et slikt tilfelle er å kåre vedkommende som vararepresentant dersom de formelle valgbarhetsvilkårene er oppfylt.

Kirsti Hammerø har følgjande verv som folkevald i Herøy kommune:

Kommunestyret - Høgre:

- | | |
|---------------------------------------|-----------------------------------|
| 1. Arnulf Goksøyr, 6080 | 1. Kjerstin Lilleøy Nygard, 6070 |
| 2. Tor-Sindre Steinsvik, 6095 | 2. Norvald Bjarne Muren, 6098 |
| 3. Idar Kjell Tarberg, 6076 | 3. Geir Øyvind Baade, 6080 |
| 4. Fred Hansen, 6076 | 4. Knut Tandberg, 6080 |
| 5. Richard Klungsøyr Gjerde, 6070 | 5. Oddmund K. Voldsund, 6094 |
| 6. Frank Lied, 6099 | 6. Signe Sævik Monsen, 6098 |
| 7. Sigurd Voldsund Nygard, 6070 | 7. Helena Leinebø Tonev, 6094 |
| 8. Ann-Kathrin (Tine) A. Storøy, 6091 | 8. Kai Andre I. Yndestad, 6098 |
| 9. Bjørn Otterlei, 6094 | 9. Bjørg Karin K. Sund, 6098 |
| 10. Margaret Leinebø, 6094 | 10. Hege Nedreberg Vestavik, 6092 |
| 11. Malene Frøystadvåg Remøy, 6095 | 11. Kåre Igesund, 6090 |
| 12. Kirsti Hammerø, 6092 | 12. Leidulf Per Håheim, 6094 |
| 13. Marthe Vågsholm Sævik, 6094 | 13. Birger Anfinn Furesund, 6095 |
| 14. Stig Arne Helsem Sævik, 6094 | 14. Helene Remøy, 6095 |
| 15. Stian Sævik Elveseter, 6098 | 15. Lene Voldsund, 6094 |
| | 16. Svein Harald Ernsten, 6092 |
| | 17. Thomas Voldsund, 6094 |
| | 18. Asbjørn M. Endresen, 6090 |

Formannskapet 2011-2015

KrF/Folk/SP	Medlemer: Camilla S. Hermansen Kjell Runde	Varamedlemer: 1. Ole Brubakk 2. Linn-Therese Sævik 3. Frank Otto Kvalsvik 4. Kaja Runde
H/Frp	Arnulf Goksøyr Tor Sindre Steinsvik Tine Storøy Margareth Leinebø Karly Teige	1. Idar Tarberg 2. Malene Frøystadvåg 3. Fred Hansen 4. Marthe Vågsholm Sævik 5. Dag Nærø 6. Richard K. Gjerde 7. Kirsti Hammerø
AP/V	Olaug Andreassen Per Kristian Furø	1. Henry Kåre Jøsokbakke 2. Janita W. Remøy 3. Reidun Myrvågnes 4. Svein Gjelseth

Valstyret:

KrF/Folk/SP	Medlemer: Camilla S. Hermansen Kjell Runde	Varamedlemer: 1. Ole Brubakk 2. Linn-Therese Sævik 3. Frank Otto Kvalsvik 4. Kaja Runde
H/Frp	Arnulf Goksøyr Tor Sindre Steinsvik Tine Storøy Margareth Leinebø Karly Teige	1. Idar Tarberg 2. Malene Frøystadvåg 3. Fred Hansen 4. Marthe Vågsholm Sævik 5. Dag Nærø 6. Richard K. Gjerde 7. Kirsti Hammerø
AP/V	Olaug Andreassen Per Kristian Furø	1. Henry Kåre Jøsokbakke 2. Janita W. Remøy 3. Reidun Myrvågnes 4. Svein Gjelseth

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, representantskapen:

Arnulf Goksøyr	Medlem
Kirsti Hammerø	Medlem
Tor-Sindre Steinsvik	Varamedlem
Margaret Leinebø	Varamedlem

Maritim og teknisk komite:

Medlemer:

H, Frp:
Idar Tarberg, leiar
Kirsti Hammerø
Helene Remøy
Kjetil Kvalsvik

Varamedlemer:

1. Marthe Vågsholm Sævik
2. Oddmund Voldsund
3. Norvald Muren
4. Margot Røren
5. Tor Inge Sporstøl
6. Bjørg Sund

Krf, Folk/SP:

John Nerem
Gry Olaug Dimmen

1. Åse Alnes Kvalsvik
2. Bjarne Kvalsvik
3. Camilla Storøy Hermansen
4. Bjørn Myrvåg

AP, V:

Runar Stave, nestleiar

1. Janita Westbø Remøy
2. Henry Jøsokbakke
3. Olaug Andreassen

Representantar til Fosnavåg Konserthus AS:

Kirsti Hammerø
Henry Jøsokbakke
Knut Johan Voldsund
Janita W. Remøy

Medlem
Medlem
Varamedlem Personleg vara for Kirsti Hammerø
Varamedlem Personleg vara for Henry Jøsokbakke

Styringsgruppe for Byutviklingsprosjekt – Fosnavåg by:

KrF/Folk/SP

Medlemer:
Camilla S. Hermansen
Kjell Runde

Varamedlemer:

1. Ole Brubakk
2. Linn-Therese Sævik
3. Frank Otto Kvalsvik
4. Kaja Runde

H/Frp

Arnulf Goksøyr
Tor Sindre Steinsvik
Tine Storøy
Margareth Leinebø
Karly Teige

1. Idar Tarberg
2. Malene Frøystadvåg
3. Fred Hansen
4. Marthe Vågsholm Sævik
5. Dag Nærø
6. Richard K. Gjerde
7. **Kirsti Hammerø**

AP/V

Olaug Andreassen
Per Kristian Furø

1. Henry Kåre Jøsokbakke
2. Janita W. Remøy
3. Reidun Myrvågnes
4. Svein Gjelseth

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 18.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Olaus-Jon Kopperstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

Hilde Skinnes

Fra: Kirsti Hammerø <kirstiham@hotmail.com>
Sendt: 11. mars 2014 21:27
Til: Hilde Skinnes
Emne: Flytting ut av Herøy kommune


Hei,

Jeg har meldt flytting ut av kommunen, og ber i den forbindelse om fritak for mine verv som folkevalgt.

Med vennlig hilsen

Kirsti Hammerø, 90 17 25 90

Sendt fra min iPad

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/99	Saksbeh. H2
13 MARS 2014	
Ark. kode P	033
Ark. kode S	
J. nr.	Dir. nr. 8
Kassasjon	



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/415
		Arkiv:	047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/14	Komite for næring, kultur og idrett	17.03.2014
43/14	Kommunestyret	27.03.2014

KOMMUNALT NÆRINGSFOND OG RDA. SAK I KONTROLLUTVALET.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 17.03.2014

1. Kommunestyret legg til grunn at retningslinene for det kommunale næringsfondet og retningslinene for RDA- midlane i hovudsak byggjer på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane. Dette vil vere grunnlaget for vurderingane så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.
2. For å sikre forsvarleg sakshandsaming i samsvar med retningslinene for kommunalt næringsfond og retningslinene for RDA- midlane, skal tolkinga av retningslinene i samsvar med saksutgreiinga leggest til grunn.
3. For å sikre at alle opplysingane er med i søknaden, vil det frå 2014 vere krav om at alle søkjarar nyttar det elektroniske søknadsskjemaet som er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Tilråding frå rådmannen:

4. Kommunestyret legg til grunn at retningslinene for det kommunale næringsfondet og retningslinene for RDA- midlane i hovudsak byggjer på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane. Dette vil vere grunnlaget for vurderingane så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.
5. For å sikre forsvarleg sakshandsaming i samsvar med retningslinene for kommunalt næringsfond og retningslinene for RDA- midlane, skal tolkinga av retningslinene i samsvar med saksutgreiinga leggest til grunn.
6. For å sikre at alle opplysingane er med i søknaden, vil det frå 2014 vere krav om at alle søkjarar nyttar det elektroniske søknadsskjemaet som er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Særutskrift:

- Kommunerevisjonen
- Kontrollutvalet
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Regional og næringsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- Sak 09/14 i Kontrollutvalet i Herøy kommune.
- Kommunalt næringsfond – retningslinjer.
- Retningslinjer næringsretta midlar til regional utvikling. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift (RDA).

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 09/14:

«1. Kontrollutvalet tek arbeidsnotatet frå revisor vedkomande tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet til vitande.

2. Kontrollutvalet viser til revisor sin konklusjon og oppmodar rådmannen til å utføre forsvarleg saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet, og som dokumenterer at tildeling skjer i samsvar med retningslinjene.»

I sak 35/13 vedtok kontrollutvalet at revisjonen skulle gjere nærare undersøkingar om retningslinjene for det kommunale næringsfondet var fylgde i ein del utvalde saker. Revisor har gått gjennom 9 saker, ei av dei gjeld bruk av RDA- midlar (sak 5 om Herøyspelet). Saka omfattar difor også retningslinjene for bruk av RDA- midlar.

Revisor har fylgjande konklusjon i arbeidsnotat datert 13.12.13:

«Saksutgreiingane inneheld relativt lite opplysning og/eller vurdering opp mot regelverket, men søknadane gir eit godt bilde av intensjonen med det søkte tilskotet. Saksutgreiingane er som oftast bygt opp etter standard mal/nytta standard ordlyd, med presisering av enkelte punkt i retningslinjene – utan at desse punkta er drøfta eller er med i ei grunngjeving. Det er derfor vanskeleg å ta stilling til om retningslinjene er følgde, men etter revisor sitt syn kan det tyde på at retningslinjene vert praktisert altfor romsleg, sjå vurderingar i kvar enkelt sak.»

Om retningslinjene

Kommunen har nytta retningslinjene frå Møre og Romsdal fylkeskommune i sakshandsaminga, jfr vedlegg.

Om søknadsskjemaet

I 2012 vart det utvikla eit nytt elektronisk søknadsskjema som sikrar at alle relevante opplysningar kjem med i søknaden. Kommunen har likevel teke opp til handsaming søknader der det nye søknadsskjemaet ikkje er nytta. Frå og med 2014 vil eg krevje at alle søkjarar nyttar dette søknadsskjemaet.

Om saksutgreiinga

Kontrollutvalet oppmodar rådmannen om å utføre forsvarleg saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet som dokumenterer at tildeling skjer i samsvar med retningslinjene.

Kva er så forsvarleg saksutgreiing?

I retningslinjene for RDA- midlane heiter det i kapittel V, punkt 4:

«Mynde til å vedta løyvingar er lagt til kommunen. Vedtak skal vere i samsvar med satsingsområda i lokal handlingsplan. Løyving til tiltak utanfor satsingsområda må godkjennast av Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Regional- og næringsavdelinga.»

Når det gjeld søknader om RDA- midlar, innstiller styret i Herøy Næringsforum til komite for næring, kultur og idrett. Søknadene vert lagt fram for styret i Herøy Næringsforum utan skriftleg utgreiing og innstilling. Kommunen får oversendt protokoll frå styremøta. I innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum i den enkelte saka vert det vist til satsingsområda i den lokale handlingsplanen for RDA- midlane. Dette vert lagt til grunn som grunngeving for innstillinga.

Rådmannen legg innstillinga frå styret fram for komite for næring, kultur og idrett. Rådmannen finn det vanskeleg å lage ny saksutgreiing etter at saka er behandla i styret for Herøy Næringsforum då det også heiter at ein skal legge vesentleg vekt på innstillinga frå næringslivet.

Når det gjeld kommunalt næringsfond, er det rett at det vert nytta ein standard mal for saksutgreiinga. Rådmannen kan ikkje sjå at det i seg sjølv er kritikkverdig.

I retningslinene for RDA- midlane kapittel VI, punkt 1 heiter det:

«Retningslinene byggjer i hovudsak på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane.»

Dette gjeld også for kommunalt næringsfond. I saksutgreiingane er det difor lagt vekt på å sjå til at søknadene ikkje er i strid med retningslinene. Eg kan ikkje sjå at det på dette grunnlaget er behov for omfattande vurderingar så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.

Om vurderingane

Akkumulering

Frå rådmannen si side har det vore lagt til grunn ei romsleg vurdering av søknadene i innstillingane, men har også lagt vekt på at innstillinga ikkje skal vere i strid med regelverket. Det har m.a. sin bakgrunn i tildelingsbrevet frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 15.03.2010, sjå vedlegg, Eg siterer frå brevet:

«Akkumulering

Vi har av rapporteringa sett at enkelte kommunar akkumulerer opp næringsfondmidlar over fleire år. Etter retningslinene for kommunale næringsfond punkt 5.3, skal ein unngå fondsakkumulering utanom i særskilte tilfelle. Akkumulering gir signal om at det ikkje er behov for midlane. Vi ber difor om at kommunane der dette gjeld, set vi verk nødvendige tiltak for å finne gode prosjekt, slik at midlane vert nytta. Om det er særskilde årsaker til akkumuleringa, ber vi om tilbakemelding om dette. Kommunar som kan grunnkje akkumulering i forhold til ventande prosjekt, kan vente redusert tildeling i 2011.»

Herøy kommune hadde ei vesentleg akkumulering av næringsfondmidlar før 2010. Det har nok vore ei romslegare vurdering av søknadene etter 2010 enn før 2010. Herøy kommune har i dag inga vesentleg akkumulering av næringsfondmidlar.

Utløysande effekt

I retningslinene for kommunalt næringsfond heiter det:

«Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde eit tilbod.»

Det skal skje ei reell vurdering av om støtte frå næringsfondet har ein utløysande effekt på tiltaket. Dette betyr også at tiltaket ikkje kan settast i verk før det vert søkt næringsfondet om støtte. Dersom tiltaket vert sett i verk før det er gjort vedtak i saka, skjer dette på eigen risiko.

Fylkeskommunen har signalisert at prioritering av bruken av kommunalt næringsfond og RDA- midlane bør innarbeidast i rulleringa av **strategisk næringsplan**.

Kostnadsramma

I retningslinene for kommunalt næringsfond heiter det i punkt 7:

«Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men bør i staden sendast Innovasjon Norge for vurdering.»

Når det gjeld bedriftsretta prosjekt der totalkostnadane overstig 300.000 kr, har eg lagt til grunn at søkjar kan definere delprosjekt på max 300.000 kr innanfor totalramma, som kan leggest til grunn for søknader om tilskot frå kommunalt næringsfond. Ei slik tolking vert støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Eg vil også gjere merksam på at bedrifter i Herøy kommune frå 1. juli 2014 til 31.12.2020 ikkje kan få offentleg støtte til investeringar i t.d. bygningar eller ny teknologi.

Tidsavgrensing

I retningslinene for kommunalt næringsfond punkt 7 heiter det at eit prosjekt ikkje kan gjevast støtte over lengre tid enn 3 år. Tilsvarande er gjort gjeldande for RDA- midlane i retningslinene kapittel VI, punkt 9.

Driftsstøtte/utviklingsprosjekt

I retningslinene for kommunalt næringsfond kapittel 6 heiter det at kommunalt næringsfond ikkje kan brukast til ordinær drift av verksemder. I tillegg heiter det:

«All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.»

Det same er gjort gjeldande for RDA- midlane, jfr retningslinene kapittel VI, punkt 9.

I retningslinene for kommunalt næringsfond, kapittel 5 er marknadsføring definert som utviklingsprosjekt som i utgangspunktet kan støttast i 3 år. Men fylkeskommunen legg til grunn at ikkje all marknadsføring er utviklingsprosjekt. Dersom marknadsføringa er ordinær marknadsføring av same tiltaket som tidlegare, kan dette vurderast som ordinær drift.

Spel og festivalar

Fylkeskommunen legg til grunn at utviklingsprosjekt knytt til spel og festivalar kan støttast inntil 3 år.

Samferdsel:

I retningslinene for RDA- midlane Kapittel VI, punkt 4 heiter det:

«Midlane kan brukast på samferdsel dersom prosjektet ligg inne i vedteken fylkesvegplan eller NTP.»

I KN-sak 33/12 vart gjort slikt vedtak:

«Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på 10.000.000 kr til samferdsel/infrastruktur/innfartsveg Fosnavåg, jfr Lokal handlingsplan 2013, resultatmål 3 b og 3 c. Vedtaket har som føresetnad at vedtaket vert godkjent av Møre og Romsdal fylkeskommune.»

Disponering av kr. 10 millionar av RDA-midlane til vegbygging i samband med nytt badeland var ein del av Herøy kommune sin handlingsplan for bruk av RDA-midlane 2013. Den planen vart godkjent av Fylkesutvalet 25.02.2013.

Vurdering og konklusjon:

For å sikre forsvarleg sakshandsaming i samsvar med retningslinene for kommunalt næringsfond og retningslinene for RDA- midlane, vil eg rå til at tolkinga av retningslinene i samsvar med saksutgreiinga ovanfor vert lagt til grunn. I dette ligg også at retningslinene i hovudsak byggjer på prinsippet om negativ avgrensing. Det vil seie at det som ikkje er spesifisert som forbode, er tillate så lenge det ligg innan dei ønskja måla for midlane. På dette grunnlaget vil det ikkje vere behov for omfattande vurderingar så lenge søknadene sikrar at alle relevante opplysingar er med.

For å sikre at alle opplysingane er med i søknaden, vil det frå 2014 vere krav om at alle søkjarar nyttar det elektroniske søknadsskjemaet som er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 07.03.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

UTSKRIFT

frå

M Ø T E B O K

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	09/14	HE 01-14 SAK 09-14	10.02.2014

SAK 09/14 KOMMUNALT NÆRINGSFOND

Samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek arbeidsnotatet frå revisor vedkomande tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet til vitande.
2. Kontrollutvalet viser til revisor sin konklusjon og oppmodar rådmannen til å utføre forsvarleg saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet, og som dokumenterer at tildeling skjer i samsvar med retningslinene.

Rett utskrift

Åram, 11. februar 2014

Ida B. Marholm
Ida Birgitte Marholm
Sekretær

Utskrift til: **Rådmannen**
Fosnavåg Handelsforening

VEST KONTROLL

Dato: 28.01.2014

Kontrollutvalet

SAK 09/14 KOMMUNALT NÆRINGSFOND

Vedlegg:

Frå revisjonen v/Bodill Skeide: Arbeidsnotat kommunalt næringsfond, av 13.12.13.

Saksopplysning/saksutgreiing:

I sak 35/13 vedtok kontrollutvalet at revisjonen skulle gjere nærare undersøkingar om retningslinene vedkomande tildeling frå det kommunale næringsfondet var følgt i utvalde bedrifter. Revisjonen har laga eit arbeidsnotat som tek føre seg dei utvalde bedriftene, sjå vedlegg.

Vi viser til notatet frå revisjonen der revisjonen har kommentert «dei utvalde bedriftene»

Revisjonen kjem fram med slik konklusjon:

«Saksutgreiinga inneheld relativt lite opplysning og/eller vurdering opp mot regelverket, men søknadane gir eit godt bilde av intensjonen med det søkte tilskotet. Saksutgreiingane er som oftest bygt opp etter standard mal/ nytta standard ordlyd, med presisering av enkelte punkt i retningslinene – utan at desse punkta er drøfta eller er med i ei grunngeving. Det er derfor vanskeleg å ta stilling til om retningslinene er følgde, men etter revisor sitt syn kan det tyde på at retningslinene vert praktisert altfor romsleg, sjå vurderingane i kvart einskild sak»

Revisor kan gi utfyllande opplysningar i møtet.

Ut frå revisor sin konklusjon, slik eg ser det, så bør ein forvente betre saksutgreiing for tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet.

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek arbeidsnotatet frå revisor vedkomande tildeling av midlar frå det kommunale næringsfondet til vitande.
2. Kontrollutvalet viser til revisor sin konklusjon og oppmodar rådmannen til å utføre betre saksutgreiing når det gjeld søknader om tilskot frå det kommunale næringsfondet.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Postadresse: 6149 Åram

Organisasjonsnr: 987 829 257

Telefon: 70030440

Bankkonto: 3910.26.35373

Telefaks: 70030449

E-postadresse: jostein.stoylen@ssks.no

Mobil: 90187950

Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy, Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

ARBEIDSNOTAT

Dato: 13.12.13
Utarbeidd: Bodill

SAK: Kommunale næringsfond

Kommunen nyttar retningslinjene som er vedteke av regional- og næringsutvalet i M & R fylkeskommune, og har ikkje utarbeidd egne retningslinjer.

RETNINGSLINJER :

Formål og prioritet i flg retningsliner av 05.03.2013:

Skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal.

Unge, kvinner og innvandrarak skal prioriterast ved tildeling.

Midlane skal ha ei utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert . Det er ikkje tilstrekkeleg at støtta bidreg til å oppretthalde eit tilbod.

Søknaden :

Søknaden skal innehalde bakgrunn for prosjektet, presise og realistisk mål, oversikt over aktivitetar og framdriftsplan, budsjett med kostnadsoverslag samt finansieringsplan og oversikt over mottatt offentleg støtte dei siste tre åra.

Tiltak som kan støttast:

Kommunale næringsfond kan brukast både til bedriftsretta tiltak, og til tilretteleggande tiltak i regi av kommunane eller andre organisasjonar. Det kan berre gjevast støtte til tidsavgrensa utviklingsprosjekt.

- Tilretteleggande tiltak: Det kan gjevast støtte til utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetting i regi av kommune eller organisasjonar. Det kan vere tiltak som omdømebygging, marknadsføring, profilering, kompetanseheving, kurs, seminar, konferansar, konsulenthjelp, kommunalt næring- og tiltaksarbeid, etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak m.m.
- Bedriftsretta tiltak: Det kan gjevast støtte til bedrifter og nyetablerarar. Tiltak kan vere investering i utstyr og maskiner, støtte til profilering/merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, kurs/seminar, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgeving, nettverksbygging eller liknande

Støtte til investeringar i maskiner /utstyr kan berre gjevast i kommunane i sone III og IV(Herøy)

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Avgrensing:

Kommunale næringsfond kan ikkje brukast til følgjande tiltak:

- Renter, avdrag og refinansiering av lån, kausjon og garantiar
- Kjøp av aksjar eller investering i eigenkapital uavhengig av organisasjonsform
- Ordinær drift av verksemd. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette t.d. gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type
- Investeringar i, og ordinær drift og vedlikehald av off.oppgåver. Det gjeld også kommunen sine ordinære oppgåver i nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Private verksemder som utfører kommunale oppgåver på vegne av det offentlege skal ikkje tildelast kommunal næringsfond
- Fysisk infrastrukturtiltak i kommunane, som sentrumsplanlegging, utbygging av industri/næringsareal, vegar , hamner, vassverk m.m.

Andre vilkår:

Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men sendast i staden til Innovasjon Norge for vurdering. Maks beløp 2013 kr 300`

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig og konkurransevridande lokalt.

Både tilretteleggande og bedriftsretta tiltak kan støttast med inntil 50% av totale kostnader. Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75%) til nyetablerarar

Avgrensing av kontrollen:

Viser til vedtak i kontrollutvalet sak 35/13 og undersøkt om retningslinjene er følgde.

Kontrollen er retta mot 9 spesifikke tildelingane, og det er derfor ikkje vurdert om retningslinjene er følgde mht kva grupper som skal prioriterast ved tildeling. Det er heller ikkje vurdert om tiltaket kan oppfattast som urettferdig og konkurransevridande lokalt, då det ikkje ligg føre informasjon kring dette verken i søknaden eller saksutgreiinga.

1 Blåst Film AS

Søknad nr 2013 -0017

Prosjekt: Filmproduksjonslokale for utleige

Prosjekt mål: Bygge eit arbeidslokale spesialtilpassa filmproduksjon og leige ut desse lokala til Blåst film AS

Blåst film AS reg. 11.02.2009 næringskode produksjon av film video og fjernsynsprogram
Blåst film Pilskog reg 16.04.2005 næringskode produksjon av film, video og fjernsynsprogram

Det går fram av søknaden at enkeltmannsforetaket Blåst film Pilskog skal bygge spesialtilpassa produksjonslokale på Leikong og leige ut dette til Blåst Film AS. Stønaden skal dekketilrettelegging av lokala til filmproduksjon. Det går vidare fram av søknaden at søkar er i dialog med Byggeneste AS, Moltustranda om bygging av lokala.

Revisjon i kommunane

Hareid – Herøy – Sande – Ulstein – Vanylven – Volda - Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Det går fram av saksutgreiing at støtta gjeld tilbygg for filmproduksjon, men ligg ikkje føre detaljert kostnadsoverslag utover samla kapitalbehov på 300` som er maksimal grense for å kunne gi støtte.

Vedtak Komite for næring, kultur og idrett: Det vart gitt tilsagn med inntil kr 150.000,-

Vurdering:

Søknaden gir god informasjon om bakgrunnen og framtidsutsiktene sett opp mot tiltak som kan støttast av midlar frå næringsfondet, men det er vanskeleg å skilje mellom aktivitar tilhøyrande enkeltmannsforetaket Blåst film og aksjeselskapet Blåst film. Prosjektmål er å bygge spesialtilpassa lokale for filmproduksjon og leige ut desse til søkjar Blåst film AS, utan at det går fram kven som skal eige lokala/tilbygget. Det er dessutan sett ei kostnadsramme på 300`, utan at denne er nærmare spesifisert budsjettoverslag. Det kan derfor stillast spørsmål ved om det er rett søkjar, om maksbeløpet er dekkande og følgeleg ikkje kunne støttast av næringsfondet.

Det går ikkje fram av søknaden om det har vore søkt/motteke anna off.støtte

2 Moldskred renovasjon AS

Søknad nr 2013 -0039

Prosjekt: Markedstøtte Supersuger

Prosjektmål: Nytt produkt/teneste som må inn på delvis ny marknader både lokalt og regionalt, tidlegare M&R og S&F, no utvidast til delar av Sør-Norge og Trøndelag.

Selskapet registrert 26.04.2004 Næringskode: Oppsamling og behandling av avløpsvann

Det går fram av søknaden at selskapet har investert i ny Supersugar og seld septikbilane pga tapte slamkontrakter for å legge om drifta ved å skape eit nytt marke då bygge drifta vidare på. Detaljert markedsføringsplan ligg føre, stipulert totalkostnad kr 300` over to år, derav 100` i 2013.

Det går fram at det ikkje er søkt om off.støtte tidlegare.

Vedtak Komite for næring, kultur og idrett: Det vart gitt tilsagn med inntil kr 150.000,-

Vurdering:

Søknad gir tilstrekkeleg informasjon om bakgrunnen og formål med støtta, og gjeld tiltak som kan støttast av næringsfondet.

3 Bakkar og Berg Media AS

Søknad nr 2013 -0027

Prosjekt: Etablering av mediaselskap

Prosjektmål: Utvikle tekniske løysingar før oppstart, og lansere nettportalen nett.no med nærlingslivsnyheiter for Sunnmøre og Nordfjord på nett og mobil.

Selskapet registrert 30.04.2013 Næringskode: Utgivelse av blader og tidsskrift

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Selskapet skal etablere seg med hovudkontor i Fosnavåg rederipark, utan fast tilsette, men med innleige av arbeidskraft, anslagsvis 3-4 . Seinare er det kome e-post at det er tilsett 1 person fast ved kontoret i Herøy. I flg Brønnøysundregistra er selskapet registrert med forretningsadresse Fosnavåg og postadresse Ålesund.

Søknaden til det kommunale næringsfondet skal dekke kontorutstyr, data og anna teknisk utstyr, utviklingsarbeid og profilering i forbindelse med lanseringa. Det er søkt om tilskot på kr 250` på bakgrunn av totalkostnad på kr 250` fordelt med kr 150` i 2013 og kr 100` i 2014. Seinare i e-post er dette korrigert til at søknaden vert auka til kr 300`, på bakgrunn av at dei sitata: «*har store etableringsutgifter ved oppstart, utgifter som langt overstig 300.000,-*»

Det går fram at selskapet har søkt Innovasjon Norge med inntil kr 300`, men til utvikling av brukartilpassa tenester når det gjeld abonnementsbetaling via mobil, sms-varsling og anna brukarstyrt innhald.

Vedtak Komite for næring, kultur og idrett: Det vart gitt tilsagn med inntil kr 150.000,-
Vilkår: Hovudkontor i Herøy i min. 2 år

Vurdering:

Søknad med tilleggsinformasjon i e-post gir tilstrekkeleg informasjon i høve retningslinjene, og det ligg føre detaljert budsjettplan (kostnadoversikt). Det går fram at selskapet og har søkt midlar frå Innovasjon Norge, utan at det går fram kva kostnader dette skal dekke utover utvikling av brukartilpassa tenester (abonnementbetaling via mobil), dessutan går det fram av tilleggs e-posten at etableringakostnadane til utstyr, profilering og utvikling langt overstig 300`, og må då stille spørsmål ved retningslinjene er følgde, eller om ein skal akseptere å unngå retningslinjene ved å å sette «taket» på 300`.

4 Norfishing

Søknad nr 2012 – 24.02.12 **Prosjekt:** Herøy kommune deltek på Norfishing 2012
Prosjekt mål: Fellestand i regi av Møre og Romsdal Fylkeskommune saman med kommunane Aukra, Kristriansund, Averøy, Midsund og Giske samt Surofi for å presentere Herøy som fiskerikommune og legge til rette for at mindre bedrifter kan få presentere seg på messa.

Søknaden gjeld Herøy komme sitt engasjement for å profilere kommunen, og gi mindre bedrifter som ikkje har høve til å operere med eigen stand mulegheita til å kunne presentere seg på messa. Det går fram av søknaden at kommunen også i 2010 nytta næringsfondsmidlar til dette formålet .

I flg søknaden dekker fylkeskommunen 50 % av standkostnadane, og kommunen sitt behod for midlar er stipulert til kr 100`, derav standkostnad med kr 45`, resten er reise/overnatting.

Vedtak Komite for næring, kultur og idrett: Det vart gitt tilsagn med inntil kr 100.000,-

Vurdering:

Det går fram av retningslinjene at næringsfondet kan nyttast til tilretteleggande tiltak i regi av

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

av kommunane for å auke vekst, verdiskaping og sysselsetting. Deltaking på denne type aktivitetar er ikkje å vurdere som ordinære oppgåver i nærings- og samfunnsutvikling.

5 Herøyspelet

Søknad nr 2012 – 22.11.12 Prosjekt: Herøyspelet 2013
Prosjekt mål: Delfinansiere dag.leiar stilling, meir profesjonell markedsføring og vedlikehald av utescenen.

Søknaden er behandla av styret i Herøy Næringsforum som har gitt si innstilling til rådmannen, og han har slutta seg til innstillinga i saka som er lagt fram for komite for næring, kultur og idrett.

Det ligg følgjeleg ikkje føre saksutgreiing.

Herøy Næringsforum har delegert mynde til å behandle og innstille i saker som gjeld RDA-midlar.

Søknaden skisserer behovet for tilskot for å kunne vidareføre den profesjonelle produksjonen av Herøyspelet , og ber om støtte til delfinansieringa av dagleg leiarstilling med kr 120', markedsføringsbidag med kr 100' og til vedlikehald av utescena (skiftast dekke) med kr 50'. Vidare går det fram at Herøyspelet har nytte godt av RDA-midlane dei seinare åra, og som dei håper å kunne gjere i åra framover.

Vedtak Komite for næring, kultur og idrett: Det vart gitt tilskot med kr 270.000,-

Vurdering:

Kommunen og dei som har delegert forvaltningsansvaret for RDA midlane må etablere eit forsvarleg system som sikrar korrekt saksbehandling, følgjeleg burde saksbehandling/saksutgreiinga frå herøy Næringsforum ligge ved saka til behandling i Komite for næring, kultur og idrett.

Det går fram av retningslinjene for bruk av RDA-midlar at midlane ikkje kan brukast til vedlikehald, og heller ikkje nyttast til driftsstøtte. Tiltak skal heller ikkje støttast over meir enn 5 år.

6 Christineborg Gjestehus

Søknad nr 2010 – 06.10.10 Prosjekt: Reiseliv; kurs, overnatt, leirskule, selskap/konferanse
Prosjekt mål: Oppgradering, IKTuts.,inventar/utstyr,kontorutst.

Registert 22.09.2010

Næringskode: Drift av hotell, pensjonat, og motell med restaurant. Utleige av rom, serveringsverksemd, drift av leirskule og vandrarheim

Søknaden gjeld ny-etablering. Det ligg ved spesifisert budsjettoverslag i høve kjøp av inventar og utstyr med kr 179.000, og søker om tilskot med kr 100.000.

Det går fram av saksutgreiinga at retningslinjene frå fylket tilseier at samla kapitalbehov Ikkje bør overstige kr 150', då kapitalbehov av større omfang skal til Innovasjon Norge. Vidare går det fram at støtte ikkje skal utgjere meir enn halvparten av kostnadane, men

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

kommunen si arbeidsgruppa i nærings saker har ikkje vore absolutt på dette, for særskilde prosjekt har det tidlegare vore ytt høgere tilskot, fordi fylkeskommunen har gitt uttrykk for at denne grensa kan praktiserast romsleg.

Vedtak Komite for næring, kultur og idrett: Det vart gitt tilskot med kr 100.000,-

Vurdering:

Det går fram av retningslinjene at det kan ytast tilskot i høve etablering, og søknaden antas å gjelde kvinnearbeidsplass då Aud Goksøyr står reg.som dagl.leiar.

Det kan stillast spørsmål om det stipulerte kapitalbehov er realistisk ved etablering av denne type aktivitet, då det går svært lite fram av søknaden, eller saksutgreiinga, om det allereie er betydeleg med driftsmidlar som inventar og utstyr i bygget slik at startbehovet er svært begrensa.

Når det gjeld stipulert kapitalbehov over grensa, så er det muleg at fylkesmannen har uttalt at den skal praktiserast romsleg, men det er og spesielt viss ei kapitalgrense skal fungere på ein slik måte at søknaden vert tilpassa grensa utan at søkjar/søknaden må synleggjere at dette er eit realistisk anslag. Ved eit kapitalbehov på 179', evt justert til 150' og tilskot på 100' gir dette ei tilskotsdekning på 66%.

7 Runde Kystleirskule

Søknad 2012 – 22.03.2012 **Prosjekt :** Starte opp leirskule
Prosjekt mål: Tilskot til utg.med leirskuleopplegg

Selskapet er ikkje registrert i Brønnøysund, men utifrå beskrivelse i søknad er dette eit opplegg i «regi» av Christineborg gjestehus AS v/dagleg leiar Aud Goksøyr, og ein må anta at dette er ein del av dette selskapet sin aktivitet jfr pkt 6 ovanfor.

Det vert søkt om eit årleg driftstilskot på kr 85.000,- i tillegg til at kommunen tilset ped.ressurs i 60 % stilling. Det går fram av søknaden at det årlege tilskotet skal gå til sitat : *»kontinuerlig oppgradering av driftsmateriell, læremiddel og utstyr som til dømes leiker, spel, faglitteratur, redningsvester, kikkert, håver, skrivemateriell, AV-utstyr m.m»*

Saka har ikkje vore til behandling i komite for næring, kultur og idrett, men til behandling i formannskap og kommunestyret pga det var søkt om årlege driftstilskot, og ikkje midlar frå næringsfondet.

Vedtak Kommunestyret: Markedføringstilskot på kr 85.000,-, dekn. komm. næringsfond
Driftstilskot kr 85.000,- i 2013, for nedtrapping til 50.000,-
Ped.stilling i kommunen tilsvarande 40% i 18 mnd, ref. frå besøkskommuner skal kome kommunen til gode.

Vurdering:

Det går fram av søknaden at det omsøkte beløp skal dekke årlege driftskostnader med leiskuleaktivitetar, og saksutgreiing og behandlinga i formannskapet ber og preg av dette, ogdertil finansiering. Det er alt som tyder på at kreative sjeler i kommunestyret har kome med forslag om at tilskotet skal ytast som markedsføringstilskot, for då å kunne finansiere dette med bruk av næringsfondet. Viss dette er eit nytt tiltak, eller eit nytt satsingsområde mot nye «kunde»gruppe er dette innanfor gitte retningslinjer, men om dette er oppfylt er ei anna sak – og heller ikkje er det dette søknaden gjeld.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Det er ikkje undersøkt om utbetalinga av tilskotet 18/6-12 er dokumentert med rekneskapsoppsett som viser bruken av midlane med tilhøyrande underdokumentasjon jfr krav i retningslinjer for utbetalingar frå næringsfond.

I flg retningslinjene kan midlane nyttast til tilretteleggande tiltak i regi av kommunen eller andre organisasjonar, men då til tidsavgrensa prosjekt. Det er lite i søknaden som taler for at det omsøkte tilskotet er tidsavgrensa.

8 Runde turistinformasjon

Søknad 2013 18.02.2013 **Prosjekt:** Finansiering av Runde turistinformasjon frå 2014

Runde Grendalag 24.03.2003 Næringskode: Ulike kulturaktivitetar

Søknaden gjeld årlege tilskot til drift av turistinformasjon på Runde begrensa opp til 250.000,-. Det går vidare fram at Runde har hatt turistinformasjon finansiert av RDA- midlar dei siste 5 åra, driven av Runde Miljøseier (2008-2010) og Runde Grendalag (2011-2012). Kostnaden i 2012 var kr 217`, og turistinformasjonen er ein arbeidsplass for ungdom på øya. Det går fram av saksutgreiinga at tilskot til turistinformasjon på Runde ikkje er i strid med regelverket for kommunale næringsfond, og at det vert rådd til eit tilskot på kr 100`.

Vedtak KN-sak 40/13: Tilskot frå komm.næringsfond til turistinformasjon inntil kr 100.000

Vilkår: Spesifisert rekneskap i samsvar med kostnadsoverslag.

Vurdering:

Det går ikkje fram av søknaden at dette gjeld tidsavgrensa utviklingsprosjekt, men derimot årlege driftsstøtte. Utifrå saksutgreiinga kan det tyde på at dette tiltaket vert vurdert som eit utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskapning og sysselsetting gjennom marknadsføring og profilering. Det går fram av regelverket at tilskotet ikkje skal dekke ordinære driftskostnader med aktiviteten, men skal dekke ekstra kostnader i høve utviklingsprosjekt.

9 John Normann Pettersen

Søknad 2010 22.10.2010 **Prosjekt:** Investering i thermokamera og utstyr for tettheitsmåling

Registrert 27.01.2007 Næring: Taks. bustad/eigedommekl 890 759 432/990 829 160

Det går fram av søknaden at søkjar har praktisert som takstmann som bi-geskjeft i ca 3 år. Ordinær jobb er prosjektleiar i kommunen. Samla kapitalbehov er kr 75` og søkjer om tilskot på dette.

Vedtak ANS-sak 25/10: Det vert gitt tilskot frå komm.næringsfond med kr 37.500,-
(Arb.gruppe næringsaker) Vilkår: Utbetaling v/dokumentasjon at den planlagde prod.utviklinga.

Vurdering:

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Søknaden gjeld tiltak innanfor retningslinjene under føresetnad at dette vidareutvikling /nytt markedsområde for å bidra til auka aktivitet/sysselsetting.

Då dette er eit privat enkeltmannsføretak, som ikkje har innsendingsplikt til off. register er det ikkje muleg å kontrollere om selskapet har aktivitet/endra aktivitet.

KONKLUSJON:

Saksutgreiingane inneheld relativt lite saksopplysing og/eller vurdering opp mot regelverket, men søknadane gir eit godt bilde av intensjonen med det søkte tilskotet. Saksutgreiingane er som oftest bygt opp etter standard mal/ nytta standard ordlyd, med presisering av enkelte punkt i retningslinjene – utan at desse punkta er drøfta eller er med i ei grunngjeving. Det er derfor vanskeleg å ta stilling til om retningslinjene er følgde, men etter revisor sitt syn kan det tyde på at retningslinjene vert praktisert altfor romsleg, sjå vurderingar i kvar einskild sak.

Kommunale næringsfond – retningslinjer vedtekne av Regional- og næringsutvalet 05.03.2013

DEL 1 – Prinsipp og rammer for kommunale næringsfond

1. Kva er kommunale næringsfond?

Fylkeskommunen gjev årlege løyvingar til kommunale næringsfond frå dei statlege midlane til regional utvikling, kap. 551 post 60 i Statsbudsjettet. Beløpet vert fastsett i Handlingsprogram Verdiskaping.

2. Formål og prioriteringar

Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast ved tildeling frå kommunale næringsfond.

Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde et tilbod.

3. Tildeling til kommunane

Fordeling av ramme til kommunane tek utgangspunkt i eit sett indeksar med grunnlag i statistiske data om demografi, arbeidsmarknad og sentralitet. I tillegg vert ein del av totalbeløpet sett av til skjønsmessige justeringar. Endringar i indekssettet skal godkjennast av regional og næringsutvalet.

Skjønsmessige justeringar av tildelt beløp kan gjerast med utgangspunkt i følgjande:

- Lokale strategiar. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom kommunen ikkje kan vise til politisk forankra strategiar for arbeidet med næringsutvikling. Strategiane kan synleggjerast gjennom kommuneplan, sektorplan eller anna politisk vedtak.
- Rapporteringskrav. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom rapport manglar eller er ufullstendig, jfr. pkt. 14, eller dersom det er gjeve støtte til prosjekt som er i strid med retningslinjer for bruk.
- Fondsakkumulering. Reduksjon av tildeling kan vurderast dersom ein kommune over tid, og utan forankring i langsiktige planer, akkumulerer midlar på det kommunale næringsfondet.
- Særskilde satsingar: Auka tildeling kan vurderast dersom dette kan bidra til måloppnåing innan særlege satsingar i fylkesplan/handlingsprogram verdiskaping.
- Andre vurderingar, som t.d. strukturelle problem i industrien og ekstra honorering av regionale næringsfond.

Før det vert gjort skjønsmessige vurderingar skal kommunale kraftfond motreknast krone for krone, etter fråtrekk av et fribeløp på kr.100.000.

Møre og Romsdal fylkeskommune skal innan 31. mars kvart år sende tildelingsbrev til kommunane. Tildelingsbrevet skal gi opplysningar om retningslinjer og vilkår, mål og satsingar i Fylkesplan og om krav og fristar til rapportering.

Kommunar som mottar kommunale næringsfond er:

- Sone I: Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Ålesund, Molde
- Sone II: Fræna, Sykkylven, Hareid, Ulstein
- Sone III: Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Sandøy, Midsund, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Kristiansund
- Sone IV: Aure, Smøla, Halså,

4. Utbetaling til kommunane

Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut løyving til dei kommunale næringsfonda når KRK har mottatt og godkjent rapport frå føregåande år via forvaltningssystemet RF13.50.

Kommunane skal plassere fondet på rentebærande konto. Renteinntekter skal ikkje brukast til andre formål enn kommunale næringsfond.

DEL 2: Forvaltning av kommunale næringsfond i kommunane

1. Styrande dokument

Lokale strategiar skal ligge til grunn for bruken av det kommunale næringsfondet. Kommunane kan utarbeide lokale retningslinjer for kommunalt næringsfond. Dersom kommunen delegerer forvaltningsansvaret til ein annan forvaltar må kommunen utarbeide oppdragsbrev eller avtale som inneheld vilkår for forvaltning og bruken av midla. Det omfattar blant anna informasjon om ordninga, behandle søknader, gjere vedtak om tildelingar, skrive tildelingsbrev, rapportere om bruken av midlar og føre kontroll.

2. Kunngjering

Høve til å søkje støtte frå kommunalt næringsfond skal kunngjerast. Kunngjeringa må opplyse om målgruppe, formålet med ordninga, tildelingskriterium, kva opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

3. Søknad

Kommunale næringsfond kan tildelast på grunnlag av søknad. Kommunane kan utarbeide egne søknadsskjema eller bruke elektronisk søknad via www.regionalforvaltning.no

Søknaden skal innehalde bakgrunn for prosjektet, presise og realistiske mål, oversikt over aktivitetar med framdriftsplan, budsjett med kostnadsoverslag samt finansieringsplan og oversikt over mottatt offentlig støtte dei siste tre årane.

4. Satsar for eigeninnsats

Ved utrekning av kapitalbehov inngår normalt reine pengeutlegg. Unntaksvis kan eigen arbeidsinnsats reknast inn i kapitalbehovet. Eigeninnsats for privatpersonar kan prissettast inntil kr.200,- pr. time. Det skal først timeliste for dokumentasjon. Dersom tilskotsmottakaren er eit

regnskapspliktig selskap som bruker egne tilsette i form av eige arbeid, må selskapet kostnadsføre eigeninnsatsen i regnskapet for at det skal kunne vere del av godkjent kostnadsgrunnlag. I slike tilfelle skal eigeninnsatsen prissettast til 1 promille av årslønn, maks kr.500,- pr. time.

Kommunane kan sjølve bestemme om dei godkjenner eigeninnsats som kostnadsgrunnlag.

5. Tiltak som kan støttast frå næringsfondet

Kommunale næringsfond kan brukast både til bedriftsretta tiltak, og til tilretteleggande tiltak i regi av kommunane eller andre organisasjonar. Det kan berre gjevast støtte til tidsavgrensa utviklingsprosjekt.

- Tilretteleggande tiltak: Det kan gjevast støtte til utviklingsprosjekt som legg til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetting i regi av kommune eller organisasjonar. Det kan vere tiltak som omdømmebygging, marknadsføring, profilering, kompetanseheving, kurs, seminar, konferansar, konsulenthjelp, kommunalt nærings- og tiltaksarbeid, etablering av lokale nettverk og samarbeidstiltak m.m.
- Bedriftsretta tiltak: Det kan gjevast støtte til bedrifter og nyetablerarar. Tiltak kan vere investering i utstyr og maskiner, støtte til profilering/merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, kurs/seminar, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgjeving, nettverksbygging, e.l.

Støtte til investeringar i maskiner og utstyr kan berre gjevast i kommunane i sone III og IV.

Støtte til bedriftsretta kompetansehevingstiltak, for eksempel, kurs, seminar, nettverksbygging, konferanse, bedriftsutvikling, produktutvikling, konsulenthjelp, e.l. kan gjevast i alle kommunar.

6. Avgrensingar i bruk av kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond kan ikkje brukast til følgjande tiltak:

- Renter, avdrag og refinansiering av lån, kausjon og garantier
- Kjøp av aksjar eller investering i eigenkapital uavhengig av organisasjonsformer
- Ordinær drift av verksemder. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.
- Investeringar i, og ordinær drift og vedlikehald av offentlige oppgåver. Det gjeld også kommunen sine ordinær oppgåver i nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Private verksemder som utfører kommunale oppgåver på vegne av det offentlige skal ikkje tildelast kommunale næringsfond.
- Fysisk infrastrukturtiltak i kommunane, som sentrumsutbygging, utbygging av industri/næringsareal, vegar, havner, vassverk m.m.

7. Andre vilkår

Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Bedriftsretta prosjekt med ei kostnadsramme over maksbeløp gitt i tildelingsbrev kan ikkje støttast frå næringsfondet, men bør i staden sendast Innovasjon Norge for vurdering.

Prosjekt med søknadsbeløp over halvparten av siste års tildeling til fondet skal drøftast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande lokalt.

Både tilretteleggende og bedriftsretta tiltak kan støttast med inntil 50% av totale kostnader. Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) til nyetablerarar.

Kommunane, eller den kommunen har gitt forvaltningsansvaret, kan bruke inntil 5 % av årets løyving til å dekke kostnader ved forvaltning av kommunale næringsfond.

Det kan ikkje gjevast tilsegn utover det som til ei kvar tid står på fondet. Det er ikkje lov å gi tilsagn basert på neste års bevilgning fra fylkeskommune. Kommunane kan skyte egne midlar inn fondet.

8. EØS avtalen og reglene om offentlig støtte

EØS-avtalen sin artikkel 61 forbyr som hovudregel offentlig støtte til næringslivet. Det er gitt ei rekkje unntak frå dette, for eksempel bagatellmessig støtte. Kommunale næringsfond er bagatellmessig støtte. Det kan gjevast inntil 200.000 euro bagatellmessig støtte over ein rullerande treårs periode. Det er bedrifta sitt ansvar å oppgi tidlegare mottatt bagatellstøtte i søknaden.

Det kan ikkje gjevast støtte som er i strid med internasjonale avtalar der Norge er part. Det kan derfor ikkje gjevast støtte til primær stålproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostnader, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk.

Dersom EFTAs overvakingsorgan ESA finn at støtte er gitt i strid med regelverket om offentlig støtte i EØS avtalen, kan ESA krevje at støtta blir tilbakebetalt.

9. Tildelingar

Tilskot skal tildelast på grunnlag av søknad. Avgjersle om tildeling av tilskot skal vere skriftlig dokumentert. Det gjeld også elektroniske søknader. Tildelingsbrev skal sendast kvar enkelt tilskotsmottakar. Tildelingsbrev skal innehalde:

- Formål, dvs. kva tiltak tilskotet skal brukast til
- Tilskotsbeløp
- Utbetalingsvilkår
- Vilkår for bruken av tilskotet og eventuell frist for mottakar til å akseptere vilkåra
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan bli iverksett
- Moglege reaksjonsformer dersom mottaker ikkje opptre i samsvar med forutsetningane for tilskotet
- Klagerett, jfr. kommuneloven §29 og forvaltningsloven §28.

For tilskot over kr. 100 000,- skal tilskotsmottakar skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt med dei vilkåra som gjeld. Kommunane kan sjølve avgjere om det skal krevjast skriftleg akseptbrev for tilsegn under kr.100.000,-.

10. Utbetaling

Tilskotsmottakar skal føre separat regnskap for bruken av tilskotet. Sluttutbetaling skal i utgangspunkt skje etterskotsvis mot rapport og regnskap. Kommunane kan vurdere vilkår for delutbetalingar men det skal ikkje betalast ut meir enn 75% av tilskotet før prosjektet er avslutta og sluttrapport godkjent.

For tilskot over kr.100.000 vert det krevd revisorattestert regnskap og prosjektrapport. Tilskotsmottakar som ikkje er revisjonspliktig kan få regnskapet stadfesta av autorisert regnskapsfører. Kommunane kan vurdere om det krevst attest frå revisor/autorisert regnskapsfører for tilsegn under kr.100.000.

11. Oppfølging og kontroll

For å sikre korrekt saksbehandling ved tildeling og utbetaling av tilskot, skal dei som forvaltar tilskot ha etablert system, rutinar og tiltak som skal førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar, jfr §14 Intern kontroll i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 forvaltning av tilskotsordningar i bestemmelser om økonomistyring i staten.

12. Rapportering til fylkeskommune og KRD

Forvaltar av næringsfond skal kvart år rapportere om bruken av næringsfond via KRD sine forvaltningssystem(RF13.50). Rapporteringsfristen står i det årlege tildelingsbrevet frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Møre og Romsdal fylkeskommune betaler ut ny løyving til kommunalt næringsfond i den enkelte kommune når KRD har mottatt og godkjent rapport via forvaltningssystem(RF13.50) frå føregående år.

RETNINGSLINER

NÆRINGSRETTA MIDLAR TIL REGIONAL UTVIKLING, KOMPENSASJON FOR AUKA ARBEIDSGJEVARAVGIFT

Statsbudsjettet kap. 551, post 61.

Vedtekne i Nærings- og miljøutvalet 03.06.08, og i Fylkesutvalet 30.06.08.

Tillegg i V Forvaltning, punkt 5, blei vedteke i Fylkesutvalet 27.03.09

Administrativt endra 04.02.10, som følgje av vedtak om endra forvaltning, NM 01.09.09 og Fylkesutvalet 28.09.09

I GRUNNLAG FOR MIDLANE

Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, skal gå til område som ikkje har fått gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift (DA). Berekninga av DA vart frå 2007 berekna ut frå kvar verksemda er lokalisert, og ikkje arbeidstakar si adresse som tidlegare. Kommunar som ikkje har fått gjeninnført DA frå 2007 og som kan ha rett på kompensasjonsmidlar er Vanylven, Sande, Herøy, Haram, Stordal, Midsund, Aukra, Eide, Gjemnes og Nesset. Kompensasjonen tilsvarar auken i arbeidsgjevaravgift utover bagatellregelen.

II FORDELING AV MIDLANE

1. Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) løyver midlane til dei aktuelle fylkeskommunane som folkevalde organ. Fylkesvis fordeling skjer med utgangspunkt i avgiftsauken for privat sektor i det enkelte området. Den vidare fordelinga til kommunenivå skal vere basert på grunnlagstala frå KRD sine utrekningar for den fylkesvise fordelinga. Nærings- og miljøutvalet vedtek fordeling av kompensasjonsmidlane.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune kan halde tilbake midlar eller endre forvaltninga av midlane dersom:
 - a) Handlingsplan for midlane ikkje er tilstrekkeleg forankra i det lokale næringslivet.
 - b) Midlar ikkje er nytta i samsvar med retningsliner og lokal handlingsplan
 - c) Rapporteringskrav ikkje er innfridd, t.d. når rapporteringa er ufullstendig eller manglar.
 - d) Midlar er akkumulert utan at det er gjort særskilt avtale om dette med Møre og Romsdal fylkeskommune (sjå punkt VIII FOND)

III MÅL FOR MIDLANE

1. Midlane skal gå til tiltak som gir varige positive effektar for regionane og næringslivet, og ta utgangspunkt i dei langsiktige utfordringane i dei aktuelle områda.
2. Tiltaka skal i størst mogleg grad vere i samsvar med lokale planverk for nærings- og samfunnsutvikling, Fylkesplan, Handlingsprogram for verdiskaping og KRD sine sentrale mål for midlane.
3. Samarbeid på tvers av regionar og kommunar er ønskjeleg.

IV ORGANISERING

1. **Fylkesutvalet** er øvste organ for midlane i Møre og Romsdal fylkeskommune, og skal godkjenne lokale handlingsplanar.
Arbeidsgiveravgift	60 457	13551,09	74 009	80000
Kontormateriell logo/edb	24 440	19994	44 434	12000
Faglitteratur	0	0	0	1000
Matvarer	385	0	385	4000
Servering møter, kurs, representasj...	175	5126	5 301	3000
Informasjon	4 738	0	4 738	1000
Porto/ diverse utgifter	69	0	69	70000
Telefoni	8 961	4995	13 956	15000
Annonser og reklame	8 111	5000	13 111	15000
Representasjon	4 746	415	5 161	8000
Kursutgifter	8 449	6205	14 654	40000
Opphaldsutgifter kurs	3 536	1050	4 586	8000
Reiseutgifter, oppgavepliktige	17 882	3171,15	21 053	35000
Diettgodtgjersle, oppgavepliktige	0	0	0	0
Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig	694,45	5259	5 953	2000
Reiseutgifter etter rekning	4 202	0	4 202	5000



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

ÅRSMELDING FOR 2013



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE



Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Opplæringskontoret er eit fleirfagleg føretak med basis i fagopplæringa innan kommunal verksemd for søre Sunnmøre.

Grunnlaget for kontoret finn vi i skulereforma frå 1994, der fleire kommunale fag vart gjort til lærefag. Hareid kommune oppretta eit opplæringskontor som skulle ta seg av dette arbeidet i 1995. Fylkeskommunen såg behovet for ei samordning av ressursane, og tok kontakt med Hareid kommune med ynskje om å stifte eit interkommunalt opplæringskontor som dekte ytre søre Sunnmøre. Forhandlingane om oppretting av kontoret gjekk greitt, og frå 1. januar 1999 vart kontoret oppretta med medlemskommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein som eigarar. Frå 1. januar 2008 vart også Vanylven kommune med. I 2008 opna styret for at private barnehagar kunne vere medlemmer.

I 2013 har kontoret gått gjennom ei omorganisering, Opplæringskontoret har blitt ei sjølvstendig bedrift, registret i Brønnøysund-registeret frå 30.09.2013

Administrasjon.

Anne-Mari Pilskog er tilsett som Dagleg leiar.

Ho er tilsett i 100 % stilling.

Opplæringskontoret var administrativt lagt under Hareid kommune fram til oktober 2013. Etter det vart kontoret organisert som ei sjølvstendig bedrift.

Kontoret leigde lokale med Hareid kommune, Ressurssenter fram til august 2013 etter det flytta kontoret til Ulsteinvik, og leier kontorlokale med Ulshav AS.

Medlemsbedrifter i 2013

Kommunane, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven. Blåtinden barnehage, i Haddal og, Grønmyr Myklebust i Herøy og Grønmyr barnehage i Hareid og Sunnmøre Folkehøgskule er medlemmar i Opplæringskontoret ved utgangen av 2013.



Styret

Styret for Opplæringskontoret har sju medlemmar og sju vara medlemmar.

Kvar av kommunane har ein representant i styret og arbeidstakarorganisasjonane har ein representant. Og dei private bedriftene har ein representant.

I tillegg har Utdanningsavdelinga i fylket møte- og talerett.

Styret har frå årsmøtet i 2013 vore samansett slik:

Styreleiar:	Kari Riise	Ulstein kommune
Vara:	Cato Hansrud	
Nestleiar:	Gro Anette Frøystad Voldsund	Herøy kommune
Vara:	Brigitte Sævik Pedersen	
Styre medlem:	Torhild Aakre Støylen	Sande kommune
Vara:	Elin Muren Rokstad	
Styremedlem:	Sigrid Marie Lillebø	Vanylven kommune
Vara:	Janita Nybø Wefring	
Styremedlem:	Trude Dalen	Hareid kommune
Vara:	Oddbjørn Grimstad	
Styremedlem:	Anne Kristin Myklebust	Grønmyr barnehage, Herøy
Vara:	Elisabeth Warpe	Grønmyr barnehage, Hareid
Arbeidstakarorg:	Hilde Ringen Hofseth	
Vara:	Ragnhild Hagen Vasstrand	

Valkomiteen: Oddbjørn Grimstad og Birgitte Sævik Pedersen.

Styret har i 2013 hatt 7 ordinære styremøte; (11.februar, 18. mars, 15.april, 24 juni 06.august 28.oktober og 02.desember)

18. mars 2013, vart Årsmøtet for 2012 avvikla.



Saker som styret har handsama/blitt orientert om:

- Rekrutteringsarbeid.
- Karrieredagar på Høgskulen i Volda
- Omorganisering av Opplæringskontoret
- Logo
- Budsjett, økonomi og årsmelding

Dagleg leiar har arbeid med følgjande:

- Halvårsbesøk, vår og haust
- Rekruttering, skulebesøk
- Samarbeid med NAV, PPT.
- Søknader om ekstra tilskot for lærlingar
- Styremøte, budsjett, økonomi og årsmøte
- Utlysning av ledige læreplassar
- Intervju av nye lærlingar
- Innhenting av referansar
- Gjennomføring av tilsetjing av lærlingar
- Kontraktskriving
- Samarbeid med fylkeskommunen, utdanningsavdelinga
- Oppmelding av fagprøve
- Organisere samlingar for lærlingar
- Styringsgruppa for Karrieredagane
- Omorganiseringsarbeid
- Ny logo
- Rådgiving til praksiskandidatar
- Yrkesopplæringsnemnda



Lærlingar knytt til Opplæringskontoret i 2013

Pr 01.01.13 hadde vi totalt 38 lærlingar

Lærefag	Kommunar	Kontraktar
Barn- og ungdomsarbeidarfaget	Hareid	0
	Ulstein	3
	Herøy	2
	Blåtinden barnehage	1
	Grønmyr Holstad	1
	Grønmyr Myklebust	2
	Sande	1
	Vanylven	0
	Sum barn- og ungdom	10
IKT	Ulstein	1
	Sum IKT	1
Feiar	Ulstein	1
	Sum Feiar	1
Helsearbeidarfaget	Hareid	1
	Ulstein	5
	Herøy	5
	Sande	2
	Vanylven	8
	Sum Helsearbeidar	21
Institusjonskokkfaget	Hareid	2
	Ulstein	2
	Herøy	1
	Sum Institusjonskokkfaget	5
		Totalt 38 stk.



I løpet av året gjekk 21 lærlingar opp til fagprøve, og vi har fått 19 nye fagarbeidarar.

Lærefag	Opp- melde	Resultat
Barn- og ungdomsarbeidarfaget	6	6 bestått
Helsearbeidarfaget	11	5 Bestått 4 bestått mykje godt 1 kompetanseprøve 1 ikkje gjennomført 2013
IKT -Servicefaget	1	1 bestått
Institusjonskokkfaget	3	2 bestått 1 kompetanseprøve
Sum	21	4 bestått mykje godt 14 bestått 0 ikkje bestått

Vi hadde 3 kontrakthevingar i løpet av 2013

Lærefag	Hevingar
Helsearbeidarfaget	3
Sum	3



Nye kontraktar i 2013

Lærefag	Nye kontraktar
Barn- og ungdomsarbeidarfaget	5
Helsearbeidarfaget	9
IKT	0
Kontor	1
Institusjonskokkfaget	2
Aktivitør	0
Feiar	0
Sum	17

Nye kontraktar dei siste 6 åra.

- **2007: 16**
- **2008: 13**
- **2009: 27**
- **2010: 17**
- **2011: 22**
- **2012: 20**
- **2013: 17**



Kontraktar pr. 31.12.2013

Lærefag	Kommune	Kontraktar	Merknad
Feiarfaget	Ulstein	1	
	Sum	1	
Barn - og ungdomsarbeidarfaget	Grønmyr Holstad	0	
	Ulstein	4	2 Opplæringskontraktar
	Herøy	1	
	Sande	1	
	Grønmyr Myklebust	1	
	Blåtinden barnehage	0	
	Sum	7	
Helsearbeidefaget	Hareid	1	
	Ulstein	1	
	Herøy	4	
	Sande	3	
	Vanylven	8	
	Sum HFA	17	
Kontor	Ulstein	1	
	Sum kontor	1	
Institusjonskokkfaget	Hareid	1	
	Ulstein	1	
	Herøy	1	
	Sunnmøre - folkehøgskule	1	
	Sum Kokk	4	
Total		30	

31.12. 2013 hadde Opplæringskontoret 30 løpande kontraktar.



Lærlingar.

Tilsetting

Dei fleste lærlingane startar i august, men ein kan gjerne starte lærekontrakten på eit anna tidspunkt. Samanliknar ein med 2012 var det i 2013, signert tre færre lærekontraktar.

Tilsyn

Dagleg leiar fører tilsyn med opplæringstilhøva for den einskilde. Dette vert gjort på ulike måtar som med SMS, e-post, telefonkontakt, samtalar og besøk på arbeidsplassen i løpet av året. Alle lærlingar får besøk på sin arbeidsplass minst ein gong kvart halvår. Halvårssamtalar blir dokumentert. Notat frå anna kontakt med lærling og arbeidsplass blir lagt i mappa til lærlingen.

Nokre lærlingar treng meir oppfølging enn andre, og trulig gir tett oppfølging betre læring. Opplæringskontoret skal vere "berre ein telefon unna" og det vert lagt vekt på å vere tilgjengelig for lærling, instruktør og lærebedrift. Dette innebere å kunne reise på bedriftsbesøk på kort varsel og kunne rydde tid til å ta imot lærlingar og instruktørar på kontoret utan at dei nødvendigvis må ha avtale på førehand.

Dagleg leiar har god oversikt av opplæringssituasjonen til den enkelte lærling.

Kontakta med medlemsbedriftene, instruktørar og dei faglege leiarar er med på å kvalitetssikre opplæringa og gi lærlingar ein god start i arbeidslivet.

Fråvær

Lærlingane er inkluderte av IA- avtalen. Det kan sjå ut til at stort fråvær på vidaregåandeskule også fører med seg høgt sjukefråvær som lærling. Det betyr truleg berre at nokon har større helseproblem enn andre i periodar av livet. Likevel må ein fokusere på dette i intervju, samlingar og samtalar. Det er og viktig at dei som arbeider i lag med lærlingen, tek presis oppmøte alvorleg frå starten, samt pausar og fråvær og registrerer dette og syter for at lærlingen blir minna om krava i arbeidslivet. Den enkelte har gjerne gode og rettmessige grunnar til fråvær, men arbeidsplassen må vite at ein kan rekne med dei tilsette. For dei fleste er ikkje oppmøte noko problem. Men for enkelt lærlingar innebere det ein del ekstra arbeid der ein må ha samarbeid med PPT, NAV, barnevernstilsette og andre instansar.

Av og til har unge menneske store personlege problem. Fråvær kan vere eit indikasjon på det, i slike til feller er det viktig at dei unge får tilbod om hjelp av ulikt slag. Her prøver Opplæringskontoret å vere aktiv og tidvis kreativ på å løyse problema



Kurs og samlinger for lærlingar

I løpet av to år er det ynskjeleg at lærlingane får ta del på nokre kurs. Det betyr at enkelte kurs kan arrangerast annakvart år / to års rullering. Nokre samlingar er for alle lærlingane i tillegg til samlingar for faggruppene. Nokre samlingar / kurs er knytt til den enkelte kommune. Informasjon om eigen kommune, arbeidsmiljølova kan vere aktuelle tema på desse kursa. Ein bør arbeide for å ha ca. 9 samlingar i året. Det betyr om lag ein gong i månaden. Ein bør maks bruke ein halv arbeidsdag pr. samling.

I 2013 vart det gjennomført 7 forskjellige samlingar og kurs for lærlingar. Gjennom året har vi hatt 4 samlingar som var fagdelte, der temaet har vore planskriving.



Bilde frå samling i Vanylven for Helsefaglærige.

Fagprøvesamling i april har blitt eit fast arrangement i samarbeid med Sunnmøre kommunale kontor og Opplæringskontoret i Haram. Dette vart i arrangert i Ålesund.

06. Februar vart det arrangert Snøzelkurs på Ulstein kompetansesenter med info og omvising. Dette vart arrangert for Barn- og ungdomsarbeidarlærige.



Den 27. august hadde Opplæringskontoret samling for dei nye lærlingane som tok til i haust. Den første samlinga er viktig for lærlingane. Der blir det gitt mykje viktig informasjon, som lærlingane får bruk for gjennom læretida. Dagleg leiar hadde invitert Elev- og lærlingombodet Monica Molvær. Lærlingane fekk utdelt opplæringsboka si på samlinga.




Lærlingane som starta hausten 2013.



Helsefagl rlingane fekk seg ein dag p  Mork rehabiliteringssenter med info og omvising. Dette i samarbeid med  rsta og Volda kommune.

Institusjonskockane fekk hospitere 3 dagar p  Sentralk kkenet p  Fylkessjukehuset i  lesund.

Ein ivrig Institusjonskockel rling





Instruktørane

Instruktørane er ansvarlig for den daglege oppfølginga av lærlingane, vise dei til rette på arbeidsplassen og samarbeider med lærling om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.

Kvalitetssikring

Tett oppfølging av lærlingane og instruktørane er viktig for å sikre kvalitet i opplæringa. Læreplanen i faget og arbeidsoppgåvene på den enkelte arbeidsplass legg rammene for innhaldet i opplæringa, og det er viktig med jamleg vurdering av lærlingen si utvikling i forhold til måla i læreplanen. For at vi skal vere ein god lærebedrift som sikrar eige rekrutteringsgrunnlag og gir lærlingane god opplæring er det viktig at vi kontinuerlig driv vurdering og ser på korleis vi som lærebedrift planlegger, gjennomfører og evaluerer opplæringa.

I samband med innføringa av Kunnskapsløftet har Opplæringskontoret utforma nye loggbøker til lærlingane. Med å føre logg får lærlingane dokumentert opplæringa si og utføringa av arbeide sitt, gjennom skriftelig planlegging av enkeltoppgåver. Dette er med på å kvalitetssikre opplæringa som blir gitt av medlemsbedriftene.

Når det gjeld HMS så hadde Opplæringskontoret dei same rettingslinjene som Hareid kommune fram til oktober 2013. Etter det vart kontoret lagt under Herøy kommune sitt arbeidsreglement og HMS.

Rekruttering

Arbeidet med rekruttering har i hovudsaklig vorte gjennomført på to område:

- 1.nå ut til elevane i grunnskule
- 2.nå ut til elevar i vidaregåandeskule med generell informasjon om yrkesfagleg utdanning.

Det blei gjennomført skulebesøk både til Ørsta vidaregåande, Herøy vidaregåande, og Herøy vidaregåande avdeling Vanylven.




Karrieredagar i Volda

26. og 27. september vart det arrangert karrieredagar på Høgskulen i Volda.

Saman med Ørsta vidaregåande skule, Herøy vidaregåande skule, Helse Sunnmøre med Ambulansefag og Herøy Kommune vart Helse og Oppvekstfag presentert på ein flotte stand.

Opplæringskontoret stilte med 1 lærling i Helsefag den eine dagen.



Lærling Benedikte Nielsen i Voldahallen

VG2 Helsefag konferanse

I januar var Opplæringskontoret i Ålesund på Helsefagkonferanse. Dette er spesielt for elevar som går på Vg2 Helsefag i Møre og Romsdal. Opplæringskontoret hadde stand, og to helsefaglærlingar var med for å representere Opplæringskontoret for søre Sunnmøre. Dette er eit årlig arrangement.

Aktuelle samarbeidspartnarar



Samarbeid med Sjukehuset i Volda og Mork senter vart også gjennomført i 2012. Andre årslærlingar har moglegheit til å få seg to månadar hospitering /praksis enten på Mork senter eller på sjukehuset i Volda. Dette er eit samarbeid mellom Ørsta og Volda kommune.

I november/desember hadde vi ein lærlingar på praksis på sjukehuset i Volda, og i oktober/november var det ein lærling som var på Mork rehabiliteringssenter. Opplæringskontoret håpar at dette samarbeide vil fortsette vidare.

Vidaregåande skule

Dagleg leiar, i samarbeid med medlemsbedrifter bør jobbe meir med å forsterke samarbeidet med dei vidaregåande skulane i vårt distrikt. Prosjekt til fordjuping eller fordjupingspraksis, er den arenaen som medlemsbedriftene kan bruke for å rekruttere til dei ulike yrka i kommunesektoren. Vi har mykje å hente på å skape kontakt med unge som kanskje vil søkje til ledige lære plassar, eller som på anna vis kan vere ynskta som arbeidstakarar. Kommunane må gå nye vegar for å finne dei som skal rekrutterast i åra framover.

Utdanningsavdelinga i Fylket

Opplæringskontoret sin viktigaste samarbeidspartnar er Utdanningsavdelinga i Fylke. Opplæringskontoret deltok i 2012 på fleire samlingar og møter i regi av Utdanningsavdeling, og opplever samarbeidet med fagkonsulentane og andre tilsette som, godt og viktig for kontoret.

Forum for Yrkesfag

Forum for yrkesfag er eit samarbeidsorgan for Opplæringskontora i Møre og Romsdal. Forumet arbeider særlig med marknadsføring av yrkesfaglege utdanning og elles saker der opplæringskontora har felles interesse. Forumet representerer dessutan Opplæringskontor i samarbeid med utdanningsavdelinga. FFY administrerast av eit styre med 4 representantar frå kontora.

Yrkesopplæringsnemnda

Dagleg leiar for Opplæringskontoret er KS sin representant i yrkesopplæringsnemnda i Møre og Romsdal.

Gjennom året har dagleg leiar vore på 6 møter på Fylkeshuset i Møre og Romsdal.



Ny logo

Opplæringskontoret har i 2013 fått ny logo. Det var Ingvild Mork som fekk arbeidet med å kome med forslag til logo. Etter ei runde med styret vart det semje om kva forslag ein skulle gå for. Det vart ein flott og fargerik logo.

Kostnaden vart på 19000 kr,-inkl. mva for kontoret.

Økonomien til Opplæringskontor

Økonomien til kontoret har vore stabil dei siste åra. Tilbakeføringane av tilskot til kommunen har vore nokso jamt nivå. I 2011var det ei tilbakeføring på 50 %, i 2012 var det på 45 %.

I 2013 var tilskotet betalt tilbake i to gongar. 23.01.2013 vart det tilbakeført 45% av tilskotet frå Fylke og det var på kr 839,727 det andre var ei fordeling på 343,324 kr mellom medlemsbedriftene. Det vart gjort vedtak på Årsmøtet i 2012 at ein skulle ha ei overføring på 10.000 kr pr. halvår pr. lærling.

At kvar kommune aukar talet på lærlingar, er med på å styrke økonomien til kontoret i framtida.

Til slutt

Dagleg leiar har fridom til å kunne utvikle Opplæringskontoret og lærlingordninga knytt til medlemsbedriftene. Samarbeidet med styret, skulane, instruktørane og dei mange eg har kontakt med fungerer godt.

Lærlingordninga i kommunal sektor er noko som kan vere med å sikre folketalet i heile regionen. Å skape forståing for denne muligheita er ei stor oppgåve for dagleg leiar. Styret og dagleg leiar vil framover vidareføre arbeidet med å byggje opp og kvalitetssikre samarbeidet om lærlingordninga på søre Sunnmøre.

Å ha ei velfungerande lærlingordning er eit viktig bidrag til å sikre framtidig rekruttering

Lærlingordninga er "vinn - vinn" for den enkelte, for lokalsamfunnet og storsamfunnet.

Ulsteinvik

Kari Riise

Anne-Mari Pilskog



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

Styreleiar

Dagleg leiar

Valnemnda har bestått av Birgitte Sævik Pedersen frå Herøy kommune og Oddbjørn Grimstad frå Hareid kommune.

Styret har bestått av:

Sigrid-Marie Lillebø, (repr.)	Vanylven kommune	
Janita Nybø Wefring (vara)	Vanylven kommune	
Kari Riise (leiar)	Ulstein kommune	står på val
Cato Hansrud (vara)	Ulstein kommune	står på val
Torhild Aakre Støylen, (repr.)	Sande kommune	
Elin Muren Rokstad (vara)	Sande kommune	
Gro Anette Frøystad (nestleiar)	Herøy kommune	står på val
Birgitte Sævik Pedersen (vara)	Herøy kommune	står på val
Trude K. Dalen (repr.)	Hareid kommune	
Oddbjørn Grimstad (vara)	Hareid kommune	
Hilde Ringen Hofseth (repr.)	Fagforbundet – Ulstein	
Ragnhild Hagen Vasstrand (vara)	Fagforbundet - Sande	
Ann-Kristin Bøe Myklebust	Grønmyr Barnehage, Myklebust	
Elisabeth Warpe	Grønmyr Barnehage, Hareid	

Valnemnda sitt forslag:

Kari Riise (repr.)	Ulstein kommune	tek attval , også som leiar
Cato Hansrud (vara)	Ulstein kommune	tek attval
Gro Anette Frøystad (repr.)	Herøy kommune	tek attval, ikkje som nestleiar
Birgitte Sævik Pedersen (vara)	Herøy kommune	står på val
Trude K. Dalen	Hareid kommune	tek på seg nestleiarvervet

Valnemnda tek attval

For valnemnda mars 2014
Birgitte Sævik Pedersen




PROTOKOLL

FYLKESMØTE I KS MØRE OG ROMSDAL

Dato: 11.02. 2014 kl. 15:30 – 16:30
Sted: Quality Hotel Alexandra, Molde

REG. NR. KOMMUNESTYRET
RÅDMANNENS LETING.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/4	Saksbeh. HS
14 MARS 2014	
Ark. kode P	033
Ark. kode S	
J.nr.	Dok. nr. 18
Kassasjon	

Til stede:

33 utsendingar frå kommunane i Møre og Romsdal
9 utsendingar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fra administrasjonen:

Gunnar Bendixen
May-Ann Bruun
Ann Sissel Misund Nedberg

SAKLISTE Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 11.02.2014 kl. 15:30 - 16:30

Side

Saksfremlegg

<u>14/1</u>	14/00209-1	Årsmelding 2013 - KS Møre og Romsdal	3
<u>14/2</u>	13/00208-2	Retning for fylkesstyrets arbeid i 2014	3
<u>14/3</u>	13/01672-7	Uttale til debattheftet "Tid for endring" (FM)	4

Orienteringssaker

<u>14/1</u>	14/00245-1	Skodd for framtida	6
-----------------------------	------------	--------------------	---

Opning

Registrering/ opprop

Sakliste og innkalling er godkjent

Saksfremlegg

14/1 Årsmelding 2013 - KS Møre og Romsdal

Vedtak

Fylkesmøtet tek årsmeldinga til orientering.

[Lagre]

14/2 Retning for fylkestyrets arbeid i 2014

Fylkesmøtet si votering over styret sine prioriteringar for sitt arbeid i 2014 fram t.o.m. pkt. 6 i KS sin plan for 2014 vart
samrøystes vedteke.

Fylkesmøtet si votering over styret sine prioriteringar for sitt arbeid i 2014 pkt. 7 i KS sin plan for 2014, vart som følger:

Forslag til vedtak frå utsending Steinar Reiten, M&R fylkeskommune:

Fylkesmøtet gir sin tilslutnad til styret sine prioriteringar for sitt arbeid i 2014, med særleg merksemd mot dei områda som framgår av Hovudstyret sin plan for 2014, jfr. vedlagte vedtak i Hovudstyret datert 06.12.2013.

Fylkesmøtet finn det likevel prinsipielt vanskeleg å gi tilslutnad til krav frå KS vedrørande undervisningspersonalet si arbeidstid, dersom desse krava blir så vidtgåande at dei kjem i konflikt med formuleringar om skolepolitikk i vedtekne partiprogram. Fylkesmøtet ber om at KS, gjennom dialog med partiorganisasjonane gjer ei nødvendig prinsipiell avklaring kring spørsmålet om kor langt forhandlingsmandatet kan strekkast i høve til skolepolitiske prioriteringar i dei ulike partia.

På dette grunnlaget finn fylkesmøtet ikkje kunne gi sin tilslutnad til punkt 7, andre strekpunkt i målformuleringa i Hovudstyret sitt vedtak om plan og budsjett datert 06.12.13.

*Steinar Reiten, M&R fylkeskommune, sitt forslag til vedtak falt med 10 mot 32 røyster
KS sitt framlagte forslag vart vedteke med 32 røyster mot 10 røyster*

Fylkesmøtet si votering over styret sine prioriteringar for sitt arbeid i 2014 pkt. 8 – 10 i KS sin plan for 2014, vart
samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesmøtet gir sin tilslutnad til styret sine prioriteringar for sitt arbeid i 2014, med særleg merksemd mot dei områda som framgår av Hovudstyret sin plan for 2014.

[Lagre]

14/3 Uttale til debattheftet "Tid for endring"

Forslag til vedtak frå utsending Toril Melheim Strand, M&R fylkeskommune:

Arbeidstidsavtalen ble prolongert fram til 2013 og Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal foreslår en videre gyldighet som den er i dag. Så må KS sammen med kommuner og fylkeskommuner starte en prosess, hvor det utvikles en ny plattform for skoleeierskap og skoleledelse. Denne prosessen må sikre en forankring hos kommuner og fylkeskommuner på en måte som får fram noen alternative veivalg for å utvikle en arbeidstidsordning som ivaretar skolens egenart som kunnskapsformidler og kunnskapsarbeidsplass og skoleeiere og skolelederes behov for å drive pedagogisk ledelse. I denne prosessen må også arbeidstakerorganisasjonene på de ulike nivåene involveres for å få fram så mange perspektiver som mulig.

Forslaget falt med 14 mot 28 stemmer.

Forslag til vedtak frå utsending Steinar Reiten, M&R fylkeskommune:

Nytt punkt 6 i KS sin plan for 2014:

Dei seinaste åra har undervisningspersonalet i kommunal og fylkeskommunal sektor blitt pålagt omfattande arbeidsoppgåver i tillegg til gjeremåla dei hadde tidlegare, særleg når det gjeld krav om dokumentasjon. Dette gjeld mellom anna pålegg om undervegsvurdering og halvårsvurdering utan karakterar i alle fag for alle elevar. Dette kravet vart innført ved endring av kap. 3 i Forskrift til opplæringslova 1. august 2009, og forskriftsendringa har medført betydeleg meirarbeid både når det gjeld sjølv evalueringsarbeidet og kurs- og planverksemd kring emnet «Vurdering for læring».

Spørsmålet om korleis det løpande vurderingsarbeidet skal skje i løpet av eit årsverk når inntil 6 veker av arbeidsåret skal flyttast ut av skoleåret, synest ikkje å vere avklara frå KS si side. Det er grunn til å minne om at ein vesentleg del av arbeidet som lærarane i dag utfører utanom undervisnings- og førebuingstid i skoleåret, nettopp er løpande muntleg og skriftleg evaluering av elevane.

Heller ikkje andre nødvendige tidsstudiar i høve til å flytte inntil 6 veker av arbeidsåret ut av skoleåret ser ut til å vere gjennomført. Dersom arbeidsgjevarsida har som mål å fylle store delar av desse 6 vekene med etter- og vidareutdanning som undervisningspersonalet ikkje har tilbod om i dag, synest det noko underleg at ein i tillegg har tenkt å få plass til andre løpande oppgåver som lærarane fram til no har arbeidd med innanfor rammene av skoleåret.

I gjeldande lov- og avtaleverk har undervisningspersonalet vore unnateke dei generelle bestemmelsane om arbeidstid, overtid og kompensasjon for arbeid på kveldstid og i helger, jfr. Arbeidsmiljøloven kap. 10/ §10.12, og Hovudtariffavtalen §§4 – 7. Spørsmålet om korleis dette skal ordnast ved ei utviding av arbeidsåret for denne arbeidstakargruppa, synest òg å vere mangelfullt utgreidd på førehand.

På dette grunnlaget ber fylkesmøtet i Møre og Romsdal at KS revurderer sitt krav om eit arbeidsår på inntil 45 veker for undervisningspersonalet, og at ein søker å inngå gode kompromiss for å unngå storkonflikt ved årets tariffoppgjer.

Forslaget falt med 12 mot 30 stemmer.

Vedtak

Lønnssystemet i endring

Siden 2002 har vi hatt et minstelønnssystem i HTA kapittel 4. Kommuner og fylkeskommuner har oppfordret KS til å vurdere endringer i dagens lønnsystem og har tidligere vurdert at det kan prioriteres å bruke deler av den økonomiske rammen for å få dette gjennomført. Et partssammensatt utvalg har vurdert hvordan minstelønnssystemet kan videreutvikles. KS mener lønnsystemet bør endres fra å sikre garantert lønnsnivå (minstelønn) til å ivareta at alle gis en *garantert lønnsutvikling*. Et slikt nytt lønnsystem vil stille større krav til den lokale lønnspolitikken. Det er grunn til å anta at forhandlinger om å innføre nytt lønnsystem får konverteringskostnader som i så fall belastes den økonomiske rammen. Dette må tas med i en samlet vurdering av ønsket profil og prioriteringer innenfor disponible økonomiske rammer.

KS spør:

1. Bør pensjonsordningene i offentlig sektor bli tema ved tariffoppgjøret i 2014?

Svar: Ja det bør det. Det bør spesielt vurderes å få til en tilnærming til den fleksibilitet som pensjonsordninger i privat sektor gir. Pensjonsordningen bør gi større motivasjon til stå lenge i stilling.

Det er viktig at endringer ikke medfører høyere pensjonskostnader, og det bør vurderes ordninger som medfører mer forutsigbare kostnader for kommunene. Det bør vurderes å øke arbeidstakers andel av kostnader til pensjon for å få til endringer.

2. Hva vurderes som en realistisk og forsvarlig økonomisk ramme?

Svar: Den økonomiske rammen bør begrenses til forutsetninger i statsbudsjettet, og de føringer som gis gjennom frontfagoppgjøret.

Det er samtidig viktig å ta vare på kommunenes konkurranseevne i forhold til utsatt arbeidskraft.

3. Hvilke elementer i oppgjøret (f.eks. lokal pott eller generelle tillegg) skal prioriteres?

Den viktigste prioriteringen bør være å få til et nytt lønnsystem slik det partssammensatte utvalget, og KS har foreslått. Å få til en slik endring bør ha høyere prioritet enn et eventuelt generelt lønnstillegg og pott til lokale forhandlinger.

Ved eventuell pott til lokale forhandlinger bør det prioriteres å få til en pott som er tilstrekkelig til at det er hensiktsmessig med lokale forhandlinger. Den bør være på minst samme nivå som ved forrige hovedoppgjør.

Det bør legges vekt på å få til en sterkere lønnsutvikling de første årene etter utdanning, og da spesielt for de med høyskoleutdanning, og fagutdannede.

Det bør legges vekt på å få til incentiv som kan bidra til mer motivasjon for turnusarbeid generelt og helgearbeid.

4. Hvilke lønns-elementer kan prioriteres ned til fordel for endringer i minstelønnssystemet i HTA kapittel 4?

Å få til et nytt lønssystem bør ha høyere prioritet enn et eventuelt generelt lønnstillegg og pott til lokale forhandlinger.

Det er heller ikke like viktig å prioritere garantilønn ved 20 års lønnsansiennitet, da den eksisterende lønnsforskjellen til minstelønn for fagarbeidere ikke motiverer til å bli fagarbeider.

5. Hvordan ser dere på eget omfang av arbeidstakere med kun lokal lønnsdannelse?

Det er ønskelig at formuleringene i HTA legger opp til større lokal fleksibilitet for overføring eller innplassering av stillinger i HTA kap. 5. Det bør vurderes å innføre flere stillingskoder i kap. 5 for å få det til.

I hovedsak vurderer kommunene at omfanget av arbeidstakere med kun lokal lønnsdannelse er håndterbart og passende.

[Lagre]

Orienteringssaker

14/1 Skodd for framtida

Vedtak

Fylkesmøtet tek saka til orientering, og tilrår kommunane å vurdere sin arbeidsgjevarpolitikk i lys av heftet.

[Lagre]

Fra: Hege Hamre [mailto:hege.karete.hamre@furene.no]

Sendt: 17. mars 2014 11:00

Til: 'arild.iversen@volda.kommune.no'; 'rune.sjurgard@volda.kommune.no';
'rune.hovde@orsta.kommune.no'; 'wenche.solheim@orsta.kommune.no';
'anders.riise@hareid.kommune.no';
"bent.arild.grytten@hareid.kommune.no" (bent.arild.grytten@hareid.kommune.no); "Einar Vik
Arset" (einar.arset@ulstein.kommune.no); 'jan.helgoy@vanylven.kommune.no';
'ordforar@ulstein.kommune.no' (ordforar@ulstein.kommune.no); 'ordforar@heroy.kommune.no'; Erlend
Krumsvik; 'gudmund.sandnes@vanylven.kommune.no'; 'dag.vaagen@sande-mr.kommune.no';
'asmo@sande-mr.kommune.no'; 'Alvhild Kvamme Iversen (alvhild@bta.as)'; 'jon.aasen@mr fylke.no';
'Ottar.Brage.Guttelvik@mr fylke.no'; 'post@eid.kommune.no'; 'post@stranda.kommune.no';
'post@vagsoy.kommune.no'; 'postmottak@sykkylven.kommune.no'; 'bobrand@bta.as';
'wenche.nosen.kanestrom@mr fylke.no'

Kopi: 'Inge-Jonny Hide (inge-jonny.hide@kleven.no)'

Emne: SV: eigarmøte og generalforsamling Furene AS 2013

Hei

Generalforsamlingsdokument var sendt i posten før helga.
Elektronisk vedlagt her.

Vel møtt!

Hege Karete Hamre

Dagleg leiar

Mob. +47 41 62 83 39

hege.karete.hamre@furene.no

 cid:image001.jpg@01CE294E.1D4A7590

Fra: Hege Hamre

Sendt: 3. mars 2014 15:53

Til: 'arild.iversen@volda.kommune.no'; 'rune.sjurgard@volda.kommune.no';
'rune.hovde@orsta.kommune.no'; 'wenche.solheim@orsta.kommune.no';
'anders.riise@hareid.kommune.no';
"bent.arild.grytten@hareid.kommune.no" (bent.arild.grytten@hareid.kommune.no); "Einar Vik
Arset" (einar.arset@ulstein.kommune.no); 'jan.helgoy@vanylven.kommune.no';
'ordforar@ulstein.kommune.no' (ordforar@ulstein.kommune.no); 'ordforar@heroy.kommune.no';
'erlend.krumsvik@heroy.kommune.no' (erlend.krumsvik@heroy.kommune.no);
'gudmund.sandnes@vanylven.kommune.no'; 'dag.vaagen@sande-mr.kommune.no'; 'asmo@sande-
mr.kommune.no'; 'Alvhild Kvamme Iversen (alvhild@bta.as)'; 'jon.aasen@mr fylke.no';
'Ottar.Brage.Guttelvik@mr fylke.no'; 'post@eid.kommune.no'; 'post@stranda.kommune.no';
'post@vagsoy.kommune.no'; 'postmottak@sykkylven.kommune.no'; bobrand@bta.as

Kopi: 'Inge-Jonny Hide (inge-jonny.hide@kleven.no)'

Emne: eigarmøte og generalforsamling Furene AS 2013

Hei

Vil med dette ynskje eigarane velkomen til generalforsamling for 2013 og eigarmøte 24/3 kl 1400 i Furene.

Fusjonen med Dragsund går sin gong og generalforsamlinga vert den formelle milepelen på integrasjonen av Dragsund i Furene.

Vi legg opp til enkel bevertning og set pris på om de melder frå om de kjem eller ikkje slik at vi får planlagt både passe stort rom og nok mat.

Velkomne☺

Hege Karete Hamre

Dagleg leiar

Mob. +47 41 62 83 39

hege.karete.hamre@furene.no

 cid:image001.jpg@01CE294E.1D4A7590



FURENE

ÅRSMELDING
2013

Innhald

Dagleg leiar har ordet

Styret si årsmelding

Revisor si melding

Konsernrekneskap Furene AS 2013

Resultat

Balanse

Notar

Kontantraumoppstilling

Årsrekneskap Furene AS 2013

Resultat

Balanse

Notar

Kontantraumoppstilling

Nøkkeltal

Dagleg leiar har ordet

Det store bildet i korte trekk

2013 har vore relativt normalt år i det store bildet. Sidan 2007 har det vore omtrent nullvekst i Europa, USA og Japan, medan det er vekst i dei framveksande økonomiane. Kina sin økonomi har for eksempel vekse 70 prosent i denne perioden.

Bildet er blanda men ein kan sjå ein viss framgang etter mange kriseår. Aksjar har auka i verdi, bedriftene nyttar situasjonen med lave renter til å auke låneoptaket. Statane sine budsjettunderskot er gradvis på veg ned etter å ha nådd toppen i 2009. Veksten i økonomiane i verda er framleis ujamt fordelt. Andelen sysselsette i mange vestlige land er framleis godt under toppnivået i 2007.

Finansmarknadane er strengare regulerte og straffene for å bryte spelereglane i finansmarknadane er skjerpa. Høge kapitalkrav gjer at det blir lånt ut mindre pengar til små bedrifter i både USA og Europa. Sentralbankane held fram å trykke meir pengar, dollaren har styrka seg kraftig i løpet av 2013 sett opp mot valutaer i framveksande økonomiar.

Desse trekka ved verdsøkonomien fortel kanskje ikkje heile historia om 2013 i verda, men seier noko om fleire viktige forhold.

I Noreg har vi den lågaste arbeidsløysa innanfor OECD-området, høg arbeidsdeltaking og høgt utdanningsnivå. Næringslivet er produktivt, folk trivast og har høg motivasjon i arbeidet.

Næringslivet har i enkelte sektorar store utfordringar med å skaffe nok kompetente hender til å stette behovet. Likevel står alt for mange utanfor arbeidslivet. I 2012 gjekk 657 000 årsverk tapt på grunn av sjukefråvær, uførheit, nedsett arbeidsevne på grunn av helseplager og andre årsaker.

Vi kan grovt dele inn auken i utanforskapen i tre grupper:

- ▶ Ungdom som fell frå i vidaregåande skule.
- ▶ Langvarig sjukefråvær
- ▶ Manglande integrering av enkelte grupper innvandrarak

«Hull i CV-en»

Vi i Furene er glade for at statsminister Erna Solberg løfter fram behovet for å tilsette folk med hol i CV-en i sin nyttårstale. Å tilsette folk med «hull i CV-en» har blitt det nye «alle skal med». Fokuset er viktig og vi ser fram til å sjå korleis politikken vert omsett i praksis. Furene har i lag med næringslivet og Nav i 2013 bidrege til at mange har fått seg jobb og eller skulegong. Mange av disse har slite og slit framleis med psykiske lidingar, rusvanskar og lese og skrivevanskar. Samarbeidet med eit samfunnsengasjert næringsliv på Søre Sunnmøre fungerer godt og gjev resultat.

Vi i Furene er glade for oppmodinga frå statsministeren til arbeidsgivarane om å tilsette folk som har slite utanfor arbeidslivet. God arbeidsintegrering føreset imidlertid eit godt samspel mellom attføringsbedriftene, Nav og næringslivet. – Det er viktig at attføringsbedrifta finn den rette matchen mellom kandidaten og næringslivet, og ikkje minst at både arbeidsgivar og arbeidssøklar vert fylgt tett gjennom heile prosessen.

Vi kan få enda fleire i jobb i 2014. Vi vil gjer vår del av jobben og håpar det vert sett fokus på lettare tilgang til arbeidsretta tiltak og kortare ventetider for dei som treng det.

Søre Sunnmøre

For vår region på Søre Sunnmøre ser vi den same utviklinga som i landet elles. Høg aktivitet i dei maritime og marine sektorane gir ringverknadar for lokale verksemdar. Innovasjonskrafta er stor. Kompetent arbeidskraft er for enkelte fagfelt framleis mangelvare. Tidlegare har det vore stort fokus på spesielt ingeniørkompetanse, no ser ein ei sterk vriding også mot hender til praktisk arbeid. Næringslivet i regionen, uavhengig av næring, synes å stå saman i denne utfordringa og har stor vilje til kreativt samarbeid for å skaffe seg nok arbeidskraft.

Furene har dei siste åra hatt mange AMO-kurs innanfor hjelpearbeidarsegmentet. I desse konseptar er vi heilt avhengige av tett samspel med næringslivet. Noko som vert oppfatta som positivt for alle partar.

40 år i taktfast utvikling

Furene markerte hausten 2013 sine første 40 år i virke for eit meir inkluderande arbeidsliv.

Vi kan sjå tilbake på 40 innhaldsrike år i kontinuerleg utvikling i takt med samfunnsutviklinga og behovet for inkluderingstenester og arbeidstreningsarena. Det er med stor ærbødigheit over den enorme innsatsen som noverande og tidlegare tilsette har lagt ned i bedrifta for å skape den suksessen som me ublygt må kunne få hevde å vere, vi feira oss sjølv og set kursen mot nye spanande år.



Hausten 2013 feira vi oss sjølve med Furene-dagen, fest for alle tilsette, Furene si historie fins no i innbunden form, tilgjengeleg for alle interesserte. I den nyare tids ånd har vi også laga ein liten film som fortel kva vi er og gjer.

Markeringane var ein fest frå ende til annan. Mange la ned ein stor innsats for at markeringa skulle gi meirsmak av Furene. Furene dagen gav vi av oss sjølve til våre samarbeidspartar. Dei fekk alle ein smak av Furene gjennom å sjølve å få prøve seg eller få informasjon om verkty og metodar vi jobbar med til dagleg. Vi hadde fullt hus heile dagen og lovorda haustar vi enno.

Ein person i arbeid, varige verdiar

Under arbeidstittelen «flest muleg og breiast muleg tenestetilbod, nærast muleg der folk bur» har vi jobba mot vekst og utvikling på Søre Sunnmøre.

Furene har gjennom målretta arbeid etablert seg som ein attraktiv part å samarbeide med.

Dette er materialisert gjennom fusjonen med Dragsund ASVO hausten 2013

2012 vart det teke initiativ frå leiinga Dragsund ASVO med spørsmål om eit tett og forpliktande samarbeid ville vere føremålstenleg for begge bedriftene. Hausten 2013 kjøpte Furene AS aksjane og gjennomførte ein retta emisjon mot dei tidlegare eigarane. Partane er samstemte i synet på at dette er rett veg å gå med omsyn til føremålet til bedriftene, drift, tenester, kompetanse, kvalitet og tilgjenge på tenester der folk bur.

Ei epoke på 40 år med Handikapforbundet som majoritetsseigar er som fylje av emisjonen over. Vanylven, Sande, Herøy og Ulstein har fått auka sine interesser i Furene.



(Ekstraordinær generalforsamling 18/1-13)

Med utgangspunkt i eigarstrategien til UlsHav har det vore ein prosess med formål å sjå på om og når ein liknande prosess kan gjennomførast mellom Furene og UlsHav. Furene har teke eit tydeleg standpunkt og ventar i skrivande stund på tilbakemelding frå eigar på dette.

Solid og truverdig

Furene som konsern omsette for 56.305 millionar kr. i 2013 og oppnådde eit resultat på 5.752 millionar kr. Ein auke i resultat frå 2012 på 3.297 millionar.

Resultat av underliggande drift er 5.236 millionar. I 2013 har resultatet av finansielle papir påverka årsresultatet med 1.004 million kr. Over tid ser vil at plasseringar i

finansmarknaden gir betre avkastning enn risikofri rente.

Sett i bransjesamanheng leverer bedrifta svært gode økonomiske resultat. Til samanlikning er gjennomsnittleg driftsmargin mellom medlemsbedriftene i Attføringsbedriftene i 2012 minus 0,3%. Dette er bransjemessig sett ein alvorleg situasjon.

Skal vi kunne oppretthalde sunn drift med mulegheiter for investeringar og utvikling av bedrifta bør resultatet reint bedriftsøkonomisk ligge i sjiktet Furene har levert over tid.

Eigarane har som filosofi å bygge bedrifta stein på stein. Langsiktig eigarskap gir rom for utvikling og trygghet for arbeidsplassane, som igjen gir bedrifta framdrift. Slik skaper vi resultat og i jubileumsåret leverer vi det historisk største målt i kroner.

Produksjon

Etter oppkjøpet av Dragsund er vi no Søre Sunnmøre sin største aktør innanfor profileringsartiklar, gravering og trykk. I tillegg til aktiviteten vi har hatt i Furene har Dragsund kome inn med nye segment. Dragsund driv også med mekanisk produksjon, monteringsarbeid, garnreinsking, vedproduksjon, institusjonsvaskeri og spesialemballasje.

Produksjonsavdelingane har jamt god ordretilgang. VTA i Furene sette i september omsetningsrekord i kroner og Mekanisk leverte historisk mange wiresikringar dette året.

Økonomi

Økonomisk har dei forskjellige avdelingane varierende resultatgrad. Vi har mange bein å stå på og ser det som ein fordel så lenge vi greier å balansere drifta godt. Over tid ser vi dei forskjellige avdelingane har motsykliske konjunkturar og balanserer totalt sett ut på ein god måte. Driftsmessig er dette ein krevjande modell som stiller store krav til leiing og tilsette. Samla resultatgrad på 10.4 % er svært godt i bransjesamanheng.

Kvalitet og tenester

Vårt konkurransefortrinn ligg i våre tilsette sin unike kompetanse, evne og vilje til forbetningsarbeid, samt i å ha tilgjenge til reelle bedriftsmiljø som verkemiddel til vellukka utprøvings- og yrkeskvalifiseringsarenaer.

Våre interne produksjonsarenaer er i denne samanheng virkemiddel i måloppnåinga til den enkelte brukar.

I tillegg har vi brei og god kontaktflate med næringslivet på Søre Sunnmøre. Næringslivet er våre gode partnarar i formidlingsarbeidet. I 2013 starta vi eit eige prosjekt innanfor Arbeid med bistand retta mot innvandrarar. Prosjektet har hatt til hensikt å auke yrkesdeltakinga hos innvandrarar. Vi gler oss over gode resultat som fører til vidareføring av prosjektet i 2014.


Konkurransenutsette tenester, inklusive AMO har samla sett vore på eit lavt nivå gjennom året. Arbeidsretta rehabilitering overvekt som har gått over 4 år er i siste fase av prosjektet. Resultata av prosjektet er svært gode på alle fire intervensjonane. Trass gode resultat og behov for tiltaket vert det avslutta, organisasjonen lagt ned og den heilskaplege kompetansen ein har bygd opp forvitrar. Ein kan sjå fordelar med konkurranse, men det er samstundes nærliggande å stille spørsmålsteikn om måten å kjøpe inn tenester på er den mest kostnadseffektive, både med omsyn til kroner og resultat av tenestene for samfunnet.

Gjennomstrøyminga i våre tenester i året har vore 532 personar mot 457 i 2013 og 401 i 2011. Ein auke på heile 32% på to år syner at vi har greidd å auke gjennomstrøymingstakta vesentleg utan at det har gått ut over korkje måloppnåing for brukarane eller tilbake-meldingane frå kunden. Kvar og ein av våre tilsett har vore med å gjort dette kunststykket muleg.

Ei hjelpemiddel til å skape fokus på dei rette handlingane har vi gjennom Equass forplikta oss til kontinuerleg forbetring. Sjølv om vi scorar svært godt på dei fleste indikatorar avdekkar vi områder for forbetring. I det komande året vil vi spesielt ha fokus på samhandling med våre kundar og samarbeids-partar. I undersøking både i eigen organisasjon og mellom dei tilsette i NAV kjem det tydeleg fram etterspurnad og behov for meir og tettare samhandling.

Med god driv og entusiasme går vi inn i 2014 med mål om å skape mulegheiter for fleire!

Volda mars 2014


Hege Karete Hamre
Dagleg leiar

Styret si årsmelding

Om selskapet:

Furene AS vart stifta i 1971 av ideelle aksjonærar med eit ideelt formål.

Bedrifta sin intensjon er på forretningsmessig basis å legge til rette for personleg utvikling gjennom opplæring og kvalifisering.

Konsernet Furene AS består av morselskapet Furene AS, heileigd dotter Dragsund ASVO AS og eigedomsselskapet AS Terminalbygg. Dragsund ASVO AS driv VTA-tiltaket og har variert produksjon. Hovudkontoret til selskapet ligg på Leikong, Herøy.

AS Terminalbygg har som formål å eige og leige ut lokale til eigarselskapa, Furene AS og Nettbuss Møre AS.

I årsmeldinga for 2013 vil det sjølvsagt vere naturleg å nemne markeringa av vårt 40-års jubileum. Heilt sidan starten har det vore bygt stein på stein med same mål som utgangspunkt; å få flest muleg som står utanfor, inn i arbeidslivet igjen.

Under jubileumsfesten den 16. oktober vart dette markert med takk og helsingar til alle dei som kvar på sin måte har vore med å utvikle Furene til ei av landets beste attføringsbedrifter.

Jostein Aambakk var første styreleiar. Han fekk etter kvart med seg Trygve Brune som den første disponenten. Opp gjennom åra har ein lukkast i å knyte til seg mange dyktige menneske. Ein har lukkast i å utvikle nært samarbeid med både offentlege og private verksemdar. Slik har ein steg for steg klart å skape ein solid og leiande arena til formålet; nemleg å få flest muleg som står utanfor, inn i arbeidslivet igjen.

I jubileumsheftet «40 år med Furene» har forfattaren Asle Geir Widnes Johansen sikra at våre nye medarbeidarar og samarbeidspartnarar på lettfatteleg vis kan få kunnskap om litt av den historia og det innhaldet som har lagt fundamentet for det som i dag er Furene.

I samband med jubileet blei det også invitert til ope hus der dei som ønskte det, sjølve kunne prøve litt av dei mange tilboda vår dyktige organisasjon har å by på. Det hausta mange lovord frå alle som gjesta oss.

Nokon har sagt at «Furene er Volda si best bevarte hemmelegheit». Akkurat det er noko selskapet arbeider medvite med å snu.

40-års markeringa vart nytta som eitt av fleire verkemiddel for å gjere Furene meir opent og synleg i samfunnsbiletet i 2013.

Jamne møter med eigarane er eit anna tiltak. For å få innsikt må ein ha kunnskap. Då er det lettare å skape motivasjon for handling. Slik er det også for våre eigarar; ordførarar, folkevalde, rådmenn og deira tilsette. Vi ønskjer enda tettare samhandling med våre eigarar. Det er i eigarkommunane at våre brukarar bur. Vi opplever stor oppslutnad om våre eigarmøter. Vi opplever god dialog og at vi gjennom den skapar felles kunnskap om våre felles utfordringar.

I strategien for Furene er vekst på Nordvestlandet eit av måla. Gjennom kjøpet av Dragsund ASVO på Leikong i Herøy kommune, har Furene i 2013 teke eitt viktig steg framover. Dragsund ASVO er ei solid verksemd og vil opne mange nye mulegheiter for selskapet vårt. Men, mulegheitene må utnyttast og dei må utviklast vidare mellom våre tilsette og mellom våre organisasjonar.

Noko av det som kjenneteiknar ein vinnarkultur er at ein ønskjer å lære av kvarandre – same på kva «nivå» ein meiner ein sjølv er på. Sjølv idrettsmenn som vinn OL-gull ser etter læring hos dei som kjem på plassane bak. Dess raskare vi får til deling av kunnskap og erfaringar med våre nye kollegaer i Dragsund og på Fiskå, dess raskare vil vi verte ei enda betre bedrift. Både som arbeidsplass for våre tilsette, og ikkje minst for alle dei som kvar dag nyttar seg av våre produkt og tenester.

Målsettinga til bedrifta er tosidig:

- Vi skal levere og utvikle attraktive tenester som fremjar arbeid, aktivitet og inkludering
- Vi skal sikre langsiktig god lønsemd for bedrifta som heilskap.

"Furene - for den som *vil* og *kan!*" er visjonen vår som har sitt fundament i vår tanke om at motiverte menneske som vil nok oppnår sine mål.



Måloppnåing for brukar er samsvarande med måloppnåing for bedrifta.

Furene sine forretningsområder og samfunnsbidrag er å drive:

- Yrkeskvalifisering og velferdstenester
- Vare- og tenesteproduksjon som virkemiddel for opplæring og kvalifisering.

Våre fokusområder speglar vårt formål og våre virkemiddel i vårt samfunnsoppdrag.

Gjennom kvalitetssikringa i Equass forpliktar vi oss til kontinuerleg forbetring. Ein lovnad til det beste for brukar, samarbeidspartar og vårt formål.

Tenester/Yrkeskvalifisering

Nav er den største kunden og gir sine premisser for volum og innhald i tenestene. Næringslivet sit på nøkkelen til arbeidsinkludering. Utan næringslivet med på laget lykkast vi ikkje. I tillegg meiner styret vi ikkje må miste av synet det faktum at ordinært arbeidsliv ikkje er eit alternativ for alle. Desse må også få eit tilbod utover passivt stønadsmottak. Her har vi ei viktig rolle i dag, og vi vil også ha det i framtida.

Bransjen og Furene har stor merksemd på kvalitet og resultat og er i ferd med å bygge opp kunnskap om kva som verkar og kva som ikkje er like effektiv bruk av ressursar. Vi ser ein klar trend i at vi leverer tenester til fleire for mindre kroner. Løpa må seiest å ha blitt langt meir tids- og kostnadseffektive. Kor vidt det gir varig positiv effekt for brukar manglar det per i dag målingar på. Frå vår ståstad er ei teneste ikkje vellukka dersom den ikkje har ført til varig endring.

Anna godtgjersle	<u>30 856</u>
Samla godtgjersle	952 897
Pensjonskostnad	117 664

Styret

Inge-Jonny Hide	Styreleiar	45 000
Alvhild Iversen	Nestleiar	13 000
Stein Aam	Styremedlem	10 000
Sølvi Lilly Remøy	Styremedlem	11 000
Oddbjørn Nes	Styremedlem	13 000
Børge Sætre	Tilsette sin observatør	7 000
Rolf Sporsheim	Styrerepresentant tilsette	<u>12 000</u>
Samla godtgjersle til styret		<u>111 000</u>

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2013 utgjer kr. 104 300,-. I tillegg er det utgiftsført kr. 39 318,- for andre tenester.

Notar til rekneskapet Furene AS 2013

Note 9 Pensjonsforpliktingar.

Føretaket har ei ytelsespensjonsordning med 18 medlemmer. 6 er yrkesaktive og 12 er pensjonistar. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar avhengig av tal på opptjeningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder, og storleiken på ytingane frå Folketrygda.

Pensjonsforpliktinga (overfinansieringa) knytta til ordninga er aktuarberekna med følgjande føresetnader: 4,0 % diskonteringsrente, 3,5% årleg lønsvekst, 3,5% årleg G-regulering og 0,6 % årleg regulering av pensjonar under utbetaling. Pensjonsforpliktinga (overfinansieringa) er balanseført som ei langsiktig fordring med **kr. 2 856 426,-** pr. 31.12.2013, og inngår i posten andre fordringar, jfr. note 6.

Dei tilsette i føretaket har i tillegg rett til avtalefesta pensjon (AFP) i samsvar med tariffavtale mellom Furene AS og LO/NHO/SBL fellesforbundet. 60 tilsette er omfatta av ordninga. Opptjeningsperioden for dei tilsette er fram til fylte 62 år. Pensjonen vert utbetalt frå fylte 62 år til ein fyller 67 år. I samband med innføring av pensjonsreforma 01.01.2011 vart det også innført ny AFP-ordning. Ny ordning er innskotsbasert. Underdekning av gammal AFP fram til utfasing av denne i 2015 medfører at føretaket har ei pensjonsforplikting knytta til premieinnbetaling for denne perioden. I tillegg har føretaket ei pensjonsforplikting knytta til ein noverande AFP pensjonist som er aktuarberekna med følgjande føresetnader: 4,0% diskonteringsrente, 3,5% årleg lønsvekst, 3,5% årleg G-regulering og 2,73 % årleg regulering av pensjonar under utbetaling. Pr. 31.12.2013 er det avsett **kr. 508 692,-** til pensjonsforpliktinga knytta til gammal AFP-ordning.

Årets netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	2013
Endring balanseført direkte pensjonsforplikting(*)	(243 611)
Årets pensjonspremie	1 771 608
Årets netto pensjonskostnad	1 527 997

1.)Finansiert gjennom forsikringsselskap.

<u>Pensjonsforplikting(Overfinansiering)</u>	<u>31.12.2013</u>	<u>31.12.2012</u>
Påløppte pensjonsforplikting(DBO) pr. 31.12.	(7 732 593)	(7 059 317)
Pensjonsmidlar(til markedsverdi) pr. 31.12.	9 350 000	8 850 000
Ikkje resultatført estimatavvik	1 239 019	822 132
Netto balanseført pensjonsforplikting	<u>2 856 426</u>	<u>2 612 815</u>
<u>*(Auke i avsetning=239 969)</u>		

Pensjonskostnader

Noverdi av årets pensjonsopptjening	192 034	180 435
Rentekostnad på pensjonsforplikting	302 271	281 413
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	(353 114)	(364 483)
Administrasjonskostnader	159 116	128 854
Resultatført actuarielt tap(gevinst)		6 076
Resultatført netto forpliktelse i forb.med overgang innskot		
Resultatført andel actuarielt tap i forb. med overgang innskot		
Resultatført pensjonskostnad	300 307	232 295
Innbetalinger og utbetalt driftspensjon,inkl aga	(543 918)	(375 789)
<u>*(Auke i avsetning)</u>	<u>(243 611)</u>	<u>(143 494)</u>

2.)Usikra forpliktingar

Balanseført pensjonsforplikting

Berekna pensjonsforplikting pr. 31.12.	508 692	508 692
Balanseført pensjonsforplikting (inkl. arb.gj.avg.)	<u>508 692</u>	<u>508 692</u>

Notar til rekneskapet
Furene AS 2013

Note 10 Aksjar og andelar i andre selskap.

<u>Selskap</u>	<u>Antal aksjar og andelar</u>	<u>Balanseverdi 01.01.2013</u>	<u>Markedsverdi 31.12.2013</u>	<u>Balanseverdi 31.12.2013</u>	<u>Resultatført verdijustering/gevinst/tap</u>
<u>Omløpsaksjar</u>					
Skagen Vekst	487,6002	626 311	Solgt 05.07.	0	+ 49 363
Skagen Kon-Tiki	1370,1416	711 967	Solgt 05.07.	0	+ 28 422
Odin Norden	516,0484	602 352	Solgt 05.07.	0	+ 73 805
Odin Norge	269,5084	481 113	Solgt 05.07.	0	+ 14 133
Odin Global	8 197,3476	908 512	Solgt 05.07.	0	+101 647
Allegro Finans ASA			13 808 091	13 808 091	+712 137 +121 106
Sum omløpsaksjar		3 330 255	<u>13 808 091</u>	<u>13 808 091</u>	<u>1)+712 137 3) + 388 476</u>
<u>Anleggsaksjar</u>					
		Kostpris 31.12.2013	Markedsverdi 31.12.2013	Balanseverdi 31.12.2013	Resultatført verdijust.2013
Aberdeen Norden Baltikum	95 525	938 943	168 477	168 477	2)- 9 853
Aberdeen Norden II ASA	91 713	802 489	586 046	586 046	1)+2 751
Viking Springwater AS	52 972	132 804	132 804	132 804	
Sum anleggsaksjar				887 327	
1)Urealisert verdiauke portefølgje		=714 888			
2)Urealisert vedireduksjon portefølgje		= 9 853			
3)Realisert gevinst portefølgje		=388 476			

Dotterselskap som inngår i konsernrekneskapet

	Kostpris	Eigarandel/ stemmeandel	Selskapet sin eigenkapital 31.12.2013	Selskapet sitt resultat for 2013
Dotterselskap:				
Terminalbygg AS	1 786 654	59,8%	1 849 315	92 474
Dragsund ASVO AS	<u>490 000</u>	100 %	13 675 288	2 062 436
Sum investering i dotterselskap	<u>2 276 654</u>			

**Notar til rekneskapet
Furene AS 2013**

Note 11 Eigenkapital, avstemming

	2013
Eigenkapital 31.12. forrige år	45 818 280
Auke i aksjekapital 2013	33 000
Innbetalt overkurs	376 897
Årsresultat	3 635 255
Eigenkapital 31.12.	49 863 433

Kontantstrømoppstilling

Furene AS 2013

	Note	2013	2012
Likvider tilført/brukt på føretaket:			
Årsresultat		3 635 255	2 416 625
+/-resultatført tap/gevinst/verdiendring finansielle andelar		(1 068 358)	(186 749)
+ Ordinære avskrivninger		2 303 553	2 111 845
Tilført fra årets virksomhet		4 870 450	4 341 721
+/- Endr. i lager, debitorer og kreditorer		839 117	(2 615 638)
+/- Endr. i andre tidsavgrensingsposter		303 733	5 450
A = Netto likviditetsendr. fra føretaket		6 013 300	1 731 533
Likvider tilført/brukt på investeringer:			
- Investeringer i varige driftsmidler		(497 110)	(1 122 831)
+/- Endring andre investeringer		(9 946 496)	21 985
B = Netto likviditetsendr. fra investering		(10 443 606)	(1 100 846)
Likvider tilført/brukt på finansiering:			
+ Opptak av ny gjeld (korts. og langs.)			
- Nedbetaling av gammel gjeld		(3 901 559)	(821 224)
+Innbetaling av egenkapital		409 897	
C = Netto likviditetsendr. fra finansiering		(3 491 662)	(821 224)
+ Likviditetsbeholdning 1.1.		17 349 509	17 540 046
A+B+C Netto endr. i likvider gjennom året		(7 921 968)	(190 537)
= Likviditetsbeholdning 31.12.		9 427 542	17 349 509

Økonomiske nøkkeltal	2013	2012	2011	2010	2009
Avkastningsgrad	8,3 %	4,8 %	5,0 %	4,8 %	8,0 %
Resultatgrad	12,1 %	8,3 %	8,4 %	10,4 %	11,8 %
Eigedelane si oml.hast.	67,4 %	55,8 %	51,8 %	46,4 %	54,6 %
Likviditetsgrad	4,29	3,75	3,53	5,40	4,32
Likviditetsreserve	32 193	21 212	21 226	29 672	25 273
Eigenkapitalandel	69 %	60 %	57,1 %	48,6 %	45,8 %
Bruttofortenesteandel	78 %	82 %	82,3 %	80,9 %	77,3 %
Oml.hast. varelager	3,7	3,1	3,3	2,5	2,5
Oml.hast. debitorar	8,2	8,4	8,3	7,7	10,1



FURENE

ÅRSRAPPORT TILTAK OG TENESTER
2013

Furene- for den som vil og kan.

Gjennom vårt arbeid i leveransen av arbeidsretta tenester skal vi til ei kvar tid søkje måloppnåing for brukar og oppdragsgivar. Tenestene skal vere i trå med vårt formål, vår visjon og våre verdier. Vårt geografiske nedslagsfelt er dei sju kommunane på Søre Sunnmøre.

Vårt arbeid skaper verdier for einskildmenneske, samfunn og næringsliv.

I størst mogleg grad skal vi legge til rette for at den enkelte finn sin ståstad i arbeidslivet. Vi definerer våre interne arbeidsarenaer som ein del av næringslivet og vektlegg at dei som har sitt daglege virke også innan tilrettelagde arbeidsplassar opplever at dei er på arbeid til liks med alle andre. Furene meiner dette er noko av det viktigaste vi kan bidra med for å sikre ein meningsfull arbeidsdag. Den enkelte skal oppleve seg sjølv som likeverdige.

Dei siste åra har «Større mangfald av tenester nærare der folk bur» vore ei av målsetjingane for utvikling av bedrifta. Geografien på Søre Sunnmøre avgrensar den einskilde sin valfridom i høve til arbeid. Ekstra godt merkast dette der mangfaldet av arbeidsplassar og oppgåver er avgrensa og pendling er ressurskrevjande. Furene søkjer difor å vere til stades der folk bur, vere ein aktiv og attraktiv medspelar i å skaffe arbeidskraft til næringslivet, og skape muligheter for einskildmenneske.

Nytt i Furene i 2013:

- ▶ Furene AS kjøpte aksjane i Dragsund ASVO AS hausten 2013. I løpet av 1. kvartal 2014 skal selskapa sine generalforsamlingar gjere vedtak om mor-datter fusjon gjeldande pr. 1.1.2014. Saman med avdelingane i Ulsteinvik og Ørsta bidreg dette til Furene si målsetjing om å levere tiltak og tenester der folk bur.
- ▶ Furene utvida sine cateringtenester med ein fast avtale med Scana Volda. Brukarar kan då få arbeidstrening i kantine på Scana Volda.

Furene:


- ▶ Furene AS, Furene industriområde, 6105 Volda,
- ▶ www.furene.no
- ▶ post@furene.no
- ▶ Telefon: 700 74 850
- ▶ Faks: 700 74 851

Furene sine eigarar:

- ▶ Norges handikapforbund, Møre og Romsdal fylke og kommunane Volda, Herøy, Ørsta, Vanylven, Ulstein, Hareid, Sykkylven, Sande, Stranda, Eid og Vågsøy.

Organisasjon

Oppkjøpet av Dragsund ASVO AS og omorganisering på tenestesida gjev følgjande organisasjonskart:



Fokus på kontinuerleg forbetring og utvikling.

Gjennom kvalitetssikringssystemet Equass forpliktar vi oss til kontinuerleg forbetring og utvikling av tenestene vi leverer.

Til hjelp i dette arbeidet utfører vi jamleg målingar for å verifisere status og måloppnåing. Målingane er ein integrert del av årshjulet i bedrifta.

Undersøkingar/evalueringar Furene:

- ▶ Deltakarane som er mottakarar av tenester frå Furene evaluerer oss gjennom spørreskjema.
- ▶ Veiledarane på alle dei sju NAV-kontora får anledning til å gi oss tilbakemelding gjennom spørreskjema og møteplassar.
- ▶ Vi evaluerer også oss sjølve med eit kritisk auge gjennom liknande undersøking og evalueringar.

Spørsmåla i undersøkingane vi brukar er utvikla og standardisert i samarbeid mellom Attføringsbedriftene, ASVL og Arbeids og velferdsdirektoratet.

Respondentane rangerer sitt svar på ein skala frå 1-6. Furene måler at dei som svarar at dei « i stor grad» (5) eller i «svært stor grad» (6) er einig i det det vert spurt om kjem med på den positive sida av totalscoren.

Bransjen har også utvikla eit benchmarkingsystem, BATT som gir bedriftene bransje-samanlikningar. Gjennom dette får vi svar på kvar vi står i høve til dei beste i bransjen og snittet i

bransjen. Systemet har i 2013 ikkje funne heilt si form, men vi vonar det skal verte eit enno betre reiskap for oss i året som kjem. Av dei målingane som er gjennomført i 2013 ligg Furene jamt over snittet i landet. Når ein les målingane må ein også ha i mente dei ulike ramevilkåra frå fylke til fylke. Målingane verken korrigerer eller opplyser om slike forhold. Slik sett viser BATT meir tendensar enn eksakte fakta.

Ordinært tilsette, og kva dei meiner om kvaliteten Furene leverer:

- ▶ Furene har som mål at dei tilsette skal vere bevisst på kvaliteten Furene leverer, og vere med å endre kvaliteten til det betre ved å sette seg tydelige mål. Difor vert dei tilsette med attføringsfagleg ansvar spurt om deira meining kvart år. Furene set seg nye mål for kvart år på kva område ein bør arbeide meir med framover.
- ▶ Hausten 2013 kjøpte Furene aksjane i Dragsund ASVO AS. Dette vil gi fleire arbeidstreningsarenaer både med omsyn til oppgåver og geografi for våre brukarar.
- ▶ Furene leverer anbod på ulike kurs. Denne type aktivitet gir brukarane fleire tilbod og aukar tenestespekteret til Furene. For dei tilsette aukar dette mangfaldet av arbeidsoppgåver, gir nye utfordringar og tilfører bedrifta og den enkelte ny kompetanse.

Furene har gjort grep for å auke bevisstheita omkring klage/avviksmelding. Vi oppretta klage/avvikssystem i 2011, kom godt i gang med det i 2012 og har arbeide vidare med å utvikle og informere i 2013. Talet på klager/avviksmeldingar frå tilsette i Furene har auka frå 5 i 2012 til 13 i 2013. Klage og avvikssystemet er ein viktig reiskap i vårt kontinuerlege forbetningsarbeid og er ein god kanal for klage, ris og ros.

Totalsummen for tilfredsheit for tilsette var 57 % i 2011, 67 % i 2012 og det auka til 77 % i 2013. Dette er ei utvikling Furene er godt nøgd med.

Eigen evaluering - Furene 2013

SPØRSMÅL	svært lita grad	I lita grad	I mindr e grad	I noko grad	I stor grad	I svært stor grad	Totalt	Stor eller svært stor grad	Svært lita- til noko grad
Gir Furene klar oversikt over kva Furene tilbyr av tiltak og tenester	0	0	1	1	13	2	17	88 %	12 %
Gir Furene brukaren informasjon om rettar og plikter	0	0	0	1	13	3	17	94 %	6 %
Har Furene tilstrekkelig kompetanse for å gjennomføre tiltak	0	0	0	1	10	6	17	94 %	6 %
Samarbeider Furene godt med andre aktørar	0	0	0	3	10	4	17	82 %	18 %
Involverer Furene brukarane i attføringsprosessen	0	0	0	1	11	5	17	94 %	6 %
Tilpassar Furene tilbodet til brukaren sitt behov	0	0	0	2	10	5	17	88 %	12 %
Har Furene relevante arbeidstreningsarenaer	0	1	2	7	6	1	17	41 %	59 %
Utvikler Furene tenestene sine	0	0	1	7	7	2	17	53 %	47 %
Leverer Furene ihenhold til bestilling	0	0	0	1	13	3	17	94 %	6 %
Er NAV nøgd med dagens møtestruktur og samhandling	0	1	2	10	5	2	17	41 %	76 %
Totalsum for tilfredsheit og indikator-Furene	0	2	6	34	98	33	170	77 %	25 %
Ajourført 08.11.13. clv									

Ordinært tilsette:

- ▶ Totalt tal på ordinært tilsette i Furene er 51.
- ▶ I tillegg hadde Furene 3 midlertidig tilsette/vikarar.
- ▶ I 2013 var det 23 tilsette som hadde attføringsfagleg ansvar for brukarar.

Utdanning/kompetanse:

- ▶ Furene har tilsette som er: Vernepleiar, ergoterapeut, sjukepleiar, lærar, førskulelærar, 2 med høgskule i einskildfag, 3 med sosialfagleg utdanning, master i pedagogikk, bachelor i psykologi, kokk og fleire har utdanning og erfaring innan sal, marknadsføring og økonomi.
- ▶ Dei tilsette i Furene har også kompetanse innan motiverande intervju, MI (2 har studiet, 10 har kurs). Tilsette i Furene har kompetanse innan fleire typar verkty som t.d. Rådgiveren, Karriererettleiing basis, WIE, SCI-A, Solbergs interestetest, Job pics og kunnskap innan SMART økonomisk rådgiving.
- ▶ Furene har også tilsette med tilleggsutdanning innan ulike diagnoser (som t.d. Down syndrom, ADHD, Aspergers, Tourette) og innan handtering av personar med rus/psykiatriske vanskar.
- ▶ Det er fleire av dei tilsette som har utdanning innan trening, kosthald og helse. Det er også tilsette i Furene som har kurs/godkjenning/erfaring innan trening og funksjonsvurdering.
- ▶ I 2013 har 2 personar har tatt utdanning i Mindfulness. 1 person har starta på studiet Arbeid og Helse og 1 person held på med vidareutdanning innan lettare psykiske lidningar.
- ▶ Innan feltet leing har ein person teke mellomleiarutdanning ved Høgskulen i Volda og ein teke Arbeidsleiaraskulen.

Fagutvikling:

- ▶ WIE vart innført som eit nytt rådgivingsverktøy i Furene i 2012. Furene har satsa mykje på dette og i 2013 nyttar alle tilsette i Furene WIE til interessekartlegging og karriererettleiing.
- ▶ Totalt sett har Furene sine tilsette delteke på gjennomsnittlig 6 dagar kompetanseheving i 2013, noko som er ei auke frå 4 dagar i 2012.

Kompetanseplan:

- ▶ Som eit ledd i vårt strategiske arbeid har vi gjennom kompetanseplanen sett fokus på å sikre oss rett kompetanse i høve til dei oppgåvene vi til ei kvar tid skal utføre.
- ▶ Kompetanseutvikling er ein langsiktig og kontinuerleg prosess som krev planlegging og evaluering. Planen vert evaluert og revidert årleg.
- ▶ Dei tilsette får vere med på å påverke korleis planen skal formast ved å melde frå om kva kompetanse dei meiner er rett for seg og si avdeling.
- ▶ Vidare vert kompetanseplanen sydd saman og enkelte studiar og kurs vert prioriterte ut frå kva kompetanse Furene treng samla sett.
- ▶ Som eit ledd i å motivere til utdanning innførte Furene i 2012 eit utdanningsbonus som går til tilsette som tek utdanning som gir studiepoeng. Ordninga vert vidareført i 2014.
- ▶ I 2013 meiner 94 % av dei tilsette at Furene har den kompetansen vi har behov for. Dei tilsette og deira evne til å løyse arbeidsoppgåvene er bedrifta sin viktigaste ressurs. Kompetanse gir mestringskjensle, trivsel og fremjar god kvalitet. Registrering av kompetanse, sterkare involvering av tilsette i planlegging og evaluering, målsettingar og ein heilskapleg kompetanseplanplan synleggjer at Furene har høg og allsidig kompetanse.

Brukarane på Furene, og kva dei meiner om kvaliteten Furene leverer:

- ▶ Furene hadde som mål for 2013 at 85 % av brukarane i totalsum skal vere tilfreds med Furene sitt tilbod. Furene gjekk opp frå 70 % i 2011 til 83 % i 2012 og har eit resultat på 83 % i 2013.
- ▶ Furene har også som mål at 100 % av alle brukarar skal vite korleis dei skal klage og resultatet vart at vi gjekk opp frå 61 % i 2011 til 72 % i 2012 og vi er stolt av at heile 79 % veit korleis dei skal klage i 2013. Det er eit mål for Furene å auke denne prosenten ytterlegare i 2014, og eit tiltak i så måte er den nye heimeside med betre layout og tilgjengelegheit slik at klage/avvik vert lettare å melde frå om.
- ▶ Det er fleire av indikatorane som Furene skal jobbe vidare med i 2014. I tillegg til Furene sin samla plan bryt vi målsettingane ned på avdelingsnivå. Furene overvakar og rapporterer på kor tilfreds brukarane av våre tiltak og tenester er for Furene samla, og for kvar avdeling kvart kvartal. Dette for å halde fokus og gjere korrigerande forbetringstiltak i løpet av året.

SPØRSMÅL	svært lita grad	I lita grad	I mindr e grad	I noko grad	I stor grad	I svært stor grad	Totalt	Stor eller svært stor grad	Svært lita- til noko grad
Vart brukarhandboka utlevert og gjennomgått	9	3	7	31	46	44	140	64 %	36 %
Har Furene AS gitt deg informasjon om om tiltaket	1	0	3	17	54	71	146	86 %	14 %
Har Furene AS gitt deg informasjon om om rettane og pliktene som deltakar/brukar	0	0	1	14	57	75	147	90 %	10 %
Er du nøgd med den hjelpa du har fått frå jobbkonsulent	1	0	1	3	46	98	149	97 %	3 %
I kva grad kjenner du at du har nådd dine individuelle mål	5	5	15	30	60	31	146	62 %	38 %
I kor stor grad har du vore med å utforme planen din for tiltaket	2	1	4	24	51	65	147	79 %	21 %
I kor stor grad er tilbodet har vorte tilpassa deg og dine behov	2	1	3	17	40	86	149	85 %	15 %
Opplever du at Furene hjelper deg nærare jobb og arbeidsliv	8	2	4	28	41	61	144	71 %	29 %
Har tida i Furene vore med å gi deg betre livskvalitet	8	2	4	41	41	52	148	63 %	37 %
Kor nøgd er du med Furene samla sett ?	2	0	0	13	55	80	150	90 %	10 %
Vil du anbefale Furene til andre	4	0	1	9	48	86	148	91 %	9 %
					JA	NEI	SUM		
Veit du korleis du skal klage om du er misnøgd med noko i tilbodet du får av Furene AS ?					118	32	150	79 %	21 %
Vart det utarbeidd ein plan for dine individuelle mål og tiltak					140	5	145	97 %	3 %
Totalsum for tilfredsheit og indikator-Furene	42	14	43	227	797	786	1909	83 %	17 %
Ajourført 14.01.14. clv									

Livskvalitet:

- ▶ Furene ser positivt på at 63% av brukarane meiner at Furene har bidrege til å betre deira livskvalitet.
- ▶ Furene har hatt og vil også framover ha stort fokus på brukarane sin livskvalitet i alle prosessar og fasar av tiltaksløpet. Omgrepet livskvalitet kan vere utfordrande å relatere til tiltaksgjennomføringa sett opp mot livet som heilheit. Vi har difor teke tak i omgrepet både gjennom vårt arbeid med rutinar og prosedyrar og vidare i arbeidet med den einskilde brukar.
- ▶ Eit anna tiltak er fokus på brukarmedverknad og myndiggjering. Vi meiner auka fokus og tiltak for brukarmedverknad og myndiggjering gjev den enkelte større bevisstheit rundt opplevd livskvalitet.

Eigenkraftmobilisering - deltakar som aktiv medspelar:

- ▶ Furene har i alle tiltak hatt stort fokus på brukarmedverknad i 2013 og 97 % av brukarane svarar at det er utarbeidd ein plan for deira individuelle mål og tiltak. 79 % svarar at dei i stor eller svært stor grad har vore med å utforme planen sin. Furene har då eit arbeid å gjere for å få brukaren til å medverke meir i eigen planutarbeiding. Likevel er det eit godt resultat og

Furene er godt på vei til å nå målet om auka andel personar som kjenner at dei tek del i planlegginga av tiltaket.

- ▶ Utfordringa ligg i å gi tilpassa rettleiing og informasjon for at brukarmedverknaden skal vere reell. Til dømes i VTA tiltaket vert informasjonen tilpassa den einskilde, og det vert nytta god tid minst ein gong pr. år for å kunne snakke om plan, rettigheter, klage, brukarundersøking, livskvalitet m.m.
- ▶ I vår kvardag handlar det om å yte sjølvhjelp til å kartlegge og erkjenne utfordringane slik at brukaren sakte, men sikkert tek tilbake mynde og endringskraft i eige liv og livssituasjon. I vårt møte med brukaren nyttar vi kartleggingsmetodar, rettleiingsteknikkar og verktøy som SCI-A og WIE, samt samtaleteknikkar som Motiverande intervju for å styrke brukar til å igjen erobre (mobilisere) eigne krefter i ein positiv endringsprosess. Gjennom aktiv bruk av verktøy og metodar i den individuelle rettleiinga legg vi til rette for eigenkraftmobilisering i kvar einskild sak.

Mestring og samfunnsnytte:

- ▶ 85 % av brukarane av tiltak og tenester i Furene meiner at dei har fått eit godt tilpassa tilbod, og 62 % meiner dei har nådd sine individuelle mål ved hjelp av Furene. Ved å ha kvalitet på tiltak og tenester som Furene leverer så er vi med på å: a) gi valmogelegheit til brukarane av Furene. b) kunne hjelpe personar til betre livskvalitet når dei kjem i arbeid, og c) gi motivert arbeidskraft til området vårt.
- ▶ Furene dreiv også i 2013 Bakk-Ola marka aktivitetssenter for Ørsta kommune. Det er ein variert og god arbeidstreningsarena. Ørsta kommune har sett at samarbeidet er til gjensidig nytte både for brukarane av Bakk-Ola aktivitetssenter og Furene. Senteret er ein svært god samfunnsintegrerende aktivitet der brukarar får verdifull arbeidstrening.

Brukarhandboka/rettar og plikter:

- ▶ Furene sikrar seg at brukarane får informasjon om rettar, plikter og etikk gjennom informasjon om, og utdeling av brukarhandboka, arbeidsavtalar, arbeidsreglement og teiepliktskjema. I 2011 svara 69 % av brukarane at dei har fått informasjon om rettar og pliktar, i 2012 hadde dette auka til 83 %, medan resultatet er 90 % i 2013. Furene har i same perioden hatt større fokus på brukar sin brukarmedverknad.
- ▶ Det har i 2013 vore fokus på å revidere og følge sjekklister slik at vi sikrar oss at det ikkje oppstår mistydingar i budskapen eller at informasjon vert gløymt.

Klage og avviksbehandling:

- ▶ Furene har som mål at 100 % av brukarane veit korleis dei skal klage, melde eit avvik, eller kome med eit forbetningsforslag.
- ▶ I 2011 svara 61 % av brukarane at dei visste korleis dei skulle klage, i 2012 auka talet til 72 %. Furene er svært nøgde med at andelen har auka til 79 % i 2013.
- ▶ Tiltaka Furene har sett i verk som vi meiner har ført til auken er opplæring av tilsette på korleis ein skal gå fram for å klage, samt informasjon om korleis klage, avvik, eller forbetningsforslag vert behandla. Vidare har dei tilsette utført eit målretta arbeid med informasjon til brukarane. Nokre brukarar må forklarast dette mykje meir omfattande enn andre, og dei tilsette har gjort ein god jobb med individuell tilpassing av informasjon. I tillegg til meir fokus på informasjon om klage/avvik/forbetring i arbeidet med deltakar, har eit generelt tiltak i 2013 vore lansering av ny og betre internettside for å handtering av klage/avviksmeldingar.

Brukarane og kva dei meiner om Dragsund ASVO.

- ▶ Furene kjøpte aksjane i Dragsund ASVO AS seinhausten 2013 og har starta fusjonsprosessen. I Dragsund har vi til liks med dei andre avdelingane spurd brukarane kva dei meiner om Dragsund ASVO og tiltaket VTA som dei er brukarar av.
- ▶ VTA-tilsette i Dragsund har ei klar oppfatning av at dei er arbeidstakarar og går på jobb til liks med andre og reagerer på nokre av spørsmålsstillingane. I og med dei ikkje ser på seg sjølve som brukarar svarar dei ut i frå si oppfatning av å vere vanlege arbeidstakarar. I seg sjølv må dette vere den beste tilbakemelding vi kan få med omsyn til integrering i arbeidslivet.
- ▶ Det var fleire ting å jobbe med vidare ut frå det brukarane svarte og det første Furene tok tak i var informasjon om rettar og pliktar.
- ▶ Hausten 2014 når vi tek ny undersøking mellom brukarane i Furene vil avd. Dragsund kome med i heilskapen. Likevel vil vi sjå resultatet for Dragsund som avdeling for å sjå om ei tid ilag med Furene har gitt resultat og forbetring etter tiltaka vi har sett i verk.

Brukar tilfredsheit - Dragsund oktober 2013

SPØRSMÅL	svært lita grad	I lita grad	I mindr e grad	I noko grad	I stor grad	I svært stor grad	Totalt	Stor eller svært stor grad	Svært lita- til noko grad
Vart brukarhandbok utlevert og gjennomgått	7	0	0	1	0	0	8	0 %	100 %
Har Dragsund gitt deg informasjon om om tiltaket	6	2	0	0	0	0	8	0 %	100 %
Har Dragsund gitt deg informasjon om om rettane og pliktene som deltakar/brukar	2	0	2	2	1	1	8	25 %	75 %
Er du nøgd med den hjelpa du har fått frå arbeidsleiarar på Dragsund	0	0	0	1	3	4	8	88 %	13 %
I kva grad kjenner du at du har nådd dine individuelle mål	2	0	0	2	1	3	8	50 %	50 %
I kor stor grad har du vore med å utforme planen din for tiltaket	4	0	1	0	1	2	8	38 %	63 %
I kor stor grad er tilbodet har vorte tilpassa deg og dine behov	1	0	1	3	2	1	8	38 %	63 %
Opplever du at Dragsund hjelper deg nærare jobb og arbeidsliv	4	0	1	1	0	2	8	25 %	75 %
Har tida i Dragsund vore med å gi deg betre livskvalitet	0	0	0	1	5	2	8	88 %	13 %
Kor nøgd er du med Dragsund samla sett ?	0	0	0	4	3	1	8	50 %	50 %
Vil du anbefale Dragsund til andre	1	0	0	0	3	4	8	88 %	13 %
					JA	NEI	SUM		
Veit du korleis du skal klage om du er misnøgd med noko i tilbodet du får av Furene AS ?					4	4	8	50 %	50 %
Vart det utarbeidd ein plan for dine individuelle mål og tiltak					0	8	8	0 %	100 %
Totalsum for tilfredsheit og indikator-Dragsund	27	2	5	15	23	32	104	53 %	47 %
<i>Ajourført 21.10.13. clv</i>									

Tiltak og tenester i Furene:

Tildelt rame og faktisk gjennomførte årsverk skjerma sektor i 2013:

Tiltak	Rame	Gjennomført
APS:	20	19,2
AB:	40	40
AB flyktning:	10	10
KIA:	6	6
AVKL:	15	11,9
TIA:	9	8,3
VTA Furene:	33	33
VTA Dragsund:	17	17

Oversikt over kva avdelingar tiltaka nyttar:

- ▶ AB: Ekstern utplassering i ordinær bedrift i all hovudsak.
- ▶ KIA: Alle avdelingar
- ▶ AVK: Alle avdelingar og ekstern utplassering i ordinær bedrift.
- ▶ APS: APS, men ved behov nyttar ein alle avdelingar.
- ▶ TIA: Alle

- ▶ VTA: VTA Furene og Dragsund, men ved behov nyttar ein alle avdelingar.

Tilbod om opplæring/kvalifisering:

- ▶ Truck opplæring (praktisk opplæring).
- ▶ Lærekandidat innan servicefag, kantine/catering, reinhald og mekaniske fag.
- ▶ Furene er godkjent lærebedrift innan Industrimekanikarfag og Institusjonskokkfag.
- ▶ Kvalifisering med tenesteattest på nådd praktisk kompetanse innan:
 - Mekaniske fag (hjelpearbeider industri/CNC, sveis, plate).
 - Kantine og catering.
 - Reinhald.
 - Servicefag.
 - Merkantile fag.
 - Miljøarbeid.
- ▶ KURS: SMART økonomi, MIGRA norsk opplæring, kosthald og helse m.m.

Konkurransetsette tilbod i 2013:

- ▶ Raskare tilbake
 - Arbeidsretta avklaring
 - Arbeidsretta rehabilitering
- ▶ ARRO, Arbeidsretta rehabilitering for overvektige
- ▶ AMO kurs
 - Hjelpearbeidar byggfag
 - Hjelpearbeidar industrimekanikar
- ▶ VOX kurs
 - Lese og skrive opplæring med data
 - Grunnleggande data

Resultat og gjennomstrøyming:

- ▶ Totalt for Furene er tala for formidling til arbeid: 33 % (91 personar), Andre aktive løysingar: 35 % (97 personar), Anna: 32 % (91 personar).
- ▶ Gjennomstrøyming i Furene: Slutta 271 pluss starta 261 = 532.

- ▶ AVKL: 81 personar avslutta. 14 % (11 personar) til arbeid, 43 % (3 personar til utdanning, 1 til AMO, 18 til AB, 6 til APS, 6 til andre aktive løysingar), 43 % (35 personar) til andre ikkje aktive løysingar).
68 % har ein god og realistisk aktivitetsplan for det vidare attføringsløpet - målkrav 90 %
- ▶ KIA: 4 personar avslutta. 25% (1 person) til utdanning, 75 % (3 personar) til anna ikkje aktiv løysing.
Ingen formidla til ordinært arbeid – målkrav 60 %
- ▶ APS: 32 personar avslutta: 6 % (2 personar) til arbeid 9 % (3 personar) til utdanning, 35 % (4 personar til AB, 1 til Avkl , 1 til KIA, 3 til anna løysing) til aktiv løysingar, 59 % (19 personar) anna ikkje aktiv løysing.
41 % av deltakarane over i anna arbeidsretta tiltak eller ordinært arbeid – målkrav 80%.
72 % med tiltaksgjennomføring under 10 månader – målkrav 80 %.
- ▶ AB: 41 personar avslutta: 37 % (15 personar) til arbeid, 34 % (2 personar til utdanning, 2 til KIA, 6 til APS, 4 til andre aktive) til aktive løysingar, 29 % (12 personar) til anna ikkje aktiv løysing.
55 % med arbeidstrening i ordinær bedrift innan ein månad – målkrav 80 %.
15 % i ordinær jobb innan eitt år – målkrav 50 %.
67 % utan opphald i kjeding mellom APS og AB – Målkrav 100 %.
- ▶ For kunden, deltakar og bedrifta har effekten av vårt arbeid langt større verdi og ringverknadar enn vi kan måle i antal og prosent. Opplevd auka livskvalitet gjennom arbeid, sosial trening, betra fysisk og psykisk helse, forbetra lese, rekne og skriveferdigheiter er effektar av jobben vi gjer som ikkje direkte let seg talfeste. Tilbakemeldingar frå deltakarar om positive endringar på mange områder i livet som heilskap gjev arbeidet vi gjer mening og ekstra dimensjonar utover det vi vert målte på.

Inntak og ventelister:

- ▶ NAV Volda hadde hand om inntaksprosessen til tiltaka i Furene i 2013. Unnateke er VTA-plassane i Dragsund.
- ▶ Vi har jamt gjennom året hatt ventetid inn til tiltaka i skjerma sektor. RT har laupande inntak og ikkje ventetider.
- ▶ Fulle ramar og ventetid har tidvis ført til nokon utfordringar med kjeding utan opphald mellom tiltaka. Det er viktig for brukar å sleppe opphald til tiltaksløp og er for nokre av tiltaka eit krav i samarbeidsavtalen. Furene styrer ikkje ventelistene og prioritet på inntak og har slik sett vanskar med å levere saumlaus tiltaksgjennomføring. Gode dialogar om dette og trekantsamtalar er tiltak vi har stor tru på vil hjelpe oss etter kvart som vi får sett dette betre i system.
- ▶ Det har i 2013 vore størst venteliste på Avklaring i skjerma verksemd noko som tyder på at NAV er nøgde med omgjerdinga frå å faste inntaksdatoar til kontinuerlig inntak. Mange treng siste del av året avklaring med omsyn til utgang av frist for rett til arbeidsavklaringspengar(konvertittar).


Målinger og rapportering på tiltak og tenester:

- ▶ Tilsette i Furene får informasjon om formidling, gode resultat, brukarundersøking m.m. som grunnlagsmateriale for sine avdelingsmøter og publisert i internsystem.
- ▶ Furene sender både veker og månadsrapportar til NAV koordinerande kontor (NAV Volda). Dette er ei lokal samarbeidsform som ein ikkje finn i samarbeidsavtale, eller kravspesifikasjon men som styrkjer innsøkingfunksjonen og oversikta for Nav med omsyn til ledige plassar. Som målingane viser synes partane at ein har forbettringspotensiale på samhandling. Rådgivande utval for VTA fungerer svært godt og vi jobbar målretta med å få til gode samhandlingsrutinar, møtearena og andre knutepunkt også for andre tiltak og tenester.
- ▶ Furene sender resultat på tiltak og tenester til Attføringsbedriftene/NHO og NAV fylke kvar måned samt samla årsrapportering.
- ▶ Benchmarking (BATT) omhandlar målinger på kvalitetsindikatorar og vil bli brukt i vårt forbetningsarbeid. BATT gir oss muligheiter til å samanlikne oss med andre bedrifter og bransjen samla.

Raskare tilbake Furene

- ▶ Raskare tilbake tenestene i Furene (Raskare tilbake Oppfølging, Avklaring og Arbeidsretta rehabilitering) og ARRO sender inn sine egne årsrapportar. Desse tenestene er ein del av bedrifta sin heilskap og satsing på eit heilskapleg og mangfaldig tenestetilbod og høyrer naturleg med i det totale tiltak og tenestebildet for Furene.
- ▶ Nedanfor eit utklipp frå Attføringsbedriftene sitt nyheitsbrev Tal og analyse nr. 4 2013. Utklippet syner at Furene har beste formidlingsresultat i landet på denne tenesta pr. aug. 2013.

Furene har fått flest til jobb fra ARR med 77,8 prosent og 14 av 18 deltakere. Deretter følger Inko med 66,7 prosent og Troll-tinn med 60 prosent.



Forkortingar: AB= Arbeid med bistand, APS= Arbeidspraksis i skjerma verksemd, AVKL= Avklaring i skjerma verksemd (tidligere avklaringskurs), KIA= Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift, TIA= Tilrettelagt arbeid, VTA= Varig tilrettelagt arbeid, RT AVK= Raskare tilbake avklaring, RT Oppfølging= Raskare tilbake oppfølging, RT ARR= Raskare tilbake rehabilitering, ARRO= Arbeidsretta rehabilitering for overvektige.

Samarbeid:

Kva NAV meiner om Furene:

- ▶ Furene har 7 NAV kontor i vårt område og Furene opplever at desse NAV kontora er positive til samarbeid. NAV kontora er flinke til å gi konstruktive innspel i kvardagen samt å svare på undersøkinga om korleis dei opplever kvaliteten tiltak og tenester Furene leverer.
- ▶ Totalsummen for kor nøgde NAV var med Furene sine tiltak og tenester var i 2011 på 35 %, noko Furene definerte som eit forbetningsprosjekt og laga eit mål om å nå 60 % totalscore for 2012. Dette målet vart nådd mykje grunna at Furene jobba for å få til fleire møtepunkt med NAV i 2012. Furene opplever at samarbeidet har blitt endå betre i 2013 noko som speglar seg i at heile 78 % av NAV sine tilsette er i stor eller i svært stor grad nøgd med Furene.
- ▶ Mål for 2014 er å få betre kvalitet på samarbeidet og formidle i større grad kva Furene driv med slik at NAV får kjennskap til Furene sine arbeidstreningsarenaer.

NAV undersøkelse - Furene 2013									
SPØRSMÅL	svært lita grad	I lita grad	I mindre grad	I noko grad	I stor grad	I svært stor grad	Totalt	Stor eller svært stor grad	Svært lita til noko grad
Har NAV oversikt over kva Furene tilbyr av tiltak og tenester	0	0	2	8	18	5	33	70 %	30 %
Gir Furene brukaren informasjon om rettar og plikter	0	0	0	4	25	4	33	88 %	12 %
Har Furene tilstrekkelig kompetanse for å gjennomføre tiltak	0	2	0	2	25	4	33	88 %	12 %
Samarbeider Furene med andre aktørar	0	0	1	4	23	5	33	85 %	15 %
Involverer Furene brukarane i attføringsprosessen	0	1	0	1	27	4	33	94 %	6 %
Tilpassar Furene tilbodet til brukaren sitt behov	0	0	2	3	23	5	33	85 %	15 %
Har Furene relevante arbeidstreningsarenaer	0	1	5	10	10	5	33	45 %	48 %
Utvikler Furene tenestene sine	0	0	3	3	23	4	33	82 %	18 %
Leverer Furene ihenhold til bestilling	0	0	1	4	21	7	33	85 %	15 %
Er NAV nøgd med dagens møtestruktur og samhandling	3	2	3	6	14	5	33	58 %	42 %
Totalsum for tilfredsheit og indikator-Furene	3	6	17	45	209	48	330	78 %	22 %
Ajourført nov 13. clv									

Kva NAV meinte om Dragsund ASVO.

- ▶ Furene tok kontakt med dei NAV kontora som hadde Dragsund ASVO som leverandør ved fusjonstidspunktet i 2013 og spurte dei korleis dei vurderte kvaliteten som Dragsund ASVO leverte i 2013.
- ▶ Som resultatet viser så er det behov for samarbeid med NAV som også gjeld Furene si avdeling Dragsund. Sidan berre 22 % av dei NAV tilsette som svara på undersøkinga har i stor

eller svært stor grad oversikt over tiltaket på Dragsund så må målet til Furene vere å få til Rådgivande utval, samarbeidsmøter og omvising for NAV kontora også i lokalitetane til avdeling Dragsund i 2014.

- ▶ Berre 22 % av NAV tilsette meiner at Dragsund ASVO ga informasjon om rettar og pliktar til brukarane. Furene har starta arbeidet med å betre informasjonen til brukarane. Informasjon om klage/avviksmelding og informasjon om rettar og pliktar er gjennomført og skal gjentakast slik prosedyrane i Furene tilseier.
- ▶ Furene har som mål å få til gode resultat for brukarane og treng då samarbeid i stor grad med dei 7 NAV kontora i vårt område.

NAV undersøkelse - Dragsund oktober 2013										
SPØRSMÅL	svært lita grad	I lita grad	I mindr e grad	I noko grad	I stor grad	I svært stor grad	Totalt	Stor eller svært stor grad	Svært lita- til noko grad	
Har NAV oversikt over kva Dragsund tilbyr av tiltak?	0	2	0	5	1	1	9	22 %	78 %	
Gir Dragsund brukaren informasjon om rettar og plikter	1	1	1	4	2	0	9	22 %	78 %	
Har Dragsund tilstrekkelig kompetanse for å gjennomføre tiltak	1	0	0	0	8	0	9	89 %	11 %	
Samarbeider Dragsund med andre aktørar	1	0	0	3	5	0	9	56 %	44 %	
Involverer Dragsund brukarane i attføringsprosessen	1	0	2	2	4	0	9	44 %	56 %	
Tilpassar Dragsund tilbodet til brukaren sitt behov	1	0	0	1	7	0	9	78 %	22 %	
Har Dragsund relevante arbeidstreningsarenaer	1	0	2	2	4	0	9	44 %	56 %	
Utvikler Dragsund tenestene sine	1	0	2	6	0	0	9	0 %	100 %	
Leverer Dragsund ihenhold til bestilling	1	0	1	4	3	0	9	33 %	67 %	
Er NAV nøgd med dagens møtstruktur og samhandling	1	0	2	2	4	0	9	44 %	56 %	
Totalsum for tilfredsheit og indikator-Dragsund	9	3	10	29	38	1	90	43 %	57 %	
Ajouført nov 13 CLV										

Samarbeid:

- ▶ Furene har samarbeid med kommunale etatar i alle omkring liggande kommunar ved behov.
- ▶ Furene har 4 rådgivande utval for VTA i året der leiinga frå helse/omsorgs etaten i Volda og Ørsta er tilstade, og der også NAV Volda og Ørsta er representert ved leiarar.
- ▶ Furene har som mål å få til minst 2 rådgivande utval pr. år også for avdeling Dragsund, utfordringa er at det ikkje er klart kven som skal vere koordinerande kontor der representant møter frå NAV.
- ▶ Vidaregåande i Ulstein, Herøy, Volda og Ørsta har faste møtepunkt og omvisingar på Furene.
- ▶ DPS Volda, fastlegane og psykologar i Ørsta og Volda tek Furene kontakt med etter behov.
- ▶ Furene har gitt tilbod til NAV om 2 samlingar med omvising på Furene og talet på framtmøtte frå NAV har auka frå år til år.

Distribusjon:

Eigarar:

Ordførarar/rådmenn kommunane og fylkeskommunen

Lokallag av NHF

Fylkeslag av NHF

Brukarorganisasjonar

NFU lokallag

NHF lokallag

Kommunale samarbeidsorgan:

Helse og sosial leiarar Søre Sunnmøre

Nav kontor Søre Sunnmøre

Nav Møre og Romsdal

Kjell Runde,
Dragsundflata 30,
6080 GURSKØY.

Herøy kommunestyre
V/ordfører Arnulf Goksøy
6090 FOSNAVÅG

Interpellasjon til kommunestyret den 27.mars 2014

Tankanlegget til Welcon på Moldtustranda har i dei siste åra vorte til stor bekymring for naboane. Slik det står i dag er det ikkje i brukande tilstand etter norsk regelverk, og må handsamast som det framstår: som forureina avfall. Det betyr: sikker fjerning av tankanlegget.

Anlegget har ikkje lagringsløyve eller utsleppsløyve då det er nedlagt. Dei 4 tankane er mellom 64 og 67 år, og har ikkje vorte vedlikehaldne siste 20 åra. Tjukkelsen på godset er på det minste 1,53 mm, langt unna kravet på 8 mm etter regelverket til Norsk standard. Forfallet har akselerert siste åra dei har stått tomme. Tanktech, som har vurdert tankane, har IKKJE akkreditering til å sertifisere slike anlegg.

Anlegget har pr. dato ikkje lagringsløyve eller utsleppsløyve då det er nedlagt. Slik det framstår i dag, er det å betrakte som forureina avfall. Viser til §7 i Forureiningslova «Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forureining utan at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11».

Tankanlegget på Moldtustranda med avfallrestar er i ei slik forfatning at det er å rekne som forureina avfall.

1. Kva krav har Herøy kommune til arealplan og sikringssoner rundt tankanlegget etter gjeldande regelverk for tankanlegg med oljeprodukt/ farleg avfall? Same gjeld for krav til oppsamling rundt tankanlegg over ein viss storleik. Sikringssonene er delt i 3 soner på 30m. Innanfor sone 1 og 2 er det ikkje lov med begyggelse.
2. Korleis vil kommunen bruke krava til tankanlegg utifrå gjeldande regelverk? Jfr Forureiningslova m forskrifter, brann og eksplosjonsvernlova og plan og byggelova. Har Herøy kommune til hensikt å følgje dette regelverket som kan pålegge Welcon å fjerne tankanlegget?
3. Er ei oppgradering av tankanlegget eit alternativ? Rapport frå Ares Nordic A/S påpeikar at det vert billegare å bygge nytt enn å oppgradere eksisterande anlegg – som vil bli så omfattande at det vert å rekne som ein ny installasjon med dei krav og reglar ein då må følgje.
4. Meiner Herøy kommune, slik det vart sagt på NRK Møre og Romsdal si distriktsending den 12 mars – at å male tankanlegget er nok? Dvs. at ein skubbar problemstillinga føre seg utan å bry seg om lovverket?
5. Er ikkje industriområdet stort nok til at eit eventuelt nytt tankanlegg kan oppførast etter gjeldande lovverk ein annan stad dersom Herøy kommune ynskjer å ha tankanlegg på dette industriområdet?
6. Meiner Herøy kommune at kommunen har fylgt Forvaltningslova kapittel 3 § 11 om veileiingsplikta overfor naboar? Og har Herøy kommune fylgt § 11.a om å forberede og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dersom det forventast at det vil ta

uforholdsmessig lang tid før ein førespurnad kan svarast, skal forvaltingsorganet som tok imot førespurnaden snarast muleg gje eit førebels svar. I svaret skal det gjerast greie for grunnen til at førespurnaden ikkje kan behandlast tidlegare, og om det er muleg, angi når ein kan vente svar.

7. Kva er grunnen til at Herøy kommune ikkje fyl regel- og lovverket som er skissert ovanfor – og som kommunen som forvaltingsorgan skal fylgje?